



# **St.prp. nr. 1**

(2006–2007)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2007**

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617



# Innhold

## Del I

Oversikt over budsjettforslaget fra Kunnskapsdepartementet.....	7
<b>1 Hovedprioriteringar .....</b>	<b>9</b>
1.1 Eit kunniskapssamfunn for alle .....	9
1.2 Barnehagane – det første steget i eit livslangt læringsløp.....	9
1.3 Kvalitet og mangfold i fellesskolen	10
1.4 Ein fagleg sterk universitets- og høgskolesektor .....	11
1.5 Forsking for kvalitet og verdiskaping	12
1.6 Budsjettprioriteringar .....	13
<b>2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet....</b>	<b>16</b>
<b>3 Oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget .....</b>	<b>20</b>

## Del II

Nærmare om budsjettforslaget .....	21
<i>Programkategori 07.10 Administrasjon .....</i>	<i>23</i>
Kap. 200 Kunnskapsdepartementet .....	23
Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet .....	26
Kap. 204 Foreldreutvalet for grunnskolen ...	26
Kap. 3204 Foreldreutvalet for grunnskolen ...	28
Kap. 206 Samisk utdanningsadministrasjon	28
<i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa .....</i>	<i>30</i>
Kap. 220 Utdanningsdirektoratet .....	43
Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet .....	45
Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat.....	45
Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat .....	47
Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa .....	48
Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa .....	53
Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	53
Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar .....	62
Kap. 228 Tilskott til frittståande skolar o.a. ..	64
Kap. 229 Andre tiltak .....	67
Kap. 230 Kompetansesenter for spesial- undervisning .....	67
Kap. 3230 Kompetansesenter for spesial- undervisning .....	70

<i>Programkategori 07.30 Barnehagar .....</i>	<i>71</i>
Kap. 231 Barnehagar .....	71
<i>Programkategori 07.40 Andre tiltak i utdanninga .....</i>	<i>86</i>
Kap. 248 Særskilde IKT-tiltak i utdanninga ..	86
Kap. 249 Andre tiltak i utdanninga .....	86
<i>Programkategori 07.50</i>	
<i>Tiltak for å fremme kompetanseutvikling .....</i>	<i>87</i>
Kap. 251 Fagskoleutdanning .....	90
Kap. 252 EUs handlingsprogram for livslang læring .....	90
Kap. 253 Folkehøgskolar .....	91
Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring.....	92
Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskeretts- sentra o.a. .....	94
Kap. 256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet .....	95
Kap. 3256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet .....	97
Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet .....	97
Kap. 258 Analyse og utviklingsarbeid .....	98
Kap. 259 Kompetanseutviklingsprogrammet	100
<i>Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.....</i>	<i>101</i>
Kap. 260 Universitetet i Oslo .....	117
Kap. 261 Universitetet i Bergen .....	118
Kap. 262 Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet .....	119
Kap. 263 Universitetet i Tromsø .....	121
Kap. 264 Noregs handelshøgskole .....	122
Kap. 265 Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo .....	122
Kap. 268 Noregs idrettshøgskole .....	123
Kap. 269 Noregs musikkhøgskole .....	124
Kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar .....	125
Kap. 271 Universitet .....	127
Kap. 272 Vitskaplege høgskolar .....	131
Kap. 273 Statlege kunsthøgskolar .....	134
Kap. 274 Statlege høgskolar .....	135
Kap. 275 Høgskolar .....	137
Kap. 276 Fagskoleutdanning .....	143
Kap. 278 Universitetet for miljø- og bioteknologi .....	144

Kap. 279	Noregs veterinærhøgskole .....	145
Kap. 281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar .....	146
Kap. 3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar .....	153
Kap. 282	Privat høgskoleutdanning .....	153

<i>Programkategori 07.70 Forsking</i>	154	
Kap. 283	Meteorologiformål .....	159
Kap. 3283	Meteorologiformål .....	161
Kap. 285	Noregs forskingsråd.....	161
Kap. 286	Fondet for forsking og nyskaping .	169
Kap. 3286	Fondet for forsking og nyskaping .	172
Kap. 287	Forskningsinstitutt og andre tiltak...	173
Kap. 3287	Forskningsinstitutt og andre tiltak...	177
Kap. 288	Internasjonale samarbeidstiltak ....	177
Kap. 3288	Internasjonale samarbeidstiltak ....	181

<i>Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering</i>	182	
Kap. 2410	Statens lånekasse for utdanning.....	182
Kap. 5310	Statens lånekasse for utdanning.....	189
Kap. 5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning .....	190

### **Del III**

Forsking og utvikling i statsbudsjettet .....	191
---	-----

<b>5           Forsking og utvikling i statsbudsjettet.....</b>	<b>193</b>
---	------------

### **Del IV**

Ressursar i grunnopplæringa .....	201
-----------------------------------	-----

<b>6           Ressursar i grunnopplæringa....</b>	<b>203</b>
--	------------

### **Del V**

Særskilde tiltak.....	213
-----------------------	-----

<b>7           Fornyng og organisasjons-endringar.....</b>	<b>215</b>
--	------------

<b>8           Likestilling i barnehage-, utdannings- og forsknings-sektoren</b>	<b>216</b>
--	------------

<b>9           Miljø.....</b>	<b>217</b>
-------------------------------	------------

<b>Forslag til vedtak om løying for budsjett-året 2007, kapitla 200-288 og 2410, 3200-3288, 5310 og 5617 .....</b>	<b>219</b>
--	------------

### **Vedlegg 1**

Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak .....	228
--	-----

### **Vedlegg 2**

Nøkkeltal for universitet og høgskolar .....	230
--	-----



# **St.prp. nr. 1**

(2006–2007)

---

## **FOR BUDSJETTÅRET 2007**

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

*Tilråding fra Kunnskapsdepartementet av 15. september 2006,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*



*Del I*  
*Oversikt over budsjettforslaget frå*  
*Kunnskapsdepartementet*



## 1 Hovudprioriteringar

### 1.1 Eit kunnskapssamfunn for alle

Å investere i kunnskap og kompetanse er ein føresetnad for å tryggje og utvikle velferdssamfunnet vårt. Kunnskap og dugleik gir menneska høve til å byggje sine eigne liv slik dei ønskjer, og er heilt naudsynt for eit levande demokrati. Kunnskap gir makt og påverknad, og delinga av den er avgjeraende for sosial likskap og utjamning.

Regjeringa legg eit breitt kunnskapssyn til grunn for politikken sin. Kunnskap er dugleik, fakta og forsking, men òg danning, kritisk tenking, analytisk evne og refleksjon.

Regjeringa har som mål å styrke Noreg som kunnskapsnasjon. Alle skal ha høve til å utvikle seg og til å ta i bruk ny kunnskap gjennom heile livet. Utdanning og opplæring er viktige reiskapar for inkludering og sosial utjamning. Mange ungdommar får ikkje del i utdanningssamfunnet på lik linje med andre. Regjeringa vil ha eit samfunn som byggjer på at vi er ulike som menneske, men skal ha like moglegheiter.

Kunnskapssamfunnet skal gi like moglegheiter for kvinner og menn. Noreg har framleis eit for kjønnsdelt utdannings- og arbeidsliv. Barnehage og skole har ei viktig oppgåve i å gi både gutter og jenter røynsler og kunnskap som bryt med dei tradisjonelle kjønnsrollene.

Regjeringa vil satse på kunnskap gjennom å skape gode institusjonar for læring, utdanning og forsking og å stimulere til livslang læring mellom anna gjennom eit tett samarbeid mellom utdanningssystemet og arbeidslivet. Ei satsing på livslang læring inneber òg ei styrking av samanhengane og overgangane mellom dei ulike delane av utdanningssystemet.

Kunnskap må utviklast og oppdaterast gjennom heile livet. Utfordringa er å forvalte dei menneskelege ressursane på ein slik måte at både den enkelte og samfunnet får igjen for investeringane. Regjeringa vil derfor arbeide for å skape eit velfungerande kompetansetilbod som sikrar samfunnet tilgang på den kompetansen det er behov for til einkvar tid, og som sikrar arbeid, utvikling og høve til læring for den enkelte. Rask teknologisk utvikling og globalisering gjer at kunnskap og kompetanse blir utdaterte og må fornyast. Etter- og vida-

reutdanning er eit av dei viktigaste verktøy for å kvalifisere til eit yrkesliv som stadig blir forandra, både når det gjeld struktur og arbeidsmåtar.

Forsking er viktig som basis for ny kunnskap. Regjeringa vil at Noreg skal vere ein av dei leiande, innovative, dynamiske og kunnskapsbaserte økonomiane i verda på område der vi har særskilte føresetnader. Forsking er vegen til vekst og sysselsetting. Dei landa som investerer tungt i utdanning og forsking, har høgst vekst. Gode velferdsordningar og ein sterk offentleg sektor gir gode rammer for nyskaping.

### 1.2 Barnehagane – det første steget i et livslangt læringsløp

Regjeringa har ført over ansvaret for barnehagane til Kunnskapsdepartementet. På den måten vil Regjeringa syte for at barnehagar og skole blir sette i større samanheng. Regjeringa ser barnehagar som ein frivillig del av utdanningsløpet og såleis det første steget i et livslangt læringsløp. Gode barnehagar støttar opp under og gir føresetnad for utvikling i denne delen av barndommen. Dei er viktige pedagogiske tilbod og omsorgstilbod, og ein føresetnad for at foreldra kan delta i arbeidslivet og samstundes vere trygge på at barna har ein god stad å vere. Regjeringa meiner det er viktig å styrke samanhengen mellom barnehage og skole for å gjøre læringsløpet mest mogleg samanhengande. Sosial kompetanse og leik som ei pedagogisk verksemrd er viktig i så vel barnehage som i grunnskole, og barn som går i gode barnehagar, utviklar evne og interesse for seinare læring.

Regjeringa har høge mål og fører ein aktiv politikk på barnehageområdet. Gjennom *Barnehageløftet* skal både kvalitetsutviklinga og utbygginga av sektoren styrkast. Målet er å gje alle som ønskjer det eit godt barnehagetilbod. Frå 1. januar 2006 vart foreldrebetalinga redusert frå 2 750 kroner til 2 250 kroner per månad, samstundes som løvinga til utbygging av nye barnehageplassar auka betrakteleg. Det har gitt fleire barn enn nokon gong plass i ein barnehage.

Lågare pris, ynskje om heiltidsplass og flyttestraumar i befolkninga er nokre faktorar som verkar inn på behovet for barnehageplassar i den ein-

skilde kommune. Mange kommunar opplever derfor no ei sterk auke i etterspurnaden etter barnehageplassar. Det er ei utfordring for mange kommunar, som trass i stor innsats framleis har lange ventelister. Kunnskapsdepartementet er i dialog med kommunane om barnehageutbygging. Første prioritet er å skaffe nok barnehageplassar til alle som ønskjer og treng det.

Å stå i kø for ein barnehageplass er kostbart, både for den einskilde og for samfunnet. Full barnehagedekning er derfor det overordna målet for barnehagepolitikken til Regjeringa i 2007.

Regjeringa har lagt til rette for ei finansiering av nye barnehageplassar som skal gjere det mest mogeleg trygt og forutsigbart å starte opp og drive barnehagar. Regjeringa har tilført sektoren store auka beløp, slik at alle nye plassar fullt ut blir finansierte frå staten. Inntil full dekning er nådd, skal statstilskottet vere øyremerket.

Ny rammeplan for barnehagane vart fastsett 1. mars i år og vart satt i verk frå 1. august 2006. Rammeplanen er ein viktig reiskap for å sikre barn eit likeverdig barnehagetilbod med god kvalitet. Kvalitetsutvikling er ein viktig del av Barnehageløftet. I samband med handsaminga av ny lov om barnehagar bad Stortinget Regjeringa komme tilbake med ein plan for kompetanseheving i barnehage-sektoren. Regjeringa følgjer opp dette, jf. kategori-omtale 07.30.

Måla i barnehagesektoren kan berre bli nådde dersom det er nok tilgang på godt kvalifiserte medarbeidarar. Søkinga til førskolelærarutdanninga i 2006 viste ein auke på heile 32,1 pst. i forhold til i 2005. Det er viktig at begge kjønn er godt representerte blant dei tilsette.

Det er viktig å sikre eit læringsløp som heng saman, og syte for at skole og barnehage tek opp i seg og er ein del av samfunnsutviklinga. Skole og barnehage skal byggje på sentrale verdiar i samfunnet og samstundes vere institusjonar som inkluderer alle. Regjeringa har sett ned eit utval for å gjennomformålet med skolar og barnehagar. Utvalet skal levere innstillinga si innan 1. juni 2007.

### **1.3 Kvalitet og mangfold i fellesskolen**

Ein god skole er avgjerande for ein god oppvekst og for eit solidarisk, demokratisk og produktivt samfunn. Det norske utdanningssystemet har mange gode kvalitetar, men har i for liten grad ein sosialt utjamnande funksjon.

I landrapporten *Equity In Education, Thematic Review Norway* frå januar 2006 seier OECD at det norske utdanningssystemet har ein god utjamningsprofil når det gjeld finansiering og deltaking. Men OECD er kritisk til det høge talet på

elevar med svak kompetanse. OECDs vurdering er at systemet manglar kapasitet for å identifisere og følgje opp den einskilde tidleg i utdanninga, og at dette særleg går ut over elevar frå utsette sosiale grupper.

Eit av dei viktigaste måla for Regjeringa er å bekjempe fattigdom og marginalisering. Skolen og utdanningssystemet er viktige verktøy for å få dette til. Regjeringa vil derfor leggje fram ei stortingsmelding i løpet av hausten om utdanning og sosial utjamning. Meldinga må sjåast saman med den stortingsmeldinga om arbeid, velferd og inkludering som Arbeids- og inkluderingsdepartementet skal leggje fram. Regjeringa tek på denne måten eit samla grep der det som skjer i andre samfunnssektorar, kan sjåast saman med utviklinga i skolen. Ungdom som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring, står i fare for marginalisering.

Elevar og føresette har store utgifter til læremiddel. Regjeringa gjer derfor framlegg om å innføre gratis læremiddel for elevar i vidaregåande opplæring og vil våren 2007 fremme forslag om endring av mellom anna opplæringslova.

Regjeringa har som sentral målsetting å styrke fellesskolen. Det store fleirtalet av norske barn og ungdom skal få opplæringa si i offentlege skolar som avspeglar mangfaldet i det norske samfunnet. Regjeringa vil leggje fram eit forslag til endring av friskolelova som i hovudsak byggjer på hovudprinsippa i den tidligare privatskolelova.

Regjeringa innfører Kunnskapsløftet etter planen og vidarefører og forsterkar dei hovudtrekka som det var brei semje om i Stortinget under handsaming av St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*. Høg kvalitet gjennom heile opplæringa, auka tilrettelegging for kvar elev, læreplanar med tydelege mål, større metodefridom i undervisninga og satsing på etterutdanning for lærarar, skoleleiarar og instruktørar er nokre av tiltaka. I *Kunnskapsløftet* er grunnleggjande dugleik for elevane definert som å kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg, kunne lese, rekne og bruke digitale verktøy. I tillegg til dette legg Regjeringa vekt på eit breitt læringssyn som omfattar mellom anna sosial og kulturell kompetanse og motivasjon. Det breie læringssynet er nedfelt i *Prinsipp for opplæringa* som inngår i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Eit godt læringsmiljø er viktig for elevanes meistring og motivasjon for læring og for resultata i skolen. Arbeidet for eit godt læringsmiljø er forankra i *Strategi for læringsmiljøet i grunnopplæringa 2005–2008* med årlege tiltaksplanar og *Manifest mot mobbing*, som nett er fornnya. Departementet vidarefører samarbeidet med andre departement

om gjennomføringa av tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar.

Regjeringa vil utvikle vidare og forbetre det nasjonale systemet for kvalitetsvurdering slik at det blir eit meir presist verktøy for skolen, elevane og dei føresette.

Realfaga i norsk skole og utdanning og utdanningsar som krev realfagkompetanse, har sviktande rekruttering, og norske elevar har berre middelmåtige resultat i internasjonale undersøkingar. Dette har vore synleg i lengre tid. Den framtidige velstandsutviklinga vår og framgang i det internasjonale samfunnet krev mellom anna høg kompetanse i realfag. Eit skikkeleg løft for realfaga kan berre skje ved eit tett og nært samarbeid mellom utdanning og arbeidsliv. Regjeringa har følgt opp dette ved blant anna å ha etablert eit toppforum som skal vere ein møteplass mellom arbeidsliv, utdanningsinstitusjonar og departementet. For å sikre at fleire fullfører utdanninga med godt resultat må skolen systematisk følgje opp læringa til elevane, betre kvaliteten og styrke dialogen mellom grunnskole og vidaregående opplæring og arbeidslivet.

Regjeringa er særstakt oppteken av det store fråfallet i vidaregående opplæring, særleg i dei yrkesfaglege studierettingane. Ei breitt samansett arbeidsgruppe som departementet oppretta i februar i år, har no komme med innstillinga si. Departementet vurderer framlegga frå arbeidsgruppa. Oppfølging av rapporten vil skje i samarbeid med fylkeskommunane og partane i arbeidslivet.

God språklaering er ein nøkkel for minoritetsbarn og -ungdom til å lykkast i utdanning og arbeidsliv. Regjeringa vil gå gjennom eksisterande forsking, og setje i verk ny forsking om morsmålsopplæringa slik at ein kan få større innsikt i samanhengen mellom morsmålsopplæring og læringsutbyttet til elevane.

Da Stortinget handsama St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*, vart det slått fast at det framleis skal vere obligatorisk opplæring i skriftleg sidemål både på ungdomssteget og i vidaregående opplæring. Ei arbeidsgruppe som har sett på norskfaget i skolen, peiker på at opplæringa i nynorsk treng merksemrd både som hovudmål og sidemål. Det blir utarbeidd ein strategiplan for nynorsk i opplæringa som tek til å gjelde i 2007. Han blir lagd til grunn for arbeidet ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa som er lagd til Høgskolen i Volda. Strategiplanen skal vere eit vermekkidel for å styrke opplæringa for elevar som har nynorsk som hovudmål, og vidareutvikle fagdidaktikken og grunngivinga for nynorsk som sidemål.

Departementet har beslutta å etablere eit nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa. Ein tilhørande strategiplan for perioden 2007–10 har som mål å styrke kunst og kultur i grunnopplæringa.

Våren 2007 blir det lagt fram forslag om endringer i friskolelova og fagskolelova. Regjeringa vil i proposisjonane mellom anna drøfte verkeområde for dei to lovene. Finansieringsordninga for fagskoleutdanning blir òg vurdert i samanheng med denne prosessen.

## **1.4 Ein fagleg sterk universitets- og høgskolesektor**

Universitet og høgskolar er motorar i utviklinga av kunnskaps- og forskingsnasjonen Noreg. Ny kunnsskap og erkjenning blir skapt, og den kritiske evna blir skjerpa. Det skjer samhandling med det internasjonale vitskapssamfunnet. Dette har verknad for det norske samfunnet og arbeidslivet i vid mening.

Universiteta har hovudansvaret for å utføre den akademiske grunnforskinga i Noreg og for å utdanne forskrarar. Universiteta sikrar ein fagleg breidd og djupn i forskinga. Dei vitskaplege høgskolane er fagleg smale og spesialiserte og har eit særskilt ansvar innanfor fagporteføljen sin, knytt til forsking og forskarutdanning. Høgskolane har særskilt ansvar for å drive forsking og utvikling på fagområda der dei gir utdanningstilbod. Ei kjerneoppgåve for utdanningsinstitusjonane er å formidle kunnskap til samfunnet. Regjeringa har som mål å leggje til rette for auka verdiskaping over heile landet. Universiteta og høgskolane er sentrale i dette arbeidet, fordi kompetanse er avgjeraande for innovasjonsevna i næringslivet og offentleg sektor.

Alle studentar har krav på ei fagleg fullverdig utdanning. Dei tek opp lån og bruker år av liva sine til å kvalifisere seg til eit yrke. Det er alvorleg der som utdanninga ikkje er av god kvalitet og ikkje gir gode nok kvalifikasjoner.

Måla i Kvalitetsreforma, som det er tverrpolitisk semje om, skal realiserast. Reforma er under evaluering, og det vil bli lagt fram ein rapport om dette tidleg i 2007. Regjeringa vil følgje denne nøye opp og gjennomføre tiltak dersom evalueringa peiker på at det er naudsynt.

Dei norske universiteta og høgskolane er institusjonar med høg grad av fridom og sjølvstyre. Regjeringa vil at dei offentlege høgre utdanningsinstitusjonane skal vere statsinstitusjonar også i framtida. Stor geografisk spreiing er eit kjennemerke ved norske universitet og høgskolar. Grunngivinga for eit desentralisert system ligg i å sikre eit breit spekter av gode utdanningsar og i det å vere sterke kompetansemiljø i regionen sin. Nær-

leik til kompetansemiljø skal ikkje berre vere for dei som bor i dei største byane og dei mest folkerike delane av landet. Det er viktig at høgskoletilsette og andre med høg kompetanse er aktive i regionane ved å samhandle og yte fagleg hjelp.

Tilgjenge er eit gode. Samstundes må storleik, spreiing og kvalitet vegast mot kvarandre. Det gjeld både i forsking og utdanning. Universitets- og høgskolestrukturen har i hovudsak lege fast sidan høgskolereforma i 1994. I den same perioden har det skjedd store endringar i samfunnet. Det er derfor viktigare enn nokon gong at Noreg har universitet og høgskolar som er seg bevisste rolla si i samfunnet og kan møte behova for høgre utdanning og forsking. Det er bakgrunnen for at Regjeringa har oppnemnt eit utval som skal vurdere utviklinga og tiltak innanfor norsk høgre utdanning med eit tidsperspektiv på 10–20 år. Utvalet skal leggje fram innstillinga si innan 31. desember 2007. I mandatet til utvalet blir det streka under at institusjonsstrukturen må sikre ein god regional balanse i studietilbod og kompetanse og verke for eit godt samspel med det lokale og regionale arbeids- og samfunnslivet. Institusjonane skal syte for berekraftig økonomisk, sosial og kulturell utvikling i regionane og for heile landet. Dei skal gi eit tilbod som medverkar til å gi yrkesdeltaking for innvandrarar og funksjonshemma, og som motverkar kjønnsskilnader i utdanning og arbeidsliv.

Det er fastset forskriftar med minstestandardar for universitetet og høgskolar i Noreg. Reakkreditering av sjukepleieutdanninga og evaluering av almennlærarutdanninga gir kunnskap om kor det går bra og kor skoen trykkjer. Regjeringa har som følgje av dette styrkja helse- og lærarutdanningane. Utdanningsinstitusjonane spelar ei avgjerande rolle i å utdanne lærarar som kan gi barn og unge den kompetansen dei treng i eit mangfaldig samfunn. Det er derfor viktig at lærarutdanningane blir vidareutvikla. Slik skal dei bli prega av høg kvalitet og relevans. Fleire reakkrediteringar og ei evaluering av andre fagområde er under planlegging og iverksetting.

Endringar i samfunnet og ikkje minst kravet til kvalitet på internasjonalt nivå blir stadig viktigare i ein situasjon der både utdanning og arbeidsliv blir meir og meir internasjonale, og der høgre utdanning og forsking er nøkkelfaktorar i utvikling og konkurransesevne for landet. Ei rekke fagevalueringar som er gjorde av Noregs forskingsråd med internasjonale ekspertar har peikt på små og fragmenterte fagmiljø som eit problem for kvaliteten i forskinga. Derfor er det eit behov for meir konsentrasjon og betre prioritering av ressursane. Dette må balanserast mot ønsket om å halde oppe ein

desentralisert infrastruktur som gir studiesøkjande i alle delar av landet tilgang til utdanning av høg kvalitet, og som gir arbeidslivet nok tilførsel av kompetanse.

Norsk høgre utdanning er i ei rivande utvikling. Universitet og høgskolar har gjort eit framifrå arbeid med gjennomføringa av kvalitetsreforma, med eit mangfold av nye studietilbod og med eit sterkt fokus på nettopp kvalitet. Hovudtrekka i kvalitetsreforma ligg fast. Ny gradsstruktur og eit nytt, felles karaktersystem er på plass. Vidare er eit nasjonalt kvalitetssystem for høgre utdanning under innføring saman med nye ordningar for styring og leiing. Ikkje minst har det skjedd ei omfattande endring av undervisnings- og vurderingsformer med fokus på læring.

Dei private høgskolane er eit viktig alternativ til dei statlege utdanningstilboda, og er naudsynte for å sikre kapasitet på vesentlege område. Mange av dei private høgskolane har også gode fagmiljø som spelar sentrale roller på sine felt. Felles lovverk og same finansieringssystem for private og offentlege høgskolar sikrar stor grad av lik behandling av dei private og dei statlege utdanningsinstitusjonane. Felles lovverk legg dessutan betre til rette for å kunne ha ein nasjonal koordinert politikk for både statlege og private institusjonar, der endringar i regelverket skjer parallelt.

Stortinget har bede Kunnskapsdepartementet gå gjennom økonomien ved dei private høgskolane og komme med ei vurdering av kva som vil vere rimeleg nivå på statlege tilskott til desse institusjonane, sjå kategoriomtale 07.60.

## 1.5 Forsking for kvalitet og verdiskaping

Regjeringa meiner at forsking er avgjerande for å nå målet om eit kunnskapsbasert og innovativt samfunn. Den siste forskingsmeldinga, St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*, dannar grunnlaget for den norske forskingspolitikken. Det inneber at mellom anna grunnforsking og internasjonalisering vil vere høgt prioriterte område. Regjeringa ønskjer at norsk forsking skal gi ny kunnskap og føre til framtidig verdiskaping. Forskningsinnsatsen må derfor vere langsiktig og ha høg kvalitet.

Internasjonalisering av norsk forsking er viktig for kvaliteten i forskinga og for å styrkje innovasjon i norsk næringsliv og offentleg sektor. Regjeringa vil auke satsinga på internasjonalisering av norsk forsking. Deltakinga i EUs rammeprogram for forsking er det mest omfattande internasjonale samarbeidet norske forskarar, forskingsmiljø og næringsliv deltek i. Norske forskarar får dermed

tilgang til prosjekt, infrastruktur og nettverk som gjer det mogleg å halde seg fagleg oppdatert og rekruttere dei beste fagfolka. Evalueringa av norsk deltaking i det femte rammeprogrammet var positiv og viste m.a. at den økonomiske returnen vil bli om lag på nivå med det som Noreg betaler inn. Utviklinga i det sjette rammeprogrammet viser same tendens. På bakgrunn av det høge faglege og økonomiske utbyttet, ønskjer Regjeringa at Noreg skal delta også i det sjuande rammeprogrammet. Saka vil bli lagt fram for Stortinget, venteleg rundt årsskiftet.

Forsking og miljø- og ressursovervaking i nordområda har mykje å seie for Noreg både politisk, fagleg og forvaltningsmessig. *Det internasjonale polaråret 2007–2008* (IPY) er ei stor internasjonal satsing innafor polarforskning der mange nasjonar vil delta og store ressursar blir sett inn. Regjeringa har vedteke at Noreg skal gå sterkt inn i dette samarbeidet og ta mål av seg til å ha ei førande rolle.

Betre kvalitet er eit hovudmål for forskingspolitikken. Norsk forsking har i dag ein sterk posisjon innanfor fleire område, og det finst mange gode enkeltmiljø. Likevel er det eit potensial for forbetringar. Regjeringa vil arbeide for ei ytterlegare styrking av kvaliteten i norsk forsking og for at det skal bli fleire norske miljø i internasjonal toppklasse. Samstundes skal det satsast på tiltak for auka kvalitet i breidda. For å styrke langsiktig, grunnleggjande forsking i næringslivet har Regjeringa etablert ei ny ordning kalla *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI), og etter ei internasjonal evaluering er 14 senter peikte ut innafor ei rekke ulike fagområde og næringar. Ordninga blir finansiert med midlar frå Fondet for forsking og nyskaping, på same måte som *Senter for framifrå forsking* (SFF). SFF-ordninga vil bli utvida frå 2007.

Høg kvalitet i forskinga er viktig for å få fram gode, relevante og tillitvekkjande resultat. Tilliten til forsking er avhengig av at forskinga går føre seg på ærleg vis og i samsvar med god vitskapleg praksis. I juni 2006 vedtok Stortinget eit forslag til lov om handsaming av etiske spørsmål og ærleg ferd i forsking, jf. Ot.prp. nr. 58 (2005–2006). I 2007 vil det bli oppretta eit nytt nasjonalt utval som skal granske påstandar om fusk i forsking. Det regionale komitésystemet for medisinsk forskingsetikk har eksistert i 20 år og har fått ei sterkt aukande arbeidsmengd. For å avhjelpe situasjonen er det oppretta ein ny komité i helseregion sør. På bakgrunn av forslag frå ei arbeidsgruppe går Regjeringa inn for at det regionale systemet blir vesentleg styrkt frå 2007.

For meir omtale av forskingspolitikken, sjå del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

## 1.6 Budsjettprioriteringar

### Barnehagar

Barnehagar er ei hovudprioritering for Regjeringa. Regjeringa vil prioritere utbygging av nye barnehageplassar i statsbudsjettet for 2007. Regjeringa har i budsjettet for 2007 lagt til rette for den høgaste utbygginga av barnehageplassar nokosinne. Gitt ein usikker prognose for talet på barn på ventelisten ved inngangen til 2007, vil ei utbygging av dette omfanget innebere at målet om full barnehagedekning innan utgangen av 2007 kan bli nådd. Totalt foreslår Regjeringa å auke løyinga av dei statlege tilskottssordningane til barnehageplassar med om lag 3,2 mrd. kroner nominelt i forhold til saldert budsjett for 2006. Det er sett av nær 1,24 mrd. kroner knytte til utbygging av nye barnehageplassar i 2007. Regjeringa foreslår vidare ei reell auke i løyingane til barnehagar med noko over 1,6 mrd. kroner frå saldert budsjett 2006 for å sikre fullfinansiering av barnehageplassar som vart etablerte i 2005 og 2006.

Av løyinga til auken i kapasiteten i sektoren i 2007 er det sett av 914 mill. kroner til utbygging av ordinære barnehageplassar. For å auke kapasiteten i barnehagesektoren ytterlegare foreslår Regjeringa å opprette for ei særskilt tilskottssordning for å legge til rette ei etablering av faste barnehageplassar i mellombels lokale. Regjeringa foreslår å løyve til saman 322 mill. kroner til dette formålet.

Regjeringa foreslår at foreldrebetalinga blir ført vidare på same nivå som i 2006. Dette inneber at foreldrebetalinga skal utgjere kr 2 330 per månad og kr 25 630 på årsbasis for ein heiltidspllass.

### Grunnopplæringa

Regjeringa foreslår å styrke grunnopplæringa med om lag 400 mill. kroner i 2007. I tillegg blir det foreslått å vidareføre løyinga til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa med i underkant av 1 mrd. kroner.

Regjeringa foreslår å løyve 373 mill. kroner til gratis lærermiddel for elevar i vidaregåande opplæring. Regjeringa har lagt vekt på å finne ei ordning som i best mogleg grad stimulerer til utviklingsorienterte og kvalitetsmedvitne skoleeigarar og skolar. Ordninga vil bli innførd for Vg2 hausten 2007, Vg3 i 2008 og Vg1 i 2009. Ein viktig føresetnad er også tilrettelegginga av Kunnskapsløftet for lokal valfridom når det gjeld bruk av lærermiddel. For elevane skal læring vere utfordrande, interessant og motiverande, og Regjeringa kjem dette i møte ved å legge til rette for auka bruk av digitale læremiddel. På den måten kan elevane tilegne seg

læring på nye måtar og sjå nye dimensjonar av det dei skal lære.

Regjeringa foreslår å utvide ordninga med rentekompensasjon for investeringar i skoleanlegg med ytterlegare 2 mrd. kroner i 2007. Ordninga blir derfor styrkt med 39 mill. kroner. Med dette er det fasa inn 15 mrd. kroner. Det betyr at heile investeringsramma er fasen inn to år før det som var planlagt.

Regjeringa ønskjer å styrke arbeidet mot fattigdom og for integrering og inkludering av innvandrarar. Regjeringa ønskjer at fleire innsette i fengsel skal få tilbod om opplæring og vil nytte 10 mill. kroner til dette. I samband med *Handlingsplan for integrering og inkludering av innvandrarar* foreslår departementet å løyve 6 mill. kroner til utviklingsprosjekt ved skolar som har meir enn 25 pst. minoritetsspråklege elevar, av desse vil 3 mill. kroner bli øyremerkte skolar i Groruddalen. Bydelen har mange barn, og blant dei er det eit stort tal minoritetsspråklege barn. Formålet med ordninga er å stimulere skolar med mange framandspråklege elevar til å handtere dei spesielle utfordringane som desse skolane har på ein god måte og å betre utbyttet elevane har av opplæringa. I tillegg vil det bli sett i gang eit prosjekt for å følgje opp barn på grunnlag av språkleg kartlegging på helsestasjonen. Prosjektet retter seg mot barn som har forseinka eller avvikande språkutvikling, og gjeld barn som har behov for oppfølging basert på den språklege kartlegginga på helsestasjonen. Regjeringa foreslår å nytta 5 mill. kroner til dette tiltaket. Av dette skal 2 mill. kroner nyttast til tiltak i Groruddalen.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 1,4 mrd. kroner til gjennomføringa av *Kunnskapsløftet* i 2007. Av dette vil til saman 986 mill. kroner bli løyvd til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, jf. kap. 226. Om lag 670 mill. kroner av løyvinga over kap. 226 blir prioriterte til kompetanseutvikling. Dette gir rom for oppfølging av *Strategi for kompetanseutvikling 2005–2008* og andre høgt prioriterte tiltak som allereie er sette i gang i tråd med intensjonane i reforma. Av løyvinga til kompetanseutvikling vil 375 mill. kroner gå direkte til skoleeigar. Innføring av nye læreplanar i alle fag krev ei raskare utskifting av lærermidla enn normalt. Det er derfor vidareført 400 mill. kroner som blei løyvd innanfor veksten i dei frie inntektene til kommunane i kompensasjon for meirutgifter i samband med utskifting av lærermiddel i grunnskolen i 2006.

Av omsyn til den samla budsjettbalansen foreslår Regjeringa ein reduksjon i løyvinga til folkehøgskolar med 20 mill. kroner. Dette vil føre til lågare statsstøtte til skolane frå hausten 2007.

## Kompetansepolitikken

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til *Program for basiskompetanse i arbeidslivet* med 10 mill. kroner til 35 mill. kroner. Programmet er eit tiltak for å nå målet om at alle skal ha høve til å tilegne seg dei grunnleggjande dugleikane som er naudsynte for å kunne møte krava i samfunns- og arbeidslivet.

Regjeringa foreslår å løye 142 mill. kroner til norsk deltaking i *EUs handlingsprogram for livslang læring*. Programmet er ei vidareføring og samling av dagens EU-program på utdanningsområdet. Det nye programmet inneber ein auke på om lag 40 mill. kroner i høve til dei eksisterande EU-programma. Hovudformålet for det europeiske utdanningssamarbeidet er å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssistema i deltakarlanda.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til studieforbund med 58 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2006. Regjeringa legg med dette løyvingsmessig til rette for at aktiviteten i studieforbunda i 2007 kan haldast oppe på same nivå som i 2005.

Senter for studiar av Holocaust og livssynsmenoritetars stilling i Noreg vart offisielt opna i august 2006. For å gjere senteret i stand til å nå dei høge ambisjonane som er sette for forskings- og formidlingsverksemda ved senteret, foreslår Regjeringa å auke driftstilskottet til senteret med 3 mill. kroner i 2007. Det årlege driftstilskottet til senteret er etter dette 20,6 mill. kroner.

For å styrke aktiviteten ved Falstadssenteret foreslår ein å auke løyvinga til senteret med 3 mill. kroner i 2007. Det statlege tilskottet til Falstadssenteret utgjer etter dette 12,6 mill. kroner.

## Høgre utdanning

Den resultatbaserte undervisningskomponenten i finansieringssystemet for universitetet og høgskolar justerast årleg for endringar i avgjorde studiepoeng og talet på utvekslingsstudentar. På denne bakgrunn aukar undervisningskomponenten med 68,9 mill. kroner frå 2006 til 2007.

Av omsyn til det samla budsjetttopplegget foreslår Regjeringa å redusere budsjetttramma for universitet og høgskolar med 274,3 mill. kroner i 2007. Budsjettreduksjonen er teke i basisløyvinga til universitet og høgskolar og ikkje i form av eit kutt i studieplassar. Reduksjonen er fordelt med 180,2 mill. kroner på universiteta, og 94,1 mill. kroner på høgskolane. Delar av budsjettreduksjonen er fordelt på dei institusjonane som ikkje retta seg etter påleggjet frå Stortingets om studieplasskutt i budsjettet for 2005. Budsjettreduksjonen må òg sjåast i samanheng med avsetningsnivået i sektoren.

For å betre integrering og inkludering av innvandrarar, blir det foreslått å løyve 6 mill. kroner til ei permanent tolkeutdanning. Dette vil mellom anna vere med på å sikre innvandrarar sine rettar i rettssystemet.

Regjeringa foreslår at støtta frå Lånekassen blir prisjustert med 1,75 pst. frå undervisningsåret 2007–08, tilsvarande den forventa auken i konsumprisindeksen.

## Forsking

Forsking er viktig for Regjeringa. Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forsking og nyskaping med 10 mrd. kroner til 60 mrd. kroner. Med den renta som er i dag, vil dette gi ei auka avkastning på om lag 440 mill. kroner i 2008.

Auka internasjonalisering av norsk forsking er ei sentral prioritering i forskingspolitikken. Regjeringa ønskjer at Noreg skal delta i EUs sjuande rammeprogram for forsking og teknologisk utvikling og foreslår å løyve 184 mill. kroner til dette. *Det internasjonale polaråret 2007–2008* er også ei viktig prioritering i 2007, og Regjeringa foreslår å auke løvingane til dette med 80 mill. kroner.

Forslaget til budsjett inneber også ei prioritering av det forskingsetiske arbeidet. Regjeringa

foreslår å styrke dette med til saman 9,5 mill. kroner. Av dette skal 7,1 mill. kroner gå til å styrke dei regionale komiteane for medisinsk forskingsetikk.

Regjeringa foreslår også å auke løvinga til ordninga med offentleg gaveforsterking av private donasjonar til grunnforskning med 30 mill. kroner. Frå og med 2007 gjeld ordninga ikkje berre donasjonar frå verksemder og privatpersonar, men også gaver frå andre private givarar.

For å styrke langsiktig, grunnleggjande forsking i næringslivet er det etablert ei ny ordning kalla *Senter for forskingsdriven innovasjon*. Ordninga har til formål å byggje opp eller styrke norske forskingsmiljø som arbeider i tett samspel med innovativt næringsliv, samt å støtte langsiktig forsking som fremmer innovasjon og konkurranseskraft i næringslivet. Forskningsrådet har peikt ut 14 senter som i snitt vil få 10 mill. kroner kvar i inntil åtte år. Ordninga blir finansiert gjennom avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping.

Auka avkastning frå Forskningsfondet vil i 2007 mellom anna også bli nytta til å styrke tematiske satsingsområde med til saman 80 mill. kroner, forskningsrådsprogrammet *Brukarstyrt innovasjonsarena* med 20 mill. kroner og satsinga *Strategiske høgskoleprosjekt* med 10 mill. kroner.

## 2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldet budsjett 2006	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
<b>Administrasjon</b>					
200	Kunnskapsdepartementet	179 929	192 699	203 841	5,8
204	Foreldreutvalet for grunnskolen	5 857	5 751	7 192	25,1
206	Samisk utdanningsadministrasjon	28 549	29 453	30 572	3,8
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>214 335</i>	<i>227 903</i>	<i>241 605</i>	<i>6,0</i>
<b>Grunnopplæringa</b>					
220	Utdanningsdirektoratet	190 278	183 410	190 327	3,8
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	140 077	129 946	115 056	-11,5
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 741 398	1 772 246	1 002 966	-43,4
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	742 898	949 419	986 941	4,0
227	Tilskott til særskilde skolar	54 460	56 176	61 513	9,5
228	Tilskott til frittståande skolar o.a.	1 909 742	2 031 539	2 191 621	7,9
229	Andre tiltak	9 988	11 000	11 418	3,8
230	Kompetansesenter for spesialundervisning	674 419	639 657	623 267	-2,6
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>5 463 260</i>	<i>5 773 393</i>	<i>5 183 109</i>	<i>-10,0</i>
<b>Barnehagar</b>					
231	Barnehagar		14 848 438	18 023 293	21,4
	<i>Sum kategori 07.30</i>		<i>14 848 438</i>	<i>18 023 293</i>	<i>21,4</i>
<b>Andre tiltak i utdanninga</b>					
248	Særskilde IKT-tiltak i utdanninga	99 389			
249	Andre tiltak i utdanninga	2 163			
	<i>Sum kategori 07.40</i>	<i>101 552</i>			
<b>Tiltak for å fremme kompetanse-utvikling</b>					
251	Fagskoleutdanning		266 187		
252	EUs handlingsprogram for livslang læring			141 652	

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
253	Folkehøgskolar	535 405	552 627	552 374	0,0
254	Tilskott til vaksenopplæring	184 352	131 688	189 496	43,9
255	Tilskott til freds- og menneskeretts-sentra o.a.			37 521	
256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	53 810	55 136	52 300	-5,1
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet		24 490	35 421	44,6
258	Analyse og utviklingsarbeid	38 574	41 986	37 083	-11,7
259	Kompetanseutviklingsprogrammet	20 778			
<i>Sum kategori 07.50</i>		<b>1 099 106</b>	<b>805 927</b>	<b>1 045 847</b>	<b>29,8</b>

**Høgre utdanning og fagskole-utdanning**

260	Universitetet i Oslo	3 173 663			
261	Universitetet i Bergen	1 879 648			
262	Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet	2 568 846			
263	Universitetet i Tromsø	1 101 942			
264	Noregs handelshøgskole	249 963			
265	Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	86 883			
268	Noregs idrettshøgskole	113 637			
269	Noregs musikkhøgskole	150 534			
270	Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar	141 205	196 791	181 126	-8,0
271	Universitet		10 229 793	10 557 653	3,2
272	Vitskaplege høgskolar		873 983	908 902	4,0
273	Statlege kunsthøgskolar	246 379			
274	Statlege høgskolar	7 389 146			
275	Høgskolar		7 896 521	8 224 948	4,2
276	Fagskoleutdanning		274 705	285 144	3,8
278	Universitetet for miljø- og biovitenskap	472 108			
279	Noregs veterinærhøgskole	202 309			
281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	872 724	870 963	763 121	-12,4
282	Privat høgskoleutdanning	621 428			
<i>Sum kategori 07.60</i>		<b>19 270 415</b>	<b>20 342 756</b>	<b>20 920 894</b>	<b>2,8</b>

**Forskning**

283	Meteorologiformål	267 662	251 967	255 026	1,2
285	Noregs forskingsråd	1 153 592	1 312 000	1 310 534	-0,1
286	Fondet for forskning og nyskaping	3 841 438	14 707 760	10 939 560	-25,6

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005			(i 1 000 kr)
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	
287	Forskningsinstitutt og andre tiltak	131 209	134 030	140 937	5,2
288	Internasjonale samarbeidstiltak	668 613	902 735	807 529	-10,5
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>6 062 514</i>	<i>17 308 492</i>	<i>13 453 586</i>	<i>-22,3</i>

**Utdanningsfinansiering**

2410	Statens lånekasse for utdanning	25 896 416	26 626 430	28 492 010	7,0
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>25 896 416</i>	<i>26 626 430</i>	<i>28 492 010</i>	<i>7,0</i>
	<i>Sum programområde 07</i>	<i>58 107 598</i>	<i>85 933 339</i>	<i>87 360 344</i>	<i>1,7</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>58 107 598</i>	<i>85 933 339</i>	<i>87 360 344</i>	<i>1,7</i>

**Utgifter fordelt på postgrupper**

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2005				(i 1 000 kr)
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	Pst. endr. 06/07	
01-29	Driftsutgifter	2 861 332	2 969 966	2 977 772	0,3	
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	47 332	135 220	59 437	-56,0	
50-59	Overføringer til andre statsrekneskapar	24 153 091	25 155 686	26 174 956	4,1	
60-69	Overføring til kommunesektoren	1 560 751	16 334 034	18 786 813	15,0	
70-89	Overføring til private	9 517 861	10 428 113	11 081 366	6,3	
90-99	Utlån, avdrag o.a.	19 967 231	30 910 320	28 280 000	-8,5	
	<i>Sum under departementet</i>	<i>58 107 598</i>	<i>85 933 339</i>	<i>87 360 344</i>	<i>1,7</i>	

**Inntekter fordelt på kapittel**

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005				(i 1 000 kr)
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	Pst. endr. 06/07	
<b>Administrasjon</b>						
3200	Kunnskapsdepartementet	8 260	2 873	2 982	3,8	
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen	724	244	253	3,7	
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>8 984</i>	<i>3 117</i>	<i>3 235</i>	<i>3,8</i>	
<b>Grunnopplæringa</b>						
3220	Utdanningsdirektoratet	23 500	17 417	17 079	-1,9	
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	13 673	5 294	6 493	22,6	
3225	Tiltak i grunnopplæringa	31 267	26 400	24 120	-8,6	
3230	Kompetansesenter for spesialundervisning	74 401	55 611	53 724	-3,4	
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>142 841</i>	<i>104 722</i>	<i>101 416</i>	<i>-3,2</i>	

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
<b>Tiltak for å fremme kompetanseutvikling</b>					
3256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	8 018	9 100	9 446	3,8
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>8 018</i>	<i>9 100</i>	<i>9 446</i>	<i>3,8</i>
<b>Høgre utdanning og fagskoleutdanning</b>					
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	19 497	10	10	0,0
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>19 497</i>	<i>10</i>	<i>10</i>	<i>0,0</i>
<b>Forskning</b>					
3283	Meteorologiformål (jf. kap. 283)	89			
3286	Fondet for forsking og nyskaping	1 989 017	2 134 060	2 653 460	24,3
3287	Forskningsinstitutt og andre tiltak	21 570	21 500	21 500	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	3 530	5 073	3 445	-32,1
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>2 014 206</i>	<i>2 160 633</i>	<i>2 678 405</i>	<i>24,0</i>
<b>Utdanningsfinansiering</b>					
5310	Statens lånekasse for utdanning	11 962 652	13 139 594	14 052 098	6,9
5617	Renter fra Statens lånekasse for utdanning	2 977 372	3 146 220	4 243 000	34,9
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>14 940 024</i>	<i>16 285 814</i>	<i>18 295 098</i>	<i>12,3</i>
	<i>Sum programområde 07</i>	<i>17 133 570</i>	<i>18 563 396</i>	<i>21 087 610</i>	<i>13,6</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>17 133 570</i>	<i>18 563 396</i>	<i>21 087 610</i>	<i>13,6</i>

**Inntekter fordelt på postgrupper**

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
01-29	Sal av varer og tenester o.a.	201 120	130 769	134 273	2,7
50-89	Skatter, avgifter og andre overføringer	5 127 014	5 431 627	7 043 337	29,7
90-99	Utlån, avdrag o. a.	11 805 436	13 001 000	13 910 000	7,0
	<i>Sum under departementet</i>	<i>17 133 570</i>	<i>18 563 396</i>	<i>21 087 610</i>	<i>13,6</i>

### **3 Oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget**

I denne proposisjonen omtaler Kunnskapsdepartementet følgjande oppmodingsvedtak:

Vedtak nr. 320, 1. april 2004:

«Stortinget ber Regjeringa fremme forslag som sikrer at studiefinansieringsordningane ikkje påfører studentar ekstra utgifter som er knytte til nedsett funksjonsevne.»

Vedtak nr. 153, 13. desember 2004:

«Stortinget ber Regjeringen legge til rette for å etablere et kiropraktorstudium i Norge.»

Vedtak nr. 333, 9. mai 2005:

«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak vedrørende organisering og finansiering av ulike former for vide-regående opplæring i utlandet. Det forutsettes at saken også omhandler studietur for 10. trinn i grunnskolen.»

Vedtak nr. 494, 2. juni 2005:

«Stortinget ber Regjeringen kartlegge barne-passvirksomhet i asylmottakene og vurdere om denne virksomheten skal inngå i lov om barnehager.»

Vedtak nr. 536, 16. juni 2005:

«Stortinget ber Regjeringen i statsbudsjettet for 2006 fremme forslag om en opptrapningsplan for den offentlige forskningsinnsatsen fram mot 2010. Det må foretas evalueringer i de årlege budsjetter av den samlede forskningsinnsatsen og utviklingen av det offentlige og næringslivets andel.»

Vedtak nr. 189, 14. desember 2005:

«Stortinget ber Regjeringen legge fram resultatarene av evalueringen av Kvalitetsreformen i høyere utdanning som egen sak.»

*Del II*  
*Nærmare om budsjettforslaget*



## **Programkategori 07.10 Administrasjon**

**Utgifter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel**

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	(i 1 000 kr)
					Pst. endr. 06/07
200	Kunnskapsdepartementet	179 929	192 699	203 841	5,8
204	Foreldreutvalet for grunnskolen	5 857	5 751	7 192	25,1
206	Samisk utdanningsadministrasjon	28 549	29 453	30 572	3,8
	Sum kategori 07.10	214 335	227 903	241 605	6,0

**Inntekter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel**

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	(i 1 000 kr)
					Pst. endr. 06/07
3200	Kunnskapsdepartementet	8 260	2 873	2 982	3,8
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen	724	244	253	3,7
	Sum kategori 07.10	8 984	3 117	3 235	3,8

### **Kap. 200 Kunnskapsdepartementet**

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	(i 1 000 kr)
					Pst. endr. 06/07
01	Driftsutgifter		173 626	185 577	196 488
21	Særskilde driftsutgifter		5 067	4 696	4 874
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		1 236	2 426	2 479
	Sum kap. 200		179 929	192 699	203 841

### **Resultatrapport for 2005–06**

Kunnskapsdepartementet har ansvar for utviklinga av kunnskapssamfunnet gjennom barnehage, utdanning, vidare læring og forsking.

I perioden 2005–06 har departementet i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane utarbeidd følgjande meldingar og proposisjonar som er lagd fram for Stortinget:

- Ot.prp. nr. 43 (2005–2006) *Om lov om endringer i friskoleloven og fagskoleloven*

- Ot.prp. nr. 58 (2005–2006) *Om lov om behandling av etikk og redelighet i forskning*
- Ot.prp. nr. 59 (2005–2006) *Om lov om endringar i opplæringslova*
- Ot.prp. nr. 79 (2005–2006) *Om lov om endring i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler*

Ansvaret for barnehageområdet er overført til Kunnskapsdepartementet. Regjeringa ønskjer med det å medverke til større heilskap og samanheng i opplæringa til barn og unge, og samstundes setje

søkjelyset på den kompetansen som ein treng og tileignar seg i førskolealderen.

Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om rammeplan om innhaldet i og oppgåvene i barnehagen, jf. omtale under kategori 07.30.

Kunnskapsløftet, reforma i grunnopplæringa, er i rute, og vart innført hausten 2006 for 1.–9. trinn i grunnskolen og 1. trinn i vidaregående opplæring. Arbeidet med nye læreplanar har vore ei av hovudprioriteringane i 2006. Utdanningsdirektoratet har starta arbeidet med evaluering av Kunnskapsløftet. Evalueringa er ein prosess som skal gå fram til 2010. Nettstaden [kunnskapsloeftet.no](http://kunnskapsloeftet.no) er omarbeidd, og har i tillegg vorte ein integrert del av departementet si ODIN-side, dette for å sikre best mogleg informasjon om reforma.

Det er utarbeidd ein ny strategi for styrking av realfaga for perioden 2006–09. For å auke kvaliteten i realfagsopplæringa har departementet i 2006 sett i gang tiltak for relevant kompetanseheving av lærarar i realfaga, både innanfor grunnutdanning og etter- og vidareutdanning.

Departementet har utvida kommunikasjonseininga for å styrke kommunikasjonen mot dei viktigaste sektorane og brukarane til departementet. Departementet har vidareført arbeidet med samordning av informasjon på ulike nettstader i utdanningssektoren.

Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for grunnopplæringa omfattar nasjonale prøver for elevar. Regjeringa valde å ta ein pause i gjennomføringa av prøvene i 2006, dette for å forbetre kvaliteten på prøvene. Nye prøver skal haldast på 5. og 8. trinn hausten 2007 i faga norsk, engelsk og matematikk.

Etter forslag frå Regjeringa vedtok Stortinget våren 2006 endringar i friskolelova, som mellom anna innebar at høvet til å godkjenne nye friskolar vart mellombels oppheva.

Det er sett i gang ei evaluering av Kvalitetsreforma innanfor høgre utdanning, sjå også omtale under kategori 07.60. Ei ekstern arbeidsgruppe fekk i 2005 i oppgåve å greie ut problemstillingar knytte til studentsamskipnadsordninga. Gruppa leverte innstillinga si til departementet i november 2005.

Hausten 2004 sette departementet ned eit utval som skulle sjå på rolla til universitetsmusea i den nasjonale museumspolitikken. Utvalet la fram innstilling NOU 2006:8 *Kunnskap for fellesskapet* til departementet i mars 2006, sjå omtale under kategori 07.60.

Departementet har ansvaret for å koordinere forskingspolitikken til Regjeringa, og har derfor eit særskilt ansvar for at den nasjonale forskingspolitikken blir gjennomført. St.meld. nr. 20 (2004–

2005) *Vilje til forskning* og handsaminga av ho i Stortinget, jf. Innst. S. nr. 232 (2004–2005), gir eit sentralt grunnlag for den nasjonale forskingspolitikken.

For å styrke kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken har departementet starta fleire prosesser. Det er sett i verk ein brei strategisk prosess for å styrke arbeidet knytt til forskingssamarbeidet med EU. Prosjektet er leia av Kunnskapsdepartementet og involverer departementa, Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og andre sentrale aktørar.

Departementet har hatt eit godt samarbeid med Noregs forskingsråd, NIFU STEP og Statistisk sentralbyrå (SSB) for å sikre ein god nasjonal statistikk innanfor forskingsområdet. Det er sett i verk tiltak som skal gi raskare og betre prognosar for forskingsinnsatsen.

Departementet har det overordna ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap i sektoren. Departementet har bedt verksemndene i sektoren om å lage gode og oppdaterte planar for kriser og katastrofar i fredstid, og har innført eit rapporteringssystem frå verksemndene.

I 2005–06 har Riksrevisjonen hatt tre forvalningsrevisjonsprosjekt under arbeid på forvalningsområdet til Kunnskapsdepartementet. Departementet har oversendt 31 meldingar for 2005 om forvaltinga av statens eigarinteresser i selskap der staten er dominante eigar. Saksporteføljen knytt til Riksrevisjonen har eit betydeleg omfang, jf. også omtale av saker under kategoriane 07.20, 07.60 og 07.70.

Målet om kjønnsbalanse på alle nivå i organisasjonen blir integrert i departementets utviklingsarbeid. Departementets arbeid for likestilling mellom kjønna er nærmare omtalt i del V, kap. 8.

Departementet er ei inkluderande arbeidslivsverksemnd, og har arbeidd med gjennomføring av tiltak i samsvar med avtalen. Departementet har eit legemeldt sjukefråvær på om lag 4 pst.

1. januar 2006 var 283 årsverk lønte under kap. 200 og åtte årsverk lønte under fagkapittel knytte til einskilde prosjekt over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Det er ein auke i årsverk lønte under kap. 200 frå året før. Grunnen er at ansvaret for forvaltinga av barnehagepolitikken vart flytt frå Barne- og familidepartementet til Kunnskapsdepartementet i samband med St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006).

## Resultatmål for 2007

Måla for løyvinga over kap. 200 er knytt til drift av departementet. Dei faglege måla for departementet er omtalte i dei aktuelle fagkapitla.

**Mål: Effektivt og kompetent departement**

Departementet skal sikre at Regjeringa har eit godt grunnlag for å utforme ein god politikk for barnehage-, utdannings- og forskingssektoren.

Departementet skal ha kunnskap som set det i stand til å vurdere utfordringane i kunnskapspolitikken og korleis desse best kan løysast. Departementet vil leggje vekt på eit meir systematisk analyse- og utviklingsarbeid.

Departementet skal auke kunnskapen om korleis ein gjennom utdanning, arbeids- og samfunnsliv kan skape eit inkluderande og nyskapande kunnskapssamfunn. Departementet vil sjå på kva forhold som medverkar til eit velfungerande kompetansetilbod slik at både samfunnet og den einskilde får god avkastning på investeringar i utdanning. Noreg skal delta aktivt i fleire internasjonale nettverk og prosjekt for å betre kunnskapsgrunnlaget på desse områda, og for å styrke integreringa av internasjonalt arbeid i nasjonal politikkutforming.

Departementet vil leggje fram ei stortingsmelding om utdanning og sosial utjamning. Meldinga vil mellom anna byggje på den kunnskapen ein har fått om sosial ulikskap i utdanninga.

Departementet skal vidareføre arbeidet med å utvikle betre heilskap og samanheng i departementsarbeidet og meir formålstenleg oppgåveløsing. Målsetjinga er at departementet skal samarbeide, samordne og samhandle betre på tvers av organisasjonen og ut mot omverda. Departementet skal arbeide vidare med tiltak som skal sikre gode læringsvilkår for medarbeidarane og at organisasjonen tilpassar seg nye krav og behov. Ein skal vidareføre arbeidet med å tydeleggjere leiarroller og medarbeidarroller og krav til desse. Departementet skal halde fram med å vidareutvikle rekrutteringsarbeidet, og vil i 2007 setje søkjelyset på arbeidet med rekruttering til stillingar og utvikling av hospiteringsordningar i utlandet. Formålet er å tiltrekje, utvikle og behalde kompetanse i departementet.

Departementet skal ha ein god livsfasepolitikk. Alle medarbeidrarar skal oppleve å bli tekne vare på. Departementet vil mellom anna setje i verk særlege tiltak slik at kompetansen til seniormedarbeidarane vert nytta betre. Departementet skal også sjå nærmare på sjukefråvær og god oppfølging av sjukemelde. Dette er i samsvar med avtalen om inkluderande arbeidsliv.

**Mål: Målretta styring av barnehage-, utdannings- og forskingssektoren**

Departementet skal sikre at den nasjonale barnehage-, utdannings- og forskingspolitikken blir formidla ut til aktørane i og brukarane av sektoren, og sjå til at politikken blir gjennomført i tråd med føresetnadene.

Departementet vil sjå på ansvars- og oppgåvedeling på barnehageområdet.

Kunnskapsdepartementet har ansvar for styring av enkeltverksemder og styring av heile sektorar. Departementet skal styrke arbeidet med etatsstyring i departementet og utvikle meir målretta etatsstyringspraksis. Ein skal i denne samanhengen leggje vekt på risikostyring og evaluering som element i kvalitetssikring og utvikling. Vidare skal ein medverke til at økonomistyringa i departementet og i sektoren ligg på eit høgt nivå.

Regjeringa vil leggje fram forslag om ny lov om offentleg støtte til private skolar og endring i fagskolelova våren 2007.

Arbeidet med utvikling av læreplanar er framleis ei viktig oppgåve.

Regjeringa har sett ned eit utval, Bostadutvalet, som skal gjennomgå formålet med opplæringa og formål for barnehagen.

Departementet har bedt Noregs forskingsråd om å gjennomføre ei eigenevaluering på bakgrunn av dei forventningane til Forskningsrådet som er komne fram i St.meld. nr. 20 (2004–2005). Evalueringa skal vere ferdig i slutten av oktober 2006.

Regjeringa vil komme attande til Stortinget med ei stortingsmelding for å følje opp resultata frå evalueringa av Kvalitetsreforma i høgre utdanning.

Det er sett ned eit utval som skal sjå på strukturen i høgre utdanning, Stjernø-utvalet. Sjå nærmare omtale under kategori 07.60.

Eit breitt internasjonalt samarbeid er nødvendig for å styrke kvaliteten i norsk høgre utdanning og forsking. Departementet skal derfor utvikle og leggje til rette for gode rammevilkår for slikt samarbeid.

**Mål: Sikre at barnehage-, utdannings- og forskingspolitikken blir godt kommunisert og samordna**

Departementet skal ha eit nært samspel med dei ulike brukargruppene innanfor barnehage-, utdannings- og forskingssektoren. God kommunikasjon og dialog står sentralt i eit slikt arbeid. Departementet skal styrke kommunikasjonen mot relevante sektorar. Mellom anna skal ein utvikle eit nytt elektronisk nyhendebrief som skal dekkje alle sektorane til departementet og gå til alle institusjo-

nar og brukargrupper innanfor området til Kunnskapsdepartementet.

Innføringa av Kunnskapsløftet frå skoleåret 2006–07 fører med seg store utfordringar knytte til informasjon. Departementet skal til kvar ei tid ha eit nært samspel med brukargruppene rundt gjenomføringa. Departementet ser det som ei hovudoppgåve å medverke til at brukargruppene skal ha tilgjengeleg informasjon om utviklinga i reforma.

Kunnskapsdepartementet skal vere ein interessant, konstruktiv og aktiv deltagar i internasjonale fora. Det same gjeld norsk deltaking i det bilaterale forskingspolitiske samarbeidet. Departementet skal òg koordinere bruken av FoU-fasilitetar i Noreg på ein god måte, med særskilt søkjelys på anlegga på Svalbard.

### Budsjettforslag for 2007

Løyvinga på post 01 skal dekkje lønn og drift av departementet. Ansvaret for forvaltninga av barnehagepolitikken vart i samband med St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006) flytt frå daverande Barne- og familidepartementet til Kunnskapsdepartementet. Det vart i samband med dette

overført 10,3 mill. kroner knytte til personal- og husleigekostnader frå Barne- og likestillingsdepartementets til Kunnskapsdepartementets budsjettområde. For 2007 blir det foreslått å overføre ytterlegare kr 970 000 frå Barne- og likestillingsdepartementets til Kunnskapsdepartementets budsjettområde. Regjeringas mål for barnehagesektoren er full barnehagedekning med høg kvalitet til låg pris i løpet av 2007, sjå omtale under kategori 07.30. Den historisk høge aktiviteten i barnehagesektoren still høge krav til den sentrale forvaltninga av barnehagepolitikken. For å sikre ei god forvaltning av barnehagepolitikken i departementet blir det foreslått å auke løyvinga på post 01 med 2,7 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 231 post 21.

Løyvinga på post 21 dekkjer mellom anna utgifter knytte til arbeidet i Regjeringa med forskingspolitikken og utgifter knytte til drift av den norske UNESCO-kommisjonen. Løyvinga på post 45 gjeld kjøp av datautstyr, programvare og tenester som blir nytta i utviklinga av IKT-systemet i departementet. Løyvingane blir foreslått ført vidare på same nivå som i 2006.

## Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
02	Salsinntekter o.a.	1 675		
05	Refusjon utdanningsbistand NORAD o.a.	2 193	2 873	2 982
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 984		
17	Refusjon for lærlingar	85		
18	Refusjon av sjukepengar	2 323		
	Sum kap. 3200	8 260	2 873	2 982

## Kap. 204 Foreldreutvalet for grunnskolen

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Driftsutgifter	5 857	5 751	7 192
	Sum kap. 204	5 857	5 751	7 192

Etter opplæringslova § 11–9 er det Kongen i statsråd som oppnemmar medlemmene til Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG). I følgje for-

skrifta § 20–1 er FUG eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom skole og heim. FUG skal arbeide for godt

samarbeid mellom skole og heim, og skal ta i vare interessene til foreldra i skolesamanheng.

FUG skal gjennom informasjon, skolering og rettleiing arbeide for å styrke påverkingskrafta og engasjementet til foreldra i grunnskolen. Utvalet har eit særleg ansvar for å stimulere dialogen mellom heim og skole. Det er ei viktig oppgåve for utvalet å medverke til å få alle foreldre med i samarbeidet med skolen.

Funksjonstida til det noverande utvalet går ut 31. desember 2007.

Foreldremedverking og samarbeid mellom heim og skole er etter departementets oppfatning svært viktig for utviklinga i norsk skole. I denne samanhengen spelar FUG ei viktig rolle. Departementet er saman med FUG i ferd med å foreta ein gjennomgang av oppgåvene og ressursane til FUG, og vil komme tilbake til dette og spørsmålet om eventuelle endringar i modellen for oppnemning av utvalet. Regjeringa vil allereie i 2007 styrke sekretariatet i FUG, sjå budsjettforslaget nedanfor.

## **Resultatrapport for 2005–06**

Også i 2005 har interessa for nettstadene til FUG, [www.fug.no](http://www.fug.no) og [www.foreldrenettet.no](http://www.foreldrenettet.no), vore aukande. FUG har satsa offensivt på informasjon og kommunikasjon, og på nettsidene har det heile året vore lagt ut oppdatert informasjon om mellom anna Kunnskapsløftet. FUG deltok òg i arbeidet med departementets informasjonsbrosjyre om Kunnskapsløftet, som vart send til alle foreldre med barn i grunnskolen (med unntak av tiande klasse) hausten 2005. FUG har gitt innspel til utkast til nye læreplanar og ny fag- og timefordeling for Kunnskapsløftet, og har oppfordra foreldre til å delta i høringsarbeidet.

FUG har i 2005 sendt ut omfattande informasjonsmateriell til foreldrearbeidsutvalet (FAU) ved kvar enkelt grunnskole, mellom anna skolestart-pakke, serviceerklæring frå FUG, fire nummer av magasinet *Foreldrekontakten* og informasjon om kartleggingsverktøyet *Foreldreundersøkelsen – Si din mening om skolen!*

FUGs årlege konferanse for representantar frå kommunale foreldreutval (KFU) omhandla i 2005 forsking om samarbeid mellom heim og skole, særleg i samband med korleis foreldre spelar ei viktig rolle for læringsutbyttet og motivasjonen til barna. I samarbeid med KS arrangerte FUG konferansen *Med læring på plakaten. Vi løfter sammen!*

FUG har i 2005 delteke i ulike arbeids- og referansegrupper, mellom anna i samband med Kunnskapsløftet. FUG har òg levert høringsinnspel til ei rekke ulike dokument.

Ein viktig del av arbeidet til FUG har vore oppfølginga av *Manifest mot mobbing 2004–06*. FUG har følgt opp gjennom artiklar i media, foredrag, informasjon på nettsida og råd til enkeltpersonar som har teke kontakt. FUG har lagt vekt på korleis FAU ved den enkelte skolen kan få foreldre meir involverte i arbeidet med læringsmiljøet. Dette er framleis ei stor utfordring.

FUG har hatt ei informasjonsrolle i samband med strategiplanane *Gi rom for lesing, Realfag naturligvis, Likeverdig utdanning i praksis, Språk åpner dører* og *Program for digital kompetanse*. Til dei to første har FUG utarbeidd to hefte til foreldre med tips om korleis ein kan hjelpe barna med matematikk og lesing. Når det gjeld *Likeverdig utdanning i praksis*, har erfaringsspreiing frå prosjektet *Minoritetsspråklege foreldre – ein ressurs for elevane si opplæring i skolen* vore viktig. Handboka *Broer mellom hjem og skole* inneholder mange nyttige eksempel og tips som òg har generell overføringsverdi. Evalueringa av prosjektet syner at foreldra var godt nøgde med tiltaka, og dei opplyser at dei har vorte betre kjende med skolen og lærarane, og på den måten fått betre innblikk i kvardagen til barna. Også lærarane gir ei positiv vurdering av prosjektet. Den største gevinsten ser ut til å vere at prosjektet får lærarane til å bli meir medvitne om roller og samanhengar.

I april 2006 arrangerte FUG for første gong ein konferanse for samiske foreldre. Temaet var rettar og styresmaktenes ansvar.

## **Resultatmål for 2007**

Den viktigaste rolla for FUG er framleis å vere rådgivar for departementet i saker som gjeld samarbeid mellom heim og skole. Utvalet skal prioritere sentrale satsingsområde for grunnopplæringa, som innføringa av Kunnskapsløftet, betring av læringsresultat og læringsmiljø og arbeidet med utjamning av sosiale forskjellar. I saker som gjeld informasjon og rettleiing til foreldre, skal FUG samordne sine aktivitetar med andre aktørar, som Utdanningsdirektoratet og fylkesmannsembata.

Sentrale arbeidsoppgåver for FUG i 2007 er:

- Å arbeide for å styrke foreldreengasjementet gjennom informasjon og rettleiing av foreldre, særleg foreldrerepresentantar på skolane.
- Å samarbeide med Utdanningsdirektoratet i saker der foreldreperspektivet er til stades, mellom anna den vidare satsinga på leksehjelp og oppfølginga av dei nasjonale strategiplanane.

I arbeidet for utjamning av sosiale forskjellar mellom elevane skal FUG medverke til å spreie kunnskap om den viktige rolla foreldre har for læring og

skolemotivasjon, jf. resultata frå prosjektet *Minoritetsspråklige foreldre – en ressurs for elevenes opplæring i skolen*.

### Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,25 mill. kroner for styrke FUG. Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3204 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

### Kap. 3204 Foreldreutvalet for grunnskolen

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
02	Salsinntekter o.a.	724	244	253
	Sum kap. 3204	724	244	253

### Kap. 206 Samisk utdanningsadministrasjon

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Tilskott til Sametinget	28 549	29 453	30 572
	Sum kap. 206	28 549	29 453	30 572

Kapitlet omfattar:

- tilskott til drift av Sametingets avdeling for opplæring, språk og kulturproduksjon og utvikling av lærermiddel for samiske elevar, medrekna spesialpedagogiske lærermiddel
- læreplanarbeid og -utvikling
- råd og rettleiing til lærarar som gir opplæring til samiske elevar i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring

Sametinget har ansvar for utvikling av alle dei tre samiske språka og har rådgivingsoppgåver overfor kommunar og fylkeskommunar om samisk opplæring. Sametinget har eit særskilt ansvar for å følgje opp grunnopplæringa i kommunar som blir innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk. Frå 1. januar 2006 vart Tysfjord kommune innlemma. Sametinget si avdeling for opplæring, språk og kultur deltek på møte som departementet og/eller Utdanningsdirektoratet har med den statlege utdanningsadministrasjonen. Sametinget er også sikra deltaking ved tilsynsbesøk i kommunar innanfor det samiske forvaltningsområdet.

### Resultatrapport for 2005–06

Sametinget

- gav midlar til utvikling av læreverk for begynnaropplæring i lesing på nordsamisk, jf. erfarin-

gar frå prosjektet *Samisk begynnarpplæring*. Sametingets strategiske plan for samisk læremiddelutvikling 2001–05 låg til grunn. Her la ein særskilt vekt på utvikling av digitale/nettbaseerte lærermiddel.

- arbeidde med utvikling av Samisk læringsnett. Ny design vart utvikla, og arbeidet med å leggje ut stoff på nettstaden tok til. Samisk læringsnett er Sametingets nettstad for skolar og barnehagar.
- fastsette samisk innhald i dei nasjonale læreplanane for grunnskolen og i vidaregåande opplæring i faga norsk, engelsk, naturfag og kroppsøving. Læreplanane vart fastsette av departementet i august 2006.
- utarbeidde forslag til samisk læringsplakat og samiske læreplanar i faga samisk som førstespråk, samisk som andrespråk, norsk for elevar med samisk som førstespråk, norsk for elevar med samisk som andrespråk, naturfag, duodji, samfunnsfag, musikk, mat og helse og kristendoms-, religions- og livssynskunnskap. Det var høringskonferanse for desse læreplanane i desember 2005. Planane blir fastsette i 2007.
- arbeidde med nasjonale læreplanar for vidaregåande opplæring i fellesfaga samfunnsfag, historie, geografi og religion og etikk, felles programfag i studieførebuande utdanningsprogram vidaregåande trinn 2–3, og felles

programfag i yrkesførebuande utdanningsprogram vidaregående trinn 1. Planane vert fastsette i 2006.

- starta arbeidet med samiske læreplanar for samisk historie og samfunn, ein samisk delplan innanfor utdanningsprogram for musikk, dans og drama, ein samisk delplan innanfor programområdet for formgiving, fellesfaget historie. Planane blir fastsette i 2007.
- starta arbeidet med samiske læreplanar for reindrift Vg2 og design og duodji Vg2. Planane skal fastsetjast i 2006.

### **Resultatmål for 2007**

Departementet legg vekt på god kommunikasjon med Sametinget i saker som gjeld opplæring generelt og opplæring i høve til det samiske folket spesielt. Departementet føreset at Sametinget arbeider vidare med mellom anna desse oppgåvene:

- informasjon, kompetanseutvikling, rettleiing og utviklingstiltak i tråd med intensjonane i *Kunnskapsløftet – samisk*
- faglege råd og støtte til lærarar
- utvikling, kvalitetssikring og tilskott til produksjon av samiske læremiddel

- vidareutvikling av Samisk læringsnett og medverking til å integrere utvikling av samiske elektroniske læremiddel i nasjonale prosjekt
- utarbeiding av gjennomgåande samisk opplæringsplan for vidaregående opplæring og utvikling av læreplanar for spesielle samiske fag i vidaregående opplæring
- stimulering til vaksenopplæring og samarbeid med kommunar og fylkeskommunar om informasjonsverksemd retta mot vaksne samar om retten deira til grunnskole og vidaregående opplæring
- stimulering til kompetanseheving som kan fremme samisk språk og kultur hos lærarar
- stimulering til forsøks-, forskings- og utviklingsarbeid og til nordisk samarbeid i samiske opplæringsspørsmål
- utvikling og/eller omsetjing av læremiddel på/ til samisk for alle fag i grunnopplæringa i samband med innføringa av Kunnskapsløftet. Dette arbeidet byrjar i 2006 og skal vere fullført i første halvår av 2008.

### **Budsjettforslag for 2007**

Løyvinga under kapitlet blir ført vidare på same nivå som i 2006. For løyvingar til andre samiske utdanningsformål, sjå omtale under kategori 07.20.

## Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2005	budsjett 2006	2007	Pst. endr. 06/07
220	Utdanningsdirektoratet	190 278	183 410	190 327	3,8
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	140 077	129 946	115 056	-11,5
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 741 398	1 772 246	1 002 966	-43,4
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	742 898	949 419	986 941	4,0
227	Tilskott til særskilde skolar	54 460	56 176	61 513	9,5
228	Tilskott til frittståande skolar o.a.	1 909 742	2 031 539	2 191 621	7,9
229	Andre tiltak	9 988	11 000	11 418	3,8
230	Kompetansesenter for spesialundervisning	674 419	639 657	623 267	-2,6
<b>Sum kategori 07.20</b>		<b>5 463 260</b>	<b>5 773 393</b>	<b>5 183 109</b>	<b>-10,0</b>

Inntekter under programkategori 07.20 fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2005	budsjett 2006	2007	Pst. endr. 06/07
3220	Utdanningsdirektoratet	23 500	17 417	17 079	-1,9
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	13 673	5 294	6 493	22,6
3225	Tiltak i grunnopplæringa	31 267	26 400	24 120	-8,6
3230	Kompetansesenter for spesialundervisning	74 401	55 611	53 724	-3,4
<b>Sum kategori 07.20</b>		<b>142 841</b>	<b>104 722</b>	<b>101 416</b>	<b>-3,2</b>

Regjeringa foreslår å styrke grunnopplæringa med om lag 400 mill. kroner. Dette inneber at Regjeringa følgjer opp målsetjinga om gratis læremiddel i vidaregående opplæring, styrking av rentekompensasjonsordninga for skoleanlegg og tiltak mot fattigdom og for integrering og inkludering. I tillegg blir det foreslått å vidareføre løyvinga til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa med i underkant av 1 mrd. kroner.

### **Kunnskapsløftet**

Regjeringa innfører Kunnskapsløftet etter planen, og vidarefører og forsterkar dei hovudtrekkja som det var brei semje om i Stortinget under handsaming av St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*.

Nye læreplanar for fag vart tekne i bruk av 1.–9. trinn i grunnskolen og 1. trinn i vidaregåande opplæring ved skolestart i haust. Nemningane på trinna i videregående opplæring er endra til Vg1,

Vg2 og Vg3. Hausten 2007 blir nye læreplanar for fag tekne i bruk på 10. trinn i grunnskolen og Vg2, og frå hausten 2008 på Vg3.

Den nye strukturen i vidaregåande opplæring inneber at tidlegare 15 ulike studierettingar blir redusert til tolv ulike utdanningsprogram (Vg1). Vidaregåande opplæring skal ha tre studieførebuande og ni yrkesfaglege utdanningsprogram. Andre året i vidaregåande opplæring blir tidlegare 102 ulike yrkesfaglege VKI-kurs redusert til 53 programområde (Vg2). Målet med strukturendringane i vidaregåande opplæring er mellom anna å medverke til færre omval, slik at gjennomføringa blir betre.

Regjeringa føreset at skoleeigarar og skolar utnyttar den lokale handlefridommen slik at dei finn gode lokale løysingar for å realisere reforma.

Regjeringa vil i 2007 løyve om lag 1,4 mrd. kroner til gjennomføringa av Kunnskapsløftet. Av dette vil til saman 986 mill. kroner bli løyvde til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, jf. kap. 226. Om lag 670 mill. kroner av løyvinga over kap. 226 blir prioriterte til kompetanseutvikling og utviklingstiltak. Dette gir rom for oppfølging av *Strategi for kompetanseutvikling 2005–2008* og andre høgt prioriterte tiltak som allereie er sette i gang i tråd med intensjonane i reforma. Av løyvinga til kompetanseutvikling vil 375 mill. kroner gå direkte til skoleeigarar. Kompetanseutviklingsstrategien blir løpende evaluert av Forskningsstiftinga Fafo. Innføring av nye læreplanar i alle fag krev ei raskare utskifting av læremidla enn normalt. Dei 400 mill. kronene som blei løyvd innanfor veksten i dei frie inntektene til kommunane i kompensasjon for meir utgifter i samband med utskifting av læremiddel i grunnskolen i 2006 er derfor vidareført i 2007.

I perioden 2006–11 blir det gjennomført ei forskningsbasert evaluering av Kunnskapsløftet. Evalueringa skal undersøkje og dokumentere i kva grad utfordringane for grunnopplæringa og intensjonane med reforma blir følgde opp og gir resultat i praksis.

Ny mellombels utgåve av Læreplanverket for Kunnskapsløftet vart trykt og send ut til skolane ved skolestart i august 2006. Læreplanverket omfattar: generell del, prinsipp for opplæringa, læreplanar for fag og fag- og timefordeling.

*Generell del* av Læreplanverket er vidareført frå dei tidlegare læreplanverka for grunnskolen og vidaregåande opplæring. *Prinsipp for opplæringa* samanfattar og går nærmare inn på bestemmingar i opplæringslova og forskrift til lova og er ein del av eit forpliktande grunnlag for grunnopplæringa. Læringsplakaten er ein del av Prinsipp for opplæringa og legg vekt på sosial og kulturell kompetanse, motivasjon for læring og læringsstrategiar,

elevmedverknad, tilpassa opplæring og samarbeid med heim og lokalsamfunn. *Læreplanar for fag* omfattar dei planane som er fastsette for grunnskolen og gjennomgåande fag for heile grunnopplæringa. Fag- og timefordelinga er fastsett for heile grunnopplæringa, og denne delen av læreplanverket beskriv også tilbodssstrukturen i vidaregåande opplæring.

Det blir utvikla eit eige *Læreplanverk for Kunnskapsløftet – Samisk*. Dei parallele likeverdige planane for grunnskolen og gjennomgåande planar er fastsette.

Møreforsking har på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet gjennomført ei kartlegging av erfaringar ved skolar som starta opp med nye læreplanar hausten 2005. Formålet med kartlegginga var å få kunnskap om førebuinga, planlegginga og iverksetjinga av reforma i grunnskolen. Evalueringa viser at erfaringane med tidleg oppstart jamt over er gode. Fridommen og fleksibiliteten som ligg i dei nye læreplanane, blir for det meste vurdert som positiv. Behovet for kompetanseheving i samband med Læreplanverket for Kunnskapsløftet (L06) omfattar både fagkunnskap, undervisningsmetode og elevvurdering. Iverksetting av nye læreplanar krev at det blir lagt til rette for læreplanarbeid og utviklingsarbeid på skolen.

Frå skoleåret 2006–07 skal alle elevar på 8. årstrinn anten ha eit nytt framandspråk i tillegg til engelsk eller språkleg fordjuping i samisk, norsk eller engelsk. Innføringa av framandspråk og språkleg fordjuping blir gjort gradvis over tre år. Framandspråk og språkleg fordjuping er likestilte fag og skal vere like krevjande for elevane. Elevane skal ha standpunktcharakter og skal kunne trekkest ut til munnleg lokalt gitt eksamen høvesvis i framandspråk eller i språkleg fordjuping etter 10. trinn. Karakteren skal telje ved inntak til vidaregåande opplæring frå og med inntaket til skoleåret 2009–10.

### Gratis læremiddel i vidaregåande opplæring

Regjeringa vil innføre gratis læremiddel for elevar i vidaregåande opplæring. Regjeringa har lagt vekt på å finne ei ordning som i best mogleg grad stimulerer til utviklingsorienterte og kvalitetsmedvitne skoleeigarar og skolar. Ein viktig føresetnad er også tilrettelegginga av Kunnskapsløftet for lokal valfridom når det gjeld bruk av læremiddel. For elevane skal læring vere utfordrande, interessant og motiverande, og Regjeringa kjem dette i møte ved å leggje til rette for auka bruk av digitale læremiddel. På den måten kan elevane tilegne seg læring på nye måtar og sjå nye dimensjonar av det dei skal lære.

Frå hausten 2007 blir det innført ei todelt ordning der fylkeskommunen får ansvar for at elevane får nødvendige trykte og digitale lærermiddel. I tillegg får elevane eit ikkje-behovsprøvd stipend gjennom Lånekassen som skal vere med og dekkje utgifter elevane har til andre lærermiddel og nødvendig individuelt utstyr. Ordninga blir innført for elevar på Vg2 frå hausten 2007. I 2007 er det foreslått løyvd 373,3 mill. kroner til ordninga. Av dette vil 287,4 mill. kroner bli lagde inn i rammetilskottet til fylkeskommunane som kompensasjon for meir utgifter fylkeskommunane får som følgje av denne omlegginga. Kompensasjonen til fylkeskommunane inkluderer midlar til dekning av administrative utgifter. Vidare blir 70,3 mill. kroner løyva over kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning. Dette inkluderer 5,3 mill. kroner til administrering av ordninga i Lånekassen. Ordninga administrert av Lånekassen er nærmare omtalt under kategori 07.80. 15,6 mill. kroner blir lagde på kapitla for tilskott til frittståande skolar og statlege skolar, jf. hhv. kap. 228 og 222.

Regjeringa vil våren 2007 fremme forslag om endring av m.a. opplæringslova som fastset ansvaret for fylkeskommunane. Ordninga blir innført for Vg3 hausten 2008 og for Vg1 hausten 2009.

### Ressursar i grunnopplæringa

Grunnopplæringa blir i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane, det vil seie rammetilskott og skatteinntekter. I kommunane og i fylkeskommunane er høvesvis grunnskolen og den vidaregående opplæringa ein stor og viktig sektor. Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring utgjer om lag 31 pst. av dei samla netto driftsutgiftene i kommunane, mens netto driftsutgifter til vidaregående opplæring utgjer om lag 64 pst. av dei samla netto driftsutgiftene i fylkeskommunane.

Ressursbruken i grunnopplæringa har lenge vore relativt stabil, både når det gjeld dei totale ressursane og ressursane per elev. Departementet har likevel merka seg ein svak nedgang for nokre av ressursindikatorane frå 2004 til 2005. For å medverke til å gi kommunane gode rammevilkår slik at dei kan gi tilpassa opplæring for alle, er kommuneøkonomien styrkt i 2006. Regjeringa foreslår òg ein vekst i kommuneøkonomien i 2007.

I del IV blir det gitt ein nærmare omtale av ressurssituasjonen i grunnopplæringa. Omtalen inneholder mellom anna tal på elevar og lærlingar, ein gjennomgang av skolestrukturen og tal på kor mykje ressursar som blir brukte i grunnopplæringa.

### Mål: Grunnleggjande dugleik, brei basiskompetanse og styrkt arbeid for sosial utjamning

Omtalen under dette målet er delt i tre tema: *Grunnleggjande dugleik og brei basiskompetanse*, *Gjennomføring i vidaregående opplæring* og *Skolen som organisasjon – lering og utvikling*. Kvart tema har tilstandsvurdering og omtale av strategiar og tiltak.

#### Grunnleggjande dugleik og brei basiskompetanse

##### Tilstandsvurdering

I dei seinare åra har både internasjonale undersøkingar som *Program for International Student Assessment* (PISA) og *Trends in International Mathematics and Science Study* (TIMSS) frå 2003 samt nasjonale kartleggingar og studiar understreka behovet for å heve kompetansen til alle elevar i grunnopplæringa. Dette gjeld særleg i grunnleggjande dugleik i lesing og rekning. Undersøkingar viser òg at mange elevar strevar med motivasjon og med å utvikle gode læringsstrategiar.

Forsking peiker på kor viktig det er at barn tidleg utviklar god språkforståing og godt talemål. Vidare legg god lesedugleik grunnlaget for vidare arbeid med skolefag. Ifølgje den internasjonale undersøkinga *Progress in International Reading Literacy Study* (PIRLS) har norske elevar på 4. årssteget i barneskolen dårligare lesedugleik enn elevarne i land det er naturleg å samanlikne seg med.

Det er til dels store sosiale skilnader i læringsutbytte i den norske skolen. Prestasjonane til elevane heng i sterk grad saman med familiebakgrunn. Ein analyse av karakterane elevane får ved avslutta grunnskole, viser at jo meir utdanning foreldra har, jo høgre grunnskolepoengsum oppnår elevane. Elevar med foreldre med lang universitetsutdanning oppnår i gjennomsnitt 50,4 grunnskolepoeng. Tilsvarande for dei som har foreldre med høgskoleutdanning eller kortvarig universitetsutdanning, er 47,2 grunnskolepoeng. Dei som har foreldre med vidaregående utdanning, får i gjennomsnitt 41,9 grunnskolepoeng, og dei som har foreldre med utdanning på grunnskolenivå oppnådde i gjennomsnitt 37,9 grunnskolepoeng.

Det er krevjande for skolen å medverke til å redusere utslaget av det ulike utgangspunktet elevane har. Eit godt og inkluderande læringsmiljø i skolen, kombinert med realistiske og klare forventningar til den einskilde eleven, kan vere avgjørande for den faglege og sosiale utviklinga til eleven. Målretta satsing på tilpassa opplæring og styrking av grunnleggjande dugleikar i mange

kommunar og skolar dei siste åra ser no ut til å gi resultat i lesing.

Ei utprøving av obligatorisk kartlegging av lesedugleik på andre trinn er gjennomført i perioden 2000–05. Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger hentar inn resultat frå eit representativt utval frå dei årlege undersøkingane. Prøva er utvikla for å kunne identifisere elevar som treng ekstra oppfølging for å komme godt i gang med leseutviklinga. Resultata frå desse kartleggingsundersøkingane har i perioden 2000–05 vist ei positiv utvikling. Delen elevar som har alt rett på prøvene, har auka monaleg, samtidig som delen elevar som ligg på eller under bekymringsgrensa, er redusert. Gjennomføringa av kartleggingsprøvene i lesing har gitt eit viktig grunnlag for å vurdere korleis ulike tiltak verkar. Resultata er følgde opp av skoleeigarar og skolar, og den auka merksemda på lesing lokalt og nasjonalt har truleg medverka til å forbetre elevanes sin dugleik i lesing tidleg i opplæringa. Eksempel på auka merksemd på lesing er at det har vorte vanleg med skole- og kommunebaserte planar for leseopplæringa med integrert kompetanseutvikling, der systematisk kartlegging av dugleik er viktige verkemiddel.

Rapportering undervegs frå evalueringa av strategiplanen *Gi rom for lesing!* viser at planen har verka som ein ekstra pådrivar i arbeidet med leseopplæringa i mange skolar og kommunar.

Dei nasjonale prøvene i 2004 og 2005 vart kritiserte. Resultata frå nasjonale prøver kan likevel gje informasjon om dei grunnleggjande dugleikane til elevane. Resultata frå prøvene i 2005 viser at jente i gjennomsnitt skårar betre enn gutane i lesing på norsk og engelsk, mens skilnadene er små i matematikk. Elevar som har foreldre med høg utdanning, skårar i gjennomsnitt betre på nasjonale prøver enn andre elevar. Elevar som er første- eller andregenerasjons innvandrarar skårar i gjennomsnitt ein god del lågare enn andre elevar på dei nasjonale prøvene i lesing, særleg på 10. trinn.

OECD har i ein studie av PISA-resultata frå 2003 analysert korleis første- og andregenerasjons innvandrarelevar skårar i matematikk og lesing samanlikna med ikkje-innvandrarar. I tillegg ser rapporten på desse innvandrarane sine haldningar til skolen og til læring. Første- og andregenerasjons innvandrarelevar i Noreg oppnår svake resultat samanlikna med innvandrarelevar i andre OECD-land. Andregenerasjons innvandrarar i Noreg, Austerrike, Belgia, Danmark, Tyskland og Russland har lågast gjennomsnittleg skår i lesing og i matematikk av dei OECD-landa som er representerte i rapporten. Dei same landa (unntake Russland) har også det største gapet i prestasjonar

mellan ikkje-innvandrarar og innvandrarelevar. Av førstegenerasjons innvandrarar er det berre elevane i Sverige og Belgia som skårar lågare i matematikk enn elevane i Noreg.

I dei fleste land i undersøkinga går elevar med innvandrarbakgrunn på skolar med høg del elevar med låg sosioøkonomisk status. Fem land skil seg ut frå dette mønsteret. Det er Noreg, Sverige, Australia, New Zealand og Canada, der det er mindre segregering. Men desse resultata er usikre på grunn av eit lågt tal innvandrarelevar i det norske utvalet.

Første- og andregenerasjons innvandrarelevar er like motiverte for å lære som andre, og dei har generelt positive haldningar til skolen. I ti av 17 land, deriblant Noreg, viser andregenerasjons innvandrarar større interesse for matematikk enn kva ikkje-innvandrarar gjer.

Utdanning er eit svært sentralt innsatsområde for å sikre at barn og unge med innvandrarbakgrunn blir inkluderte og integrerte i samfunnet. Som eit ledd i oppfølginga av St.meld. nr. 49 (2003–2004) *Mangfold gjennom inkludering og deltagelse* er det utarbeidd konkrete mål for arbeidet med inkludering av språklege minoritetar på ei rekke område. Det er utvikla indikatorar for å måle resultatoppnåinga. På området utdanning vart det utarbeidd fire mål:

1. Barn og unge med innvandrarbakgrunn skal meistre norsk språk så tidleg som mogleg i skolegangen for å sikre godt læringsutbytte.
2. Ein like stor del av minoritetsspråklege elevar skal fullføre vidaregåande opplæring som i befolkninga totalt.
3. Den delen innvandrarar som kom til landet i ungdomsskolealder eller vidaregåande alder, og som fullfører vidaregåande opplæring, skal auke.
4. Delen tilsette i grunnskolen og vidaregåande opplæring med innvandrarbakgrunn skal auke.

For meir informasjon om dette og ein presentasjon av indikatorane som er knytte til måla, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Det er sett i verk ei rekke tiltak for å nå desse måla, mellom anna gjennom strategiplanen *Likverdig opplæring i praksis!*, jf. omtale under Strategiar og tiltak.

Grunnopplæringa tek i stadig større grad i bruk IKT til administrative og pedagogiske formål. Dei fleste vidaregåande skolar har teke i bruk digitale læringsplattformer, og IKT blir i større grad også teke i bruk ved eksamen. Likevel er det per i dag avgrensa med digitale læremiddel av god kvalitet innanfor dei fleste fag. Dei lærermedla som finst,

er heller ikkje alltid lett tilgjengelege for brukarane.

I dei nye læreplanane som trådde i kraft i haust, er grunnleggjande dugleikar i bruk av digitale verktøy integrerte på linje med andre grunnleggjande dugleikar og integrerte i kompetanseområda i alle fag. Eit rikt tilfang av digitale lærermiddel av høg kvalitet er ein føresetnad for at denne integreringa skal lykkast.

OECD har gjennomført ein analyse av likeverd (equity) i norsk grunnopplæring. Resultata er presenterte i rapporten *Equity in Education (Country Note) Thematic review*. OECD rår til at Noreg bygjer vidare på dei sterke sidene i det norske systemet, som strukturen i opplæringa, det livslange læringsperspektivet og den høge ressursbruken. Samstundes bør Noreg leggje meir vekt på tilpassa opplæring og styrke innsatsen retta mot elevar som tidleg i opplæringa står i fare for å underprestere. OECD rår også til at det blir sett i gang eit arbeid for å undersøke korleis ein kan heve ambisjonane for kva elevane kan lære. Det har vore gjennomført ein nasjonal konferanse der ulike tilrådingar vart diskuterte. I 2007 vil OECD leggje fram ein internasjonal rapport og i samarbeid med norske utdanningsmyndigheter arrangere ein internasjonal konferanse om likeverd i utdanninga.

### Strategiar og tiltak

Stimulering av barns læring startar i heimen og held fram i barnehagen. Sjå kategoriomtale 07.30 for arbeidet med tidleg stimulering i barnehagen. Finland er eit av dei landa som kan vise til mindre forskjellar i læringsutbytte for elevane i grunnskulen enn det Noreg har, og det er grunn til å tro at noko av årsaka til dette er tidleg innsats når elevar ikkje lærer det dei er forventa å lære. Kunnskapsdepartementet vil derfor medverke til, til dømes gjennom utviklingstiltak, at elevar som strevar i dei første åra på barnetrinnet, skal få tidleg støtte sjølv om det ikkje er behov for sakkunnig vurdering og spesialundervisning.

Læraren er den mest avgjerande einskildfaktoren som påverkar læring til elevane. Det blir vist til omtale av ulike tiltak for å styrke kompetansen til lærarane under overskrifta *Skolen som organisasjon – utvikling og læring*.

Departementet vil framleis delta i internasjonale undersøkingar som eit ledd i å følgje utviklinga av læringsutbyttet for norske elevar sett i eit internasjonalt perspektiv. Noreg skal delta i TIMSS 2007, som omfattar elevar på fjerde og åttande trinn.

Noreg vil delta i IEA *International Civic and Citizenship Education Study* (ICCES). Våren 2007

vil ein pilotstudie bli gjennomført. Undersøkinga blir gjennomført hausten 2008 og våren 2009. ICCES-undersøkinga er ei oppfølging av CIVED-studien frå 1999–2002, der Noreg deltok. Den nye studien vil kartleggje elevane sin demokratiske beredskap og haldninga til utfordringane som ligg i auka globalisering og internasjonalisering. ICCES-studien vil også gi oss informasjon om den demokratiske beredskapen elevane har etter innføringa av dei nye læreplanane i Kunnskapsløftet.

I dei seinare åra er det utvikla nasjonale strategiar innanfor sentrale område i grunnopplæringa. Strategiane blir reviderte og tilpassa måla for Kunnskapsløftet og inneholder tiltak for å styrke dei grunnleggjande dugleikane og den faglege utviklinga hos elevane og arbeidet med kompetanseheving for lærarane, jf. omtale under overskrifta *Skolen som organisasjon utvikling og læring*. Her følger ein kort presentasjon av dei nasjonale strategiane:

*Gi rom for lesing – Strategi for stimulering av leselyst og leseduglik 2003–2007* er revidert og knytt nær til måla i Kunnskapsløftet. Arbeidet blir evaluert av SINTEF-IFEM fram mot 2008. Departementet støttar det nasjonale senteret for leseopplæring og leseforsking ved Universitetet i Stavanger som ein del av arbeidet for å styrke leseopplæringa og dermed leggje grunnlaget for god fagleg utvikling både i norskfaget og andre fag. For å medverke til utviklinga av leseduglik og eit godt munnleg og skriftleg språk vil departementet støtte utviklingsarbeid for tidleg innsats. Det vil bli utvikla kriterium for tildeling av støtte.

*Et felles løft for realfagene – Strategi for styrking av realfagene 2006–2009* er nyutvikla og blir ført vidare gjennom årlege tiltaksplanar. I 2007 vil ein leggje særleg vekt på utvikling av samarbeid med næringslivet, arbeidsmåtar i opplæringa og spreying av gode erfaringar. Det nasjonale senteret for matematikk ved NTNU i Trondheim og det nasjonale senteret for naturfag ved Universitetet i Oslo har sentrale oppgåver i dette arbeidet. Det blir utvikla eigne prosjekt i leksehjelp for rekruttering til realfag, mellom anna for å nå grupper som elles vel bort realfaga. Jenter vel i mindre grad høgre utdanning og yrke innan desse faga. Å snu denne treningen er ei sentral oppgåve i strategien. For å auke interessa for realfag blir støtta til regionale vitensenter utvida, mellom anna ved at det blir gitt støtte til regionalt vitensenter i Grenland.

*Likeverdig opplæring i praksis – Strategi for betre læring og større deltaking av språklege minoritetar i barnehage, skole og utdanning 2004–2009* er revidert. Strategien legg mellom anna vekt på tidleg språkstimulering, ulike tiltak for å betre språkopplæringa i skolen og tiltak for å styrke samarbei-

det med foreldra. Opplæring kan til dømes omfatte både barn og foreldre. Vidare legg planen til rette for å auke talet på minoritetsspråklege lærarar både gjennom stipendordning og ved å tilby tilrettelagde ordningar for minoritetsspråklege studenter i lærarutdanninga. Det er presisert ei fordeling av ansvar for tiltaka i planen.

*Se mulighetene og gjør noe med dem – Strategi for entreprenørskap i utdanninga 2004–2008* blir ført vidare som grunnlag for arbeidet med å styrke entreprenørskap i heile grunnopplæringa. Strategien er revidert og blir også omsett til engelsk. Det blir mellom anna utvikla ein læreplan for eit nytt programfag for entreprenørskap innanfor utdanningsprogram for studiespesialisering, programområde for samfunnsfag og økonomi. Læreplanen skal følge dei same retningslinjene som dei andre læreplanane for Kunnskapsløftet. Læreplanen skal fastsetjast og gjerast tilgjengeleg for alle fylkeskommunar frå skolestart hausten 2007. Det blir lyst ut midlar til etterutdanning. Arbeidet med strategien skjer i tett samarbeid med andre departement og organisasjoner, mellom anna Ungt Entreprenørskap.

*Språk åpner dører – Strategi for styrking av fremmedspråk i grunnopplæringen 2005–2009* er utvikla i tråd med måla i Kunnskapsløftet. Strategien vil stimulere til auka mangfald og praktisk tilnærming til språkopplæring, og auke kunnskapen om behovet for kompetanse i framandspråk og fremme forsking og utviklingsarbeid. Det nasjonale senteret for framandspråk ved Høgskolen i Østfold er ein sentral aktør i planen.

Ved handsaminga av St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring* vart det slått fast at det framleis skal vere obligatorisk opplæring i skriftleg sidemål både på ungdomssteget og i vidaregåande opplæring. Ei arbeidsgruppe som har sett på norskfaget i skolen, peiker på at opplæringa i nynorsk treng merksemål både som hovudmål og sidemål. Det blir utarbeidd ein strategiplan for nynorsk i opplæringa for perioden 2007–11. Den blir lagt til grunn for arbeidet ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, som er lagt til Høgskolen i Volda. Strategiplanen skal vere eit verkemiddel for å styrke opplæringa for elevar som har nynorsk som hovudmål, og vidareutvikle fagdidaktikken og grunngivinga for nynorsk som sidemål.

Regjeringa vil etablere eit nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa og ein tilhørande strategiplan for arbeidet. Det nye senteret og strategiplanen for perioden 2007–10 har som mål å styrke kunst og kultur i grunnopplæringa. 15 høgskolar har søkt om å bli nasjonalt senter. I byrjinga av november tek departementet sikte på å utpeike det nasjonale senteret for kunst og kultur i opplæringa.

Tiltaka i *Strategi for digitale læringsressurser 2006–2008* skal syte for auka tilfang på pedagogisk tilrettelagt digitalt innhald. Tiltaka skal også medverke til at eksisterande digitalt innhald blir lettare tilgjengeleg, og dermed setje lærarane betre i stand til å gi elevane tilpassa opplæring. Utdanningsdirektoratet i samarbeid med andre aktørar har ansvar for dei tiltaka som rettar seg mot grunnopplæringa.

I ei tid da IKT blir ein stadig større og viktigare del av daglegliv og utdanning, vil elevar som har dårleg tilgang til IKT, og som ikkje er fortrulege med bruk av IKT verken heime eller på skolen, stå i fare for å prestere dårligare enn andre elevar. For å redusere digitale forskjellar og sikre like vilkår for alle elevar er det viktig å leggje til rette for ein betre bruk av IKT i skolen.

Det er naudsynt å styrke kunnskapsgrunnlaget for bruk av IKT i opplæringa. Departementet vil sjå nærmare på korleis ein kan få auka utbytta av pedagogisk IKT-forsking, mellom anna om samhandlinga mellom IKT-modulen innanfor Noreg forskingsråds program *Kompetanse, utdanning og læring* og verksemda til ITU bør bli betre.

## Gjennomføring i vidaregåande opplæring

### Tilstandsvurdering

Skoleåret 2004–05 var det 61 396 elevar på 10. trinn i grunnskolen (GSI), og tal frå Utdanningsdirektoratet viser at om lag 97 pst. av desse søkte om opp-tak til ein fylkeskommunal vidaregåande skole for skoleåret 2005–06. Blant 16–18-åringar i heile befolkninga har deltagninga i vidaregåande opplæring vore nokså stabil frå 1994, med noko stigning fram til i dag. Særleg delen minoritetsspråklege 16–18-åringar (førstegenerasjons innvandrarar og etterkommarar) har stege noko.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at av dei som begynte i vidaregåande opplæring i 1997, 1998 og 1999, fullførte om lag 75 pst. på allmennfaglege studierettingar på normert tid, og rundt 84 pst. fullførte i løpet av ein periode på fem år. For elevane på yrkesfaglege studierettingar fullførte rundt 40 pst. på normert tid, mens om lag 60 pst. hadde fullført i løpet av fem år.

Nye tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at delen elevar og lærlingar som fullfører vidaregåande opplæring har gått noko ned. Av dei elevane som starta på grunnkurs for første gong i 2000, fullførte 67 pst. utdanninga på fem år.

Delen som avbryt opplæringa varierer mellom studierettingane. Studierettingane musikk, dans og drama, allmenne, økonomiske og administrative fag og idrettsfag hadde det lågaste fråfallet i 2000-kullet, med høvesvis 9, 15 og 17 pst. På studie-

retning for trearbeidsfag braut fleire enn halvparten av elevane av utdanninga, medan ein av tre ikkje fullførte på studieretning for helse- og sosialfag.

Det er òg forskjellar mellom fylka i høve til gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring. For 1999-kullet finn ein den høgaste gjennomføringsgraden på rundt 75 pst. i Vest-Agder, Oppland og Sør-Trøndelag. Finnmark hadde lågast del som gjennomførte, med 52 pst.

Utdanningsnivået til foreldra og karakterane til elevane påverkar om elevane sluttar i vidaregåande opplæring eller ikkje. Det er òg ein sterk samband mellom den sosioøkonomiske statusen til foreldra og karakterane til dei unge. Elevar med svake karakterar frå GK og VK1 bruker lengre tid og fullfører i mindre grad enn elevar med sterke karakterar. Gutar har gjennomsnittleg eit lågare karakternivå enn jenter, og det gir seg utslag i at gutane har lågare optimal gjennomføring enn jentene. Gutar med ikkje-vestleg bakgrunn har dårlegare karakterar og dårlegare prosesjon enn andre elevar.

Det er fleire elevar med ikkje-vestleg bakgrunn som har optimal prosesjon no enn i 1990-åra, men det er likevel ein lågare del av elevar med ikkje-vestleg bakgrunn enn med norsk bakgrunn som fullfører. Ein del av denne skilnaden har samband med sosioøkonomiske bakgrunn.

Læring skal vere utfordrande, interessant og motiverande for elevane. Regjeringa har komme dette i møte ved å leggje til rette for auka bruk av digitale læremiddel. Etter forslag frå Regjeringa vedtok Stortinget å løyve 50 mill. kroner til digitale læremiddel i vidaregåande opplæring, jf. Innst. S. nr. 205 (2005–2006) og St.prp. nr. 66 (2005–2006). Midlane blir forvalta av fylkeskommunane og skal nyttast til kjøp og lokal utvikling av digitale læremiddel. Måla for denne satsinga er mellom anna å betre tilbodet av digitale læremiddel. Satsinga i 2006 skal også betre kompetansen ved dei vidaregåande skolane til å skaffe og utvikle digitale læremiddel, betre samarbeidet mellom fylkeskommunane og opplæringsregionane og styrke metodefridommen i vidaregåande opplæring.

### *Strategiar og tiltak*

Målet for Regjeringa er at flest mogleg søker og fullfører vidaregåande opplæring, da det vil gjere det lettare for den einskilde å få innpass i arbeidslivet, og samfunnsressursane blir utnytta på ein god måte. Det er ønskeleg at flest mogleg får studie- eller yrkeskompetanse eller kompetanse på lågare nivå.

Kunnskapsløftet er ein del av svaret på utfordringane i vidaregåande opplæring. Målet med strukturendringane i vidaregåande opplæring er mellom anna å medverke til færre omval og avbrot, slik at gjennomføringa blir betre.

På ungdomstrinnet skal elevane få tilbod om programfag til val og om fag på vidaregåande nivå. På denne måten skal elevane tidleg kunne gjere seg kjende med nokre av tilboda i vidaregåande opplæring og slik få betre grunnlag for å gjere val av utdanningsprogram.

Rådgivingstenesta på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring er eit viktig område i strategien *Kompetanse for utvikling 2005–2008*. Utvikling av kompetanse i denne tenesta er viktig for betre rettleiing av dei unge elevane.

Kunnskapsdepartementet sette i januar 2006 ned ei breitt samansett arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å vurdere konkrete tiltak for å betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Arbeidsgruppa la fram innstillinga si 30. august 2006. I rapporten legg dei også vekt på å auke merksemda på læringsutbyttet frå grunnskolen. Gruppa har fleire forslag til tiltak: å vidareutvikle lærekandidatordninga, betre tilgangen til varierte opplæringsplassar i bedrift og skole, satse på karriererettleiing, styrke kompetansen omkring eleven og betre innsatsen for fleirkulturell opplæring.

Departementet vil vurdere framlegga frå arbeidsgruppa som har foreslått ulike tiltak for gjennomføringa i vidaregåande opplæring, mellom anna når det gjeld rådgiving og karriererettleiing. Oppfølging av rapporten vil skje i samarbeid med fylkeskommunane og partane i arbeidslivet. Departementet vil i 2007 prioritere utviklingsmidlar til tiltak som kan medverke til at elevane gjer meir medvitne val av utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. Departementet vil bygge på positive erfaringar som er gjorde mellom anna ved tiltak finansierte gjennom handlingsplanen mot fattigdom og fylkesvise forsøk.

Bruk av digitale læremidlar kan vere med på å auke motivasjonen for læring hos elevane slik at gjennomføringa blir betre. Frå hausten 2007 blir det innført ei todelt ordning med gratis læremiddel for elevar i vidaregåande opplæring, der fylkeskommunen får ansvar for at elevane får nødvendige trykte og digitale læremiddel. I tillegg til gratis trykte og digitale læremiddel får elevane eit ikkje-behovsprøvd stipend gjennom Lånekassen som skal vere med på å dekkje utgifter elevane har til andre læremiddel og nødvendig utstyr. Ordninga blir innført for elevar på Vg2 frå hausten 2007.

Ein viser til fleirtalsmerknad om små og verneverdige fag i Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006),

der komiteen ber departementet arbeide vidare med å utvikle ein modell som kan sikre rekrutteringa til desse faga.

For å komme inn under definisjonen små og verneverdige fag må faget ligge under opplæringslova eller vere godkjent som forsøk, ta i vare tradisjonelle handverksfaglege teknikkar og materiale og ikkje ha fleire enn 15 nye kontraktar i løpet av ein treårsperiode, dvs. i snitt fem nye kontraktar per år. Blir det fleire, blir faget teke ut av lista etter ytterlegare eitt kalenderår.

Talet på nye lærekontraktar i små og verneverdige fag har vore nokså stabilt sidan 1997. I gjennomsnitt er det teikna om lag 45 kontraktar i året, med det høgaste talet i 2002 og det lågaste i 2001. Det er store variasjonar mellom fag og fylkeskommunar om ein går inn på dei einskilde åra, men i følgje *Sekretariatet for små og verneverdige fag* er situasjonen i dei fleste faga nokså bra om ein ser gjeldande og nye kontraktar under eitt. Departementet meiner det ikkje er nødvendig å styrke den samla rekrutteringa til små og verneverdige fag. Sekretariatet for små og verneverdige fag melder likevel at det er einskilde fag ein må halde eit særskilt auge med, til dømes gravør, sølvsmed og tredreiar. Det blir sett av midlar på kap. 226 for å gje økonomisk støtte til rekrutteringstiltak på særleg utsette einskilde fag.

Departementet vil gi Utdanningsdirektoratet og Sekretariatet for små og verneverdige fag i oppdrag å rapportere til departementet kvart tredje år om utviklinga i dei ulike faga og å samarbeide nærmare med fylkeskommunane om dei særleg utsette faga. Departementet vil også leggje til rette for samarbeid med partane i arbeidslivet og relevante departement for å registrere og stimulere behovet for arbeidskraft innan dei verneverdige faga.

## Skolen som organisasjon – læring og fornying

### Tilstandsvurdering

Nokre sider ved opplæreringa i grunnskolen og kommunanes oppfølging av arbeidet i skolen er undersøkte av Riksrevisjonen. Undersøkinga er mellom anna basert på ei spørjeundersøking blant rektorar. Riksrevisjonen peiker på utfordringar ved tilrettelegginga og oppfølginga av opplæreringa ved ei rekke skolar. Rapporten frå Riksrevisjonen er oversend Stortinget, jf. Dokument nr. 3:10 (2005–2006).

Rapporten til Riksrevisjonen om opplæreringa i grunnskolen syner at ein del kommunar ikkje har system som gir skoleeigar eit godt nok informasjonsgrunnlag til å ta i vare ansvaret sitt.

Undersøkinga viser at kompetansen til lærarane når det gjeld å leggje til rette for og gjennom-

føre tilpassa opplæring er ein sentral faktor for å sikre elevane god opplæring og tilfredsstillande læringsutbytte. Nesten halvparten av rektorane som inngår i undersøkinga, er ikkje fornøgd med kompetansen til lærarane på dette området. Mange rektorar peiker også på talet på lærarar som ein sentral faktor.

I *Skolelederundersøkelsen 2005* blir det undersøkt korleis det pedagogiske utviklingsarbeidet blir leidd i skolen. Undersøkinga tyder på at dei fleste rektorane har etablert gode rutinar for å sikre kvaliteten på arbeidet i skolen. Over halvparten av rektorane svarer at lærarane samarbeider når det gjeld læreplanar i fag, vurderingskriterium, prøver, undervisningsmetodar med meir. Det er ein klar auke i talet på rektorar i grunnskolen som har rutinar for å følgje opp nytilstette lærarar og lærarar som ikkje fungerer tilfredsstillande. Satsing på erfaringssutveksling mellom skolar ser ut til å ha fått auka vekt. Det er likevel framleis mellom 25 og 30 pst. av skolane som ikkje har samarbeid med andre skolar om innhaldet i skolen. Dette er eit for høgt tal og er ei utfordring for skoleeigaren. Det er òg ei utfordring at elleve pst. av rektorane seier at det ikkje er fagleg samordning om vurderingskriterium mellom lærarane på skolen.

Det er stor semje blant rektorane, særleg i grunnskolen, om at faglege kartleggingsprøver medverkar til å forbetra opplæreringa. Rektorane har størst tru på førebudde elevsamtalar og konferansetimar som effektive evalueringsverktøy for å forbetra læringsutbyttet til elevane. Synet på nasjonale prøver var mest positivt på barnetrinnet i grunnskolen. Det er likevel for tidleg å sjå effektar av dei nasjonale prøvene på innhald, arbeidsmåtar og kompetanseutvikling. Nettstaden *Skoleporten.no* er i liten grad i bruk som verktøy for leiinga. Dette må sjåast i lys av at systemet hadde vore tilgjengeleg i kort tid da undersøkinga vart gjennomført.

I rapporten *Teachers Matter: Attracting, Developing and Retaining Effective Teachers* frå OECD 2005 blir det understreka at det å auke kvaliteten på skoleleiing står svært sentralt for å møte dei utfordringane lærarane står framfor.

Skoleleiarundersøkinga viser ein viss nedgang frå 2001 når det gjeld den delen av skoleleiarar som har ei positiv vurdering av den skolefaglege kompetansen hos skoleeigaren. Mange kommunar har gått over til såkalla *tonivå-modell*, der rektorane er resultatansvarlege verksemdleiarar som rapporterer direkte til rådmannen. 20 pst. av rektorane i desse kommunane oppgir at leiarane på kommunalt/fylkeskommunalt nivå manglar skolefagleg kompetanse. Undersøkinga viser til tross for dette ei positiv utvikling i engasjementet til skoleeiga-

rane for innhaldet i skolane. Det er ein klar auke i talet på rektorer som har underskrive leiaravtale med skoleeigar, og mange opplyser at faglege mål inngår i avtalen. 59 pst. av rektorene svarer at dei er heilt eller delvis samde i at kommunen og fylkeskommunen er pådrivarar for at skolane skal drive med pedagogisk utviklingsarbeid. 70 pst. av skoleleiarane meiner at skoleeigaren er ei støtte i arbeidet deira som leiar.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå KS, Utdanningsforbundet, Nasjonalt Råd for Lærerutdanning og Studentenes Landsforbund har på oppdrag frå departementet utarbeidd ein rapport om attraktivitet i læraryrket. Denne rapporten understrekar også kor viktig skoleleiing er for utvikling av skolen som lærande organisasjon.

For å stimulere kommunar og fylkeskommunar som driv bevisst utvikling av skolane sine, har Kunnskapsdepartementet i samarbeid med KS etablert *Skoleeigarprisen*. I kriteria for prisen blir det lagt vekt på at skoleeigar over tid har lagt til rette for at elevar og lærlingar får opplæring av høg kvalitet, uavhengig av kjønn, bustad, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og økonomien til foreldra.

Grunnopplæringa tek i aukande grad i bruk digitale tenester til både administrative og pedagogiske formål. Dei fleste skolar har teke i bruk digitale læringsplattformer, og IKT blir i større grad også teke i bruk ved eksamen. Samstundes aukar behovet for betre handsaming av personopplysnigar ved bruk av slike digitale tenester.

Fleire skoleeigarar er i gang med å organisere og legge til rette for ordningar som betre kan sørge for at elevar og lærarar på ein enkel og sikker måte kan logge seg på og nytte digitale tenester. Med ein personleg elektronisk identitet (eID) kan elevane få tilgang til tenester og ressursar på nettet. Leverandørar av digitale tenester skal berre ha tilgang til dei opplysningane dei treng, og ikkje meir, for å kunne levere tenestene sine. Elevar og lærarar skal ha innsikt i og råderett over opplysniniane om dei som skal sendast til leverandørar av digitale tenester.

Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet vart etablert i 2003 og er ein del av ein samla strategi for kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. Skolar og skoleeigarar har plikt til å følgje opp resultata av lokale og nasjonale vurderingar, jf. opplæringslova § 13-10.

Dei nasjonale prøvene er ein viktig del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Prøvene i 2004 og 2005 vart til dels sterkt kritiserte. Forskarene som evaluerte prøvene, peikte mellom anna på at det ikkje var utvikla felles rammer for utforming av prøvene, og både oppdraget og formålet med prøvene var uklart. Den faglege kvaliteten på

prøvene er derfor vorte kritisert. Brukarundersøkingar blant lærarar, skoleleiarar og elevar syner at lærarane og rektorene ikkje er nøgde med den informasjonen som vart gitt om gjennomføringa av prøvene. Lærarane er stort sett nøgde med den skoleringa dei har fått i samband med gjennomføringa av nasjonale prøver, men dei meiner at dei har fått for lite kunnskap om korleis dei kan følgje opp resultata. Erfaringane frå desse to åra viser at nasjonale prøver kan vere eit nytig verkemiddel i arbeidet med å vurdere kvaliteten på opplæringa på den einskilde skole for både skoleeigarane og for nasjonale myndigheter. Samstundes har problema med gjennomføringa og bruken av resultata frå prøvene gjort det naudsynt å gjennomgå mellom anna formålet, utforminga og andre sider ved prøvene.

All sentral informasjon om grunnopplæringa har til no vore samla i nettportalen *Skoleporten.no*. Nettportalen har hatt mykje å seie for kvalitetsutviklinga, men er ikkje teke i bruk fullt ut. Resultata frå dei nasjonale prøvene i 2004 og 2005 har vorte offentleggjorde på *Skoleporten.no*, saman med annan informasjon om læringsutbytte, læringsmiljø og ressursar. Resultata frå 2004 vart gjorde offentlege på skolenivå. Erfaringa er at desse resultata vart brukte til å rangere skolane på ein måte som ikkje fremmer det som er formålet med prøvene, nemleg kvalitetsutvikling. Resultata frå 2005 er derfor berre offentleggjorde på skoleeigar-nivå.

## Strategiar og tiltak

Kravet om internkontroll i opplæringslova § 13-10 skal medverke til å sikre at skoleeigar har system for å sikre forsvarlig informasjon. Dette kravet vart eit særleg satsingsområde for det nasjonale tilsynet i 2006, med tilhørande kompetanseoppbygging for det statlege tilsynet.

Tilsynet til fylkesmannsembeta er i hovudsak retta mot skoleeigar og ikkje mot enkeltskolar. Denne systemtilnærminga i tilsynet er i samsvar med det oppdraget som er gitt fylkesmannsembeta. Dette tilsynet skal kombinerast med hendingsbasert tilsyn eller risikobaserte kontrollar mot enkelte skolar som sjølvstendige tiltak eller som ledd i tilsyn med systemet til skoleeigar. Tilsynet er primært innretta mot skoleeigar som ledd i å ansvarleggjere skoleeigar og medverke til at skoleeigar oppfyller pliktene sine for grunnskolen i kommunen.

Det er sett i verk fleire tiltak for å styrkje tilsynet til Fylkesmannen og for å betre styringa og koordineringa av tilsynsverksemda på nasjonalt nivå. Det vil i 2007 bli arbeidd for å målrette og

effektivisere tilsynet gjennom utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og rettleiing.

Det er brei semje om at den viktigaste enkeltfaktoren for at eleven skal ha godt utbytte av opplæringa, er læraren. Arbeidet med kompetanseutvikling blir ført vidare i tråd med intensjonane i *Kompetanse for utvikling – Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008*. Ein føresetnad for målretta kompetanseutvikling er at ho er forankra i utfordringane og behova i den einskilde verksemda. Departementet legg vekt på at denne føresetnaden er oppfylt ved tildeling av midlar, og Fylkesmannen vil bli bedt om å følgje opp dette ved tildelinga. Regjeringa set kommunane og fylkeskommunane i stand til å prioritere lærarane både ved å styrke kommuneøkonomien generelt og ved å tildele statlege midlar til kompetanseutvikling. I samband med utvikling av skoledagen og tiltak for tidleg støtte vil grunnskolen ha bruk for fleire lærarar i åra som kjem. Departementet vil derfor rette merksemda mot rekruttering av lærarstudentar og rettleiing og støtte til nyutdanna lærarar, jf. omtale i kategori 07.60.

Departementet vil vurdere tiltak for å betre grunnutdanninga for lærarar, jf. omtale i kategori 07.60. Det blir også sett i gang revidering av forskrifter om krav til kompetanse for lærarar i grunnskolen. Formålet med revideringa er mellom anna å vurdere krav om særskilt fagleg kompetanse for tilsetting på ungdomstrinnet.

Noreg deltek saman med 20 andre land i OECDs program *Improving School Leadership*. I 2006 og 2007 blir det gjennomført internasjonale verkstader og utvikla nasjonale rapportar som grunnlag for OECDs rapport. Programmet rettar merksemda mot skoleleiing, rekruttering av leiarar, arbeidsvilkår og utdanning for leiarar. Forsking og praksis som er gjennomført med tanke på å styrke leiarskap i skolen, blir samanstilt som grunnlag for ny politikk på dette området.

Noreg skal også delta i OECDs planlagde studie *Teachers, Teaching and Learning* (TALIS), som blir pilotert i 2007 og gjennomført i 2008. Dette er ein survey retta mot lærarar og skoleleiarar og tek opp tema som profesjonell utvikling for lærarar, læringskultur og metodar for læring.

Det er inngått ein avtale mellom Kunnskapsdepartementet og KS om kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. Partane vil i fellesskap arbeide for å vidareutvikle verktøy som kan brukast av kommunar og fylkeskommunar for å kunne analysere og vurdere verksemda i skolen. Vidare vil partane utvikle nettverk mellom skoleeigarar og lærarutdanningsinstitusjonar for å betre samarbeidet mellom praksis og forsking, og for å styrke den generelle kontakten mellom sektorane.

Forsking har dokumentert at skolar som utviklar felles kultur, tydeleg pedagogisk leing og høgt ambisjonsnivå, lykkast betre med kjerneoppgåvene sine enn andre skolar. God organisering og godt samspel i kollegiet gjer skolane betre rusta til å etablere ein ny praksis i møte med endra krav til dagens og morgondagens skole.

Med bakgrunn i denne kunnskapen har Utdanningsdirektoratet, på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, sett i gang *Program for skoleutvikling*. Målet er å setje fleire skolar i stand til å skape eit betre læringsmiljø og større fagleg og sosial framgang for elevane. Hovudaktivitetane i programmet er utvikling og gjennomføring av utviklingsprosjekt og utviklingstiltak på skolane. Skolane som har fått støtte, fokuserer på tilpassa opplæring, nye arbeidsformer og nye måtar å organisere opplæringa på. Nokre eksempel er bruk av digitale mapper, mentorar og coachar for lærarar og elevar, vekt på klasseleiing og praksisen til den enkelte læraren i klasserommet.

Kunnskapsdepartementet vil også føre vidare programmet *Praksisretta FoU i grunnopplæring og lærarutdanning*, som blir administrert av Noregs forskingsråd. Programmet har tre prioriterte forskingsområde: læringsprosessar og læringsutbytte, organisering for læring og yrkespraksis og lærarutdanning. Programmet skal betre samanhengen mellom profesjonsutdanning og profesjonsutøving og styrke kvaliteten både i skolen og lærarutdanninga. Erfaringar frå programmet går inn som ein viktig del av arbeidet for å styrke samhandlinga mellom lærarutdanninga og skolen, og skal føre til læring for begge sektorane.

Regjeringa vil gjennomføre nasjonale prøver frå hausten 2007 i rekning, og i lesing på norsk og engelsk på 5. og 8. trinn. Formålet med prøvene er å kartlegge dei grunnleggjande dugleikane hos elevane slik dei er omtalte i læreplanane. På den måten skal prøvene bli brukte som grunnlag for kvalitetsutvikling i skolen. Målet er å utvikle prøver av høg fagleg kvalitet. Prøvene skal bli enklare å rette enn dei tidlegare prøvene, og den tekniske utforminga skal bli betre. Departementet har fastsett eit felles rammeverk for prøvene.

Resultata frå dei nasjonale prøvene er offentlege, men departementet legg ikkje til rette for rangering av skolar. Resultata skal vere tilgjengelege for dei som skal bruke resultata.

I tillegg til dei nasjonale prøvene blir det utvikla prøver i skriving på norsk og engelsk for eit nasjonalment representativt utval elevar i grunnskolen.

Karakter- og læringsstøttande prøver undersøkjer kva eleven kan innanfor sentrale område av eit fag, og ut frå dette kan ein avgjere kvar kreftene må setjast inn for at eleven skal meistre faget

betre. Bruk av kartleggingsmateriell avdekkjer også behov for individuell oppfølging og tilrettelegging på individ- og skolenivå. Dette er viktige verktøy for lærarane i deira arbeid med å tilpasse opplæringa til kvar einskild elev. Det blir derfor no vurdert å utvikle nytt kartleggingsmateriell og diagnostiske prøver til støtte for læringsarbeidet. Vidare skal det gjennomførast obligatorisk kartleggingsprøve i lesing for 2. trinn og i rekning og talforståing.

Informasjon om opplæringa samt tilgang til rettleiingsressursar for best mogleg bruk av informasjonen er nødvendig for vidare kvalitetsutvikling. Departementet vil vurdere nærmare korleis ein best kan informere og rettleie om det kunnskapsgrunnlaget som nasjonalt kvalitetsturverkingssystem gir. Utdanningsdirektoratet har derfor fått i oppdrag å greie ut *Skoleporten.no* og ulike andre modellar for eit nettbasert verktøy som samlar relevant informasjon om situasjonen i skolen, saman med rettleiingsmateriell med meir. Departementet vil på bakgrunn av denne utgreiinga ta stilling til vidareutvikling av eit nasjonalt nettbasert informasjonsverktøy.

Departementet vil legge til rette for ei elektronisk identitetsforvaltning for grunnopplæringa (Felles Elektronisk Identitet–FEIDE). FEIDE er i tråd med personopplysningslova, det betrar konkurransesituasjonen for både tilbydarar og brukarar av digitale tenester, det byggjer på opne standardar og vil vere i tråd med den statlege løysinga for elektronisk identifisering (eID). Departementet vil styrke arbeidet med FEIDE i grunnopplæringa.

Regjeringa har som sentral målsetjing å styrke fellesskolen. Det store fleirtalet av norske barn og ungdom skal få opplæringa si i offentlege skolar som speglar mangfaldet i det norske samfunnet. Regjeringa vil gå gjennom regelverk og støtteordningar for private skolar for å stramme inn utbreiinga av private skolar som ikkje utgjør eit religiøst eller pedagogisk alternativ til den offentlege skolen.

Regjeringa vil legge fram eit forslag til lov som i hovudsak byggjer på hovudprinsippa i den tidlegare privatskolelova. Departementet har starta arbeidet med omfattande og heilskaplege lovendringar. Forslag til endringar i friskolelova blir sendt på høring hausten 2006 og lagt fram for Stortinget våren 2007.

For å stoppe veksten i friskolar inntil meir permanente lovendringar er på plass, var det naudsynt med mellombelse lovendringar. Etter forslag fra Regjeringa vedtok Stortinget våren 2006 endringar i friskolelova som blant anna inneber at høvet til å godkjenne nye friskolar mellombels er oppheva.

Berre godkjende skolar som var i drift 13. desember 2005, får drive verksemd etter friskolelova.

### **Mål: Godt læringsmiljø som stimulerer læring og positiv samhandling**

#### Tilstandsvurdering

Det er godt dokumentert at både dei skolefaglege prestasjonane og den sosiale utviklinga til elevane har samanheng med faktorar i læringsmiljøet. Dette gjeld det fysiske og det psykososiale miljøet på skolen og tilhøve som motivasjonen til elevane, medverknad og tilhørsel på skolen.

Fråvær av problemåtferd som mobbing, uro, hærverk og vald er viktig for eit godt læringsmiljø. Kapittel 9a i opplæringslova peiker på at alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø som fremmer helse, trivsel og læring. Ingen skal bli utsett for mobbing, diskriminering, vald eller rasisme. Det inneber at alle som arbeider på skolen, har plikt til å passe på at slikt ikkje skjer, og at skoleleiinga har plikt til å sjå til at rutinane på skolen er gode nok til å avsløre krenkingar, og setje i verk effektive tiltak mot dei.

I fleire undersøkingar og i skoledebatten blir det framheva at det er lite arbeidsro i skolen i Noreg. Resultata frå *Elevinspektørane* viser at ein stor majoritet av elevane rapporterer så stor mangal på ro og disiplin at dei tykkjer det er plagsamt. Nær 70 pst. av elevane oppgir i *Elevinspektørane* at dei sjeldan eller aldri forstyrrar dei andre elevane når dei arbeider. Resultata kan såleis tyde på at det er ein relativt liten del av elevane som står for mykje av det bråket og den uroa i arbeidsøktene som elevane gir uttrykk for.

Rogalandsforskning viste i evalueringa si av *Manifest mot mobbing* at mobbinga blant norske elevar vart redusert i perioden 2002–04, etter ein lang periode med auke. Analysen av resultata frå *Elevinspektørane 2005* viser ingen vidare nedgang i førekomsten av mobbing. I *Elevinspektørane* svarer 4,5 pst. av elevane at dei blir mobba éin eller fleire gonger i veka. Litt færre elevar oppgir at dei sjølvhe har vore med på å mobbe andre, 2,4 pst. av elevane svarer at dei har gjort det éin eller fleire gonger i veka. Gutane opplever meir mobbing enn jentene, og det er noko meir mobbing på mellomsteget og ungdomssteget enn i vidaregåande opplæring.

På bakgrunn av analysar som viste at problemtårford må sjåast i samanheng med læringsmiljøet på den einskilde skolen og korleis undervisninga fungerer, vart modellen *Læringsmiljø og pedagogisk analyse* (LP-modellen) utvikla. Lillegården kompetansesenter har hatt ansvar for utviklingsarbeidet,

medan Norsk institutt for forsking om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) har hatt ansvaret for evalueringa. I denne modellen arbeider lærarane med å utvikle si eiga leiing av grupper, gi undervisninga meir struktur, etablere gode relasjonar til elevane, leggje vekt på ros og oppmuntring og samarbeide betre med foreldra. Evalueringa av utprøvinga i 14 grunnskolar viser at lærarane på desse skolane meinte dei fekk meir struktur i form av ro, orden og punktleg framferd. Resultata til elevane i faga norsk, matematikk, engelsk og natur- og miljøfag viste ei jamt over positiv utvikling.

Analysen av interesse og engasjement i skolearbeidet gir ikkje noko eintydig svar på motivasjonen hos norske elevar. Forskarar finn at over halvparten av elevane er interesserte i å lære i dei fleste faga, og om lag ein firedel er interesserte i å lære i mange fag. Men svaralternativa som elevane fekk, kor mange fag dei er interesserte i å lære i, seier ingenting om styrken på motivasjonen i dei enkelte faga.

Sterk samanheng mellom motivasjonen hos elevane og interessa for å lære og deira prestasjoner på dette området er påvist i matematikk. I PISA-studien ser motivasjon for å lære matematikk ut å vere ein sterkt forklaringsfaktor for prestasjonane til elevane i dette faget. Resultata frå same studie viser også at det kan vere kjønnsforskjellar i motivasjonen elevane viser i dei enkelte faga. Norske gutter viser tydelig større interesse og motivasjon i matematikk enn jenter.

Resultat frå Elevinspektørane vitnar om at elevane i den norske skolen tykkjer dei har relativt liten innverknad på eller medråderett i det faglege arbeidet på skolen. Elevmedverknad inneber at skolen gir elevane opplæring i og høve til å setje mål for eige arbeid, lage planar og vurdere eigen innsats og prestasjonar. Analysen peiker særleg på at halvparten av elevane opplever at dei ikkje har medråderett i arbeidsplanar i noko fag. Om lag ein tredel av elevane opplever at det ikkje er mogleg å medverke i vurderinga av eige arbeid i noko fag.

Våren 2006 vart det oppretta ei arbeidsgruppe som fekk i mandat å greie ut og vurdere ulike sider ved skolemåtid. Arbeidsgruppa har vurdert ulike modellar for skolemåtid og kostnadane knytte til dette. Gruppa leverte rapporten sin i juni 2006, og tilrar der at det blir innført gratis mjølk og frukt eller grønsaker til alle elevane i grunnskolen. Arbeidsgruppa meiner også at dette tilbodet på lengre sikt bør bli utvida til eit komplett brødmåtid, først og fremst for ungdomsseget, men gjerne for heile grunnskolen.

Tilgang til PC i opplæringssituasjonen er ein viktig faktor ved det fysiske læringsmiljøet på sko-

len. Tal frå grunnskolestatistikken GSI og Utdanningsdirektoratet syner at talet på elevar per PC i grunnskolen har gått ned frå 6,5 til 5,4. Vel 85 pst. av PC-ane er kopla til Internett. Små kommunar med god økonomi har best PC-dekning, medan dei store kommunane, inkludert dei fire største byane, har den lågaste dekninga. I vidaregåande opplæring viser dei siste tala (2004) at det er 2,5 elevar per PC. 96 pst. av PC-ane er kopla til Internett.

Sjølv om fleire grunnskolar har fått breiband, har mange ein heller låg kapasitet samanlikna med andre skolar. Kapasiteten på breiband varierer frå mindre enn to til over 200 Mbps, uavhengig av kor store skolane er. 50 pst. av elevane i vidaregåande opplæring har tilgang til breiband med kapasitet på frå ti til over 100 Mbps.

Departementet vil peike på at utviklinga er positiv, men at det framleis er ønske om betre PC-dekning og breiband i grunnskolen. Skilnadene skolar og kommunar imellom er framleis for store.

I *Elevinspektørane* vurderer elevane på mellomsteget kor fornøgde dei er med undervisningsromma, lærebøker, materiell og utstyr, dei andre romma på skolen, skoleplassen og toaletta og dusjane. Elevane på ungdomsseget og i vidaregåande opplæring vurderer luftkvaliteten på skolen, lærebøker, materiell og utstyr, undervisningsromma, skolebiblioteket, sanitære rom (toalett og dusj), skolebygget, reinhaldet og uteområda til skolen.

Det viser seg at vurderinga av dei fysiske forholda varierer sterkt. To tilhøve skil seg ut ved at over halvparten av elevane ikkje er fornøgde. Det gjeld dei sanitære forholda (uttrykt som toalett og dusj på mellomsteget) og luftkvaliteten (som det vart spurt om berre på ungdomsseget og i vidaregåande opplæring). Elevane i vidaregåande opplæring er elles meir fornøgde med dei fysiske forholda enn elevane i grunnskolen. Vurderinga til elevane av dei fysiske forholda ved skolen har likevel lite å seie for den sosiale og faglege trivselen deira på skolen og for motivasjonen og arbeidsinnsatsen deira.

Menneskerettar, demokrati og kamp mot diskriminering og rasisme står sentralt i skolen og er verdiar barn og unge skal tilegne seg. Temaet inngår i mange fag, og skolane markerer mellom anna *Holocaustdagen* 27. januar kvart år. Da blir *Benjaminprisen* delt ut til ein skole som har jobba spesielt godt mot rasisme og diskriminering. Utdanningsdirektoratet administrerer arbeidet med Benjaminprisen på vegne av departementet og utviklar kvart år nye læringsressursar knytte til temaet som blir formidla til skolane.

## Strategiar og tiltak

Strategiar for å utvikle læringsmiljøet til elevane må sjåast i tett samanheng med utviklinga av dei grunnleggjande dugleikane til elevane og med strategiar for utvikling av skolen som lærande organisasjon. Arbeidet for eit godt læringsmiljø er forankra i *Strategi for læringsmiljøet i grunnopplæringa (2005–2008)* med årlege tiltaksplanar og *Manifest mot mobbing*. For å understreke kor viktig det er at arbeidet mot mobbing er langsiktig, og at engasjementet blir halde oppe, har Regjeringa, KS, Utdanningsforbundet og Foreldreutvalet for grunnskolen skrive under på eit nytt *Manifest mot mobbing (2006–2008)*. Skolane vil framleis få tilbod om program mot mobbing og modellar for førebygging og meistring av problemåtferd.

Åtferdssenteret i Stavanger har gjennomført utprøving og evaluering av det skoleomfattande tiltaksprogrammet PALS (*Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling i skolen*). Målet med PALS er å styrke den sosiale kompetansen til elevane og førebyggje og mestre deira problemåtferd. Programmet er evidensbasert praksis og har systemorientert tilnærming. Evalueringa viser at skolar som slit mykje med problemåtferd, har best utbytte av PALS. Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn har òg stort utbytte av programmet, både i høve til sosial og fagleg kompetanse. Departementet vil legge til rette for at fleire skolar skal ta del i dette utviklingsarbeidet som ledd i arbeidet for betre læringsmiljø.

20 land deltek i OECD-nettverket *International Network on School Bullying and Violence*, som Noreg leiar. Det er etablert ein eigen nettstad for kommunikasjon og spreiing av effektive tiltak og strategiar.

Departementet vidarefører samarbeidet med andre departement om gjennomføringa av tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar. Dette arbeidet blir sett i samanheng med direktoratets samla strategi for eit godt læringsmiljø og omfattar mellom anna området psykisk helse, arbeid mot rus og kriminalitet og kampen mot rasisme. Det blir utarbeidd ei kartlegging av haldningane til og kunnskapen om rasisme, holocaust og menneskerettar hos dei norske elevane. På bakgrunn av denne kunnskapen vil ein vurdere kva vi treng av ny forsking.

Det vil bli lagt fram resultat frå kartlegginga av noverande tiltak på leksehjelp. Utprøving av ulike modellar for leksehjelp blir gjennomført i samarbeid med skolar, organisasjonar og høgskolar. Ulike modellar inneber at ein vinn erfaringar med ulike leksehjelparar, til dømes studentar. Evaluering av prosjektet vil ligge føre i 2008. Foreldreut-

valet for grunnskolen (FUG) deltek i prosjektet, der det mellom anna skal bli prøvd ut tiltak for å gjere foreldra medvitne om rolla si som ressurs for læringer hos barna.

Regjeringa vil prioritere det fysiske skolemiljøet gjennom rentekompensasjonsordninga for investeringar i skoleanlegg. Gjennom ordninga blir det stilt til rådvelde ei investeringsramme for kommunar og fylkeskommunar på i alt 15 mrd. kroner over ein periode på åtte år. Berekning av rentekompensasjonen skjer med utgangspunkt i eit serielån med 20 års løpetid i Husbanken. Kommunane står fritt til å velje om finansieringa skal skje med eller utan opptak av lån, og dei vel fritt kva låneinstitusjon som skal nyttast. Ordninga vart forvalta av Husbanken, jf. også omtale under kap. 582 post 60 i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for *Kommunal- og regionaldepartementet*. Ordninga, som vart innført i 2002, skal stimulere kommunar og fylkeskommunar til å byggje nye skoleanlegg og rehabiliter og ruste opp eksisterande anlegg. Kommunar og fylkeskommunar har vist stor interesse for ordninga etter at ho vart innført i 2002. I løpet av dei fem første åra med ordninga, til og med 2006, er det fasa inn i alt 13 mrd. kroner av den føresette investeringsramma på 15 mrd. kroner. Til og med første halvår 2006 hadde i alt 379 kommunar og 19 fylke søkt om midlar. Totalt har Husbanken registrert 1 340 prosjekt, om lag 120 fleire prosjekt enn på same tid i fjor. Breiband inngår i 436 prosjekt, og behova til funksjonshemma er tekne i vare i 660 prosjekt (registrerte frå 2003), i samsvar med forskrifa om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar.

Regjeringa foreslår å utvide ordninga med rentekompensasjon for investeringar i skoleanlegg med ytterlegare 2 mrd. kroner i 2007. Det betyr at ein har fasa inn heile investeringsramma på 15 mrd. kroner to år før det som var planlagt.

Departementet har samarbeidd med FUG om ein informasjonsbrosyre som er send til alle med barn i grunnopplæringa, og FUG vil sørge for aktuell informasjon på nettstaden sin om reforma.

Departementet viser til fleirtalsmerknad frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006) om skolefritidsordninga. Skolefritidsordninga er eit kommunalt ansvar. Ordninga skal legge til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Målet er å utvide den tida elevane er på skolen, og legge fysisk aktivitet og leksehjelp inn i den utvida tida, og skape ein heilsakeleg og fleksibel skoledag for dei yngste elevane. Skolefritidsordninga må sjåast i samanheng med dette.

## Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Driftsutgifter	140 142	136 673	146 314
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	16 010	7 899	5 199
70	Tilskott til lærermiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	34 126	38 838	38 814
	Sum kap. 220	190 278	183 410	190 327

Hovudoppgåvene for direktoratet er å:

- fremme kvalitetsutvikling i grunnopplæringa
- fremme kvalitetsvurdering, analyse og dokumentasjon av grunnopplæringa
- utføre forvaltningsoppgåver knytte til grunnopplæringa

Utdanningsdirektoratets råd for inkluderande opplæring har ein rådgivande funksjon overfor direktoratet i saker som gjeld grunnopplæringa. Rådet skal særleg ha fokus på barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov.

Direktoratet har ansvar for det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped), jf. kap. 230. Vidare har direktoratet ansvar for etatsstyringa av statlege skolar som gir grunnopplæring, jf. kap. 222, og embetsstyringa av fylkesmannsembeta på utdanningsområdet, jf. St.prp. nr. 1 (2006–2007) for *Fornyings- og administrasjonsdepartementet*. Direktoratet har òg oppgåver i samband med det samiske utdanningsområdet, jf. kap. 206, 222 og 225. Vidare har direktoratet ansvar for forvaltning av tilskott til friskolar, jf. kap. 228, folkehøgskolar, jf. kap. 253, og tilskottsordningar under kap. 225, 227 og 229 i statsbudsjettet. Direktoratet har styringsansvar for *Forsknings- og kompetansenettverket for IT i utdanninga* (ITU). Vidare har direktoratet sekretariatsfunksjonen for *Samarbeidsrådet for yrkesopplæring* (SRY), som er eit samarbeidsråd for partane i arbeidslivet og utdanningsmyndighetene, og sekretariatsfunksjonen for dei ni yrkesfaglege råda. Desse råda har eit overordna ansvar for fag- og yrkesopplæringa.

Frå 1. januar 2007 overtek Arbeids- og inkluderingsdepartementet totalansvaret for opplæringa i norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarar, inkludert ansvaret for språkprøva, jf. kap. 225 og kap. 256.

Frå 1. januar 2007 blir direktoratet sentral instans for godkjenning av yrkeskvalifikasjoner for lærarar frå utlandet. I samband med dette får direktoratet ansvaret for sekretariatet for ei klagenemnd.

### Post 01 Driftsutgifter

#### Resultatrapport for 2005–06

Ved årsskiftet 2005–06 hadde Utdanningsdirektoratet 247 tilsette.

Ei av dei største oppgåvene i 2005 har vore arbeidet med Kunnskapsløftet, som mellom anna har omfatta:

- utvikling og fastsettjing av nye læreplanar i grunnopplæringa
- oppfølging av *Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008*
- vidareutvikling av det nasjonale systemet for kvalitetsvurdering, særleg nasjonale prøver og nettstaden *Skoleporten.no*

Direktoratet har arbeidd med oppgåver innanfor elev- og læringsvurdering, kompetanseutvikling, lærings- og oppvekstmiljø, IKT-tiltak i opplæringa, kvalitetsvurdering, dokumentasjon og analyse og internasjonalt arbeid. For nærmare resultatrapport, sjå kap. 226.

Direktoratet har utført forvaltningsoppgåver som tilsyn og oppfølging av regelverk, gjennomføring av eksamen og prøver, og forvaltning av tilskottsordningar. Mykje av dette arbeidet skjer gjennom embetsstyringa av Fylkesmannen. For nærmare omtale av tilskottsordningane, sjå kapitla 225, 227, 228, 229 og 253. Direktoratet har òg handsame friskolessøknader og søker om rettferdsvederlag. Når det gjeld Fylkesmannens tilsyn i 2005, tyder årsrapportane på at ressursbruk og resultatoppnåing for fleire embete ikkje var i samsvar med kravet om at tilsyn skulle utgjere hovudtyngda av oppgåveporteføljen på opplæringsområdet. Utdanningsdirektoratet har starta oppfølginga av dette. Vidare sette direktoratet i 2005 i gang arbeidet med eit felles nasjonalt tilsyn på opplæringsområdet, og Fylkesmannen gjennomførte dette tilsynet våren 2006. Temaet var § 13-10 i opplæringslova om at skoleeigar skal ha eit forsvarleg system for vurdering og oppfølging av om krav i

lova blir oppfylte. For resultatrapport, sjå programkategori 07.20.

Direktoratet publiserer kvart år rapporten *Utdanningsspeilet*, som gir eit bilete av tilstanden i grunnopplæringa.

### Resultatmål for 2007

Resultatmåla for kap. 220 er knytte til drifta av direktoratet. For nærmare omtale av oppgåver, sjå programkategori 07.20, kap. 226 og kap. 230.

### *Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa*

Utdanningsdirektoratet skal initiere, utarbeide og følgje opp ulike utviklingstiltak, strategiar og planar, og medverke til at analysar og vurderingar blir formidla til sektoren på ein slik måte at dei kan føre til kvalitetsutvikling av grunnopplæringa. Det er viktig at ein ser mangfaldet av aktivitetane og heile utdanningssystemet i samanheng, slik at dei samla får størst mogleg effekt.

### *Kvalitetsvurdering, analyse og dokumentasjon av grunnopplæringa*

Utdanningsdirektoratet har ansvaret for nasjonal statistikk på området til grunnopplæringa, og skal belyse sektoren gjennom dokumentasjon, analyse, forskning, evaluering, internasjonale undersøkingar o.a. av høg kvalitet og relevans. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, og skal utvikle og gjennomføre nasjonale prøver og kartleggingsprøver, samt vidareutvikle eit nettbasert verktøy for utvikling av grunnopplæringa.

### *Forvaltningsoppgåver*

Utdanningsdirektoratet har ansvar for utvikling og fastsettjing av dei gjenståande læreplanane i Kunnskapsløftet. Direktoratet har også ansvar for å forvalte det sentrale lov- og forskriftsverket, gjennomføre eksamen og prøver, tilskottsforvaltning, fag- og embetsstyring og etatsstyring. I 2007 skal direktoratet prioritere arbeidet med vidareutvikling og målretting av tilsynet med sektoren. Forvaltningsoppgåvene til direktoratet skal gjennomførast på profesjonelt vis med høg kvalitet i oppgåveløysinga.

### Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 blir ført vidare på om lag same nivå som i 2006, justert

for utvida oppgåver med opplæring innanfor kriminalomsorg og for ny oppgåve med godkjenning av yrkeskvalifikasjonar for lærarar frå utlandet.

### **Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70, og Post 70 Tilskott til lærermiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21**

Løyvinga på post 21 og 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert lærermiddel til alle elevgrupper, også dei som er så små at det ikkje er grunnlag for kommersiell utvikling. Tilskottet kan bli gitt til produksjon av lærermiddel for barn i barnehagar, elevar i grunnskole, vidaregående opplæring, teknisk fagskole, vaksenopplæring på grunnskoleområdet og på vidaregåande nivå, opplæring for vaksne innvandrarar og for studentar i lærarutdanning. Tilskottsordninga blir forvalta av Utdanningsdirektoratet.

### Rapport for 2005

Det er løvd tilskott til produksjon av lærermiddel for Vg1 og Vg2 (basis- og parallelutgivingar). Det er sett i gang eit pilotprosjekt knytt til utvikling av nettbaserte lærermiddel i utdanningsprogrammet for design og handverk, med overføringsverdi til lærermiddelutvikling innanfor fag- og yrkesopplæringa. Det er gitt støtte til multifunksjonelle lærermiddel for grunnskolen, lærermiddel for hørselshemma og lærermiddel for synshemma. Det er også gitt tilskott til nynorske lærermiddel etter læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Det er utvikla både trykte og digitale lærermiddel innanfor alle områda.

Det nordiske ordboksprosjektet LEXIN-N er ført vidare. Fire illustrerte nettdørboer i MINI-utgåver er ferdigstilte: norsk-tigrinja, norsk-arabisk, norsk-tyrkisk og norsk-persisk. Det er laga handlingsplanar for utvikling og produksjon av lærermiddel for små elevgrupper og smale fagområde, lærermiddel for elevar med særskilde behov og lærermiddel for språklege minoritetar.

### Resultatmål for 2007

Direktoratet skal medverke til utvikling, produksjon og distribusjon av lærermiddel og læringsressursar for små elevgrupper og smale fagområde, og til produksjon av særskilt tilrettelagde lærermiddel og lærermiddel for språklege minoritetar.

Nordisk samarbeid om LEXIN-N skal førast vidare.

**Budsjettforslag for 2007**

Som følgje av at inntektskravet på kap. 3220 post 01 blir redusert med 3 mill. kroner, foreslår departementet at løyvinga på post 21 blir redusert med 3 mill. kroner i 2007.

Departementet foreslår at løyvinga på post 70 blir redusert med 1,5 mill. kroner i 2007, dette som ein konsekvens av at ansvaret for språkprøva for

vaksne innvandrarar blir overført til Arbeids- og inkluderingsdepartementet frå 1. januar 2007.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3220 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Løyvinga på post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd på kap. 3220 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 2. I tillegg kan løyvinga på post 21 nyttast under post 70 og motsett.

**Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Inntekter frå oppdrag	6 647	7 743	5 037
02	Salsinntekter o.a.	12 599	9 674	12 042
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	969		
18	Refusjon av sjukepengar	3 285		
	Sum kap. 3220	23 500	17 417	17 079

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 blir redusert med 3 mill. kroner, jf. omtale under kap. 220 post 21.

**Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Driftsutgifter	134 944	125 849	110 869
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	5 133	4 097	4 187
	Sum kap. 222	140 077	129 946	115 056

Kapitlet omfattar mellom anna:

- drift av skole og internat ved Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal
- undervisnings- og internattenester ved dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv
- drift av Samisk vidaregåande skole i Karasjok og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino
- drift og vedlikehald av Statens gartner- og blomsterdekoratørskole, Vea
- lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege vidaregåande skolar
- ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Longyearbyen skole blir frå 1. januar 2007 overført til Longyearbyen lokalstyre.

**Post 01 Driftsutgifter og post 45  
Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald,  
kan overførast**

**Longyearbyen skole**

Talet på elevar ved Longyearbyen skole varierer i løpet av skoleåret. Det kjem av at familiar flyttar til og frå Svalbard heile året. I 2005 var det i gjennomsnitt 195 elevar i grunnskolen. Det er om lag som året før. I vidaregående avdeling var det 45 elevar i skoleåret 2005–06 (35 året før). I tillegg til studie-retning for allmenne fag gav skolen tilbod i grunn-

kursa mekaniske fag og helse- og sosialfag. Skolen driv øg skolefritidsordning med om lag 45 barn og kulturskole med om lag 130 barn. I løpet av året deltok om lag 50 vaksne på kurs i norsk med samfunnsfag for framandspråklege. Skolen hadde 19 framandspråklege elevar. Ved slutten av året hadde skolen 52 tilsette i til saman 40 årsverk. Om lag to tredelar av dei tilsette var kvinner.

Longyearbyen skole spela ei aktiv rolle i lokal-samfunnet og hadde samarbeid med næringslivet, m.a. om grunnkurs i mekaniske fag. I oktober 2005 tok skolen i bruk nytt tilbygg, og ombygginga for ungdomstrinnet og den vidaregåande avdelinga var ferdig til skoleåret 2006–07.

Longyearbyen skole blir frå 1. januar 2007 overført til Longyearbyen lokalstyre, som tek over stytings- og driftsansvaret for skolen og arbeidsgivarsansvaret for dei tilsette. Frå same tid fell det statlege styret for skolen, som er oppnemnt av departementet, bort.

#### Grunnskolar for samiske elevar

Sameskolen i Midt-Noreg hadde i skoleåret 2005–06 tolv faste elevar mot åtte elevar året før. Skolen gav i skoleåret 2005–06 fjernundervisningstilbod i sør-samisk til 25 elevar ved 18 skolar i tolv kommunar. 28 elevar nytta seg av tilbod om integreringsopphold/språkleir ved skolen med internatopphold i åtte veker à 30 timer. Skolen har ambulerande lærar som besøkjer skolar med elevar som skal ha opplæring i sør-samisk og andre samiske emne. Det blir òg gitt rettleiing til foreldre, lærarar og skoleleiinga.

Sameskolen i Snåsa hadde i skoleåret 2005–06 13 elevar. Av dei var tre frå andre kommunar. Året før hadde skolen 15 elevar, og fem av dei var frå andre kommunar. 15 elevar fekk fjernundervisning i sør-samisk (20 elevar året før).

Sameskolen i Målselv hadde i skoleåret 2005–06 17 elevar. Fem av dei var frå andre kommunar. Året før hadde skolen 15 elevar, og da var 13 frå andre kommunar. Tre elevar ved Sameskolen i Snåsa fekk fjernundervisning i nordsamisk.

Med grunnlag i rapporten frå sør-sameprosjektet, som vart avslutta i 2004, tilrådinga frå prosjektleiari, som var utdanningsdirektøren i Nordland, og evalueringssrapporten frå Nordlandsforsking arbeider Utdanningsdirektoratet med ei utgreiing om framtidig organisering og tilrettelegging av undervisningstilbod i sør-samisk. Før denne utgreiinga ligg føre og er behandla, må skole- og fjernundervisningstilboda i si noverande form halde fram.

#### Statens samiske vidaregåande skolar

I skoleåret 2005–06 hadde Samisk vidaregåande skole i Karasjok 110 elevar fordelt på seks studieretningar (114 elevar i fire studieretningar året før). Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino hadde 90 elevar i fem studieretningar (120 elevar i fem studieretningar året før). I tillegg hadde begge skolane 45 delkurselevar. Begge skolane har lagt til rette ei vertsfamilieordning for elevar som må bo borte frå foreldrehjemmen mens dei går på skolen. Ordninga er primært for 16- og 17-åringar. Dette er eit positivt tiltak som fører til mindre fråvær og mindre fråfall av elevar. Skolane dekkjer ei godt gjering til vertsfamiliane, mens elevane sjølv betaler for hybel og kost.

Dei samiske vidaregåande skolane i Karasjok og Kautokeino er eit tilbod for samiske elevar frå heile landet. For å sikre eit godt butilbod for tilreisande elevar må ordninga med vertsfamiliar halde fram. For elevar som vel å ta vidaregåande opplæring i heimefylket, må skolane utvikle tilbod til heimeskolen/heimefylket om fjernundervisning i samisk. Dei to skolane, som har felles styre, må samarbeide om innføring av Kunnskapsleffet med nye læreplanar, og om kompetanseutvikling for lærarane. Dei bør også nytte tilboda som Finnmark fylkeskommune legg til rette i fylket. Skolane skal framleis utvikle og tilby vaksenopplæringskurs og relevante kurs for næringslivet.

#### Statens gartner- og blomsterdekoratørskole Vea

Skolen hadde i skoleåret 2005–06 42 elevar frå 13 fylke på heiltidstilbod for blomsterdekoratørar. 24 elevar frå sju fylke deltok på den modulbaserte gartnerutdanninga. I tillegg kjem deltakarar på ulike korte kurs. Fleire elevar har vidaregåande opplæring før dei tek utdanning på Vea. 17 vaksne fekk i samsvar med eige ønske undervisning etter førebels planar for fagskoleutdanning. Desse hadde vidaregåande opplæring frå før og stetta elles opptakskrava i planane. Skolen hadde også i 2005 internasjonal mobilitet for elevar og lærarar/instruktørar til og/eller frå ni ulike land. Skolen rapporterer at utvekslingsstudentane har hatt godt læringsutbytte, både gjennom pedagogiske og kulturelle program. Skolen ser det internasjonale arbeidet som eit viktig satsingsområde. I oktober 2005 vart skolen vald til hovudsenter for *Flornet*, som er eit internasjonalt samarbeidsprogram for blomsterdekoratørutdanning. 24 utdanningsinstitusjonar i 17 land er med i *Flornet*.

Skolen heldt fram med miljøsatsinga, og vart tildelt miljøsertifikat i desember 2005. Miljøleiing vart etablert, og skolen la vekt på haldnings-

skapande arbeid blant elevar og tilsette. Skolen gjennomførte ulike tiltak for å redusere energibruken, og tiltaka gav økonomisk gevinst.

Det har vore gjennomført omfattende vedlikehald av bygningsmassen i 2005. Omstillings- og utviklingsarbeidet heldt fram, m.a. med kompetanseutvikling for dei tilsette, og i april 2006 godkjende NOKUT planane for fagskoleutdanningane *Botanisk design* og *Grøn fagskole*. Planen for *Park- og hagedrift* blir behandla av NOKUT hausten 2006.

Fra 1. august 2006 er skolen lagt om til fagskole, med tre ulike fagskoletilbod (1-årig Botanisk design, 2-årig Grønn fagskole og, dersom NOKUT godkjener, *Park og hagedrift*, som er eit 3-årig nettstøtta deltidssstudium tilsvrarar 1½ år heiltid). Elevar som er i gang med vidaregående opplæring, får fullføre ho ved Vea. Skolen kan framleis gi vidaregåande tilbod for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 322 post 61.

Kompetanseutviklingsprogrammet for dei tilsette, som starta hausten 2005 med siktet på fagskoleutdanning, skal halde fram. Det same gjeld det faglege samarbeidet og det internasjonale arbeidet. Departementet vil arbeide vidare med å avklare framtidig forvaltningsansvar for skolen.

### Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med om lag 22,7 mill. kroner. Beløpet blir rammeoverført til Svalbardbudsjettet kap. 480

post 50, fordi Longyearbyen lokalstyre tek over ansvaret for Longyearbyen skole frå 1. januar 2007.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 2,6 mill. kroner til mellom anna styrking av utdanninga ved dei statlege samiske vidaregåande skolane, jf. vedtak ved behandlinga av St.prp. nr. 66 (2005–2006), jf. Innst. S. nr. 205 (2005–2006). Løyvinga blir dekt ved å overføre midlar frå kap. 230 post 21. Vidare foreslår departementet å auke løyvinga på posten med om lag 0,4 mill. kroner til gratis lærermiddel i vidaregående opplæring, jf. orientering om ordninga i kategoriomtalen.

EFTA Surveillance Authority (ESA) har godkjent at Noreg kan ta opp att ei ordning med differensiert arbeidsgivaravgift. Avgifta tek utgangspunkt i staden der verksemda ligg, og ikkje, slik tilfellet var tidlegare, i bustadkommunen til arbeidstakaren. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med om lag 0,7 mill. kroner.

Løyvingsramma på kap. 222 post 01 og kap. 3222 post 02 blir parallelt nedjustert med 0,5 mill. kroner grunna overføringa av Longyearbyen skole til lokalstyret. Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 1,5 mill. kroner med tilsvarende auke av inntektskravet under kap. 3222 postane 02 (1 mill. kroner) og 61 (0,5 mill. kroner), jf. omtale under kap. 3222.

Løyvinga på kap. 222 post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3222 post 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1. Løyvinga på post 45 kan overførast.

### Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
02	Salsinntekter o.a.	7 785	4 447	5 116
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	532		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	495		
18	Refusjon av sjukepengar	2 279		
61	Refusjon frå fylkeskommunar	2 582	847	1 377
Sum kap. 3222		13 673	5 294	6 493

Post 02 gjeld inntekter frå m.a. kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine og hybelutleige, og betaling frå heimeskolane for fjernundervisning.

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 3222 post 02 blir redusert med 0,5 mill. kroner i samband med at Longyearbyen skole frå 1. januar

2007 blir overført til Longyearbyen lokalstyre, jf. ordninga med nettobudsjettering.

Departementet foreslår at løyvinga på post 02 blir auka med 1 mill. kroner i samsvar med auka salsinntekter ved dei samiske skolane.

Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved Statens gartner- og blomsterdekoratørskole Vea.

Departementet foreslår at løyvinga på post 61 blir auka med 0,5 mill. kroner da fylkeskommunar dei siste to åra har kjøpt fleire elevplassar ved Statens gartner- og blomsterdekoratørskole Vea.

## Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Driftsutgifter	115 261	120 686	119 596
60	Tilskott til landslinjer	140 520	144 841	150 055
63	Tilskott til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	42 262	46 705	47 775
64	Tilskott til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak	856 759	836 035	66 905
65	Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring	27 970	28 842	29 880
66	Tilskott til leirskoleopplæring	35 371	34 539	35 782
67	Tilskott til opplæring i finsk	8 764	10 479	9 507
68	Tilskott til opplæring i kriminalomsorga	108 874	139 199	160 860
69	Kompensasjon for investeringeskostnader ved grunnskolereforma	332 621	326 087	344 287
70	Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar med særskilde behov	5 364	7 696	7 988
71	Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	7 820	8 070	8 377
72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram	42 584	49 059	4 260
73	Tilskott til studieopphold i utlandet	7 840	8 091	8 398
74	Tilskott til organisasjonar	7 488	8 956	9 296
75	Stiftelsen Arkivet	1 900	2 961	
Sum kap. 225		1 741 398	1 772 246	1 002 966

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld i hovudsak arbeid knytt til utarbeiding og gjennomføring av avgangsprøva i grunnskolen og sentralt gitte prøver i vidaregåande opplæring.

### Resultatrappport for 2005–06

Løyvinga dekte arbeid knytt til utarbeiding og gjennomføring av alle sentralt gitte avgangsprøver i grunnskolen og eksamensoppgåver i vidaregåande opplæring. Arbeidet omfatta i tillegg mellom anna utarbeiding av vurderingsrettleiningar, skolering av fagnemnder, gjennomføring av førehandssensur og sentral sensur av totalt om lag 300 000 elevsvar, klagehandsaming og skolering av sensorar.

Våren 2006 var om lag 60 000 elevar oppe til avgangsprøva i grunnskolen. I vidaregåande opplæring var det om lag 170 000 avlagde eksamenar våren 2006. Utdanningsdirektoratet har ansvar for å organisere og administrere totalt om lag 330 fagnemnder med til saman over 800 medlemmer. Det var utarbeidd totalt 535 oppgåvesett våren 2006, og om lag 2 800 sensorar var involverte i vurderingsarbeidet.

I tillegg til gjennomføring av avgangsprøver og eksamen har Utdanningsdirektoratet ansvar for å setje i gang fagleg utviklingsarbeid på vurderingsfeltet, og har mellom anna arbeidd med å utvikle og gjennomføre forsøk med nye dokumentasjons- og vurderingsformer, m.a. forsøk med digital eksamen.

## Resultatmål for 2007

Følgjande oppgåver skal utførast:

- utarbeiding av sentrale prøver og sentralt prøve-materiell med vurderingsrettleiingar etter tidlegare læreplan og etter læreplan i Kunnskapsløftet, samt skolering av fagnemndene
- gjennomføring av sentral sensur, klagebehandling og skolering av sensorar
- gjennomføring av informasjonstiltak overfor Fylkesmannen, kommunar og fylkeskommunar
- vidareutvikling av det samanhengande prøve- og vurderingssystemet
- gjennomføring av arbeid med utvikling av og forsøk med nye dokumentasjons- og vurderingsformer og alternative vurderingsuttrykk
- vidareføring i 2007 av forsøket *Den digitale skole*. Prosjektet skal integrerast i arbeidet med å utvikle nytt *Prøveadministrasjonssystem* (PAS) og *Prøvegjennføringssystem* (PGS)
- gjennomføring av analysar av læringsresultat på systemnivå, inkludert utarbeiding av statistikkar

Ei viktig oppgåve for direktoratet i 2007 er å utvikle og betre kvaliteten på alle elementa i det samanhengande prøve- og vurderingssystemet. Dette systemet inneholder ulike former for prøver og materiell som har ulike formål.

## Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 5,4 mill. kroner fordi totalansvaret for opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarar blir overført til Arbeids- og inkluderingsdepartementet frå 1. januar 2007.

Departementet foreslår å føre vidare prøveavgifta for privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag- og/eller sveineprøve etter opplæringslova § 3-5, jf. forslag til vedtak IV nr. 1.

## Post 60 Tilskott til landslinjer

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å gi elevar frå heile landet eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring.

Regjeringa ønskjer å sikre landslinjene stabil og langsiktig statleg finansiering.

I skoleåret 2005–06 var kapasiteten 1 400 heilårselevplassar, og våren 2006 var det 1 192 elevar ved landslinjene. Av desse kom 590 elevar frå verftsbyggfylkeskommunen og 602 elevar frå andre fylkeskommunar. Kapasitetsutnyttinga samla for alle landslinjene var på om lag 82 pst.

Departementet tar sikte på at Nord-Trøndelag fylkeskommune skal få tilskott til eit landslinjetilbod innan utdanningsprogram for naturbruk ved Grong vidaregåande skole. Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2006.

## Post 63 Tilskott til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det to tilskottsordningar, ei for grunnskolen og ei for den vidaregående opplæringa.

### Grunnskolen

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring i grunnskolar i samsvar med rettane slik dei går fram av § 6-2 i opplæringslova. Tilskottet går òg til å styrke kompetansen til lærarane i samisk språk og kultur.

I skoleåret 2005–06 fekk om lag 3 050 elevar i grunnskolen opplæring i samisk, dette er ein auke på om lag 1 pst. frå skoleåret 2004–05. Talet på studieheimlar har vore på om lag same nivå dei siste åra.

### Vidaregåande opplæring

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring i samisk for samar i vidaregåande opplæring i samsvar med rettane slik dei går fram av § 6-3 i opplæringslova.

Våren 2006 fekk totalt 310 elevar/lærlingar opplæring i samisk i vidaregåande opplæring, det same som våren 2005. Av desse fekk 305 elevar/lærlingar opplæring i fylkeskommunale skolar og fem elevar/lærlingar opplæring i frittståande skolar.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

## Post 64 Tilskott til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak

I 2006 var det to tilskottsordningar under denne posten.

### Særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring

Målet med tilskottsordninga har vore å medverke med finansiering av særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring i grunnskolen.

I skoleåret 2005–06 fekk om lag 37 600 elevar særskild norskopplæring, dette er ein auke på om lag 5 pst. i høve til skoleåret 2004–05. I skoleåret 2005–06 fekk om lag 20 700 elevar morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, ein auke på om lag 5 pst. i høve til skoleåret 2004–05.

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til eleven har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje ordinær opplæring. Forskrift til opplæringslova §1-1 femte ledd seier at elevar i grunnskolen som har rett til særskild opplæring i norsk, skal få opplæring etter tilpassing til læreplanen i norsk eller opplæring etter læreplanen i norsk som andrespråk. Retten til særskild norskopplæring er ikkje knytt til ein særskild læreplan. Eit øyremerkt tilskott kan leggje utilsikta føringar på organiseringa av denne opplæringa. Det er viktig å gi kommunar og skolar større moglegheiter til sjølve å finne fram til gode pedagogiske og organisatoriske modellar for språkopplæring og inkludering.

Som varsla i St.prp. nr. 61 (2005–2006), foreslår Regjeringa at det øyremerka tilskottet til minoritetsspråklege elevar i grunnskolen blir innlemma i rammetilskottet i 2007. Tilskottet til minoritets-språklege elevar i 2006 gjeld for kommunane sin aktivitet i skoleåret 2005–06. Når løyvinga blir innlemma i rammetilskottet i 2007, vil aktiviteten som kommunane utførar i budsjettåret 2007, bli dekt av dette. Midlane blir fordelt etter rekneskapstall for 2004. Som følgje av dette vil kommunane ikkje få utbetalte tilskott for første halvdel av skoleåret 2006–07 (hausten 2006). Bortfall av tilskott for første halvdel av skoleåret 2006–07 inneber at kommunane sjølve må finansiere aktiviteten i denne perioden. Dette er berekna til knapt 350 mill. kroner. Bortfall av tilskott vil isolert sett innebere at kommunane sitt netto driftsresultat i 2006 blir redusert tilsvarende. Departementet vil i denne samanheng også peike på at ein reknar med at kommunane sine skatteinntekter i 2006 blir om lag 2,5 mrd. kroner høgre enn dei vart anslått til i Revidert nasjonalbudsjett 2006. Kommunane sin finansielle situasjon blir dermed betre enn berekna i 2006.

Departementet foreslår derfor at tilskottet til særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring for barn med anna morsmål enn norsk og samisk blir innlemma i rammetilskottet til kommunane med 842 mill. kroner. Midlane blir fordelt etter rekneskapstall for 2004. I samband med innføring av nytt inntektssystem fra 2009, vil det bli vurdert kva for kriterium som bør leggjast til grunn for fordeling av tilskottet i inntektssystemet.

## Tilskott til grunnskoleopplæring av barn og unge i statlege asylmottak

Målet for tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at barn og unge i statlege asylmottak får grunnskoleopplæring så snart som mogleg etter at dei har komme til landet.

Talet på barn og unge i statlege asylmottak varierer mykje. Løyvinga på posten er vanskeleg å rekne ut på førehand, fordi ho avheng av internasjonale tilhøve som varierer frå år til år.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

## **Post 65 Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at det blir gitt ekstra språkopplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring.

Våren 2006 vart det utbetalte tilskott for 6 535 minoritetsspråklege elevar og lærlingar. Dette er om lag det same som våren 2005.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

## **Post 66 Tilskott til leirskoleopplæring**

Målet med tilskottsordninga er å stimulere kommunane til å gi alle elevar eitt leirskoleopphold i løpet av skoletida.

Tal fra Grunnskolens informasjonssystem (GSI) per 1. oktober 2005 viste at om lag 62 600 elevar planla å reise på leirskole i skoleåret 2005–06. Dette utgjer om lag 10 pst. av alle elevar i grunnskolen, noko som skulle tyde på at dei aller fleste elevane i grunnskolen får tilbod om eitt leirskoleopphold i løpet av grunnskolen.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

## **Post 67 Tilskott til opplæring i finsk**

Under denne posten er det to tilskottsordningar, ei for grunnskolen og ei for den vidaregående opplæringa.

### Grunnskolen

Målet med ordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring i finsk i samsvar med dei rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Tilskottet skal også medverke til å styrke kompetansen til lærarane i finsk.

I skoleåret 2005–06 fekk om lag 1 000 elevar i grunnskolen opplæring i finsk, dette er på om lag

same nivå som i skoleåret 2004–05. Det er gitt midlar til to heile studieheimlar for å studere finsk i 2006.

Departementet foreslår ein svak reduksjon av løyvinga som ei følgje av at anslag viser ein reduksjon av talet på elevar.

### Vidaregåande opplæring

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring i finsk i vidaregåande opplæring for elevar og lærlingar med finsk bakgrunn.

I vidaregåande opplæring fekk 26 elevar opplæring i finsk våren 2006. Våren 2005 fekk 27 elevar opplæring i finsk.

Departementet foreslår ein svak reduksjon av løyvinga som ei følgje av at anslag viser ein reduksjon av talet på elevar.

### **Post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring på grunnskolenivå til innsette eller lauslatne som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette eller lauslatne som har rett til og ønsker det. Fordi mange har kort soningstid, eller sit i varetekts, er ofte formalkompetansegivande kurs i høve til læreplanar ikkje eit reelt tilbod. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at slike fangegrupper skal ha eit opplæringstilbod, er det også ei målsetjing at det blir gitt kurs som ikkje er formelt kompetansegivande.

Frå 1996 til 2005 har talet på opplæringsplassar auka frå 810 til 964. Det blir gitt opplæring i 34 av 47 anstaltar i Noreg, og det er etablert oppfølgingsskollar ti stader i landet. Om lag 4 000 personar (3 558 i fengsel og 430 i oppfølgingsskollar) tok del i ei eller anna form for opplæring i løpet av 2005. Hovudtyngda av elevane (68 pst.) var i alderen 23–40 år. Fleire enn før tok ei eller anna form for eksamen (644 i 2005 mot 543 i 2004). Det var også auke i talet på elevar som tok ikkje-kompetansegivande kurs, frå 1 190 i 2004 til 1 344 i 2005. Det var ei dobling av lærekontraktar, og det var også auke i talet på personar som tok fagprøve.

Utdanningsdirektoratet skal i 2007 følgje opp kvalitetsutvikling av opplæringa innanfor kriminalomsorga, m.a. med betre tilpassa opplæring i tråd med *Kunnskapsløftet*, og gjennom det medverke til kvalifisering som gjer den einskilde betre i stand til å få arbeid og meistre eit liv utan kriminalitet etter avslutta soning, jf. St.meld. nr. 27 (2004–2005) *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen*.

Departementet ønskjer at fleire innsette skal få tilbod om opplæring, og vil nytte 10 mill. kroner til dette. Tiltaket må sjåast i lys av *Handlingsplanen mot fattigdom*. I tillegg foreslår departementet å auke løyvinga med om lag 7 mill. kroner som følgje av utvida soningskapasitet.

### **Post 69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma**

Tilskottet skal kompensere for meirutgifter kommunane hadde til investeringar i skolebygg i samband med skolestart for seksåringane. Den samla investeringsramma er fastsett til 5 182,9 mill. kroner.

Investeringskompensasjonen er basert på den effektive renta på 9 månaders statskassevekslar per 3. juli kvart år tillagt ein margin på 0,5 prosentpoeng.

Departementet foreslår å auke løyvinga på possten for å kompensere for høgre rentesats.

### **Post 70 Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar med særskilde behov**

Tilskottsordninga skal stimulere lærebedrifter til å ta inn lærlingar med behov for særskilt tilrettelagd opplæring. Hendsikta er å medverke til å styrke dei moglegheitene ungdom med særskild behov for tilrettelagd opplæring har til å ta fagutdanning, eller delar av ei fagutdanning, som lærling i ei bedrift og dermed auke sjanske deira til å få arbeid i det ordinære arbeidslivet.

I 2005 vart det gitt tilskott til 198 lærlingar fordelt på 17 fylke.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 71 Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane ved å stimulere til aktivitet og utvikling av gode modellar for innhald, organisering og samarbeid lokalt.

I 2005 vart det gitt tilskott til to nye nettverksbaserte program for kulturskolar, *Kreativt oppvekstmiljø (KOM!)* og *Kulturskolefokus*. Midlane har også gått til andre prosjekt, mellom anna lokale og regionale utviklingstiltak, informasjonsarbeid, leding og kvalitetsutvikling, etterutdanning og utviklingsarbeid, samt norsk musikkskoleorkester.

Ei evaluering av tilskottsordninga blir ferdig hausten 2006.

Departementet foreslår at løvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

## **Post 72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram**

### Om ordninga

Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg i alle EU-programma på området utdanning og opplæring. Midlane på denne posten har til og med 2006 dekt deltaking i utdanningsprogrammet *Leonardo da Vinci*, Noregs bidrag til *Europass*, *Cedefop* og *Det europeiske ungdomsparlamentet* og lønn til nasjonale eksperter. I tillegg dekkjer midlane tilskott til drift og stipend knytte til den bilaterale utvekslingsavtalen mellom Noreg og Tyskland, *Gjør det!*.

Hovudformålet for samarbeidsaktivitetane er å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssistema i deltakarlanda.

Tilskottsposten dekkjer i 2007 midlar til Cedefops ReferNet, Cedefop studiebesøksprogrammet og Det europeiske ungdomsparlamentet.

### Rapport for 2005–06

Den norske deltakinga i Leonardo da Vinci-programmet stimulerer til internasjonal aktivitet mellom eit breitt spekter av yrkesopplæringsmiljø, og til betre kunnskap i framandspråk. I 2006 fekk fem prosjekt med norsk koordinator tilsegn om 14,5 mill. kroner i støtte under Leonardo da Vinci-programmet. Noreg tek òg del i prosjekta til andre land. I 2005 fekk 69 mobilitetsprosjekt tilsegn om i overkant av 11 mill. kroner, og i søknadsrunden i 2006 fekk 88 prosjekt tilsegn om over 13 mill. kroner frå Leonardo da Vinci-programmet. I skoleåret 2005–06 er det meldt om 740 personar (per medio mai) som har reist ut gjennom mobilitetsprosjekta.

Det nye Europasset vart lansert november 2005. Det er delt ut 439 nye Europass Mobilitetsdokument per 1. mai 2006.

Teknologisk Institutt har ansvaret for den nasjonale rapporteringa til Cedefop ReferNet ut 2006. Fylkesmannen i Østfold koordinerer den norske deltakinga i studiebesøksprogrammet til Cedefop.

### Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår å overføre kontingensten for dei programma Noreg deltek i i dag, og som vil gå inn i det nye handlingsprogrammet, til det nye budsjettkapitlet 252 EUs handlingsprogram for livslang læring, post 70.

Departementet foreslår vidare at midlane til drift av Leonardo da Vinci og Europass, lønnsmidlane for nasjonale eksperter og midlane til drift og stipendutbetalingar knytte til den bilaterale utvekslingsavtalen mellom Noreg og Tyskland, *Gjør det!*, blir overført til Senter for Internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) på kap. 281 post 51.

Cedefop-samarbeidet inkludert ReferNet og studiebesøksprogrammet samt midlar til Det europeiske ungdomsparlamentet blir ført vidare i 2007.

På denne bakgrunnen blir løvinga på posten redusert med 42,2 mill. kroner. Midlane blir overførte til kap. 252 post 70 og kap. 281 post 51.

## **Post 73 Tilskott til studieopphold i utlandet**

Målet med tilskottsordninga er å leggje til rette for at norsk ungdom kan få skolegang og studieoppdrag i utlandet. Dette skal gi dei betre kunnskap om kultur og språk i andre land, og auka forståing for deira eigen og andres identitet. I tillegg skal ordninga gi norske fransklærarar høve til fagleg og kulturell oppdatering. Ordninga omfattar:

- Franske lycé: Det er høve til å ta treårig vidaregåande utdanning (lycé) og fransk baccalauréat i Rouen, Bayeux og Lyon. I tillegg er det mogleg å ta eittårig utdanning tilsvarende allmenne fag grunnkurs, toårig utdanning innanfor kokk-/servitørfag og toårig utdanning innanfor akvakultur.
- Tyske stipend: Kvart år tilbyr tyske myndigheter ein del stipend til å delta på kurs i Tyskland.
- United World Colleges (UWC): Norske ungdommar kan få plass ved ein av ti skolar der utdanninga tilsvarer dei to siste åra på vidaregåande skole. Elevane får Internasjonal Baccalaureat (IB) etter ferdig skolegang. Ein ny skolestad er kommen til i løpet av 2006 ved at det frå hausten 2006 også blir tilbydd plass ved UWC i Costa Rica.
- Trollstipend: Stipenda skal brukast til studieoppdrag i Frankrike og skal gå til norske fransklærarar, elevar i grunnskolen og elevar i den vidaregåande skolen.

Hausten 2005 gjekk det 39 jenter og 20 gutter ved dei 66 plassane fordele på tre årskull ved dei treåriga franske lycéa. Det kom inn 63 søknader for hausten 2005, og 14 jenter og sju gutter fekk plass.

I 2005 vart det gitt tyske stipend til 19 elevar fordele på 15 jenter og fire gutter.

Hausten 2005 gjekk 50 jenter og 22 gutter ved dei 72 plassane ved UWC fordele på to årskull. Det kom inn 108 søknader for hausten 2005, og 26 jenter og ti gutter fekk plass.

I 2005 vart individuelle Trollstipend gitt til 37 lærarar, og 435 elevar frå grunnskolen og vidaregåande skolar reiste saman med 47 lærarar på studietur med støtte frå Trollmidlar.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

#### **Post 74 Tilskott til organisasjonar**

Målet med tilskottsordninga er å fremme tiltak i regi av offentlege og frivillige organisasjonar som på ulike måtar medverkar til kvalitetsutvikling og betre læringsmiljø i opplæringa.

I 2006 vart det gitt tilskott til Norsk Kulturskoleråd, Det norske hageselskap, Landslaget for nærmiljøskolen (LUFS), Noregs Mållag, Rådet for folkemusikk og folkedans, Kristent pedagogisk forbund, Dissimilis kultur- og kompetansesenter, Norsk handverksutvikling, Elevorganisasjonen, Landslaget for norskundervisning, Fossum-kollektivet og Skolen ved Tyrili-stiftelsen.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

#### **Post 75 Stiftelsen Arkivet**

Målet med tilskottsordninga er å medverke med finansiering, slik at Stiftelsen Arkivet tek i vare rolla si som informasjons- og dokumentasjonssenter om krigshistoria, folkerett og menneskerettar, og som eit senter for fredsskapande arbeid.

Totalt har meir enn 11 000 personar delteke på ulike aktivitetar i 2005. 6 441 personar har fått omvisning på Arkivet, omtrent 5 000 av desse var skoleelevar. I 2005 har det vore ein betydeleg aktivitet på huset. Institusjonar som Røde Kors, FN-Sambandet, Amnesty International, Redd Barna, Fredskorpset m.m. har saman med Stiftelsen Arkivet vore ansvarlege for meir enn 400 undervisningstimar. Det er utarbeidd fleire rapportar om tema fred, forsoning, demokrati og menneskeverd, eit uttal av artiklar om dei same tema er skrivne for fagblad og aviser, og Arkivet har starta å byggje sin nye bibliotekavdeling med fredslitteratur. Stiftelsen Arkivet har også utvikla og underskrive ein samarbeidsavtale med Robben Island Museum i Sør-Afrika.

Departementet foreslår at løyvinga blir overført til kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssenter.

#### **Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	31 267	26 400	24 120
	Sum kap. 3225	31 267	26 400	24 120

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i høve til statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Ein del av løyvinga

på kap. 225 post 64 blir rapportert som utviklingshjelp. Tilsvarande beløp blir foreslått løyvt på kap. 3225 post 04.

#### **Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	742 898	946 209	983 609
70	IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>		3 210	3 332
	Sum kap. 226	742 898	949 419	986 941

Kapitlet omfattar i stor grad løyvingar som er direkte knytte til gjennomføringa av Kunnskapsløftet og til utvikling av kvalitet og kompetanse. Det omfattar læreplanar, kompetanseutvikling for lærarar, skoleleiarar, instruktørar og ansvarlege for opplæring i læreredrifter, vidareutvikling av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet og evalueringar. Vidare omfattar kapitlet løyvingar til tiltak for kvalitetsutvikling i tråd med intensjonane i reforma, som til dømes dei nasjonale strategiplanane og arbeidet for eit godt lærings- og oppvekstmiljø. Skolen skal spele ei viktig rolle i arbeidet med sosial utjamning, og kapitlet gir også rom for tiltak i samsvar med dette. Innanfor løyvinga vil Kunnskapsdepartementet særleg prioritere å auke ressursane til tidleg innsats og tiltak for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring. Regjeringa foreslår at løyvinga blir auka med 11 mill. kroner for å styrke tiltak for integrering og inkludering.

### **Utvikling av læreplanar til Kunnskapsløftet**

#### **Resultatrapport for 2005–06**

Arbeidet med nye læreplanar til Kunnskapsløftet starta hausten 2004, heldt fram i 2005 og har vore ei hovudprioritering i 2006. Arbeidet er bygd på dei prinsippa som går fram av stortingshandsaminga av St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*. Arbeidet med dei nasjonale planane er gjennomført i ein open og inkluderande prosess.

*Læreplanverket for Kunnskapsløftet* er teke i bruk frå skolestart hausten 2006 for 1.–9. trinn i grunnskolen og Vg1. Det nye læreplanverket er samansett av generell del, prinsipp for opplæringa, der *Læringsplakaten* er inkludert, læreplanar for fag og fag- og timefordeling. Prinsipp for opplæringa er fastsett og tydeleggjer mellom anna det ansvaret som skolane og læreredriftene har for at elevar, lærlingar og vaksne får ei opplæring som fremmer utvikling av sosial kompetanse, læringsstrategiar og motivasjon. Prinsippa inkluderer Læringsplakaten og gjeld for alle fag og på alle nivå i grunnskolen og vidaregåande opplæring. Fag- og timefordeling for grunnopplæringa med tilbodusstruktur er fastsett og gjeld frå skoleåret 2006–07. Ny nasjonal læreplan i KRL vart innført frå august 2005.

*Læreplanverk for Kunnskapsløftet – Samisk* med parallelle og likeverdige læreplanar for grunnskolen og gjennomgåande fag er fastsett i samråd med Sametinget. Det har vore konsultasjonsmøte i tråd med konsultasjonsavtalen mellom Regjeringa og Sametinget.

Ei kartlegging frå Møreforsking om erfaringar ved skolar som starta opp med nye læreplanar

hausten 2005, viser at erfaringane med tidleg oppstart i hovudsak er gode.

Frå skoleåret 2006–07 skal elevar på 8. årstrinn anten ha eit nytt framandspråk i tillegg til engelsk eller fordjuping i engelsk eller norsk. Denne endringa gjeld for 9. årstrinn frå skoleåret 2007–08 og for 10. årstrinn frå skoleåret 2008–09. Læreplan for fordjuping i samisk blir utarbeidd og teken i bruk frå 2008.

#### **Resultatmål for 2007**

Arbeidet med nye læreplanar til Kunnskapsløftet er framleis ei viktig oppgåve i 2007. Læreplanane for Vg2 skal fastsetjast i 2006–07 og innførast frå skoleåret 2007–08. Læreplanane for Vg3 skal utviklast og fastsetjast i perioden 2006–08.

Utvikling av nye nasjonale læreplanar for yrkesfaglege utdanningsprogram i Vg3 startar opp i 2006, med planlagd fastsetjing 2007–08. Innføringa skjer frå skoleåret 2008–09 saman med læreplanar for studieførebuande utdanningsprogram i Vg3.

Samiske parallele og likeverdige læreplanar for vidaregåande opplæring skal fastsetjast. Det same gjeld læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar og læreplan i morsmål for språklege minoritetar.

### **Dokumentasjon og analyse som grunnlag for kvalitetsutvikling**

#### **Resultatrapport for 2005–06**

Prioriteringane i strategien *Kunnskap for utvikling – Strategi for forsking, dokumentasjon og analyse 2005–2008* er følgde opp i 2006 med omsyn til forskingsbaserte evalueringar av Kunnskapsløftet, Kompetanse for utvikling, det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet og dei nasjonale strategiane som *Gi rom for lesing!* og *Realfag, naturligvis*. Som del av evalueringa av Kunnskapsløftet er det lagt fram statusrapportar som beskriv tilstanden på viktige område ved innføringa av Kunnskapsløftet.

Utdanningsdirektoratet fekk sommaren 2006 i oppdrag å komme med framlegg til utvikling av eit nettbasert verktøy som samlar relevant informasjon om situasjonen ved den einskilde skolen og på skoleeigarnivå, saman med rettleiingsmateriell.

*Utdanningsspeilet* er ein årleg publikasjon frå Utdanningsdirektoratet som omtalar område som ressursar, læringsutbytte, læringsmiljø og kvalitetsutvikling.

Det er oppretta eit program for statistikk og indikatorutvikling med vekt på utvikling av område der vi i dag har eit svakt statistikkgrunnlag. Programmet legg særleg vekt på kunnskap om elevar med særskilde behov, lærarar og fagopplæring.

Arbeidet med å betre datagrunnlaget held fram, mellom anna når det gjeld statistikk for vidaregåande opplæring og statistikk over lærarar og private skolar.

Noreg tek del i fleire internasjonale undersøkingar som PISA, TIMSS og *IEA International Civic and Citizenship Education Study* (ICCES) 2007–09, som skal kartlegge den demokratiske forståinga hos elevane, mellom anna etter innføringa av dei nye læreplanane i Kunnskapsløftet. Noreg deltek òg i ei OECD-undersøking om lærarar.

Utdanningsdirektoratet er representert i ei arbeidsgruppe under OECD (SEND-DD). Det overordna målet for arbeidet er å vise fleire moglege framgangsmåtar for å betre det læringsmessige og sosiale utbyttet for elevar med funksjonsnedsetting, lærevanskar og for dei som er ugunstig stilte på andre måtar (Disability, learning difficulties and disadvantage (DDD)).

Eit nytt rammeverk for dei nasjonale prøvene er fastsett. Rammeverket viser kva som er formålet med prøvene, og set krav til utforming og gjennomføring av prøvene, samt til rapportering av resultat frå prøvene.

*Elevinspektorane*, den nettbaserte undersøkinga om læringsmiljø for elevar, endra våren 2006 namn til *Elevundersøkinga*. Undersøkinga blir gjennomført kvar vår, og er obligatorisk for 7. og 10. klassetrinn i grunnskolen og grunnkurs i vidaregåande opplæring. Det er òg utvikla frivillige undersøkingar for foreldre og lærarar og for lærlingar og instruktørar i fagopplæringa.

Som ledd i å styrke kunnskapsgrunnlaget om IKT og læring er arbeidet med å utvikle ein treårig spreiingsstrategi for digital kompetanse sett i gang. I tilknyting til prosjektet *Lærande nettverk* er det i 2006 avsett midlar til ekstern vurdering. Det er òg sett i verk innsamling av dokumentasjon av pågående arbeid og erfaringar frå prosjektet gjennom universitets- og høgskolesektoren.

Kompetansenettverk for IT i utdanninga (ITU) har i 2005 gjennomført spørjinga ITU-monitor på ulike nivå i utdanninga. Ho viser små endringar frå 2003-spørjinga. ITU Monitor er ei undersøking som skal teikne eit bilet av den digitale kompetansen til elevar og lærarar. ITU har òg ansvaret for det tverrfaglege forskingsprogrammet *Digitale læringsarenaer*, og i 2006 vart det nye tidsskriftet *Digital Kompetanse* etablert.

I 2006 vart støtte til IKT-modulen i utdanningsforskningsprogrammet *Kunnskap, utdanning og læring* (KUL) i Noregs forskingsråd ført vidare på same nivå som før.

## Resultatmål for 2007

Styrkinga av kunnskapsgrunnlaget om grunnopplæringa vil halde fram. Arbeidet vil følgje prioriteringane i strategien *Kunnskap for utvikling – Strategi for forsking, dokumentasjon og analyse 2005–2008*, mellom anna med omsyn til dei forskingsbaserte evalueringane av Kunnskapsløftet, Kompetanse for utvikling, det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet og dei nasjonale strategiplanane. Det er òg eit mål å systematisere kunnskapen og formidle han på ein god måte til dei ulike nivåa i utdanningssystemet.

Det skal hausten 2007 gjennomførast nasjonale prøver på 5. og 8. trinn. Prøvene skal kartlegge om elevane har tileigna seg måla i læreplanane for dei grunnleggjande dugleikane i rekning og i lesing på norsk og engelsk etter 4. og 7. årstrinn. Dei nasjonale prøvene blir utvikla på grunnlag av det fastsette felles faglege rammeverket for dei nasjonale prøvene. Prøvene skal gi informasjon til elevar, lærarar, føresette, skoleeigarar, dei regionale myndighetene og det nasjonale nivået som grunnlag for forbettings- og utviklingsarbeid. Ved offentleggjeringa av resultata frå framtidige nasjonale prøver skal det ikkje leggjast til rette for rangering av skolar.

Det skal bli gjennomført obligatoriske kartleggingsprøver i lesing for 2. klassetrinn og kartleggingsprøver i rekning/talforståing frå skoleåret 2006–07.

Elevundersøkinga og dei andre brukarundersøkingane vil bli reviderte i samband med innføringa av Kunnskapsløftet. Departementet vil arbeide vidare med utvikling av nettbasert verktøy for kvalitetsvurdering.

Som ledd i å skape oversikt over kvalitet, innsatsfaktorar og resultat i grunnopplæringa og formidle dette på ein god måte vil Utdanningsdirektoratet vidareutvikle og publisere den årlege rapporten *Utdanningsspeilet*. Rapporten skal gi eit bilet av tilstanden i grunnopplæringa på grunnlag av statistikk og forsking.

Noreg deltek i dei internasjonale undersøkingane PISA 2006, TIMSS 2007 og ICCES 2009, som vil kartlegge den demokratiske beredskapen hos elevane, mellom anna etter innføringa av dei nye læreplanane i Kunnskapsløftet. Resultata frå PISA 2006 vil bli offentleggjorde i desember 2007, medan resultata frå TIMSS 2007 vil bli offentleggjorde i hausten 2008. Noreg skal òg delta i TIMSS Advanced 2008, som er retta mot matematikk- og fysikkelever på Vg3. Noregs deltaking i OECD-undersøkingane held fram.

Arbeidet i OECD i prosjektet SEND-DD om likeverd i utdanninga legg vekt på innsamling av

samanliknbar statistikk for dei ulike landa som deltek. Noreg vil sende inn data til OECD og halde fram med utviklinga av eit godt statistikkgrunnlag for elevar med særskilde behov.

Noreg deltek i *Second Information Technology in Education Studies* (SITES) 2006 i regi av *International Association for the Evaluation of Educational Achievement* (IEA), som kartlegg bruk av IKT i utdanninga i skolar over heile verda. Undersøkinga er ein kvantitativ studie som ser på bruk av IKT i undervisnings- og læringspraksis.

## Kompetanseutvikling og utviklingsarbeid

### Resultatrapport for 2005–06

*Kompetanse for utvikling – Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008* har vore styrande for prioriteringane innanfor kompetanseutvikling i 2006 i samband med Kunnskapsløftet. 375 mill. kroner er i 2006 tilført kommunar, fylkeskommunar og eigarar av frittståande skolar for å styrke arbeidet med kompetanseutvikling for målgruppa for strategien, som omfattar lærarar, skoleleiarar, instruktørar og ansvarlege for opplæring i bedrift. Fafo, Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning, evaluerar strategien og lager årleg aktivitetsrapport. Delrapportane syner mellom anna at strategien har skapt stor aktivitet, og at hovudprioriteringane blir følgde. Evalueringa syner at skoleeigar ikkje involverer den lokale skolen og den einskilde læraren i tilstrekkelig grad.

Kunnskapsdepartementet har ført vidare programmet Praksisretta FoU i grunnopplæring og lærarutdanning, som blir administrert av Noregs forskingsråd. Det er tildelt midlar til prosjekt som skal betre samanhengen mellom profesjonsutdanning og profesjonsutøving og styrke kvaliteten både i skolen og lærarutdanninga.

Prosjektet *Lærande nettverk* har som formål å spreie røynsler om pedagogisk bruk av IKT blant lærarar og skoleleiarar og stø opp om målsetjingane i *Program for digital kompetanse* og innføringa av Kunnskapsløftet. Det vart starta opp nye nettverk i 2005 og 2006. I løpet av 2006 har 28 lærarinstitusjonar og ca. 500 skolar vore involverte i *Lærande nettverk*. Evaluering av prosjektet starta opp i 2006.

Forsøksprosjektet *Den digitale skole* ble våren 2006 utvida slik at i alt om lag 5 000 elevar ved 23 grunnskolar og 38 vidaregåande skolar gjennomførte digitale eksamenar. Vidare vart det sett i gang eit prosjekt for å etablere ei felles plattform for prøveadministrasjon (PAS) og prøvegjennomføring (PGS) for alle typar sentralgitte eksamenar og prøver.

*Gi rom for lesing! – Strategi for stimulering av leselyst og lesedugleik 2003–2007* er ført vidare. Den reviderte utgåva av strategien er knytt tett til måla i Kunnskapsløftet. Strategien blir evaluert av SINTEF, og delrapport 2 viser at planen har medverka til betre lesedugleik, auka leselyst og meir lesing hos elevane. Det nasjonale senteret ved Høgskolen i Volda arbeider med å utvikle nynorsk-delen av faget.

*Et felles løft for realfagene – Strategi for styrking av realfaga 2006–09* vart lagt fram i juni 2006. Strategien legg vekt på samarbeid med næringslivet og utviklingsarbeid i realfaga og tek omsyn til evalueringa av den førre strategien *Realfag, naturligvis*. Kunnskapsløftet med nye læreplanar og kompetanseutvikling for lærarar i matematikk og naturfag er eit sentralt element i strategien. Dei nasjonale sentra for matematikk i opplæringa og for naturfag i opplæringa har sentrale oppgåver i gjennomføringa. For å auke interessa for realfag er det gitt støtte til regionale vitensenter.

*Likeverdig utdanning i praksis – Strategi for betre læring og større deltaking av språklege minoritetar i barnehage, skole og utdanning 2004–2009* er revidert. Utdanningsdirektoratet har hatt ansvar for revideringa, og arbeidet er utført i samarbeid med ulike departement, Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) ved Høgskolen i Oslo, Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet og Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG). Den reviserte utgåva av *Likeverdig opplæring i praksis!* var ferdig hausten 2006. Det er utarbeidd ein statusrapport for tiltaka.

*Se mulighetene og gjør noe med dem – Strategi for entreprenørskap i utdanninga 2004–2008* er utvikla i samarbeid Utdanningsdirektoratet, med Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet. Strategien er no under revidering og blir lagt fram samstundes med at Noreg hausten 2006 står som vertskap for Den europeiske konferansen om entreprenørskap i utdanninga. Evalueringssrapporten *Entreprenørskapskompetanse i grunnskolen* viser at mål om samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og næringsliv i stor grad er nådde.

*Språk åpner dører – Strategi for styrking av framandspråk i grunnopplæringa 2005–2009* har blitt følgt opp av Nasjonalt senter for framandspråk ved Høgskolen i Østfold i juni 2005. Senteret har utvikla nettstad for framandspråk og informasjonsbrosjyrar om val av framandspråk i reforma. Det er mellom anna starta forsøk med tidleg start med framandspråk i grunnskolen.

*Program for skoleutvikling 2005–2008* starta hausten 2005. Programmet gir støtte til heilskaplege utviklingsprosjekt der skolane samarbeider

med skoleeigar og eksterne kompetansemiljø om å løyse problem som er avdekte i skolens arbeid med elevane. Utdanningsdirektoratet administrerer programmet, rettleier sokjarane og ser til at gode verktøy og framgangsmåtar frå prosjekta blir formidla til andre skolar. Både skolar med stor utviklingserfaring, skolar med mindre utviklingserfaring og skolar som har store utfordringar, er med i programmet. Om lag 25 skoleeigarar med til saman 80 skolar har fått godkjent utviklingsprosjekt i 2006.

Utdanningsdirektoratet sende ut framlegg til nasjonal strategi for kvalitet i fag- og yrkesopplæringa til høring våren 2006. Hovudmålet i strategien *Kompetanse 2010* er å sikre godt læringsutbytte for alle lærlingar og elevar og utvikle relevant kompetanse for arbeidslivet.

Eit vedvarande høgt tal elevar gjennomfører ikkje vidaregåande opplæring. Ei arbeidsgruppe leverte hausten 2006 ein rapport om gjennomføring i vidaregåande opplæring. Prosjekta *Satsing mot fråfall i vidaregåande opplæring og Betre oppfølging av språklege minoritetar som treng særskilt tilrettelagt opplæring* er ført vidare. Det er gitt støtte til etablering av utviklings- og effektiviseringsnettverk for vidaregåande opplæring.

Arbeidet med karriererettleiing for ulike grupper er vidareført gjennom oppfølging av pilotprosjektet *Regionale partnarskap for karriererettleiing* og oppfølging av *Nettverk for karriererettleiing for høgre utdanning*. Arbeidet med utvikling av *vilbli.no* er vidareført.

Ordninga med demonstrasjonsskolar er ført vidare. I 2006 vart det for første gong utpekt to demonstrasjonskulturskolar. Vidare vart det utpekt seks demonstrasjonsskolar og fire demonstrasjonsbedrifter. Skoleeigarprisen har vore delt ut i samarbeid med KS sidan 2003. Programmet *Veileding av nyutdannede lærere* har vore vidareført og utvida. Alle fylke har det siste året hatt deltagarar i programmet som er evaluert av SINTEF. Evalueringa syner at lærarane som har delteke i programmet, er svært godt nøgde, og satsinga får positiv omtale. Programmet ser ut til å føre til læring både for studentane og skolane, blant anna gjennom utviklinga av lokale eller regionale mentorar.

Samisk fjernundervisning vart ført vidare. Det blir utarbeidd ein rapport om det vidare arbeidet innan utgangen av 2006. Arbeidet med å leggje til rette for kvensk språk som fag i skolen er starta opp. Kunnskapsdepartementet har over fleire år gitt tilskott til prosjektet *Romani/taterfolket – fra barn til voksen*.

Tiltak retta mot dei vaksne har halde fram, mellom anna ved stønad til Seniornett. I 2005–06 har

utbygginga av lokale Seniornettklubbar (LOSEK) vore prioritert, og 18 klubbar er etablerte. Vidare er 30 klubbar under etablering. Seniorsurfdayen og Seniornett-avisa er òg tiltak.

Digital kompetanse er nødvendig for at vaksne skal vere fullverdige deltagarar i arbeidslivet og samfunnet elles. Utvikling av kriterium for digital kompetanse for vaksne er eit av tiltaka i *eNorge 2009*, som Kunnskapsdepartementet har ansvar for å følgje opp. Ei arbeidsgruppe leidd av Vox har utarbeidd forslag til rettleiande kriterium for digital kompetanse for vaksne.

I fase 2 av utgreiinga *Digital tilstand i UH-sektoren* har ein sett nærmare på kva det er ved dei organisatoriske strukturane ved tre ulike studiestader som fremmer og/eller hindrar fruktbar nytte av digital teknologi i utdanninga. Bruk av fagleg tilsette som støttepersonar samt støttepersonell med både teknisk og pedagogisk kompetanse er nemnde som tilhøve som fremmer pedagogisk bruk av IKT. Manglande bruk av incentiv og manglande kunnskap om moglege positive verknader av IKT-bruk i undervisninga bland dei tilsette er nemnde som faktorar som verkar hemmande.

Utdanningsportalen *Utdanning.no* er ført vidare. I 2005–06 har portalen fokusert på arbeidet med å betre utdanningsinformasjon for å gjøre val av utdanning lettare for den einskilde brukaren, blant anna gjennom eit prosjekt for å skildre ulike typar yrke. *CDM-prosjektet*, som er eit prosjekt for utvikling og implementering av standardar for utdanningsinformasjon, skal medverke til å gjøre utdanningsinformasjon betre. *Utdanning.no* har òg gjort eit omfattande arbeid for å samle og gjøre lettare tilgjengeleg digitale lærermiddel for å hjelpe den enkelte til læring.

*Utdanning.no* fungerer som sekretariat for Samordningsgruppa for nettstader i utdanningssektoren (SANU), som vart oppretta i 2005. I regi av SANU har det blitt sett i gang eit større samarbeidsprosjekt mellom ulike nettstader om å utveksle og gjøre tilgjengelig digitale læringsressursar. I tillegg har det innanfor SANU vorte oppretta eit redaktørnettverk som skal arbeide for større samordning av alle typar digitalt innhald for utdanningssektoren.

Departementet har vedteke å leggje til rette for ei identitetsforvaltning for grunnopplæringa som byggjer på *FEIDE-prosjektet*. UNINETT ABC har fått ein sentral plass i arbeidet med å implementere FEIDE i grunnopplæringa. Arbeidet er i gang, og ein har i første omgang fokusert på vidaregåande opplæring. Allereie hausten 2006 har dei to første fylkeskommunane starta å bruke FEIDE. Det er oppretta ei samrådsgruppe der mellom anna sentrale aktørar som Fornatings- og administrasjonsde-

partementet, Utdanningsdirektoratet, KS og Utdanningsforbundet deltek.

Gjennom UNINETT ABC har departementet følgt opp innsatsen for å auke kompetansen til skoleigarane innanfor drift og innkjøp av IKT-infrastruktur. Verksemda har samordna arbeidet med FEIDE i grunnopplæringa.

Gjennom *eStandard-prosjektet* har departementet spreidd informasjon om standardar for lærings-teknologi og digitale læremiddel for å sikre at inn-hald, verktøy og teknologi kommuniserer med kvarandre for å fremme gjenbruk. Noreg har også delteke i internasjonale nettverk gjennom standar-diseringsorganisasjonane ISO og CEN og gjennom medlemskap i industrikonsortiet IMS. eStandard-prosjektet har saman med IKT-Noreg etablert eit samarbeid med leverandørane av læringsteknologi om å jobbe meir målretta for å få teke i bruk standardar. eStandard-prosjektet vart avslutta i 2006 og erstatta av Nasjonalt sekretariat for standardisering av læringsteknologi, NSSL. NSSL er knytt til Forskings- og kompetansenettverket for IT i utdanninga (ITU).

## Resultatmål for 2007

*Kompetanse for utvikling – Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008* blir vidareført etter hovudlinjene i 2007. 375 mill. kroner blir tilført kommunar, fylkeskommunar og eigarar av frittståande skolar for å styrke arbeidet med etter- og vidareutdanning for målgruppa for strategien, som omfattar lærarar, skoleleiarar, instruktørar og ansvarlege for opplæring i bedrift. Ein føresetnad for målretta kompetanseutvikling er at ho er forankra i utfordringane og behova i den einskilde skolen og læreverksemda. Strategien peiker difor på at det er skoleeigars ansvar og oppgåve å sørge for at den einskilde skolen og læreverksemda vurderer kva for kompetanseutviklingstiltak dei bør prioritere for å kunne gjennomføre reforma i den einskilde verksemda. Departementet vil streke under tydinga av at denne føresetnaden er oppfylt ved tildeling av midlar, og Fylkesmannen vil bli bedt om å følgje opp dette ved tildelinga. Departementet vil satse vidare på vidareutdanning i fag med særlege behov. Kompetanseutvikling og utviklingsarbeid innanfor samisk grunnopplæring er knytt til innføring av Kunnskapsløftet. Sametinget og dei samiske forvaltningskommunane fører dette arbeidet vidare i samarbeid med Samisk høgskole.

*Program for skoleutvikling* blir ført vidare og utvikla i samsvar med Regjerings hovudprioriteringar innanfor utdanning. Programmet skal gjere fleire skolar i stand til å skape eit betre lærings-

miljø og større fagleg og sosial framgang for elevane.

Departementet vil føre vidare programmet *Praksisretta FoU i grunnopplæring og lærarutdanning*. Erfaringar frå programmet skal bli brukte til å styrke samhandlinga mellom lærarutdanninga og skolen.

Regjeringa vil leggje meir vekt på grunnutdanninga som verkemiddel for sosial utjamning. Departementet vil derfor støtte utviklingsarbeid som gjer skolen betre i stand til å setje inn tiltak dei første åra i skoletida med fokus på skolar med sær-skilde behov. Regjeringa vil setje i gang tiltak for å fremme tidleg språkutvikling, mellom anna i Groruddalen. Utviklingsarbeidet retter seg mot barn som har behov for oppfølging basert på språkleg kartlegging på helsestasjonen. Formålet er å fremme god dugleik i norsk og sosial kompetanse ved kartlegging av språkutvikling, språkstimuler- ing og spesielt tilrettelagd opplæring på eit tidleg tidspunkt.

Kunnskapsdepartementet vil setje i gang utviklingsprosjekt ved skolar som har meir enn 25 pst. minoritetsspråklege elevar, mellom anna i Grorud-dalen. Formålet med ordninga er å stimulere skolar med mange minoritetsspråklege elevar til å arbeide på ein god måte med dei særlege utfordrin-gane som desse skolane har, og å betre elevanes utbytte av opplæringa og resultat.

Dei nasjonale strategiane vil bli ført vidare med kompetanseutviklingstiltaka sine knytte til Kunnskapsløftet. Strategiane blir reviderte ved behov på grunnlag av årlege statusrapportar. For å auke interessa for realfag blir støtta til regionale vitensenter utvida, mellom anna ved at det blir gitt støtte til regionalt vitensenter i Grenland. Det skal utviklast ein læreplan for eit nytt programfag om entreprenørskap innanfor utdanningsprogram for studiespesialisering, programområde for sam-funnsfag og økonomi. Utkast til strategi for likestil-ling vil bli følgjt opp. Strategien tek sikte på å jamne ut forskjellar i skoleprestasjonar, utbytte av utdan-ningsa og å påverke forskjellar i val av utdanning.

Det blir utarbeidd ein strategiplan for nynorsk i skolen i 2007 som vil danne grunnlag for arbeidet ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Strategiplanen skal vere eit verkemiddel til å styr-ke opplæringa for nynorskelevar og vidareutvikle fagdidaktikken og grunngivingane for nynorsk som sidemål.

For å styrke opplæringa i kunst og kultur, jf. Innst. S. nr. 131 (2002–2003) og St.meld. nr 39 (2002–2003), blir det etablert eit nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa. Samstundes vil det føreliggje ein strategiplan for kunst og kultur i opplæringa for perioden 2007–10. Det nasjonale

senteret og den nasjonale strategiplanen har som mål å styrke kunst og kultur i grunnopplæringa.

I samband med *Den kulturelle skolesekken* har talet på konserter fra Rikskonsertane auka. Kyrkje- og kulturdepartementet tek over det administrative ansvaret for turnéplanlegginga frå og med 1. januar 2007.

I tråd med evalueringa av programmet *Veiledning av nyutdannede lærere* vil departementet utvikle dette arbeidet vidare og leggje til rette for ordinære ordningar med tilbod om rettleiing for nyutdanna lærarar det første året dei er i arbeid.

Departementet vil arbeide vidare i samarbeid med skoleeigarane og partane i arbeidslivet for å betre gjennomføringa i vidaregående opplæring, mellom anna ved å utvikle rådgivingstenesta, utvikle av programfag til val på ungdomstrinnet og vidareføre samarbeidet med KS på området. Tiltaka *Satsing mot fråfall i vidaregåande opplæring* og *Betre oppfølging av språklege minoritetar som treng særskilt tilrettelagt opplæring* vil bli ført vidare slik at dei inngår i ei samla satsing for betre gjennomføring i vidaregående opplæring.

Arbeidet med yrkes- og studierettleiing for ulike grupper blir ført vidare. Kunnskapsdepartementet vil føre vidare ordninga med demonstrasjonsskolar, -kulturskolar, -bedrifter og skoleeigarpris. Ordninga blir òg vidareutvikla.

Departementet vil føre vidare arbeidet med berekraftig utvikling. Ramma for samarbeidet vil vere FNs utdanningstiår for berekraftig utvikling 2005-15 og det nasjonale dokumentet for berekraftig utvikling i grunnopplæringa. Det tverrdepartementale og internasjonale samarbeidet vil bli ført vidare. Utdanningsdirektoratet vil følgje opp nettverk for miljølære gjennom vurdering og vidareutvikling med omsyn til globale utviklingsperspektiv, verdas miljødag i 2007 og den engelske versjonen av nettverk for miljølære.

Prosjektet *Grenseløst i Nord* blir ført vidare i 2007 i tråd med revidert strategi. Dette omfattar å styrke statusen til grensespråka, samordne opplæringstiltak, utvikle nettverk, stimulere til ny samhandling og leggje auka vekt på det eksisterande samarbeidet i grenseområda i nord.

Arbeidet med samisk fjernundervisning blir vidareutvikle på grunnlag av tilrådingar frå ei arbeidsgruppe som har vurdert ordninga.

UNINETT ABC blir vidareført i 2007. Ved sida av arbeidet med å implementere FEIDE vil komplementære oppgåver framover vere å vidareutvikle og følgje opp innsatsen for å auke kompetansen til skoleeigarane innanfor drift og innkjøp av IKT-infrastruktur.

Departementet har vedteke å leggje til rette for ei elektronisk identitetsforvaltning for grunnopp-

læringa der arbeidet i første fasen hovudsakleg vil rettast inn mot vidaregående opplæring. I dette arbeidet vil UNINETT ABC vere ein sentral aktør.

Erfaringane frå forsøksprosjektet *Den digitale skole* blir ført vidare ved utvikling av dei nye systema for prøveadministrasjon (PAS) og prøvegjenomføring (PGS) som blir planlagde for bruk første gong ved nasjonale prøver hausten 2007 og ved eksamenar i 2008. Vidare vil ein leggje til rette for forsøksverksemd også våren 2007, parallelt med utvikling og pilotering av nye løysingar.

Departementet vil halde fram med arbeidet med opne standardar, fri programvare og tenesteorientert arkitektur i samarbeid med mellom anna Fornyings- og administrasjonsdepartementet. I 2007 skal ein arbeide for å få til ei betre samordning av arbeidet med læringsteknologi i sektoren.

Departementet og Utdanningsdirektoratet syter gjennom prosjektet *Lærande Nettverk* for at røynslene frå tidlegare IKT-prosjekt kjem mange til gode. Satsinga *Lærande Nettverk* skal medverke til å skape nyttige læringsarenaer og nettverk for IKT og læring i skolen med deltaking frå skolar, skoleeigarar, lærarutdanningar og andre FoU-miljø.

Tiltak mot dei vaksne vil halde fram, mellom anna med arbeid for vidare etablering av lokale seniornettklubar. Utdanningsportalen Utdanning.no vil i 2007 vidareføre arbeidet med å leggje til rette for samling og tilgjengeleggjering av digitale læringsressursar utvikla i sektoren, og vidareføre arbeidet med å samle utdanningsinformasjon slik at den enkelte får eit nøytralt og komplett informasjonstilbod.

Samordningsgruppa for nettstader i utdanningssektoren (SANU) vil halde fram med arbeidet med samordning av digitalt innhald med fokus på digitale læringsressursar og standardar for utdanningsinformasjon gjennom læringsressursprosjektet og CDM-prosjektet.

Departementet vil styrke arbeidet med standardisering av læringsteknologi gjennom Nasjonalt sekretariat for standardisering av læringsteknologi (NSSL).

## Lærings- og oppvekstmiljø

### Resultatrappport for 2005–06

Regjeringa har sett i gang, ført vidare og støtta ei rekke tiltak for å betre læringsmiljøet i grunnopplæringa. Arbeidet har vore forankra i *Strategi for læringsmiljøet i grunnopplæringa (2005–2008)* og *Manifest mot mobbing*. Mellom anna har Utdanningsdirektoratet støtta implementering av skoleomfattande program for eit godt læringsmiljø og program mot mobbing.

Prosjekt Leksehjelp har starta opp og blir gjennomført i perioden 2006–08. Kartlegging av tiltak som er i gang, blir gjord i 2006.

Fire forskargrupper har utarbeidd *Forebyggende innsatser i skolen*, ein kunnskapsstatus om skoleprogram for rusførebygging, åtferdsproblematikk, sosial kompetanse, klasseleiring og implementeringsstrategiar. Vidare er det under arbeid ein kunnskapsstatus om kjønnsrelatert mobbing.

Noreg har fått ansvar for å koordinere OECD-nettverket *International Network on School Bullying and Violence*. Det er etablert ein eigen nettstad for kommunikasjon og spreiling av erfaringar. 20 land deltek i nettverket. Prosjektet *Skolebesteforeldre* er avslutta. Ti skolar deltok i prosjektet.

Departementet samarbeider med fleire andre departement om gjennomføringa av tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar. Arbeidet mot rasisme og diskriminering og for menneskerettar og toleranse er vidareført, og Benjaminprisen er delt ut.

Departementet har ført vidare samarbeidet med Helsedepartementet om prosjektet *Fysisk aktivitet og måltid i skolen*. Om lag 350 skolar har arbeidd med prosjekt i 2005–06. Prosjektet blir evaluert. Det blir lagt til rette for spreiling av gode erfaringar frå prosjektet. Ei arbeidsgruppe har levert rapporten *Skolemåltidet i grunnskolen*.

Departementet samarbeider mellom anna med Justisdepartementet om prosjektet *Narkotikaprogram med domstolskontroll* og handlingsplanen *Sammen mot barne- og ungdomskriminalitet*.

For å rettleie skoleeigarane har Utdanningsdirektoratet oppretta ei nettbaseret teneste for å gi skolar råd når det gjeld opprusting av skoleanlegg. Den nettbaserete rettleiingstenesta for skoleanlegg og arbeidsmiljø er i 2006 supplert med eit verktøy som skoleeigar/skoleleiar kan nytte for å vurdere kvaliteten på det arbeidet skolen gjer knytt til helse, trivsel og læring hos elevane, medrekna skolens arbeid med miljøutvalet.

Det er gitt støtte til Elevorganisasjonen til fleire tiltak, mellom anna skolepolitisk kampanje og skolering av tillitsvalde. Utdanningsdirektoratet samarbeider vidare med Elevorganisasjonen om *Operasjon Dagsverk og Internasjonal Uke*.

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) arbeider på ulike vis med å styrke rolla til foreldra i skolen, bl.a. ved utsendingar av informasjonsmateriell til foreldreråda sine arbeidsutval og til kommunale foreldreutval. Prosjektet *Minoritetsspråklige foreldre – en ressurs for barnas læring* er vidareført og utvida til fire nye kommunar. Saman med andre arbeider FUG for eit godt læringsmiljø på skolen gjennom Manifest mot mobbing.

## Resultatmål for 2007

Arbeidet med lærings- og oppvekstmiljø vil bli ført vidare for å medverke til verkeleggjering av *Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet. Strategi for læringsmiljø i grunnopplæringa 2005–2008* legg grunnlag for arbeidet, og det er utarbeidd ein tiltaksplan for 2006–07. Ein legg vekt på at tiltaka er kunnskapsbaserte, og rapporten *Forebyggende innsatser i skolen* blir send alle skoleeigar, skolar og fagmiljø. I samarbeid med partane blir *Manifest mot mobbing* ført vidare for perioden 2006–08. Skolane vil framleis få tilbod om program mot mobbing. Det er sett i gang ein nasjonal implementering av dei skoleomfattande programma, LP og PALS, jf. programkategori 07.20. Programma har som mål å leggje til rette for eit godt læringsmiljø og førebygging og meistring av problemåtferd. Gjennom deltaking i det internasjonale OECD-nettverket mot vald og mobbing i skolen vil ein mellom anna spreie erfaringar om effektive tiltak og strategiar. På bakgrunn av ein kunnskapsstatus om kjønnsrelatert mobbing vil ein vurdere eventuelle nye tiltak.

Leksehjelp er eit viktig verktøy i arbeidet som skolen gjer for sosial utjamning, og skal femne alle grupper av elevar. Prosjekt leksehjelp vil bli ført vidare med utprøving av ulike modellar for leksehjelp i samarbeid med skolar og ulike frivillige og faglege organisasjonar. Tiltak for leksehjelp frå studentar i realfag blir vidareført. Prosjektet blir evaluert og resultata vil ligge føre i 2008. Det blir lagt til rette for spreiling av gode erfaringar frå prosjektet. Utdanningsportalen *Utdanning.no* har i samarbeid med Skolenettet.no lansert nye nettsider for digitale lærermiddel som vil syte for leksehjelp på nett og betre læring.

Departementet vidarefører samarbeidet med fleire andre departement om gjennomføringa av tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar. Tiltaka blir sette i samanheng med Utdanningsdirektoratets strategi for læringsmiljø, til dømes på områda psykisk helse, rus og kriminalitet. I 2007 skal Utdanningsdirektoratet samle og systematisere rettleiingsmateriale om handsaming av kriser. Det rus- og tobakksførebyggjande arbeidet blir følgt opp i samarbeid med Helse- og sosialdirektoratet. Det haldningsskapande arbeidet mot diskriminering og rasisme og for menneskerettar og toleranse blir vidareført i samarbeid med ulike organisasjonar. Tildeling av Benjaminprisen held fram. Det blir utarbeidd ei kartlegging av forsking om norske skoleelevars haldninger og kunnskap knytte til rasisme, holocaust og menneskerettar. På bakgrunn av denne skal behovet for ny forsking vurderast. Utdanningsdirektoratet

formidlar erfaringar frå verdiprosjekta *Verdier i skolehverdagen* og *Skal-skal ikke* til alle skolar. Dronning Sonjas skolepris for likeverdig og inkluderande opplæring vart delt ut for første gong i 2006 og blir vidareført i 2007. Departementet vil vidareføre samarbeidet med Elevorganisasjonen og fortsette arbeidet for å hjelpe til med god medverknad frå elevane i opplæringa.

Læreplanane inneber at fysisk aktivitet blir styrkt ved den enkelte skolen, og auke kvaliteten i kroppsøvingsfaget. Det er eit mål for 2007 at alle elevane i grunnutdanninga skal ha fysisk aktivitet kvar dag. Prosjektet *Fysisk aktivitet og måltid i skolen* blir evaluert. For skoleåret 2006–07 blir det satsa på dei skolane som utmerkjar seg som modellskolar, samt på spreiing av dei gode modellane til inspirasjon for alle skolar som ledd i Regjeringa si satsing på dagleg fysisk aktivitet.

Som ein del av tiltaka med å sikre det fysiske arbeidsmiljøet til elevane, blir den nettbaserte rettleiingstenesta for skoleanlegg vidareført og vidareutvikla.

FUG har samarbeidd med departementet om ein informasjonsbrosyre som er send til alle foreldre med barn i grunnopplæringa. FUG sørger for aktuell informasjon om reforma på sine nettsider og ved jamlege utsendingar til arbeidsutvala til foreldreraða. FUG deltek i *Prosjekt Leksehjelp* for å gjere foreldra merksame på korleis dei kan vere ein ressurs i barnas læring, og for å medverke til utjamning av sosiale forskjellar. FUG medverkar til å følgje opp *Manifest mot mobbing*.

## **Internasjonalt samarbeid**

### **Resultatrapport for 2005–06**

Noreg deltek i internasjonalt samarbeid om utdanning på ulike nivå, mellom anna i nordisk samanheng, EU, Europarådet, OECD, UNESCO, IEA og i ulike bilaterale prosjekt. I samband med at Noreg hadde formannskapet i Nordisk råd, vart nordisk samarbeid vektlagt.

Innanfor fag- og yrkesopplæringa har det internasjonale samarbeidet innanfor EU frå dei seinare åra vore vidareført. Noreg har også i 2006 delteke i internasjonale komparative undersøkingar.

Departementet har fått utarbeidd eit nasjonalt dokument for utdanning for berekraftig utvikling i grunnopplæringa. Dokumentet er utarbeidd i tråd med tilrådingane frå UNECE (United Nations Economic Commission for Europe). Saman med Barne- og likestillingsdepartementet og Miljøvern-departementet følgjer departementet opp arbeidet med å implementere FNs utdanningstiår for berekraftig utvikling 2005–15.

Det første ordinære driftsåret for prosjektet *Grenseløst i Nord* var 2006. Prosjektet har som målsetjing å lette samarbeidet over riksgrensa mellom Finland og Noreg.

Noreg har delteke i EUs *eLearning Programme 2004–06*, som skal støtte effektiv bruk av IKT for å auke kvaliteten i utdanninga og fremme tilpassing til livslang læring. Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) er norsk operatør for programmet. Norske skolar og utdanningsinstitusjonar har høve til å delta i ulike utdanningsprogram innanfor EU. Deltaking i samarbeidsprosjekt skal medverke til bruk av IKT for å fremme betre kvalitet på utdanninga.

Noreg tek del i arbeidet med *Northern eDimension Action Plan* (NeDAP), eit program i samarbeid mellom EU, Nordisk Ministerråd og Auster-sjørådet retta særleg mot Nordvest-Russland og dei baltiske landa. Dette programmet har som mål å fremme samarbeidet på IKT-feltet i området. I 2006 har Noreg leidd arbeidet med NeDAP. Noreg har også leidd den delen av programmet som omhandlar utbygging og styrking av Internett-forskning i dette området. Departementet vil følgje opp arbeidet med å utvide Nordunet 3, det nordiske forskingssamarbeidet knytt til det nordiske forskingsnettet Nordunet, til også å inkludere dei ikkje-nordiske Austersjø-landa.

Utdanningsdirektoratet deltek i samarbeidet omkring *Det europeiske skolenettet*, ein samskiping av utdanningsstyretemakter i 26 europeiske land. Dette har gitt høve til innsikt og erfaringsutveksling om IKT i utdanninga på europeisk plan, og har gjort synleg norsk satsing på dette området. Så vel eTwinning som Det europeiske skolenettet har gitt norske skolar høve til samarbeid med skolar i andre land.

### **Resultatmål for 2007**

Internasjonalt samarbeid om utdanning vil bli ført vidare i nordisk samanheng, EU, Europarådet, OECD, UNESCO, IEA og i ulike bilaterale prosjekt.

Ansvaret for gjeldande europeiske handlingsplanar innanfor språk og språkopplæring og implementering av den nasjonale framandspråkstrategien *Språk åpner dører*, ligg hos Utdanningsdirektoratet.

Internasjonalt samarbeid på IKT-området vil bli vidareført. Utdanningsprogrammet *Lifelong Learning Programme 2007–2013* har ei tverrgående aksjonslinje for IKT i utdanninga. Departementet vil, i samarbeid med Senter for Internasjonalisering av utdanning (SIU), som er programoperatør, søkje å styrke norsk deltaking i internasjonalt

samarbeid på IKT-området. Utdanningsdirektoratet vil halde fram som nasjonalt kontaktpunkt for eTwinning-prosjektet, som blir vidareført i det nye programmet. Utdanningsdirektoratet vil arbeide for at enda fleire skolar deltek i eTwinning-prosjekten.

*Northern eDimension Action Plan* (NeDAP) vil etter planen bli vidareført i retning av færre og meir fokuserte område for betre å styrke samarbeidet på IKT-feltet blant Austersjø-landa. For den delen av NeDAP som Noreg leier, er det inngått avtalar som gjer at det nordiske forskingssamarbeidet, Nordunet 3, knytt til det nordiske forskingsnettet Nordunet, framover kan inkludere også dei baltiske landa. Eit viktig mål i 2007 er å inkludere også Nordvest-Russland i Nordunet 3.

### Andre oppgåver

Arbeidet med Kunnskapsløftet krev ekstra ressurser i departementet, og løyvinga over kap. 226 finansierer nokre få stillingar i departementet i samband med dette arbeidet.

### Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 226 post 21 blir ført vidare på same høge nivå som i 2006. Om lag 670 mill. kroner skal nyttast til kompetanseutvikling og utviklingsarbeid, av dette vil 375 mill. bli fordele direkte til skoleeigar. Det blir òg foreslått ei tilsegnstilskott på 120 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

## Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	(i 1 000 kr)	Forslag 2007
60	Tilskott til Moskvaskolen	1 108	1 142	1 183	
61	Tilskott til Nordland kunst- og filmskole	2 288	2 359	2 444	
62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	4 214	4 345	4 501	
70	Tilskott til den franske og den tyske skolen i Oslo	6 165	6 343	6 584	
71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole	17 992	18 568	19 274	
72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	22 693	23 419	24 309	
73	Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia			3 218	
Sum kap. 227		54 460	56 176	61 513	

### Post 60 Tilskott til Moskvaskolen

Målet med tilskottsordninga er å gi norske elevar med kompetanse i russisk høve til å ta vidaregåande kurs II på Moskvaskolen. Kriteriet for måloppnåing er at skolen skal halde oppe eit tilbod for inntil 15 norske elevar med kompetanse i russisk til å ta vidaregåande kurs II.

I skoleåret 2005–06 gjekk det tre norske elevar ved den norsk-russiske skolen i Moskva.

I St.prp. nr. 1 (2001–2002) for *Utdannings- og forskingsdepartementet* vart det varsla at denne ordninga skulle evaluerast før skoleåret 2007–08. Departementet har bedt Akershus fylkeskommune om å evaluere og gi ein rapport av tilbodet ved den norsk-russiske vidaregåande skolen i Moskva for perioden 1994–2006.

Den norsk-russiske vidaregåande skolen i Moskva vart starta i august 1994 som eit samarbeidsprosjekt mellom Akershus fylkeskommune og det statlege russiske vitskapsakademiet. Hovudintensjonen frå russisk side var å skape ein arena

for pedagogisk forsking og utvikling som byggjer på den skandinaviske utdanningsmodellen, samt å sikre russisk ungdom tilgang til det norske og vestlege universitets- og høgskolesystemet. Frå norsk side vart initiativet vurdert som interessant både ut frå moglegheita til pedagogisk utvikling og for å få utdanna norsk ungdom med kompetanse i russisk språk og kultur. Russland har i dei seinare åra vore eit hovudsatsingsområde i norsk utanriks-politikk. I dette ligg både forventningar om potensielle marknader for norsk næringsliv i Russland og behovet for å medverke til stabilisering og demokratisering av det russiske samfunnet. Det er mogleg å ta opp 20 russiske elevar og 15 norske elevar på kvart trinn.

Mange av dei uteksamerte russiske elevane har tatt høgre utdanning i Noreg i ettertid. Dei fleste av desse elevane har fått finansiert den høgre utdanninga gjennom den kvoteordninga Statens lånekasse for utdanning har for studentar frå m.a. tidlegare sovjetstatar. Fram til 2006 har 20 nor-

ske elevar fullført og bestått eksamen ved den norsk-russiske vidaregåande skolen i Moskva. Desse elevane kjem frå fylkeskommunane Oslo, Akershus, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Troms og Finnmark. Til skoleåret 2006–07 er elleve elevar tekne inn ved skolen. Dei kjem frå Oslo, Akershus, Hordaland, Troms og Finnmark.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 61 Tilskott til Nordland kunst- og filmskole**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at det blir gitt tilbod om kunst- og filmutdanning i Nord-Noreg ved tilskott til drifta av Nordland kunst- og filmskole.

Skolen hadde 49 heilårselevar ved skolestart hausten 2005, derav 30 elevar på kunstlinjene og 19 elevar på filmlinja. Ved elevrapportering våren 2006 var det 46 elevar som fullførte skoleåret 2005–06, totalt 28 elevar på kunstlinjene og 18 elevar på filmlinja.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 62 Tilskott til Fjellheimen leirskole**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller med lærevanskar kan få eit opphold ved Fjellheimen leirskole.

Elevtalet ved leirskolen var i 2005 på 986 elevar, og talet på elever har vore stabilt dei siste åra.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 70 Tilskott til den franske og den tyske skolen i Oslo**

Målet med tilskottsordninga er å styrkje samarbeidet med Frankrike og Tyskland, og å styrkje stillinga til det franske og det tyske språket i Noreg.

I skoleåret 2005–06 hadde den franske skolen i Oslo 247 elevar på barnesteget, 139 elevar på ungdomsseget og 54 elevar i vidaregående opplæring.

I skoleåret 2005–06 hadde den tyske skolen i Oslo 134 elevar på barnesteget og 40 elevar på ungdomsseget.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 71 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til drifta av internatet ved Krokeide yrkesskole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skolen.

I 2005 var det totalt 277 elevar ved internatet, 132 elevar om våren og 145 elevar om hausten. Våren 2006 var det totalt 139 elevar ved internatet, ein auke på sju elevar i høve til våren 2005.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 72 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til drifta av Røde Kors Nordisk United World College.

Skoleåret 2005–06 var det 201 elevar frå 89 land ved skolen. 26 pst. av elevane kom frå nordiske land, 34 pst. frå Balkan, andre europeiske land og Midtausten, 16 pst. frå Amerika, 14 pst. frå Asia og 10 pst. frå Afrika. Dei andre nordiske landa finansierte i 2005 rundt 24 pst. av drifta ved skolen.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 73 Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia**

Ved handsaminga av Ot.prp. nr. 43 (2005–2006) hadde kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen følgjande merknad, jf. Innst. O. nr. 45 (2005–2006):

«Komiteen viser til at de norske skolene i Kenya og Etiopia gjennom en del år har fått godkjent av departementet prøveordninger med desentralisert undervisning for småskoleelever, og en samarbeidsordning med internasjonal skole for ungdomsskoleelever. Denne undervisningen gjør at en kan få god undervisning lokalt istedenfor å benytte skoleinternat. Prøveordningen har vært godkjent etter § 1–5. Komiteen ønsker i påvente av ny lov at forsøksordningen med desentralisert undervisning for småskoleelever, og en samarbeidsordning med internasjonal skole for ungdomsskoleelever, ved de norske skolene i Kenya og Etiopia, får fortsette.»

Misionærskolane i Kenya og Etiopia er eigde av Norsk Luthersk Misionssamband. Statstilskottet til skolane er til nå blitt løyvd over kap. 228 post 70 Tilskott til frittståande skolar. For å få løyving over denne posten må tilskottsmottakar ha rett til tilskott etter friskolelova. Etter endringane i friskole-

lova har desse skolane ikkje lenger rett til tilskott, jf. Ot.prp. nr. 43 (2005–2006).

Departementet foreslår at skolane får halde fram med ei drift som svarer til den organisasjonsforma som har vore nytta under forsøksperioden ved skolen i Kenya, og som var planlagd ved skolen i Etiopia.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å løyve 3,2 mill. kroner på kap. 227 ny post 73 mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 228 post 70. Dette beløpet tilsvarer statstilskottet skolane fekk i skoleåret 2005–06.

## Kap. 228 Tilskott til frittståande skolar o.a.

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
70	Tilskott til frittståande skolar, <i>overslagsløyving</i>	1 883 720	2 031 000	2 191 062
71	Tilskott til friskoleorganisasjonar	522	539	559
72	Tilskott til kapitalkostnader	25 500		
	Sum kap. 228	1 909 742	2 031 539	2 191 621

### Post 70 Tilskott til frittståande skolar, *overslagsløyving*

#### Om ordninga

Skolar som er godkjende etter friskolelova, og som var i drift 13. desember 2005, har rett til tilskott og til å drive verksemد etter lova. Skolane må drive i tråd med friskolelova, jf. §§ 2-1, 2-2 og 6A-1. Norske skolar i utlandet får tilskott til dekning av utgifter til skyss og innlosjering, jf. friskolelova § 6-1 andre punkt. I tillegg blir det gitt tilskott til kompletterande undervisning og til delvis dekning av skolepengar, jf. friskolelova § 6-5.

For å stoppe veksten i friskolar vedtok Stortinnet i vårsesjonen 2006 endringar i friskolelova som

gjer at det mellombels ikkje er høve til å godkjenne nye friskolar. Departementet kan i særlege tilfelle gjere unntak frå dette. Unntaksordninga er særleg aktuell for greneskolar.

Regjeringa vil i vårsesjonen 2007 leggje fram eit lovforlag for Stortinnet som i hovudsak byggjer på hovudprinsippa i den tidlegare privatskolelova.

#### Rapport for 2005–06

Tabellen under viser korleis talet på elevar og frittståande skolar har endra seg frå skoleåret 2003–04 til skoleåret 2005–06.

Tabell 4.1 Frittståande skolar, tal skolar og elevar (gjennomsnitt haust og vår)

	Skolar			Elevar		
	2003–04	2004–05	2005–06	2003–04	2004–05	2005–06
Skolar for funksjonshemma	10	10	10	456	455	460
Vidaregåande skolar utan parallellear i offentlege skolar	53	55	51	3 244	3 327	2 693
Fagskolar			2			72
Vidaregåande skolar med parallellear i offentlege skolar	63	63	78	8 428	8 793	9 616
Grunnskolar i Noreg	115	131	144	11 955	12 577	13 249
Grunnskolar i utlandet	17	16	17	830	708	695
Vidaregåande skolar i utlandet	5	6	6	161	241	212
Sum	263	281	308	25 074	26 101	26 997

Det er godkjent 59 nye frittståande grunnskolar etter at den nye friskolelova tok til å gjelde hausten 2003. Av desse er det 23 skolar med same læreplan som dei offentlege grunnskolane og fem internasjonale skolar. 17 av dei nye godkjenningsane vart ramma av lovvedtaket i Stortinget, som innebar at skolar som ikkje var i drift 13. desember 2005, ikkje får starte opp etter friskolelova.

Hausten 2005 gjekk om lag 2,1 pst. av grunnskoleelevarne i frittståande skolar, det same som hausten 2004. Hausten 2005 gjekk om lag 5,4 pst. av elevarne i frittståande vidaregåande skolar med parallellear i offentlege skolar. Hausten 2004 var talet til samanlikning i underkant av 5 pst.

Dei frittståande grunnskolane som er godkjende etter friskolelova, skal drive verksemda si etter læreplanar godkjende av departementet, jf. friskolelova § 2–3. Dette inneber at frittståande grunnskolar frå 1. august 2006 skal følgje læreplanen for Kunnskapsløftet eller annan godkjend plan som sikrar jamgod opplæring.

## Tilskottssatsar

Satsane for tilskott til dei frittståande skolane bygger i hovudsak på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skolen, jf. friskolelova. Satsane for 2007 blir rekna ut på grunnlag av kommunal ressursbruk til skole i 2005, rapportert gjennom KOSTRA. Satsane blir justerte for den faktiske pris- og lønnsauken frå 2004 til 2005, og for ein venta pris- og lønnsauke frå 2005 til 2006 og frå 2006 til 2007.

Ei oversikt over satsane til dei frittståande skolane ligg på nettsida til Utdanningsdirektoratet, [www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no), under temaet *Friskoler*. På nettsida finn ein òg informasjon om korleis satsane til dei frittståande skolane er rekna ut.

## Frittståande grunnskolar

Grunnlaget for utrekninga av satsar til frittståande grunnskolar er korrigerte brutto driftsutgifter til skolesektoren per kommune henta frå KOSTRA. Grunnlaget er vidare korrigert for utgifter som er rapporterte i KOSTRA, men som ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av tilskottet fordi desse utgiftene blir påførte kommunane, ikkje dei frittståande skolane. Det er utarbeidd ein modell der tilskottssatsen avheng av storleiken på den frittståande skolen. Små skolar får eit høgre tilskott per elev enn store skolar. Satsane blir justerte slik at ein tek omsyn til skilnaden mellom utgiftene i den kommunen skolen ligg i, og utgiftene på landsbasis. Endringane i tilskottet skal liggje innanfor ei maksimal ramme på +/– 7 pst. i høve til det tilskot-

tet skolen ville fått ut frå dei nasjonale satsane. Tilskott blir gitt med 85 pst. av normalsatsen. Frittståande grunnskolar skal, etter friskolelova, ha dekt 100 pst. av dei gjennomsnittlege utgiftene til pensjonsinnskott i offentlege skolar.

## Frittståande grunnskolar i utlandet

Norske frittståande grunnskolar i utlandet får statstilskott med 85 pst. av vanlege driftsutgifter til all godkjend undervisning som går inn under opplæringslova. Skolane får tilskott etter same satsar som frittståande grunnskolar i Noreg, korrigerte for meirverdiavgift. Noreg har samarbeidsavtale med Sverige og Finland om dekning av utgifter for barn som får opplæring i skolar i utlandet som er drivne av dei andre landa.

## Frittståande skolar for funksjonshemma elevar

For grunnskolar og vidaregåande skolar for funksjonshemma elevar blir driftsutgifter dekte ved statstilskott etter ein normalsats per elev per skoleår, jf. friskolelova § 6-6.

## Frittståande vidaregåande skolar med parallellear i den offentlege skolen

Våren 2007 vil vidaregåande kurs 2 (Vg2) og vidaregåande kurs 3 (Vg3) følge gammal tilbodsstruktur. Det same vil gjelde for Vg3 hausten 2007 (skoleåret 2007–08). Satsane for tilskott i 2007, for gammal tilbodsstruktur, blir fastsette på grunnlag av gjennomsnittleg utgift per elev på dei ulike studierettingane i offentleg skole. Dette blir rapportert i KOSTRA. Grunnlaget er vidare korrigert for salsinntekter, avskrivingar av bygg og for utgifter som er rapporterte i KOSTRA, men som ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av tilskottet fordi desse utgiftene blir påførte fylkeskommunane, ikkje dei frittståande skolane. Satsane for dei nye programfaga er rekna ut på grunnlag av satsane for 2007 i gammal tilbodsstruktur, men da vekta for andel av element i dagens studierettingar i dei nye programfaga. Dei frittståande skolane får 85 pst. av normalsatsen.

## Særskilte tilskott

I tillegg til det tilskottet Kongshaug Musikkgnas får etter friskolelova, vil skolen i 2007 få 2,7 mill. kroner i særskilt tilskott. Skolane til Wang og Noregs Toppidrettsgymnas vil, i tillegg til tilskottet etter friskolelova, få om lag kr 15 000 i særskilt toppidrettstilskott per elev. Tilskottet blir gitt for maksimalt 810 elevar.

### *Frittståande vidaregåande skolar i utlandet*

Norske frittståande vidaregåande skolar i utlandet får statstilskott med 85 pst. av same tilskottssatsen som for elevar i frittståande vidaregåande skolar i Noreg, korrigert for meirverdiavgift.

### *Frittståande vidaregåande skolar utan parallellear i den offentlege skolen*

Satsane til vidaregåande skolar med yrkesretta opplæring, utanom det offentlege skoleverket, er knytte til tre av satsane for vidaregåande skolar med parallellear i offentlege skoler. Unntak frå dette er Norsk Yrkesdykkerskole. Dei tre satsane er knytte til linjene for Allmenne, økonomiske og administrative fag, Idrettsfag og Musikk, dans og drama. Vidaregåande skolar utan parallellear i det offentlege skoleverket får 75 pst. av tilskotts-satsane. For å få statstilskott må skolane ha minst sju elevar i snitt per skoleår på dei to teljetids-punkta.

### *Andre frittståande skolar*

Norges Byggskole, Sørlandets Maritime Sjøaspirantskole og Rogaland Maritime vidaregåande skole får tilskott tilsvarende 85 pst. av eit godkjent budsjett.

### *Kompletterande undervisning*

Statsborgarar i grunnskolealder frå Noreg eller ein annen EØS-stat, og som er elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar i Noreg eller i utlandet, kan få tilskott til kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL). Statstilskottet blir gitt med 85 pst. av fastsett sats per time.

I 2005 vart det behandla 773 søknader, og av desse fekk 701 tilskott.

### *Fagskolar*

Hald Internasjonale Senter og Menighetsbibelskolen, som tidlegare fekk tilskott som frittstående vidaregåande skolar utan parallellear, vart frå hausten 2005 godkjende etter fagskolelova. Tilskott til

desse skolane blir utbetalt etter reglane i friskolelova.

### **Budsjettforslag for 2007**

Regjeringa venter ikkje auka elevtall i frittståande skolar. Departementet foreslår derfor at løyvinga på kap. 228 post 70 blir ført vidare på same nivå som i 2006, justert ned med 3,2 mill. kroner, som er overførte til kap. 227 ny post 73 Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia. Vidare foreslår departementet å auke posten med 15,2 mill. kroner til gratis lærermiddel i vidaregåande opplæring, jf. ori-entering om ordninga i kategoriomtalen.

EFTA Surveillance Authority (ESA) har godkjent at Noreg kan ta opp att ei ordning med differensiert arbeidsgivaravgift. Avgifta tek utgangspunkt i staden der verksamda ligg, og ikkje, slik tilfellet var tidlegare, i bustadkommunen til arbeidstakaren. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med om lag 0,7 mill. kroner.

### **Post 71 Tilskott til friskoleorganisasjonar**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at friskoleorganisasjonane kan drive samordningsoppgåver for medlemsskolane sine på friskolefeltet. Tilskott blir gitt til friskoleorganisasjonar med medlemsskolar som er godkjende etter friskolelova.

I 2005 fekk fem friskoleorganisasjonar tildelt tilskott ut frå at dei til saman hadde 218 godkjende medlemsskolar. I 2006 var det 231 godkjende medlemsskolar for dei same organisasjonane.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 72 Tilskott til kapitalkostnader**

Tilskottsordninga vart oppretta i 2005, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2004–2005). Målet med tilskottsordninga var å medverke til å dekkje husleige- og kapitalutgiftene til frittståande skolar. Det vart utbetalt tilskott til frittståande skolar hausten 2005 på grunnlag av elevteljing per 1. oktober 2005.

Løyvinga på posten vart avvikla frå 1. januar 2006.

**Kap. 229 Andre tiltak**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
70	Tilskott til tryggleiksopplæring for fiskarar	9 988	11 000	11 418
	Sum kap. 229	9 988	11 000	11 418

**Post 70 Tilskott til tryggleiksopplæring for fiskarar**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å finansiere tryggleiksopplæring for fiskarar. I 2005 gjennomførte 1 233 deltagarar denne opplæringa, ein reduksjon på 198 frå året før. Kursfartøyet hadde 792 deltagarar på sine grunn- og repetisjons-

kurs. På dei stasjonære tryggleikssentra var det 441 deltagarar på dei same kursa. På grunnkursa vart 42 pst. av kapasiteten nytta, og på repetisjonskursa 76 pst.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

**Kap. 230 Kompetancesenter for spesialundervisning**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Driftsutgifter	612 808	582 389	570 532
21	Særskilde driftsutgifter	53 382	50 420	45 736
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	8 229	6 848	6 999
	Sum kap. 230	674 419	639 657	623 267

Kapitlet omfattar mellom anna:

- Statleg spesialpedagogisk støttesystem (Statped) med 13 statlege verksemder og kjøp av / avtalar om tenester frå fem andre institusjonar
- utvikling, produksjon og distribusjon av spesialpedagogiske læremiddel
- andre utviklingsoppgåver innanfor spesialundervisning
- nasjonalt opplæringsprogram i teiknspråk for foreldre
- prosjektretta støtte til organisasjonar for funksjonshemma
- nasjonal koordinator for European Agency for Development in Special Needs Education, internasjonalt samarbeid m.m.
- ventelønn for personale som er overtalige frå nedlagde eller omorganiserte senter
- lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale som er overtalige
- førtidspensjon for personale frå kompetansecentra der dette er godkjent

Ansvaret for å gi alle elevar tilpassa opplæring, og dei som har behov for det spesialundervisning, ligg etter § 5 i opplæringslova hos kommunar og fylkeskommunar. Statped skal gi rettleiing og støtte til dei opplæringsansvarlege instansane lokalt. Målet er at barnehage- og skoleeigarar og dei som arbeider i barnehagen og skolen, skal få betre føresetnader til sjølv å ta hand om barn, unge og vaksne som treng spesialpedagogisk hjelp.

Hovudmåla for Statped er:

- å yte spesialpedagogiske tenester på individ- og systemnivå som fremmer tilpassa, likeverdig og inkluderande opplæring
- å vidareutvikle spesialpedagogisk kompetanse som skal komme elevar med spesielle behov, føresette, lærarar og andre fagfolk i skoleverket til nytte
- å spreie spesialpedagogisk kunnskap og kompetanse til brukarar, fagfolk og samfunnet
- ved behov sikre skole- og miljøtilbod for hørselshemma elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring, etter avtale med oppdragsgivar

## Resultatrapport for 2005

Dei 15 statlege spesialpedagogiske sentra har i samsvar med resultatmåla for 2005 prioritert bistand til brukarar med store og samansette vanskar der det ikkje var nødvendig kompetanse lokalt, og gitt råd og rettleiing til barnehagar og skolar og barnehage- og skoleeigarar når det var behov for dette. Det var også samarbeid med helse- og sosialsektoren og på tvers av fagområde, både generelt for systemretta arbeid og i samband med utarbeiding av planar for brukarar som trong langvarige og omfattande tenester frå fleire instansar.

Det individretta arbeidet til sentra skjedde på det aktuelle senteret eller lokalt i kommunen eller fylkeskommunen. Utgreiingsarbeidet kunne gjelde både den enkelte og miljøet på heimstaden, det lokale nettverket og det lokale hjelpeapparatet. Rådgivinga var oftast tiltaksretta mot fagfolk, men kunne også omfatte brukaren sjølv og foreldre/føresette.

Ressursinnsatsen frå Statped på dei ulike vanskeområda speglar langt på veg behovet i kommunsektoren for spesialisert hjelp og støtte, som er størst for dei lågfrekvente gruppene. I 2005 fordelte ressursane i Statped seg med 16,2 pst. på synssektoren (16,1 pst. i 2004), 44,6 pst. (44,1 pst. i 2004) på hørselssektoren (inkl. skoledrift / internat for hørselshemma og døvblinde), 11,0 pst. (10,7 pst. i 2004) på språk-/talesektoren, 14,7 pst. (14,2 pst. i 2004) på samansette lærevansk og återferdvansk, 5,5 pst. (6,6 pst. i 2004) på skolane ved dei sosiale og medisinske institusjonane, 7,0 pst. (6,3 pst. i 2004) på spesialpedagogiske tenester i Nord-Noreg (inkl. Samisk spesialpedagogisk støtte) og 0,3 pst. (0,3 pst. i 2004) på Autismennettverket. Ansvaret for den statlege finansieringa av Frambu barnehage og skole og Nasjonalt kompetansesenter for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi vart i 2005 overført til Helse- og omsorgsdepartementet.

Hovudtyngda av tenesteproduksjonen i Statped i 2005 fordelte seg slik i høve til ulike typar arbeid (2004-prosenttal i parentes):

- 30,3 pst. (32,5) til utgreiingar, rådgiving, konsultasjon og nettverksarbeid o.a.
- 19,4 pst. (18,5) til innhenting, systematisering og vidareutvikling av spesialpedagogisk kompetanse
- 20,0 pst. (21,1) til formidling av spesialpedagogisk kompetanse
- 30,2 pst. (27,9) til skole- og miljøtilbod (opplæring, internat og miljøtilbod o.a. i hørselssektoren)

Tenesteproduksjonen i Statped hadde med små variasjonar om lag same profil og innretning i 2005 som året før.

Den geografiske spreiinga av tenestene til Statped var også i 2005 nokolunde jamn sett i høve til folketal i fylka, likevel slik at Oslo fekk minst og Sør-Trøndelag mest tenester relativt sett.

Teiknspråkopplæring for foreldre til sterkt tunghørte og døve barn heldt fram i samsvar med programmet på dette området. Det var også kurs for brukarar innanfor ulike vanskegrupper ved kompetansesentra, anten individuelt tilrettelagde eller i grupper, og for foreldre og føresette til brukarar som inngår i målgruppene til sentra.

Fleire av sentra hadde samarbeid med universitet og høgskular og andre forskingsmiljø om ulike kompetansehevingstiltak og FoU-arbeid. Dette samarbeidet med UH-sektoren er avtalebasert og praksisretta. Kompetansesentra var også bidragsytarar i samband med internasjonalt bistandsarbeid. Ytingane, som var i tråd med norsk bistandspolitikk, vart koordinerte av Utdanningsdirektoratet.

Fra 1. august 2005 overtok Hordaland fylkeskommune ansvaret for Bjørkåsen vidaregåande skole. Skolen vart inkludert i Slåtthaug vidaregåande skole, som vart ein knutepunktskole for hørselshemma. Det vart også arbeidd vidare med å få til eit utvida tilbod for hørselshemma ved Sandefjord vidaregåande skole, men forhandlingane med Vestfold fylkeskommune er ikkje sluttførde. Arbeidet vil halde fram i 2007.

Det er også i 2005 lagt ned eit omfattande arbeid i Statped for å sikre god brukarmedverknad, både ved dei einskilde verksemndene og på nasjonalt plan.

Samla sett har det statlege spesialpedagogiske støttesystemet også i 2005 arbeidd i tråd med dei sentrale føringane frå departementet og Utdanningsdirektoratet. I samsvar med måla har det skjedd utvikling på fleire område. Kompetansesentra har delteke med kompetansehevingstiltak i samband med førebuing av Kunnskapsløftet.

Kompetansesystem for særskilde grupper funksjonshemma har vorte endra siste året. Oppgåver som Statped tidlegare utførte etter oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet (Statleg kompetansesystem for døvblinde og Autismennettverket), tok departementet sjølv ansvaret for frå 1. januar 2006.

## Resultatmål for 2007

I St.prp. nr. 1 (2005–2006) vart det som svar på oppmodningsvedtak nr. 152 av 13. desember 2004 og nr. 539 av 16. juni 2005 oppsummert sentrale

utviklingstrekk i det statlege spesialpedagogiske støttesystemet med grunnlag i dei føringane som vart lagde i St.meld. nr. 23 (1997–98) *Om opplæring av barn, unge og vaksne med særskilde behov*, jf. Innst. S. nr. 228 (1997–98). Vidare vart det gjort greie for mål, hovudtiltak, organisering og ressursbruk. I samsvar med dei føringane som er gitte der, skal noverande mål og fagprofil for støttesystemet vidareførast, og tenestetilbodet justerast etter brukarbehov og fagutvikling.

Fagprofilen for det statlege spesialpedagogiske støttesystemet skal framleis vere forankra i dei to hovudområda tenesteyting og fagutvikling og formidling, med høg og spesialisert kompetanse i høve til ulike grupper med særskilte opplæringsbehov. Statped skal prioritere hjelp til brukarar med dei største og mest samansette vanskane, og leggje vekt på meistring, likeverd og inkludering, og det skal vere mest mogleg lik tilgang på tenester i alle landsdelar.

Statped skal prioritere ressursbruk og innsats for å hjelpe kommunar og fylkeskommunar til å gi tilpassa opplæring og spesialundervisning med god kvalitet etter behovet til elevane og ønsket til foreldra, slik at elevane kan få størst mogleg fagleg og sosialt utbytte av opplæringa.

Statped skal vidareføre kompetanseutvikling, kunnskapsformidling, læremiddelutvikling og læremiddelproduksjon, brukarmedverknad, samarbeidsrelasjonar og internasjonalt arbeid. Vidare skal Statped delta i oppfølginga av nasjonale satsningar knytte til *Strategi for læringsmiljøet i grunnopplæringa (2005–2008)*. I samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet skal Statped delta i oppfølging av rapport frå Utdanningsdirektoratet om barn og unge med ADHD og liknande åtferdsvanskar, framlagd i april 2006.

Med utgangspunkt i noverande organisering og tenesteomfang skal arbeidet innanfor Statped vidareførast. Tenesteområdet inngår i evalueringa av Kunnskapsløftet. Ein samla gjennomgang av tilpassa opplæring og spesialundervisninga i skolen er ein viktig del av denne evalueringa. Det same gjeld ressursbruk og resultat, oppgåvene til det statlege spesialpedagogiske støttesystemet og til PP-tenesta, og rollefordelinga og samhandlinga mellom skoleeigar og PP-tenesta på den eine sida og Statped på den andre. Gjennom denne evalueringa vil ein få oppdatert kunnskap om PP-tenesta og det statlege spesialpedagogiske støttesystemet, noko som vil kunne gi grunnlag for eventuelle endringar og tiltak.

## Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 230 post 01 med 32,4 mill. kroner. Dette er midlar som i dag medverker til å dekkje opplæring ved fem helseinstitusjonar under statlege helseføretak. Det er fylkeskommunen der institusjonen ligg som har ansvaret for opplæringa ved desse institusjonane. Som følgje av dette blir 32,4 mill. kroner innlemma i rammetilskottet til fylkeskommunane med ei overgangsordning.

Dette skjer i samband med at ansvaret for opplæring etter opplæringslova for beboarar/pasientar i barnevernsinstitusjonar og i private helseinstitusjonar blir overført frå bustadskommune/-fylkeskommune til den fylkeskommunen der helseinstitusjonen ligg, jf. Innst. O. nr. 51 (2005–2006) og Ot.prp. nr. 59 (2005–2006). Dette førar med seg ei innsparing for kommunane og ei tilsvarende meirutgift for fylkeskommunane. Departementet foreslår derfor at 50 mill. kroner blir trekt frå rammetilskottet til kommunane og fordelt til fylkeskommunane etter kostnadsnøkkelen i inntektssystemet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 230 post 21 med 4 mill. kroner på grunn av lågare oppdragssaktivitet ved kompetancesentra. Årsaka til dette er m.a. at Autismenetverket frå 1. januar 2006 vart overført til Sosial- og helsedirektoratet. Vidare er oppdragsverksemda noko redusert som følgje av at Bjørkåsen vidaregåande skule er overført til Hordaland fylkeskommune, og at internatdrifta for vidaregåande opplæring ved A C Møller skole er overført til stiftinga Signo. Vidare foreslår departementet å overføre 2,6 mill. kroner frå posten til kap. 222 post 01, jf. omtale der.

EFTA Surveillance Authority (ESA) har godkjent at Noreg kan ta opp att ei ordning med differensiert arbeidsgivaravgift. Avgifta tek utgangspunkt i staden der verksemda ligg, og ikkje, slik tilfellet var tidlegare, i bustadkommunen til arbeidstakaren. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med om lag 0,1 mill. kroner.

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 230 postane 01, 21 og 45 elles blir ført vidare på tilsvarende nivå som i 2006.

Post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3230 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksem, kap. 3230 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Løyvinga på post 45 kan overførast.

**Kap. 3230 Kompetancesenter for spesialundervisning**

Post	Nemning	Rekneskap 2005	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Inntekter fra oppdrag	51 102	50 236	48 145
02	Salsinntekter o.a.	3 609	3 275	5 579
11	Kursavgift ved vaksenopplæring og etterutdanning	3 239	2 100	
15	Refusjon av arbeidsmarknadstiltak	912		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	3 838		
17	Refusjon lærlingar	160		
18	Refusjon av sjukepengar	11 541		
	Sum kap. 3230	74 401	55 611	53 724

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som kompetancesentra utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgskolar, universitet m.m. Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal fra kantine, utleige av lokale og inntekter fra hjelpemiddeltilpassing, og inntekter fra kurs (kursmateriell, deltagarbetaling og opphaldsutgifter i samband med kurs). Tidlegare vart kursinntekter budsjetterte

under post 11, men dette blir endra frå 2007. Løyvinga på post 02 er derfor auka med 2,18 mill. kroner, som er overførte frå post 11. Denne posten blir avvikla frå 2007.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 3230 post 01 med 4 mill. kroner på grunn av lågare oppdragsaktivitet ved kompetancesentra, jf. omtale under kap. 230 post 01.

## **Programkategori 07.30 Barnehagar**

Utgifter under programkategori 07.30 fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert bud- sjett 2006	Forslag 2007	(i 1 000 kr)
					Pst. endr. 06/07
231	Barnehagar		14 848 438	18 023 293	21,4
	Sum kategori 07.30		14 848 438	18 023 293	21,4

### **Kap. 231 Barnehagar**

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	(i 1 000 kr)
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>		71 292	71 301	
50	Tilskott til samiske barnehagetilbod		11 435	11 870	
51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>		6 250	6 488	
60	Driftstilskott til barnehagar, <i>overslagsløyving</i>		11 701 619	13 692 105	
61	Investeringstilskott, <i>overslagsløyving</i>		250 000	255 000	
62	Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage		736 173	762 675	
63	Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i forskolealder		98 960	102 523	
64	Tilskott til mellombelse lokale, <i>overslagsløyving</i>			40 000	
65	Skjønnsmidlar til barnehagar		1 972 709	3 081 331	
	Sum kap. 231		14 848 438	18 023 293	

*Barnehageløftet* står sentralt i Regjeringas politikk for å skape gode og trygge oppvekst- og opplæringsvilkår for barn og unge. Barnehagane er ein viktig sosialiséringsarena utanfor heimen og staden der mange barn tek sine første steg på det livslange læringsløpet. Frå 1. januar 2006 er barnehageforvaltninga inkludert i Kunnskapsdepartementet. Regjeringa ønskjer med det å medverke til større heilskap og samanheng i opplæringstilbodet til barn og unge, og samstundes setje søkjelyset på den kompetansen som ein treng og tileignar seg i forskolealderen.

Målet for Regjeringa er at alle som ønskjer barnehageplass, skal få tilbod om det. Eit godt barne-

hagetilbod sikrar barna omsorg og læring, samstundes som det er ein viktig føresetnad for at småbarnsforeldre kan ta del i yrkeslivet. Mange kommunar har stor etterspurnad etter barnehageplassar og lange ventelister. Lange ventelister og lang ventetid for ein barnehageplass er kostbart både for den einskilde og for samfunnet. Regjeringa vil derfor i det komande året prioritere å fjerne køane og få kontroll med ventelistesituasjonen. Regjeringa har høge ambisjonar og fører ein aktiv politikk på barnehageområdet. Målet for *Barnehageløftet* er full barnehagedekning, høg kvalitet og låg pris i løpet av 2007.

### Mål: Full barnehagedekning

#### Tilstandsvurdering

Utbygginga av nye barnehageplassar i 2005 vart rekordhøg. Målet var å etablere 11 200 nye heiltidspllassar, noko som skulle gi plass til om lag 8 000 nye barn i barnehage. Endelege KOSTRA-tal for 2005 syner at kapasitetsauken vart på vel 13 500 heiltidspllassar, og at heile 10 400 nye barn fekk plass i ein ordinær barnehage. I tillegg gjekk 500 fleire barn i open barnehage i fjar. Til saman gjekk dermed 10 900 fleire barn i barnehage i 2005 samanlikna med 2004. Det betyr at fleire barn enn nokon gong har tilbod om plass i barnehage.

Ved utgangen av 2005 gjekk 223 500 barn i ein ordinær barnehage eller familiebarnehage. Det utgjer ei dekning på 76,2 pst. for barn i alderen eitt–fem år og er ein auke på om lag 10 400 barn sidan utgangen av 2004. Størst var auken for barn under tre år. Vel 8 000, eller 78 pst., av dei nye barna var småbarn. Barn under tre år utgjer no om lag 29 pst. av alle barna i barnehage, mot 26 pst. i

2004. I tillegg gjekk 7 900 barn i open barnehage i 2005.

Auken i kapasiteten var på om lag 13 500 heiltidspllassar. Det vil seie at det i 2005 vart etablert 1,29 heiltidspllassar for kvart nytt barn som kom inn i barnehage. Tilsvarande tal for 2004 var 1,43. Kapasitetsveksten har såleis i mindre grad enn tidlegare år gått med til å auke opphaldstida til barn som allereie har plass, og i større grad gitt plass til nye barn. Barn med heiltidspllass har auka med over 16 600 i 2005. I 2005 hadde 70 pst. av barna tilbod om heiltidspllass i barnehagen, mot 65 pst. i 2004. Gjennomsnittleg opphaldstid har i same periode auka fra 39,1 timer til 40,0 timer per veke.

Den største veksten har gått føre seg i privat del av barnehagesektoren. Av landets 6 278 barnehagar er 3 420 private barnehagar, og heile 80 pst. av dei nye barna fekk i fjar tilbod om plass i ein privat barnehage. I 2005 hadde 55 pst. av barna tilbod om plass i offentleg barnehage, medan 45 pst. hadde tilbod i ein privat barnehage. Tilsvarande tal for 2004 var høvesvis 56,5 pst. og 43,5 pst.

Tabell 4.2 Tal på barn i ordinære barnehagar og familiebarnehagar etter alder og opphaldstid

Opphaldstid	Barn null til to år		Barn tre til seks år		I alt		
	Offentleg	Privat	Offentleg	Privat	Offentleg	Privat	Sum
0–8 timer	131	64	158	33	289	97	386
9–16 timer	345	329	821	749	1 166	1 078	2 244
17–24 timer	3 207	2 432	6 370	4 242	9 577	6 674	16 251
25–32 timer	4 409	3 848	13 465	9 616	17 874	13 464	31 338
33–40 timer	2 231	1 759	8 402	5 391	10 633	7 150	17 783
41 timer eller meir	22 472	22 952	60 444	49 631	82 916	72 583	155 499
Sum	32 795	31 384	89 660	69 662	122 455	101 046	223 501

Kjelde: Statistisk sentralbyrå per 15. desember 2005

Den samla dekningsgraden, målt i del av befolkninga i alderen eitt til fem år, har gått opp med 4 prosentpoeng, frå 72,2 pst. ved utgangen av 2004 til 76,2 pst. ved utgangen av 2005. Dekningsgraden har auka både for barn i alderen eitt–to år og tre–fem år, men barnehagedekninga er framleis ujamn mellom barn over og under tre år. For barn i alderen eitt–to år var barnehagedekninga på 54 pst. i 2005 mot 48 pst. i 2004. For barna i alderen tre–fem år var dekningsgraden på 91 pst. i 2005 mot 88 pst. året før.

Dekningsgraden varierer også på landsbasis. Rapportar frå kommunane over tal på barn i barnehage og på venteliste per 20. september 2005, samt

rapportar frå fylkesmennene, syner at mange kommunar allereie har full barnehagedekning, medan andre har lange ventelister. Det gjeld i særleg grad for storbyane og storbynære kommunar. Mangel på tomter som er eigna til barnehageformål, og stor auke i talet på innbyggjarar i førskolealder, har blitt nemnt som nokre av problema for bygginga av tilstrekkeleg med nye barnehageplassar. Ei felles utfordring for både små og store kommunar er mangelen på småbarnsplassar. Den største veksten i etterspurnaden etter barnehageplass er for barn i alderen null–tre år.

Anslaget for 2006 er at utbygginga av barnehageplassar svarar til utbygginga i 2005. Stortinget

vedtok i behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett for 2006 ei auke i løyvinga på til saman 695 mill. kroner ut over saldert budsjett 2006, til mellom anna utbygging av nye barnehageplassar i 2006, jf. Innst. S. nr. 205 (2005–2006) og St.prp. nr. 66 (2005–2006).

### *Sjukehusbarnehagar*

I St.prp. nr. 66 (2005–2006) blei det svart følgjende på ein fleirtalsmerknad i Budsjett-innst. S. nr. 2 (2005–2006) om sjukehusbarnehagar:

«Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet arbeider i fellesskap med å kartlegge situasjonen for sykehusbarnehager. Departementene vil i lys av kartleggingen vurdere behovet for tiltak og løsninger. Regjeringen vil komme tilbake til saken i St.prp. nr. 1 (2006–2007).»

Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet har i samarbeid gjennomført ei kartlegging av situasjonen for sjukehusbarnehagane i utvalde fylke og regionale helseføretak. Det er henta inn informasjon om den økonomiske situasjonen for sjukehusbarnehagane frå fylkesmennene i Troms, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Buskerud og Telemark. Det er i tillegg henta inn opplysningar om sjukehusbarnehagane frå dei regionale helseføretaka. Vurderinga til departementa, på bakgrunn av tilbakemeldingane frå fylkesmennene og dei regionale helseføretaka, er at situasjonen for sjukehusbarnehagane ikkje er av ein slik karakter at han bør følgjast opp av tiltak på nasjonalt nivå. Departementa legg til grunn at dei aktuelle kommunane og helseføretaka ut frå dei lokale behova finn løysingar som sikrar nødvendige barnehageplassar. I denne vurderinga må kommunane sjå hen til målsetjinga om full barnehagedekning. Helseføretaka har eit ansvar for å sikre helsetenester til befolkninga, og såleis rekruttering av helsepersonell for å kunne utføre desse tenestene.

### *Vidareføring av dei økonomiske verkemidla*

Dei statlege tilskottssordningane vart vidareførte i 2005. Tilskotta har vore vesentlege for å stimulere til auka utbygging av barnehageplassar. Investeringstilskottet er eit viktig verkemiddel for å etablere nye plassar og nå målet om full barnehagedekning, medan skjønnsmidlane dekkjer auka netto meirutgifter til kommunane knytte til drift av nye barnehageplassar, redusert maksimalpris og økonomisk likeverdig behandling av godkjende

barnehagar. Driftstilskottet vart vidareført med prisjusterte satsar i 2005. I saldert budsjett for 2005 utgjorde dei statlege tilskotta til barnehagane til saman om lag 12 mrd. kroner.

Finansieringsordninga for barnehagar vart i februar 2005 klaga inn for EFTAs overvakingsorgan, ESA. Klaga, som er frå Private Barnehagars Landsforbund (PBL), inneheld påstand om at ordninga handsamar private og kommunale barnehagar ulikt, med det resultat at tilskottet er ulovleg konkurransevridande etter EØS-avtalens reglar. PBL har òg støttet eit søksmål mot norske myndigheter av liknande høve. Stat og kommune vann på alle punkt i tingretten. Saka er anka.

### *Strategiar og tiltak*

Full barnehagedekning er eit overordna mål for barnehagepolitikken til Regjeringa i 2007. Å få full barnehagedekning innan utgangen av 2007 vil truleg krevje ei enda høgre og raskare utbygging av nye plassar enn den utbygginga som fant stad i 2005. Etterspurnaden etter barnehageplassar er aukande, og særleg er behovet for nye småbarnsplassar stort.

Faktiske tal for barn på venteliste per 20. september 2006 vil først ligge føre i midten av oktober, men ei prognose kan tyde på at om lag 15 800 barn vil stå på venteliste ved inngangen til 2007. Prognosan er basert på talet barn som sto på venteliste per 20. september 2005, prognose for utbygging i 2006 og eit anslag på den auka etterspurnaden etter barnehageplassar som følgje av redusert maksimalpris for foreldrebetaling til kr 2 250 per månad frå 1. januar 2006. Denne prognosan er svært usikker, noko som i hovudsak kjem av at etterspurnaden etter barnehageplassar er vanskeleg å anslå. Regjeringa vil stimulere til ein vesentleg auke i utbyggingstakta og foreslår å leggje løvingsmessig til rette for etablering av 13 500 nye plassar i 2007. Desse skal gi plass til om lag 11 100 nye barn. I tillegg foreslår Regjeringa å løye midlar til å leggje til rette for etablering av om lag 5 800 faste plassar i mellombels barnehagelokale, noko som vil gi plass til om lag 4 700 nye barn. Løvingsforslaget vil samla leggje til rette for at alle barn som er forventa å stå på venteliste ved inngangen av 2007, skal få plass i barnehage i løpet av året. Mange stader, og kanskje særleg i sentrale strok, vil det ta tid å etablere permanente barnehageplassar dersom dei ikkje allereie er påbyrja. Det gjer det nødvendig å setje i verk ekstraordinære tiltak.

Regjeringa vil leggje til rette for ei etablering av faste plassar i mellombels lokale inntil dei permanente barnehagebygga er ferdigstilte, gjennom å

opprette ei særskild tilskottssordning for dette formålet. Dette vil vere eit ytterligare verkemiddel for å auke kapasiteten i barnehagesektoren. Målet er å gi alle kommunar høve til å nå full barnehagedekning i løpet av 2007. Barnehagebygging er ei tidskrevjande prosess, og fleire kommunar har god erfaring med å etablere faste plassar i mellombels lokale for å få til ein raskare oppstart av barnehagedrift enn det ein ordinær byggjeprosess skulle tilseie. Regjeringa ønskjer å stimulere fleire kommunar til å ta slike løysingar i bruk. Tilskottssordninga skal innførast frå 1. januar 2007. Sjå nærmare omtale under post 64.

Regjeringa foreslår å vidareføre dei sterke økonometiske verkemidla i statsbudsjettet for 2007. Tilskottssordningane skal sikre påreknelege vilkår for aktørane i sektoren. Ordninga med skjønnsmidlar blir vidareført, maksimaltsatsane for investeringstilskottet blir vidareført på same nominelle nivå som i 2006, og satsane for driftstilskottet blir prisjusterte. Full barnehagedekning er ei nasjonalt prioritert målsetjing der det er nødvendig at staten, gjennom blant anna øyremerkte statlege tilskott, tar initiativ til at dette målet blir nådd. Inntil full barnehagedekning er nådd, vil statstilskotta til barnehagar derfor vere øyremerkte.

Regjeringa vil med dette løyvingsforslaget medverke til ei auka utbygging av nye barnehageplassar i 2007. Barnehageutbygging står høgt på dagsordenen i dei fleste kommunar, og departementet vil vere i nær dialog med dei kommunane som har lange ventelister. Regjeringa er heilt avhengig av felles innsats og eit godt samarbeid med både kommunale og private aktørar om ein skal kunne gi alle som ønskjer og treng det, eit godt barnehagetilbod. Regjeringa har i den samanheng inngått ein samarbeidsavtale med KS om mellom anna utvikling og utbygging på barnehageområdet. Kommunane har i barnehagelova plikt til å sørge for eit tilstrekkeleg tal på barnehageplassar, og Regjeringa legg opp til at løyvinga i statsbudsjettet for 2007 vil medverke til at målet om full barnehagedekning blir nådd innan utgangen av året, i alle kommunar.

### Mål: Høg kvalitet

#### Tilstandsvurdering

#### Rettidig regelverk

Stortinget vedtok i 2005 ny lov om barnehagar. Lova tok til å gjelde 1. januar 2006. Kunnskapsde-

partementet har 1. mars 2006 med heimel i § 2 i lova fastsett forskrift om rammeplan om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Forskrifta tok til å gjelde frå 1. august 2006. Rammeplanen legg vekt på omsorg, leik og læring i den pedagogiske verksamheden, og på å bevare barnehagens eigenart. Planen er meir oversiktlegh enn tidligare og legg til rette for betre samanheng mellom barnehage og skole. Planen identifiserer sju fagområde som er sentrale for oppleveling, utforskning og læring. Sjølv om heimen, barnehagen og skolen er ulike som læringsarenaer, bør det vere ein viss kontinuitet. Fagområda er derfor i stor grad dei same som barn seinare vil møte igjen som emne i grunnskolen. Lovs og rammeplanen er viktige reiskapar for å sikre barn eit likeverdig barnehagetilbod med god kvalitet. Rammeplanen gir styraren, dei pedagogiske leiarane og personalet elles forpliktande retningslinjer for å planleggje, gjennomføre, dokumentere og vurdere verksemda til barnehagen. Barnehageeigarane kan fastsetje retningslinjer for lokal tilpassing av rammeplanen. Vidare rettar rammeplanen seg mot kommunen som tilsynsstyresmakt og gir informasjon til foreldra. Rammeplanen er sendte ut til alle barnehagar, kommunar og fylkesmenn. Foreldra er informerte gjennom ein informasjonsfoldar.

Pedagognorma er uendra i forskrift til den nye barnehagelova. Forskriftene om pedagogisk bemanning og dispensasjon fra utdanningskravet er forenkla og harmoniserte. Høve til dispensasjon er skjerpa frå to til eitt år. Anna høgskoleutdanning som gir barnefagleg og pedagogisk kompetanse, blir likestilt med førskolelærarar utdanning for stilling som styrar. For stilling som pedagogisk leiar er det krav om førskolelærarar utdanning eller anna treårig pedagogisk utdanning på høgskolenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk. For både styrar og pedagogisk leiar omfattar dette utdanning som allmennlærar og faglærar. Stilling som pedagogisk leiar kan i tillegg omfatte spesialpedagogar og barnevernspedagogar.

Departementet har utarbeidd og sendt ut ei rettleiing til kommunane om godkjenning av barnehagar. Vidare vil det bli laga rettleiing om kommunens tilsyn med barnehagane og om fylkesmennenes tilsyn med kommunen som barnehagestyresmakt.

**Personale og kompetanse i barnehagen****Tabell 4.3 Personalalet i barnehagane 2003–05**

	2003	2004 <sup>1</sup>	2005
Tal på tilsette	58 422	60 470	64 728
Tal på årsverk	44 388	46 540	50 331
Tal på barn per årsverk	4,6	4,6	4,4
–offentlege barnehagar	4,4	4,4	4,3
–private barnehagar	4,9	4,8	4,6
Tal på styrarar og pedagogiske leiarar	18 088	19 064	20 649
–i pst. av dei tilsette	33,3	31,5	31,9
Tilsette med godkjend førskolelærarutdanning	19 442	20 320	21 801
–i pst. av dei tilsette	33,2	33,5	33,7
Anna pedagogisk personale	5 218	5 366	5 639
–i pst. av dei tilsette	8,9	8,9	8,7
Styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend førskolelærarutdanning	1 570	2 036	2 244
–i pst. av styrarar og pedagogiske leiarar	8,9	10,7	10,9

<sup>1</sup> 2004-tala er korrigerte i forhold til rapporteringa i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for Barne- og familieliedepartementet.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2005 var det om lag 64 700 tilsette som utførte vel 50 300 årsverk i barnehagane. Det er ein auke på i underkant av 4 000 årsverk frå året før. Talet på tilsette aukar i samband med auken i talet på barn. Personaltettleik målt i talet på barn per årsverk er relativt stabil. Talet på førskolelærarar har auka med nærmare 1 500 personar frå 2004 til utgangen av 2005. Dei utgjer om lag 34 pst. av dei tilsette, og delen har vore stabil i dei seinare åra. I tillegg har nær 9 pst. anna pedagogisk utdanning, som til dømes allemenlærar- og spesialpedagogutdanning.

Statistisk sentralbyrå har gjort ei framskriving av tilbod og etterspurnad i arbeidsmarknaden for lærarar. Denne viser at det i perioden fram mot 2015 vil vere eit overskott av førskolelærarar. Berekingane tek m.a. utgangspunkt i kor førskolelærarane arbeidde i slutten av 2003, og i utdanningskapasiteten per 2004. Sidan dette har føresetnadene for framskrivinga endra seg. Dette skuldast mellom anna at utbygginga av barnehageplassar i 2005 var mykje høgre enn rekna med. Dette får verknad for behovet for førskolelærarar. I

tillegg synest det som om fråfallet frå yrket som førskolelærar i barnehagen er høgre enn det berekingane legg opp til. Departementet ønsker å følgje opp dette i dialog med Statistisk sentralbyrå.

Talet på tilsette i barnehagane med godkjend førskolelærarutdanning i dag skal i utgangspunktet vere tilstrekkeleg for å oppfylle krava i barnehagelova om pedagogisk bemanning. Frå 2004 til 2005 vart det likevel 208 fleire styrarar og pedagogiske leiarar som ikkje hadde førskolelærarutdanning. Dette kan forklarast ut frå store regionale skilnader i rekrutteringa. Nokre fylke har problem med å skaffe nok førskolelærarutdanna personell til å fylle krava til pedagogisk bemanning, mens andre fylke ikkje har dette problemet. Oslo og Akershus har høvesvis 18 pst. og 17 pst. av styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend førskolelærarutdanning, mot berre 2,6 pst. i Aust-Agder. Finnmark (15,1 pst.) og Sogn og Fjordane (15,6 pst.) er også blant fylka med størst mangel på førskolelærarutdanna personale.

Tabell 4.4 Utdanning av førskolelærarar ved statlege og private høgskolar

	2003	2004	2005
Oppnak til førskolelærarutdanning	1 915	1 943	2 091
- av dette menn	203	250	316
- del menn (i pst.)	10,6	12,9	15,1
Uteksaminerte førskolelærarar	1 314	1 289	1 331
- av dette menn	72	74	99
- del menn (i pst.)	5,5	5,7	7,4

Kjelde: Norsk samfunnsvitskapleg datateneste

Talet på uteksaminerte førskolelærarar har vore relativt stabilt i dei siste åra. Tal frå samordna opptak viser at søkerar som hadde førskolelærarutdanning som første val, auka med 32 pst. i 2006. Det er oppretta 80 nye studieplassar i 2006, og det desentraliserte studietilbodet er styrkt. I tråd med det nye utdanningskravet i barnehagelova er det sett av midlar til nye studieplassar for vidareutdanning i barnehagepedagogikk for personar med anna treårig pedagogisk utdanning, som ønskjer å arbeide som pedagogisk leiar i barnehagane.

I 2005 vart det tildelt midlar for å auke kvaliteten i barnehagane. Midlane vart forvalta av fylkesmennene. Videre vart det nytta midlar til kompetansetiltak i regi av Nasjonalt senter for flerkulturell oppplæring.

I 2006 vart midlane til kompetanseutvikling styrkte med om lag 50 mill. kroner. Det er fordelt om lag 60 mill. kroner i 2006 til barnehageforsking, utviklingsarbeid og kompetanseheving for personalet i samband med innføring av den nye rammeplanen for barnehagane. Av desse midlane er om lag 29 mill. kroner tildelte fylkesmennene for fordeling til kompetanseutvikling i barnehagesektoren. Om lag 15 mill. kroner er avsette til praksisretta forskings- og utviklingsarbeid i barnehagane, i regi av Noregs forskingsråd. Midla blir òg nytta til kompetanseheving og utviklingsarbeid for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn, på å betre tilbodet til barn med nedsett funksjonsevne eller andre særskilde behov, og på å intensivere arbeidet med likestilling i barnehaga-

gane. Kompetansemidlar er vidare nytta til ein serie temahefte om sentrale delar av rammeplanen, for å støtte barnehagen i arbeidet med innføring av den nye planen. Hefta handlar om IKT, natur og miljø, dei minste barna, barns medverknad, språkleg og kulturelt mangfald, samisk kultur og likestilling.

#### *Handlingsplan for likestilling*

Ein betre kjønnsbalanse i personalet og eit aktivt likestillingsarbeid i samsvar med rammeplanen for barnehagen er eit ledd i arbeidet for kvalitet. Noreg har ligge langt framme når det gjeld dette arbeidet. Svært få land i Europa arbeider planmessig for å auke delen menn i barnehagane. *I Handlingsplan for likestilling i barnehagen 2004–2007* er det satt som mål at 20 pst. av dei tilsette i barnehagen skal vere menn. I handlingsplanperioden er det så langt vorte 1 109 fleire menn i barnehagane. Som følje av at barnehagesektoren er i vekst, gjer det ikkje så store utslag i prosentdelen. Ved utgangen av 2005 var 8,8 pst. av dei tilsette menn, ein auke på nær eitt prosentpoeng frå året før. Det er regionale forskjellar bak desse landstala, der til dømes Oslo med over 1 000 mannlige tilsette har ein auke i delen mannlige tilsette frå 2004 til 2005 på 1,6 prosentpoeng. Vidare vart det teke opp 15 pst. menn til førskolelærarutdanninga i 2005. Denne auka interessa blant menn tyder på ei positiv utvikling for å betre kjønnsbalansen blant personalet i barnehagane.

Tabell 4.5 Menn i barnehagane 2003–05

	2003	2004	2005
Menn i alt	4 606	4 845	5 715
- i pst. av tilsette	7,9	8,0	8,8
Styrarar og pedagogiske leiarar	1 053	1 112	1 263
Assistentar <sup>1</sup>	1 688	1 896	2 387
Andre stillingsgrupper	1 865	1 837	2 065

<sup>1</sup> Inkludert tospråklege assistenter.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

### Barn med nedsett funksjonsevne

Barn med nedsett funksjonsevne er ei ueinsarta gruppe. Det dei har til felles, er at dei treng ekstra bistand og merksemd som støtte for utvikling og fellesskap med andre barn. På oppdrag frå døvrande Barne- og familieliedepartementet leverte Norsk senter for barneforskning (NOSEB) rapporten *Funksjonshemmede barn i barnehage. Kunnskapsstatus og forskningsutfordringer* i april 2005. Rapporten blir nærmere omtalt i St.ppr. nr. 1 (2005–2006) for Barne- og familieliedepartementet. Rapporten tilrår forskingsinnsats om barnehagen som førebyggjande og integrerande arena, samt innsats for å auke tverretatleg samarbeid. Departementet har i 2006 følgt opp desse tilrådingane i samband med fordelinga av kompetansemidlane. Det er fordelt midlar til fylkesmennene som skal nyttast til tverrfagleg og tverretatleg samarbeid, og for å setje i verk regionale utviklingsprogram for å betre tilbodet til barn med nedsett funksjonsevne. Tilrådingane er også tekniske med i oppdraget til Noregs forskingsråd om praksisretta forsking i barnehagesektoren. For nærmere omtale av tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, sjå post 62.

### Minoritetsspråklege barn

Tal på minoritetsspråklege barn i barnehage, minoritetsspråklege tilsette og kor mange minoritetsspråklege som tek førskolelærarutdanning syner ei positiv utvikling mot større mangfold i barnehagane.

Talet på minoritetsspråklege barn (dvs. barn med ein annen språk- og kulturbakgrunn enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk) i barnehage har auka frå om lag 9 000 i år 2000 til i underkant av 14 000 i 2005. I 2005 var om lag 54 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen eitt–fem år i barnehage. I 2004 gjekk om lag 52 pst. av dei minoritetsspråklege barna i barnehage. Dette talet

er korrigert etter St.ppr. nr. 1 (2005–2006) for Barne- og familieliedepartementet. Deltakinga i barnehagane aukar med alderen. I 2005 gjekk 82 pst. av alle minoritetsspråklege femåringar i barnehage, mot 93 pst. av alle femåringar i befolkninga elles.

Ved utgangen av 2005 var det 676 førskolelærarar med innvandrarbakgrunn med jobb i barnehage, mot 603 i 2004. I 2005 utgjorde dette 3,1 pst. av alle førskolelærarar som arbeidde i norske barnehagar. Til samanlikning var 6,2 pst. av alle barnehagebarn minoritetsspråklege same år. Hausten 2005 hadde 5,5 pst. av studentane i førskolelærarutdanninga innvandrarbakgrunn, mot 4,8 pst. i 2004. Det visast òg til vedleggget *Mål for inkludering av innvandrerbefolkningen* i St.ppr. nr. 1 (2006–2007) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Med midlar over budsjettet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet er det i 2006 sett i gang eit forsøk med tilbod om gratis kortidstilbod i barnehage til alle fire- og femåringar i bydel Stovner i Oslo. Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å utvide dette tiltaket i 2007. For nærmere omtale, sjå St.ppr. nr. 1 (2006–2007) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet kap. 651 post 62.

For ytterlegare resultatrapport, sjå post 63.

Barne- og familieliedepartementet mottok oppmodningsvedtak nr. 494 frå Stortinget i stortingssesjonen 2004–2005, jf. Innst. O. nr. 117 (2004–2005):

«Stortinget ber Regjeringen kartlegge barnepassvirksomhet i asylmottakene og vurdere om denne virksomheten skal inngå i lov om barnehager.»

Barne- og familieliedepartementet svara på vedtaket i St.meld. nr. 4 (2005–2006). Kunnskapsdepartementet, som tok over forvaltninga av barnehageområdet 1. januar 2006, har vurdert om barnepassordning i asylmottak bør inngå i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar.

Kunnskapsdepartementet viser til kartlegginga som Utlendingsdirektoratet har gjort av barnepassordningane i asylmottaka. Den syner at mange asylmottak skaffar barna barnehageplassar framfor å drifta eigne ordningar, da det er ein nedgang i talet på asylbarn i barnehagealder og dermed ikkje eit stort behov for barnepass. Utlendingsdirektoratet betaler òg for barnehageplass for barn over fire år.

Bebuaranes opphald i mottaka er av mellombels karakter inntil asylsøknaden er avgjort. Asylmottak er eit frivillig bustadtilbod til asylsøkjrarar som kjem til Noreg, og mange asylsøkjrarar finn seg andre bustader. Dette betyr at behovet for barnepass i mottaka vil vere mellombels og kortsiktig, og avhenge av kven som bur på mottaket til kvar ei tid.

Barn under opplæringspliktig alder har behov for stabile rammer og ein strukturert kvardag. Departementet meiner det vil vere ein fordel å gi barna tilbod i ordinære barnehagar framfor å opprette barnehagar på asylmottaka. Mange barnefamiliar er busette utanfor asylmottaka, og eit tilbod i nærmiljøet vil derfor vere ein fordel. Kunnskapsdepartementet kan ikkje tilrå at barnepassordningar skal følgje barnehageloven sitt krav til pedagogisk innhald, tilrettelegging for kvart enkelt barn med vidare når opphaldet er mellombels. Departementet meiner på bakgrunn av dette at barnepassordningane på asylmottaka ikkje skal inngå i barnehagelova.

### Strategiar og tiltak

Barnehagane er for stadig fleire barn det første steget i eit livslangt læringsløp. Det er eit frivillig pedagogisk tilbod, og for mange småbarnsforeldre ein viktig føresetnad for at dei kan delta i arbeidslivet og samstundes vere trygge på at barna har ein god stad å vere. Regjeringa meiner det er viktig å styrke samanhengen mellom barnehage og skole for å gjere læringsløpet mest mogleg samanhengande. Både barnehagen og grunnskolen er institusjonar for omsorg, rettleiing, leik og læring. Dei skal stimulere til lærelyst, innsatsvilje og nyfikne hos barna, og gi dei sjansen til å utvikle evnene sine individuelt og i samarbeid med andre. I samarbeid skal dei også leggje til rette for ein god overgang frå barnehage til skole.

Styrkinga av midlane til kompetanseutvikling med om lag 50 mill. kroner i 2006, vil bli ført vidare på same nivå i 2007. Departementet vil hausten 2006 starte arbeidet med ein strategi for kompetanseheving i barnehagesektoren. Strategien skal byggje på behovet for kompetanseheving i alle ledd av sektoren, og vil bli utarbeidd i samvirke

med aktørane i sektoren. Tiltaka i strategiplanen vil byggje vidare på kompetansesatsinga i 2006, men ha eit meir langsigtig perspektiv. For eksempel er fleire av tilrådingane frå rapporten *Klar, ferdig, gd! Tyngre satsing på de små*, utarbeidd på oppdrag frå daverande Barne- og familidepartementet, gitte som føringar for arbeidet med kompetanseutvikling i 2006 og vil bli vidareførte i arbeidet med ein strategi for kompetanseheving. Resultata frå ei forskingsbasert kartlegging av tilbod om og etterspurna etter etter- og vidareutdanning i barnehagesektoren, utført av Høgskolen i Vestfold på oppdrag av daverande Barne- og familidepartementet, skal også takast med i det vidare arbeidet med strategien. I denne undersøkinga kjem det fram at prioriteringane for kompetansemidlane i 2006 treffer ganske godt med dei utviklingsbehova sektoren sjølv peiker ut.

Regjeringa vil betre kunnskapsgrunnlaget om rekruttering til og fråfall frå førskolelæraryrket i barnehagane, samt behovet for førskolelærarar i ein fullt utbygd sektor. På grunnlag av denne kunnskapen vil det bli utarbeidd ein todelt tiltaksplan for å auke talet på førskolelærarar når målet om full barnehagedekning er nådd. Formålet er at delen pedagogar i barnehagen blir halden ved lag og er i tråd med dagens krav, og at delen pedagogar deretter kan aukast reelt.

Det er oppretta ei nettbasert vidareutdanning i barnehagepedagogikk for personar med anna treårig pedagogisk utdanning (30 studiepoeng) frå hausten 2006. Det kan på lengre sikt medverke til å betre pedagogisituasjonen i barnehagane.

Departementet vil vidareføre både barnehageforsking i regi av *Program for velferdsforskning 2004–2008* og praksisretta forsking i Noregs forskingsråd jf. rapporteringa på post 51. Forsking med vekt på innhaldet og kvaliteten i barnehagane vil bli prioritert. Det praksisretta forskingsprogrammet skal medverke til å utvikle forskingsbasert kunnskaps- og kompetanseutvikling om verksmeda i barnehagane, mellom anna til bruk i førskolelærarutdanninga. Det skal leggjast opp til ein strategi for aktiv formidling, utveksling av erfaringar og spreiling av kunnskap.

Likestilling i barnehagane er viktig, både blant dei tilsette og blant barna. Det er i førskolealderen at kjønnsrollemønsteret blir lagt. Den nye rammeplanen for barnehagane stadfester at arbeidet for likestilling er ein del av samfunnsmandatet til barnehagane. Resultata frå arbeidet med *Handlingsplan for likestilling i barnehagane 2004–2007* vil bli oppsummert, og departementet vil vurdere korleis arbeidet skal førast vidare. Arbeidet med likestilling vil også inngå i kompetansestrategien for barnehagesektoren og i tiltaksplanen for å auke delen

førskolelærarar. Vidare er området med i Noregs forskingsråds program for praksisretta FoU.

Som omtala under programkategorien om grunnopplæringa er det viktig at arbeidet mot mobbing er langsiktig, og at engasjementet blir halde oppe. Regjeringa har derfor i samarbeid med KS, Foreldreutvalet for grunnskolen og Utdanningsforbundet underteknna eit nytt *Tiltaksplan mot mobbing 2006–2008*. Partane forpliktar seg der til å arbeide for at alle barn og unge skal ha eit godt fysisk og psykososialt miljø i barnehagen og skolen.

Fylkesmennene vil i 2007 få i oppdrag å vidareføre og vidareutvikle det tverrfaglege og tverretatlege samarbeidet knytte til barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen. Dette området er òg med i Noregs forskingsråd program for praksisretta FoU.

Barnehagar av god kvalitet er eit viktig verkemiddel for integrering og for å betre språkforståinga til minoritetsspråklege barn før dei begynner i skolen. Det er eit mål i 2007 å auke talet på minoritetsspråklege barn i barnehage.

## Mål: Låg pris

### Tilstandsvurdering

Prisen på foreldrebetalinga for ein heildagsplass vart redusert 1. januar 2006 frå kr 2750 til kr 2 250 per månad. Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at reduksjonen i maksimalprisen er gjennomført både i dei kommunale og i dei private barnehagane. Ei undersøking gjennomført av Statistisk sentralbyrå i januar 2006 syner at for hushald med ei bruttoinntekt på kr 250 000, kr 375 000 og kr 500 000 er satsane for ein heildagsplass i kommunal barnehage på landsbasis høvesvis kr 2 010, kr 2 199 og kr 2 257 i snitt. Per januar 2006 er den gjennomsnittlege betalingssatsen i private barnehagar på landsbasis kr 2 332, men oppdaterte tal frå Statistisk sentralbyrå syner at dei private barnehagane i snitt reduserte satsane med 3,3 pst. i perioden januar–august 2006.

Forskrifta om foreldrebetaling seier at kommunen skal ha ordningane som kan tilby barnefamiliar med lågast betalingsevne ein reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling. Ordningane skal òg omfatte dei ikkje-kommunale barnehagane. Det er opp til kommunen å finne eigna løysingar. I merknadene til forskriftena er det angitt at kommunen bør føre vidare eller innføre ei viss form for inntektsgradert betaling.

Under behandlinga av St.prp. nr. 1 (2005–2006) for Barne- og familiedepartementet bad familie-,

administrasjons- og kulturkomiteen om følgjande, jf. Budsjett-innst. S. nr. 2 (2005–2006):

«Komiteen ber Regjeringa legge fram for Stortinget i egnet form en situasjonsbeskrivelse som også inneholder en økonomisk beskrivelse av bruken av inntektgradering i kommunene.»

TNS Gallup gjennomførte sommaren 2006 ei undersøking av omfanget av, og endringar i, ordningane for dei med lågast betalingsevne på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Resultata frå undersøkinga syner at kommunane i utvalet har fleire ordningane for dei med lågast betalingsevne (økonomisk sosialhjelp, friplassar, inntektsgradering og andre ordningane) enn før maksimalprisen vart innført. Økonomisk sosialhjelp og inntektsgradert foreldrebetaling er dei ordningane som blir nytta mest. Resultata frå undersøkinga syner vidare at ordningane for dei med lågast betalingsevne samla sett er gunstigare no enn før 1. mai 2004.

I 58 pst. av kommunane i undersøkinga er ordningane på same nivå som før maksimalprisen vart innført, mens 29 pst. svarar at dei er gunstigare enn tidligare. I 7 pst. av kommunane er ordningane mindre gunstige enn tidligare. I 86 pst. av kommunane med private barnehagar gjeld ordningane også for private barnehagar. Når det gjeld inntektsgradering isolert, svarar 40 pst. av kommunane med inntektsgradering at ordninga med inntektsgraderte satsar er gunstigare enn før 1. mai 2004. Av kommunane med inntektsgradering svarar 44 pst. at ordninga er på same nivå som før maksimalprisen vart innført, mens 11 pst. svarar at ordninga er mindre gunstig enn før.

I St.prp. nr. 1 (2004–2005) for Barne- og familiedepartementet var målet at tilskottet frå kommunane til dei ikkje-kommunale barnehagane vart minst 85 pst. av det som tilsvarende kommunale barnehagar i gjennomsnitt fekk. I august 2005 vart dette kravet sett i kraft, jf. § 3, tredje ledd i forskrift om likeverdig behandling av barnehagar når det gjeld offentleg tilskott.

Konsulentfirmaet Fürst og Høverstad har analysert kostnadene i barnehagane i 48 utvalskommunar i 2005. Tilsvarande analysar er gjennomførte i 2002, 2003 og 2004 på oppdrag frå døvrande Barne- og familiedepartementet. Analysen syner at kostnadene til ordinær drift er 15,4 pst. høgre i dei kommunale barnehagane enn dei private. I 2004 var tilsvarende tal 19 pst. Medan dei kommunale barnehagane hadde ei nominell auke i kostnadene på 1 pst. frå 2004 til 2005, hadde dei private barnehagane samstundes ein nominell kostnadsauke på ordinær drift på 4 pst.

## Strategiar og tiltak

Målet til Regjeringa er at prisen skal vere så låg at alle som ønsker det, har råd til å betale for ein barnehageplass av god kvalitet.

Regjeringa vil derfor føre vidare foreldrebeta-linga på same reelle nivå som i 2006. I tråd med anslaget for forventa pris- og kostnadsauke i kom-munesektoren vil dette innebere at maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit ordinært heiltidstilbod vil utgjere kr 2 330 per månad og kr 25 630 på årsbasis. Sjå forslag til vedtak IV nr. 4.

### **Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 51**

Midlane blir nytta til forsking, utviklingsarbeid, kartleggingar, utgreiinger, kompetanse tiltak og informasjons- og erfaringsspreiing. Midlane blir mellom anna nytta til kompetanseheving i barnehagesektoren, jf. omtalen under kategoriinnleiinga.

Fylkesmennene fekk tildelt 11 mill. kroner i 2005 for å løyse særskilde oppgåver på barnehagefeltet. Desse midlane kjem i tillegg til dei ordinære midlane til fylkesmannsembata, løyvde over budsjettet til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Midlane er mellom anna nytta til arbeid med informasjon, utviklingstiltak, nettverkssamlings, rettleiing, iverksetjing og oppfølging knytte til gjennomføring av barnehagereforma. Fylkesmennene har vidare ei sentral rolle i arbeidet med å auke barnehageutbygginga i kommunane.

I 2005 vart det nytta 1 mill. kroner til oppfølging av *Handlingsplan for likestilling i barnehagane 2004–2007*. I 2006 vart det sett av 3 mill. kroner til formålet. Midlane er nytta til regionalt arbeid, til prosjekt for å fremme likestilling i barnehagen, ein landskonferanse og støtte til ei nettside for menn i barnehagen.

I 2006 vart løyvingane til barnehageforskning, utviklingsarbeid og kompetanseheving for personalet styrkt med om lag 50 mill. kroner. For ytterle-gare omtale, sjå tilstandsvurderinga i kategoriom-talen. Departementet har sett i verk fleire utgrei-ingar og støtta ulike forskings- og utviklingsprosjekt. Ei arbeidsgruppe utarbeidde i 2005 forslag til ny rammeplan for barnehagen. Departementet sitt vidare arbeid med rammeplanen gjekk føre seg gjennom ein open og omfattande prosess. I mars 2005 leverte ei breitt samansett arbeidsgruppe rap-porten *Klar, ferdig, gå! Tyngre satsing på de små*. Rapporten ser på kvalitet i barnehagen og barnehagesektoren, og kjem med forslag til tiltak for å styrke denne. Sjå nærmare omtale av desse arbeidsgruppene i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for Barne- og familiedepartementet. Ei kartlegging av

tilbod om og etterspurnad etter etter- og vidareut-danning i barnehagesektoren som er utført av Høgskolen i Vestfold, vart gitt til departementet i juni 2006. Kartlegginga syner at barnehagane har lite høve til å finansiere eigne tiltak, og at knappe økonomiske rammer styrer den gjeldande organi-seringa av og forma på kompetanseutviklinga.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nominelle nivå som i 2006. Av den totale løyvinga på posten skal om lag 50 mill. kroner gå til vidare satsing på kompetanseutvikling i barnehagesektoren. For å styrke departementet si for-valtning av barnehagesektoren, foreslår departe-mentet at løyvinga på posten blir redusert med 2,7 mill. kroner, med ein tilsvarende auke i løyvinga på kap. 200 post 01, jf. omtale under kap. 200.

### **Post 50 Tilskott til samiske barnehagetilbod**

Formålet med tilskottet er å leggje til rette for at samiske barn skal få utvikle språket sitt og kulturbakgrunnen sin i barnehagen. Sametinget har utarbeidd eigne retningslinjer for tilskottet. Det blir forvalta av Sametinget og omfattar tilskott til samiske barnehagar, samiske barn i norske barnehagar og midlar til informasjons- og utviklingsar-beid. Sametinget og Kunnskapsdepartementet har årlege samarbeids- og informasjonsmøte.

Sametinget har i 2005 fordelt midlar til 47 samiske barnehagar. Det er vidare tildelt midlar til samiskopplæring i barnehagen til 18 norske barnehagar. I tillegg har fire barnehagar fått prosjekt-midlar.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 51 Forsking, kan nyttast under post 21**

Midlane blir nytta til forsking i og om barnehagar. Løyvinga blir forvalta av Noregs forskingsråd, gjennom *Program for velferdsforskning 2004–2008*, og til delar av satsinga på praksisretta forsking (2006–09).

Løyvinga til forsking i og om barnehagar vart tidligare gitt over kap. 846 post 50 og kap. 856 post 21. I 2005 vart løyvinga tildelt *Program for vel-ferdsforskning* og vart nytta til prosjekt med vekt på innhaldet og kvaliteten i barnehagane. Det vart gjennomført eit prosjekt ved Norsk senter for barneforskning (NOSEB) og eit fellesprosjekt mel-lom Norsk institutt for forsking om oppvekst, vel-ferd og aldring (NOVA) og Høgskolen i Oslo. Posten vart oppretta i 2006, og i 2006 var løyvinga på om lag 6,3 mill. kroner. Løyvinga på posten må sjå-ast i samanheng med løyvinga til kompetanseutvik-ling på post 21. Over post 21 er det i 2006 sett av

om lag 13 mill. kroner til praksisretta forskings- og utviklingsarbeid i barnehagen. I samband med dette er 2,5 mill. kroner over post 51 øyremerkte til forsking om barn med nedsett funksjonsevne i barnehage.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 60 Driftstilskott til barnehagar, overslagsløyving**

Under denne løyvinga er det fire tilskott: eit ordinært driftstilskott, eit tilskott til drift av barnehagar på Svalbard, eit tilskott til tiltak for barn av nykomne flyktningar og eit tilskott som gjeld lønnstillegg for førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms.

#### **Ordinært driftstilskott til barnehagar**

Det ordinære driftstilskottet skal nyttast til å nå måla om full barnehagedekning, lågare foreldrebetaling og høg kvalitet i barnehagane.

Tilskottet er øyremerkt og blir gitt på like vilkår til alle godkjende barnehagar. Tilskottet blir utbetalt etter gjeldande satsar, avhengig av alderen til barnet og avtalt oppholdstid per veke. Tilskottet er differensiert mellom private og offentlege barnehagar. Det er eigne satsar for barn med tilbod i open barnehage.

Driftstilskottet blir berekna kvart år på grunnlag av årsmeldingane fra barnehageeigar per 15. desember året før. Nye barnehagar får driftstil-

skott frå og med opningsmånaden. Fylkesmennene forvaltar dei statlege tilskotta til barnehagane. Kommunane vidareformidlar tilskottet til dei private barnehageeigarane. Nærmore tildelingskriterium vil bli gitt i rundskriv frå departementet.

Det vart i 2005 utbetalt om lag 9 551 mill. kroner i driftstilskott til barnehagar. I hovudsak gjekk desse midlane til å utbetale ordinært driftstilskott, som i 2005 omfatta om lag 231 500 barn i barnehage, inkludert barn i open barnehage.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med om lag 1 990 mill. kroner nominelt i 2007. Av dette er om lag 440 mill. kroner knytte til at for driftstilskottet er justert opp med ein faktor for forventa pris- og kostnadsvekst i kommunal sektor. Ved utrekning av løyvingsbehovet på posten for kapasitetsvekst i 2007 er det lagt til grunn at 20 pst. av dei nye barna som får plass i barnehage er over tre år, og at 24 pst. av alle nye barn startar i kommunal barnehage. Vidare er det i utrekninga av løyvingsbehovet lagt til grunn ein auke på 13 500 nye heiltidsplassar, som er anslått til å gi plass til 11 100 nye barn i ordinære barnehagar. Løyvingsbehovet knytt til nye barn i barnehage i 2007 er anslått til 394 mill. kroner. Vidare er det lagt til grunn at det blir oppretta om lag 5 800 permanente plassar i mellombels barnehagelokale, som er pårekna å gi plass til om lag 4 700 nye barn i barnehage. Løyvingsbehovet for driftstilskott til desse plassane er anslått til 168,5 mill. kroner i 2007. Vidare er posten auka med 987 mill. kroner knytte til å dekkje heilårseffekten av barnehageplassar som er etablerte i 2005 og 2006.

Tabell 4.6 Statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2007.

Offentlege barnehagar. Kroner per år.

Ukentleg oppholdstid for barna	Barn fødde 2003 og tidlegare	Barn fødde 2004 og seinare
0–8 timer	8 080	15 545
9–16 timer	16 290	31 280
17–24 timer	24 685	47 085
25–32 timer	33 010	62 930
33–40 timer	35 235	67 055
41 timer og meir	44 375	81 000

Tabell 4.7 Statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2007. Private barnehagar. Kroner per år.

ukentleg oppholdstid for barna	Barn fødde 2003 og tidlegare	Barn fødde 2004 og seinare
0–8 timer	8 950	17 350
9–16 timer	18 070	34 870
17–24 timer	27 300	52 490
25–32 timer	36 530	70 115
33–40 timer	38 885	74 630
41 timer og meir	49 010	90 105

### Tilskott til drift av barnehagar på Svalbard

Tilskottet skal medverke til at barnehageeigarar på Svalbard kan gi eit kvalitativt godt tilbod med låg foreldrebetaling til dei som ønskjer barnehageplass. Ordninga blir forvalta av departementet.

Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at det var to godkjende barnehagar på Svalbard ved utgangen av 2005. Totalt hadde 107 barn eit tilbod om plass i ordinær barnehage. I tillegg hadde tolv barn plass i open barnehage. Sysselmannen på Svalbard skal frå 2007 gjennomføre synfaring og tilsyn med barnehagane. Desse oppgåvene har tidlegare vorte utførde av Longyearbyen lokalstyre.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2006.

### Tilskott til tiltak for barn av nykomne flyktninger

Målsetjinga med tilskottet er å gjere kommunar og private barnehageeigarar i stand til å gi barn av nykomne flyktningar eit barnehagetilbod når familién skal etablere seg i busetjingskommunen etter opphold i mottak. Ordninga gjeld også for barn av personar som har fått opphold på humanitært grunnlag. Barn av asylsøkjarar er ikkje omfatta av ordninga. Tilskottet omfattar eit 15 timars barnehagetilbod per veke i åtte månader. Det må vere minst tre barn i gruppa for at tilskott skal delast ut. Fylkesmannen kan forlengje tilskottet ut nærmaste barnehage- eller kalenderår. Som hovudregel skal det vere tilsett ein tospråkleg assistent for at tilskott skal delast ut.

Kommunen har som barnehagestyresmakt ansvar for å kontrollere at tilskottet blir nytta etter føresetnadene. Fylkesmannen kan foreta stikkprøvekontroll.

Det vart i 2005 gitt tilskott til 448 barn. Dette er ein reduksjon med om lag 150 barn frå 2004.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2006.

### Lønnstillegg til førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms

Formålet med tilskottet er å betre tilgangen på førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms. Løyvinga dekkjer lønnstillegg til førskolelærarar tilsette som styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagar og barnehageadministrasjonar i alle kommunane i Finnmark og sju i Nord-Troms. Det blir gitt tilskott dersom meir enn 30 pst. av dei aktuelle stillingane er opptekne av personar utan godkjend førskolelærarutdanning.

Om lag 15,1 pst. av styrarar og pedagogiske leiarar i Finnmark var utan førskolelærarutdanning ved utgangen av 2005. I Troms var 12,8 pst. utan godkjend førskolelærarutdanning på same tidspunkt. Landsgjennomsnittet ved utgangen av 2005 var 10,9 pst. I 2005 vart det utbetalt om lag kr 116 000 i lønnstillegg til førskolelærarar i kommunane Gamvik og Hasvik i Finnmark.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2006.

### **Post 61 Investeringstilskott, overslagsløvning**

Tilskottsordninga er eit viktig verkemiddel for å nå målet om full barnehagedekning. Investeringstilskottet er eit eingongstilskott til etablering av nye barnehageplassar. Tilskottet skal dekkje delar av anleggskostnadene (tomte- og byggekostnader) ved nybygg, tilbygg eller ombygging slik at investeringstilskottet reduserer finansieringsbehovet (lånebehovet eller behovet for eigenkapital) ved etablering av nye plassar.

Investeringstilskottet blir gitt til etablering av plassar som bringer nye barn inn i ordinær barnehagar. Med ordinær barnehage meiner ein i denne samanhengen ein bygning spesielt tilpassa barnehageformål, og som er godkjend til denne bruken. Nærmore tildelingskriterium vil bli gitt i rundskriv frå departementet.

Investeringstilskottet medverka til at det vart oppretta om lag 13 500 nye barnehageplassar i 2005. Til saman vart det utbetalt 216 mill. kroner i 2005.

Departementet foreslår at satsane for investeringstilskottet blir ført vidare på same nominelle nivå som i 2006. Det er lagt til grunn at det blir etablert 13 500 nye barnehageplassar ved ordinær utbygging i 2007, som er berekna til å gi om lag 11 100 nye barn plass i barnehage. På denne bakgrunnen foreslår departementet å løyve 255 mill. kroner til investeringstilskott til nye plassar i barnehage.

### **Post 62 Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage**

Tilskottsordninga skal medverke til at barn med nedsett funksjonsevne skal kunne dra nytte av opphold i barnehage. Barn med nedsett funksjonsevne skal i høve til barnehagelova ha prioritet ved oppdrag. Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage. Barn med nedsett funksjonsevne kan ha behov for særskild tilrettelegging av dei fysiske tilhøva og personalomsyn i barnehagen for at dei skal kunne ha nytte av opphaldet. Ei slik tilrettelegging vil ofte føre med seg ekstra kostnader for barnehageeigaren. Det blir derfor gitt eit ekstra tilskott frå staten til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage. Kommunen må i tillegg yte det som er nødvendig av eigne midlar for å gi desse barna eit godt og forsvarleg tilbod i barnehage. Tilskottet er fordelt på kommunane etter talet på barn i alderen eitt til fem år i kommunen. Tilskottet blir handsama av kommunane. Nærmare tildelingskriterium vil bli gitt i rundskriv frå departementet.

I 2005 vart det tildelt om lag 736 mill. kroner knytte til barn med nedsett funksjonsevne i barnehage. For nærmare omtale, sjå kategoriinnleiinga.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 63 Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder**

#### **Om ordninga**

Tilskottet skal medverke til at kommunane kan utforme tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder. Eit delmål med ordninga er å medverke til at minoritetsspråklege barn går i barnehage, då barnehagen er ein god arena for integrering og språkopplæring. Eit anna delmål er å medverke til at kommunane

utarbeider heilskaplege tiltak på tvers av tenestetilboda.

Tilskottet blir delt ut til kommunane ut frå talet på minoritetsspråklege barn i barnehage. Kommunane kan nytte tilskottet fleksibelt og utforme tiltak med utgangspunkt i lokale behov og ressursar. Tilskottet følgjer ikkje barnet. Nærmare tildelingskriterium vil bli gitt i rundskriv frå departementet.

#### **Rapport for 2005–06**

KOSTRA-tal for 2005 viser at over 6 000 minoritetsspråklege barn i barnehage fekk tilbod om særskilt språkstimulering utover det ordinære arbeidet med språkutvikling i barnehagen, jf. rammeplanen for barnehagen. I 2004 vart det rapportert om i underkant av 5 000 som fekk særskilt språkstimulering. Over 1 000 barnehagar oppgir at dei har samarbeidd systematisk med andre tenester for å betre språkforståinga til minoritetsspråklege barn.

Hausten 2005 vart det sett i gang eit utviklingsprosjekt i fire bydelar i Oslo for å gi særskild språkstimulering til fire- og femåringar som ikkje har barnehageplass. Prosjektet er vidareført i 2006 med midlar frå departementet til to ambulerande pedagogar. Det vil bli sett i verk ei evaluering av prosjektet. Prosjektet skal etter planen bli avslutta sommaren 2007. Vidare er det i 2006 nytta 5,8 mill. kroner til Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) for å initiere kompetanseutviklingsprogram og utviklingsprosjekt i eit utval fylke og barnehagar, og til fylkesmennene til opplæring og lokalt utviklingsarbeid.

Rambøll Management har evaluert tilskottsordninga for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen etter oppdrag frå nåverande Barne- og familidepartementet. I evalueringa blir det peikt på at tilskottsordninga overordna sett har verka positivt. Resultata frå evalueringa syner at kommunane og barnehagane generelt sett vurderar at innsatsen for språkstimulering har hatt god effekt på dugleiken i norsk og språkforståinga generelt. Vidare syner resultata at samarbeidet mellom instansane i kommunen på dette feltet aukar og at helsestasjonen er ein sentral samarbeidspart. Evalueringa peiker vidare på at det er dei store kommunane som forsøker å auke talet på minoritetsspråklege barn i barnehage, medan små kommunar med få minoritetsspråklege barn ikkje har det same fokuset.

#### **Budsjettforslag for 2007**

Tilskottsordninga vart innført i nåverande form i 2004. Resultata frå evalueringa gir ikkje grunnlag for å endre tilskottsordninga no. Departementet

foreslår at ordninga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

Kompetansetiltaka til NAFO som vart påbegynte i 2006, og utviklingsprosjektet i Oslo for å gi særskild språkstimulering til fire- og femåringar som ikkje har barnehageplass, vil bli vidareført i 2007.

#### **Post 64 Tilskott til mellombels barnehagelokale, overslagsløyving**

Tilskott til etablering av faste barnehageplassar i mellombels lokale inntil permanente barnehagebygg er ferdig, er eit verkemiddel for å auke kapasiteten i barnehagesektoren. Departementet føreslår at tilskottsordninga blir innført frå 1. januar 2007. Ordninga er ei mellombels ordning som skal stimulere barnehageeigarar til å leggje til rette lokale som gir barn fast plass i ein barnehage før den planlagde barnehagen er på plass, og såleis medverke til at ein når målet om full barnehagedekning i løpet av 2007.

Tilskottet til faste plassar i mellombels barnehagelokale vil gjelde for nye barnehageplassar som blir oppretta i 2007, og vil bli gitt med ein frist for utbyggjar til å flytte barn og tilsette over i ny og permanent barnehage. Det vil vidare vere eit krav for tildeling at det er konkrete planar om etablering av ein permanent barnehage, med plass til alle barna som blir gitte plass i dei mellombels lokala. Departementet legg opp til at det ordinære investeringstilskottet blir utbetalt etter søknad på vanleg vis etter at barna er overførde til den permanente barnehagen.

Det er ein føresetnad at barnehagane i mellombels lokale skal tilfredsstille dei same krava til kvalitet og innhald som permanente barnehagar. Barn og tilsette bør i utgangspunktet bli flytta samla, slik at det behovet barna har for tryggleik og tilhørsle, blir teke i vare. Det kan være eit alternativ å fire noko på kravet til uteareala i mellombels barnehagar, men det blir presisert at sikkerheita på utearealet må vere tilstrekkeleg.

Tilskottsordninga vil bli administrert av fylkesmennene. Departementet foreslår ein tilskottssats på kr 8 400 per barn som får heiltidslass (33 timer eller meir per veke) og kr 4 200 per barn som får deltidslass (under 33 timer per veke). Nærmore reglar for ordninga vil bli gitte i rundskriv frå departementet.

Departementet foreslår å løyve 40 mill. kroner på posten. Auken i kapasiteten i sektoren knytt til dette formålet gir i tillegg eit løyvingsbehov for driftstilskott og skjønnsmidlar, jf. post 60 og post 65. Med denne løyvinga blir det lagt til rette for at om lag 4 700 nye barn kan få eit fast barnehaga-

getilbod i mellombels lokale. Dette svarar til at nærmare 5 800 nye plassar blir oppretta.

#### **Post 65 Skjønnsmidlar til barnehagar**

##### **Om ordninga**

Målet med skjønnsmidlane er å kompensere for dei auka netto meirutgiftene til kommunane som følgje av maksimalpris, kommunal plikt til likeverdig behandling og drift av nye barnehageplassar. Skjønnsmidlane er statlege midlar som blir overførte til kommunane og er øyremerkte barnehagedrift.

Barnehageforliket, jf. Innst. S. nr. 250 (2002–2003), slår fast at den samla bruken av frie midlar til kommunane i sektoren skal vidareførast på same nominelle nivå som da forliket vart inngått. All auke i offentleg finansiering skal komme gjennom auke i dei statlege tilskotta. Behovet for auka statlege midlar varierar mykje mellom kommunane, og avheng av barnehagedekning, tidlegare kommunal eigenfinansiering og nivået på foreldrebetalinga. Gjennom tildelinga av skjønnsmidlar er det i større grad enn ved generelle tilskott mogleg å tilpasse tildelinga av midlar til behova i den enskilde kommunen.

##### **Rapport for 2005–06**

KOSTRA-tala for 2005 syner at netto driftsutgifter til barnehagar i kommunane nominelt vart reduserte med 0,3 pst. eller om lag 10 mill. kroner frå 2003 til 2005. Ein del kommunar har auka eigenfinansieringa, medan ei rekke kommunar har redusert eigenfinansieringa. Reduksjon i eigenfinansieringa er i strid med føresetnadene i barnehageforliket og rundskrivet om tildeling av skjønnsmidlar for 2005. Departementet vil derfor følgje opp dette overfor kommunane.

Skjønnsmidlane medverka til at det vart oppretta om lag 13 500 nye barnehageplassar i 2005. Til saman vart det utbetalt om lag 1 263 mill. kroner i 2005.

##### **Budsjettforslag for 2007**

Departementet foreslår å løyve om lag 3 080 mill. kroner i skjønnsmidlar til kommunane i 2007. Løyvinga på posten er auka med om lag 1 109 mill. kroner nominelt i høve til 2006. Av dette er om lag 75 mill. kroner prisjustering. Det er lagt til grunn at auken i kapasiteten i sektoren i mindre grad enn i 2006 vil gå med til å utvide opphaldstida for barn som allereie har plass i barnehage. Det er lagt til grunn at forholdet mellom talet på nyetablerte plassar og nye barn vil vere 1,22. Auken på posten

skal dekkje utbygging av nye barnehageplassar i 2007. Dette er anslått til 265 mill. kroner i 2007. I tillegg er løyvinga auka med 113,5 mill. kroner til auke i kapasiteten i samband med utbygging av nye barnehageplassar i mellombels lokale. Mid-

lane dekkjer vidare dei auka utgiftene som følgje av plassar som er utbygde i 2005 og 2006. Løyvinga er foreslått auka med 655 mill. kroner til dette formålet.

## Programkategori 07.40 Andre tiltak i utdanninga

Utgifter under programkategori 07.40 fordele på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
248	Særskilde IKT-tiltak i utdanninga	99 389			
249	Andre tiltak i utdanninga	2 163			
	Sum kategori 07.40	101 552			

### Kap. 248 Særskilde IKT-tiltak i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	98 739		
70	Tilskott til IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	650		
	Sum kap. 248	99 389		

Løyvinga på kap. 248 vart i budsjettet for 2006 flytta til kap. 226.

### Kap. 249 Andre tiltak i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Driftsutgifter	2 163		
	Sum kap. 249	2 163		

Løyvinga på kap. 249 vart i budsjettet for 2006 flytta til kap. 200 og kap. 258.

## **Programkategori 07.50**

### **Tiltak for å fremme kompetanseutvikling**

**Utgifter under programkategori 07.50 fordelt på kapittel**

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	(i 1 000 kr)		
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
251	Fagskoleutdanning	266 187			
252	EUs handlingsprogram for livslang læring			141 652	
253	Folkehøgskolar	535 405	552 627	552 374	0,0
254	Tilskott til voksenopplæring	184 352	131 688	189 496	43,9
255	Tilskott til freds- og menneskeretts-sentra o.a.			37 521	
256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	53 810	55 136	52 300	-5,1
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet		24 490	35 421	44,6
258	Analyse og utviklingsarbeid	38 574	41 986	37 083	-11,7
259	Kompetanseutviklingsprogrammet	20 778			
Sum kategori 07.50		1 099 106	805 927	1 045 847	29,8

**Inntekter under programkategori 07.50 fordelt på kapittel**

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	(i 1 000 kr)		
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
3256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	8 018	9 100	9 446	3,8
	Sum kategori 07.50	8 018	9 100	9 446	3,8

Regjeringa legg eit breitt syn på kunnskap til grunn for arbeidet sitt med å vidareutvikle kompetansepolitikken. Kunnskap og kompetanse blir tilteigna på fleire vis, og er eit resultat av røynsle og læring både innanfor og utanfor det formelle utdanningssystemet, på arbeidsplassen og i kultur- og organisasjonslivet. Regjeringa vil medverke til læring på alle desse arenaene. Det vil bli sett ned eit offentleg utval som skal vurdere studie forbunda si rolle, jf. omtale under kap. 254 post 70.

Gode høve for livslang læring er eit gode i seg sjølv. Samstundes er arbeidskrafta den viktigaste

ressursen Noreg har. For å forvalte denne ressursen best mogleg er det naudsynt å leggje til rette for ein velfungerande kompetansemeknad med godt samspel mellom utdanning og arbeidsliv, og gjere god nytte av kompetansen til den einskilde. Samstundes må arbeidslivet sjølv bli meir læringsorientert, investere i kunnskap, utvikle lærande organisasjoner og arbeide for auka flyt av kompetanse mellom arbeidsplassar, sektorar og land.

I tillegg til arbeidslivsretta kompetanse vil Regjeringa også leggje til rette for utvikling av kulturell og demokratisk kompetanse.

## Mål: Fleire vaksne med grunnleggjande dugleikar

Regjeringa ønskjer å skape eit inkluderande kunnspassamfunn og eit arbeidsliv med rom for alle. Ingen skal bli støytt ut av eit stadig meir kunnspasbasert arbeids- og samfunnsliv grunna manglende grunnleggjande dugleikar innanfor lesing, skriving, rekning og bruk av IKT. Alle må ha høve til å tilegne seg slik basiskompetanse.

Resultata frå OECD-undersøkinga *Adult Literacy and Lifeskill Survey (ALL)* om grunnleggjande dugleikar som vart lagde fram våren 2005, viste at over 400 000 personar i den vaksne befolkninga i Noreg har så svake lesedugleikar eller så därleg forståing av tal at dei har vanskar med å møte krava i eit moderne samfunns- og arbeidsliv. Samstundes syner forsking at dei med svake dugleikar i langt større omfang enn andre er uføretrygda eller på annan måte står utanfor arbeidslivet. Mangel på grunnleggjande dugleikar er derfor eit problem både for den einskilde og for samfunnet.

Mange av dei som har lågast kompetanse, er gjerne lite motiverte for tradisjonell skolegang. Det er derfor behov for tilrettelagd opplæring og alternative tiltak for å motverke utstøyting som skyldast mangel på kompetanse. Erfaringane frå *Kompetansereforma* viste at nye rettar til grunnopplæring og vidaregåande opplæring ikkje resulterte i auka deltaking blant dei som ikkje hadde slik utdanning. Det er svakheiter både i etterspurnad og tilbod til opplæring i grunnleggjande dugleikar. ALL-undersøkinga viser at mange med svake dugleikar ikkje sjølv tykkjer dei har behov for opplæring. Arbeidstakarar med lite utdanning føretrekkjer ofte å tilegne seg ny kompetanse på jobb eller i nær tilknyting til arbeidsoppgåvene, og slik opplæring gir ofte gode resultat. Tal frå *Lærevilkårsmonitoren* (sjå nærmare omtale under kap. 258) syner at verksemndene legg betre til rette for kompetanseutvikling for dei som har høg utdanning, enn for tilsette med lågare formell kompetanse. Tilstandsrapporten frå Vox – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet frå 2006 om læringa til vaksne peikar på at Noreg ikkje har eit offentleg utbygd system av tilbydarar for å heve grunnleggjande dugleikar blant vaksne, slik ein del andre land har. Kommunane har ansvaret for opplæring på grunnskolenivå, men driv i svært liten grad med opplæring i grunnleggjande dugleikar for norskspråklege. Vox understrekar at det er naudsynt med ei brei satsing som omfattar opplæringstiltak, forsking, utviklingsarbeid og kunnskaps- og erfaringsspeiling.

På bakgrunn av dette er det i 2006 oppretta *Program for basiskompetanse i arbeidslivet* retta mot dei gruppene som manglar den grunnleggjande kompetansen dei treng for å fungere godt i

arbeids- og samfunnslivet. Programmet styrker etterspurnaden frå arbeidslivet etter slik opplæring, og gjer det mogleg for kommunar og andre opplæringstilbydarar å utvikla kompetansen sin, sjå nærmare omtale i kap. 257. Både i tilknyting til programmet og som del av satsinga i kap. 258 blir det satsa på utviklingsarbeid og kunnskapsutvikling om grunnleggjande dugleikar. Vox har eit nasjonalt ansvar og ei sentral rolle i dette arbeidet, sjå nærmare omtale i kap. 256 og kap. 258.

## Mål: Å medverke til livslang læring

Regjeringa har som mål at den einskilde gjennom heile livet skal ha høve til å tilegne seg den kunnspalen og kompetansen som er naudsynt for å kunne fungere tilfredstillande i samfunns- og arbeidslivet. Viktige føresetnader for å nå dette målet er auka merksemd om samanhengane mellom dei ulike delane av utdanningssystemet, og ei styrkt samhandling mellom utdanningssektoren og arbeidslivet. Departementet vil utarbeide ein tilstandsrapport om livslang læring.

Ei grunnutdanning av høg kvalitet legg grunnlaget for vidare læring og utvikling gjennom heile livet. For dei som ikkje har tileigna seg naudsynte grunnleggjande dugleikar gjennom det tradisjonelle utdanningssystemet, vil tilrettelagd opplæring for vaksne vere viktig.

Eit viktig ledd i arbeidet med livslang læring er formell verdsetjing av realkompetanse. Erfaringar gjorde i åra etter at realkompetanseprosjektet vart avslutta i 2002, viser at fleire utfordringar står att. Målet er at fleire skal dra nytte av ordninga for dokumentasjon og verdsetting av realkompetanse, og at ein får ein felles praksis som sikrar alle lik handsaming same kor i landet ein bur. I 2007 vil Noreg ta del i ein OECD-gjennomgang av dette arbeidet. Arbeidet med å utvikle eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk vil òg kunne fremme arbeidet med godkjenning av realkompetanse, sjå nærmare omtale under Hovudprioriteringar i programkategori 07.60.

Individet står overfor stadig meir komplekse val når det gjeld utdanning og karriere. Det er eit mål at alle skal ha tilgang til kvalifisert og tilpassa rettleiing om utdanning og karriere gjennom heile livet. Departementet har sett i verk forsøk med regionale partnarskap for karriererettleiing. I 2007 vil departementet setje i verk tiltak for å styrke kunnskapen om korleis ein kan byggje ut tilbodet på dette området, sjå nærmare omtale i kap. 256 og kap. 258.

Det er naudsynt med fleksible former for læring, mellom anna fjernundervisning. Utvikling av IKT og fleksible e-læringsprogram vil gjere fjer-

nundervisning til eit viktig verktøy for å dekkje framtidige behov for etter- og vidareutdanning på alle nivå, jf. kap. 254.

Læring skjer i alle stadium i livet, i ulike former og på ulike arenaer. I eit mangfaldig samfunn der individuelle ønske og behov varierer, vil det også vere etterspørsl etter opplæringstilbod innanfor geografiske og tematiske område der det ordinære utdanningssystemet ikkje har tilbod. Vidare handlar livslang læring også om menneskeleg utvikling og utvikling av kulturell og demokratisk kompetanse. Regjeringa støttar derfor opp om opplæringstilbod som er supplement og alternativ til den læringa som finn stad gjennom det ordinære utdanningsystemet og i arbeidslivet, jf. kap. 253 og 254.

#### **Mål: Ein velfungerande kompetansemarknad**

Departementet vil arbeide for å skape ein velfungerande kompetansemarknad som gjer at arbeidslivet får tilført kompetent arbeidskraft, at verksemndene blir meir læringsorienterte, og at den einskilde får styrkt omstillingskompetansen sin og får høve til stadig å skaffe seg ny fagkompetanse.

Noreg står overfor ei rekke kompetanseutfordringar i åra som kjem. Kompetent arbeidskraft kan bli ein knapp ressurs, mellom anna som følgje av eldrebølgja. Dei yrkesaktive vil utgjere ein mindre del av befolkninga. Samstundes vil det bli auka behov for kompetent arbeidskraft mellom anna innanfor helse- og omsorgssektoren, utdannings- og forskingssektoren og innanfor kunnskap-sintensive næringar der Noreg har fortrinn. Import av kompetent arbeidskraft og mobilisering av dei som i dag er utanfor arbeidsmarknaden, kan løyse nokre, men truleg ikkje alle kompetansebehova.

Som følgje av globalisering og internasjonal arbeidsdeling må norske bedrifter i aukande grad konkurrere på nyskaping og kunnskapsbasert produksjon. For at norsk næringsliv skal hevde seg i denne konkurransen, er det avgjerande at ny kunnskap blir utvikla, og at eksisterande kunnskap blir anvend og flyt effektivt i bedrifter, og mellom næringsliv og kompetansemiljø regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Ein aldrande arbeidsstyrke inneber også at ein mindre del av kompetansebehova i framtida vil bli løyste gjennom å fylle på med nyutdanna ungdom. Verksemndene må derfor bli betre til å utnytte og utvikle dei menneskelege ressursane som allereie er i arbeidslivet. Omstilling og nye krav til kunnskap inneber at mange av kompetansebehova i framtida er ukjende. Både utdanning og arbeidsliv må leggje til rette for at den einskilde utviklar omstillingskompetanse og betre evne til å styre sin eigen karriere- og kompetanseutvikling,

og samhandlinga mellom arbeidsliv og utdanning må styrkjast.

Departementet vil starte eit arbeid for å greie ut desse utfordringane, sjå nærmare omtale i kap. 258.

Erfaringane fra Kompetanseutviklingsprogrammet viser at det framleis er naudsynt å få kompetansemarknaden til å fungera betre, mellom anna ved å styrke samarbeidet mellom verksemndar med felles kompetansebehov, og betre samarbeidet mellom arbeidslivet og utdanningstilbydarane, sjå nærmare omtale i kap. 259.

#### **Mål: Å vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget**

Regjeringa har som mål å heile tida utvikle og oppdatere kunnskapsgrunnlaget for kompetansepolitikken.

I dei siste åra har kunnskapsgrunnlaget vorte vidareutvikla gjennom forsking og utgreiingar, gjennom deltaking i internasjonale nettverk og prosjekt, og gjennom utprøving av nye læringsmetadar og læringsformer på ulike arenaer. Denne verksemnda har resultert i auka kunnskap om deltaking i opplæring, kva som gir god læring, og korleis rammevilkåra for læring blir praktiserte og blir opplevde av befolkninga.

Ein framtdsretta kompetansepolitikk og tiltak for å utvikle og nytte kunnskap og kompetanse må byggje på solid kunnskap om behova i samfunnet, og om korleis kompetansebehova kan bli dekte gjennom ulike former for læring på ulike læringsarenaer. Det trengst også kunnskap om korleis kompetansemarknaden fungerer, og om kva forhold som gjer at kunnskap og kompetanse blir omsette til verdiar for den einskilde, for verksemndene og for samfunnet.

Departementet vil auke kunnskapen om korleis arbeidslivet kan bli meir læringsorientert og kva rolle utdanningssystemet skal ha i møte med utfordringar knytte til framtidige kompetansebehov. Det er også behov for meir kunnskap om korleis ein gjennom underliggende einingar kan styrke og få meir kontinuitet i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget på desse områda, og korleis ein kan få betre innspel og koordinering av arbeidet med vidareutviklinga av Noreg som kunnskapsnasjon.

Regjeringa ønskjer at Noreg skal delta i internasjonalt samarbeid om livslang læring gjennom EUs *handlingsprogram for livslang læring*. Programmet er berebjelken i EUs utdanningssamarbeid. Det bidreg til elev-, lærar- og studentutveksling som legg til rette for fleirnasjonalt samarbeid om nyskapande prosjekt i utdanninga.

Det er eit mål at både den einskilde og norske verksemder skal ha tilgang på relevant informa-

sjon om moglegheiter og rettar knytte til læring og opplæringstilbod. Gode modellar for opplæring og kompetanseutvikling må spreiaast. I 2006 har Vox arbeidd med dette på fleire måtar (sjå kap. 256 og

kap. 258), og arbeidet tyder på at det er stort behov for både informasjon og rettleiing. Vox skal halde fram som rettleiar og støttespelar for opplæringstilbydarar og offentlege og private verksemder.

## Kap. 251 Fagskoleutdanning

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
70	Teknisk fagskole		266 187	
	Sum kap. 251		266 187	

Hausten 2003 vart finansieringa lagd om frå rammefinansiering via fylkeskommunane til tilskott per student i eiga ordning. I undervisningsåret 2001–02 var det om lag 2 700 studentar i teknisk fagskole på landsbasis. Frå hausten 2003 auka talet på studentar til 3 160, og vidare til 3 320 i undervisningsåret 2003–04. Talet på innrapporterte heiltidsstudentar var 3 416 hausten 2004. I

2005 vart det ein nedgang til 3 072 rapporterte heiltidsstudentar per 10. oktober 2005.

Fagskoleutdanning er ein del av det formelle utdanningssystemet og byggjer på vidaregåande opplæring. Tilskottsordninga vart derfor frå 2006 overført til kap. 276 under kategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

## Kap. 252 EUs handlingsprogram for livslang læring

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
70	Tilskott, kan overførast			141 652
	Sum kap. 252			141 652

Regjeringa går inn for norsk deltaking i *EUs handlingsprogram for livslang læring 2007–13* (LLP). Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg i fleire av EUs program på utdanningsområdet. Det nye programmet fører vidare og utvidar dagens program. Det består av fire sektoraktivitetar:

- barnehage/førskole,
- grunnskole og vidaregåande opplæring (Comenius),
- høgre utdanning (Erasmus),
- yrkes- og fagopplæring (Leonardo da Vinci)
- vaksenopplæring og alternative utdanningsvegar (Grundtvig)

Programmet skal òg støtte området som politikkutvikling på utdanningsområdet, statistikkinnslag, framandspråkopplæring og IKT.

Noregs deltaking i LLP føreset tilslutning frå Stortinget, og det vil bli fremma ein stortingsproposisjon om saka, truleg i løpet av hausten 2006.

### Om ordninga

For EU er LLP eit viktig verkemiddel for å nå målet om å bli ein konkurransedyktig og kunnskapsbaserert region. Hovudformålet for det europeiske utdanningssamarbeidet er å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssystema i deltakarlanda.

Tilskottet skal dekke medlemskontingensten for å delta i utdanningsprogrammet. Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) skal være nasjonalkontor for programmet.

Internasjonalisering er ein viktig del av norsk utdanningspolitikk for å stimulere til den faglege utviklinga til institusjonane og elevane og studantane. Kompetanse i språk og kunnskap om kultur er svært viktig for at det norske samfunnet, og spesielt næringslivet, skal kunne fungere i ein open verdsøkonomi, og for at nyutdanna skal vere kvalifiserte for eit stadig meir internasjonalt samfunns- og næringsliv. Regjeringa legg vekt på at Noreg skal føre ein aktiv Europa-politikk, mellom anna skal det vere mogleg for alle studentar som tek ein

universitetsgrad i Noreg, å ta delar av utdanninga i utlandet. Deltaking i EUs nye utdanningsprogram er eit viktig verkemiddel for å få til dette.

Noreg vil ha to medlemmer i den europeiske programkomiteen for LLP. Bruken av kontingentmidlar innanfor EUs utdanningsprogram blir kontrollert av Europakommisjonen. Dette gjeld også for midlar som blir utbetalte til nasjonalkontora for programmet (stipend- og prosjektmidlar som skal fordelast vidare nasjonalt). Europakommisjonen vil skjerpe krava til rutinar og revisjon i denne programperioden.

#### Rapport for 2005–06

For rapport om dagens utdanningsprogram sjå omtale under kap. 281 post 73 for Sokrates og Erasmus Mundus og under kap. 225 post 72 for Leonardo da Vinci.

#### Budsjettforslag for 2007

Den samla ramma for heile programmet er 6,97 mrd. euro. Fordelinga mellom medlemslanda og EFTA-landa blir årleg berekna ut frå BNP. Den endelige fordelinga per år i programperioden er enno ikkje avklart, men for 2007 er det anslått at Noregs kontingent vil vere 141,7 mill. kroner, inkludert utgifter til nasjonale ekspertar i Europakommisjonen.

Det er anslått at det nye programmet medfører ein auke i forhold til tilskottet i 2006 på 44,7 mill. kroner.

Regjeringa foreslår derfor ein auke på 37,2 mill. kroner til kontingent til programmet, og 2,5 mill. kroner til to nasjonale ekspertar. I tillegg skal det løvvast 5 mill. kroner til å styrke administrasjonen av programmet, sjå omtale under kap. 281 post 51.

### Kap. 253 Folkehøgskolar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
70	Tilskott til folkehøgskolar	528 198	547 393	548 516
71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	6 607	4 615	3 215
72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	600	619	643
Sum kap. 253		535 405	552 627	552 374

#### Post 70 Tilskott til folkehøgskolar

Under denne posten er det to tilskottsordningar: tilskott til folkehøgskolar og tilskott til folkehøgskolar med stor del av funksjonshemma elevar.

Målet med tilskott til folkehøgskolar er å medverke til at det kan bli etablert og drive folkehøgskolar. Målet med tilskott til folkehøgskolar med stor del av funksjonshemma elevar er å medverke

til å dekkje meirutgifter skolane har til desse elevane. Det er fastsett eit normtal for elevtalet ved den einskilde skolen.

Elevtalet på langkurs har ein svak nedgang frå 2004 til 2005. Talet deltarar på kortkursa heldt seg om lag uendra frå 2004 til 2005. Om lag 54 pst. av deltararane på kortkursa var 50 år eller eldre.

Tabell 4.8 Elevtal i folkehøgskolane 2001–05

År	2001	2002	2003	2004	2005
Elevar langkurs (vår og haust) (16,5–33 veker)	11 252	11 878	12 662	12 924	12 478
Elevar kortkurs (3 dagar–16 veker)	19 083	20 727	20 709	20 715	20 785
Sum elevar	30 335	32 605	33 371	33 639	33 263
Årselevar langkurs	6 161	6 260	6 331	6 358	6 422
Årselevar kortkurs	897	1 049	1 045	1 037	986
Sum årselevar	7 058	7 309	7 376	7 395	7 408
Sum godkjende årselevar/fastsett elevtal	6 999	7 112	7 245	7 339	7 345
Tilskottselevar	7 247	7 280	7 172	7 001	7 074

Kjelde: 2001: Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Statistisk sentralbyrå. 2002–05: SSB og Folkehøgskolerådet.

Regjeringa foreslår ein reduksjon i løvinga på 20 mill. kroner. Reduksjonen vil føre til lågare statsstøtte til skolane frå hausten 2007.

EFTA Surveillance Authority (ESA) har godkjent at Noreg kan ta opp att ei ordning med differensiert arbeidsgivaravgift. Avgifta tek utgangspunkt i staden der verksemnda ligg, og ikkje, slik tilfellet var tidlegare, i bustadkommunen til arbeidstakaren. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løvinga på posten med om lag 0,5 mill. kroner.

### Post 71 Tilskott til Folkehøgskolerådet

Tilskottet skal medverke til at Folkehøgskolerådet kan ivareta fellesoppgåver for folkehøgskolane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Vidare er det eit mål å medverke til at Folke-

høgskolerådet kan fremme kunnskap om og utvikling innanfor skoleslaget.

Tilskottet gjeld driftstilskott til Folkehøgskolerådet. Rådet har i tråd med oppdrag i tilskottsbrevet gitt innstilling til fordeling av huslegetilskott, og har dessutan avlasta departementet og Utdanningsdirektoratet ved å gi råd og rettleiing til skolane.

Departementet foreslår å redusere posten med om lag 1,6 mill. kroner, som er heilårsverknaden av oppgåver som fall bort frå 1. mai 2006.

### Post 72 Tilskott til nordiske folkehøgskolar

Målet med ordninga er å medverke til at det kan drivast nordisk folkehøgskoleverksemnd.

Departementet foreslår å føre løvinga vidare i 2007 på same nivå som i 2006.

## Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
70	Tilskott til studieforbund	155 847	101 771	159 638
71	Tilskott til fjernundervisning	10 720	11 063	11 483
72	Tilskott til kvinneuniversitata og Studiesenteret Finnsnes	8 155	8 916	8 059
73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	9 630	9 938	10 316
	Sum kap. 254	184 352	131 688	189 496

Fra 2006 har Vox – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet teke over forvaltningsansvaret for tilskotta under kap. 254.

### **Post 70 Tilskott til studieforbund**

Tilskott til studieforbunda skal medverke til at studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira kan tilby fleksibel og brukartilpassa opplæring for vaksne.

Det blir gitt eit særskilt tilskott til opplæring for vaksne som av ulike ikkje-økonomiske årsaker møter hindringar når det gjeld å ta del i opplæringstilbod, og som dermed treng særleg tilrettelagd opplæring. Prioriterte målgrupper er funksjonshemma, vaksne innvandrarar, personar med særleg svak førstegongsutdanning, og personar med særlege omsorgsplikter.

Det vil bli sett ned eit offentleg utval som mellom anna skal vurdere studieforbunda si rolle for den einskilde, for arbeidsliv og for samfunnsliv i eit breitt perspektiv knytt til kultur, folkeopplysing, likeverd, integrering, inkludering, deltaking og demokrati. Det kan bli aktuelt å bruke ein mindre del av løvinga på posten til å finansiere utvalet sitt arbeid.

Studieforbunda gjennomførte om lag 42 800 kurs i 2005, med til saman om lag 600 000 deltakrar. Talet på kurs har minka i dei siste åra, det var 4 125 færre kurs i 2005 enn i 2004. Også talet på deltakrarar og talet på kurstimar har minka. I 2005 var det om lag 38 500 færre deltakrarar og om lag 112 000 færre kurstimar enn i 2004. Redusjonen i kurstilbodet har vore ein trend gjennom fleire år.

Regjeringa ønskjer å medverke til å stoppe utviklinga med redusert tilbod i studieforbunda. Regjeringa foreslår derfor å auke løvinga til studieforbund med 58 mill. kroner nominelt samanlikna med saldert budsjett 2006. Regjeringa har med dette lagt til rette for at aktiviteten i studieforbunda kan halde fram på same nivå som i 2005.

### **Post 71 Tilskott til fjernundervisning**

Tilskottsordninga skal medverke til at frittståande fjernundervisningsinstitusjonar kan gi eit variert og landsomfattande tilbod.

Fjernundervisningsinstitusjonane rapporterte i 2005 om 20 160 fullførte kurs. Dette var ein nedgang på 7 pst. i høve til 2004. Det vart òg rapportert om lag 1 500 færre kurstimar i 2005 enn året før.

Budsjettforslaget inneber at løvingane blir ført vidare på same nivå som i 2005.

### **Post 72 Tilskott til kvinneuniversiteta og Studiesenteret Finnsnes**

Tilskottet skal medverke til drift av Kvinneuniversitetet på Løten, Kvinneuniversitetet Nord og Studiesenteret Finnsnes, slik at desse institusjonane kan tilby kurs og andre vaksenopplæringstiltak som alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar.

I 2006 er det løyvd midlar over posten til Kvinneuniversitetet på Løten, Kvinneuniversitetet Nord, Studiesenteret Finnsnes, Norsk Fredssenter og Nord-Norsk Fredssenter. Frå 2007 er løvinga til Norsk Fredssenter og Nord-Norsk Fredssenter foreslått overført til nytt kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a.

Kvinneuniversiteta har i 2005 gjennomført kurs og seminar på ulike nivå i og utanfor det formelle opplæringssystemet. Ved Kvinneuniversitetet i Løten har 23 personar gjennomført høgskolestudium i leiing. I tillegg har om lag 1 500 personar teke del i ulike seminar, kurs og foredrag. Ved Kvinneuniversitetet Nord har opplæringa i 2005 hovudsakleg skjedd utanfor det formelle skolesystemet. Dette er kompetansebygging innanfor mellom anna etablering, nettverksbygging, rettleiing, likestilling og vaksenpedagogikk. Begge kvinneuniversiteta har delteke i prosjekt- og utviklingsarbeid som er relevante for likestilling og kvinners situasjon.

Prioritert målgruppe for Norsk Fredssenter var i 2005 unge flyktningar. Den viktigaste aktiviteten har vore prosjektet *Afghanistan – håp om ei framtid*. Hovudaktivitetane i prosjektet er sommarskole for afghanske unge. Det har også for første gong vore arrangert sommarskole/ungdomsseminar i Afghanistan med afghanske flyktningar busette i Noreg som kursleiarar.

Studiesenteret Finnsnes har i 2005 gjennomført fleire studietilbod i samarbeid med høgskolane i Troms og Finnmark, mellom anna sjukepleiarutdanning og lærarutdanning.

Budsjettforslaget inneber at løvingane til kvinneuniversiteta og Studiesenteret Finnsnes blir ført vidare på same nivå som i 2006. Det blir foreslått å overføre løvingane til Norsk Fredssenter og Nord-Norsk Fredssenter til nytt kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a. Sjå omtale under kap. 255 postane 73 og 74 for budsjettforslag for Norsk Fredssenter og Nord-Norsk Fredssenter.

### **Post 73 Tilskott til voksenopplæringsorganisasjonar**

Tilskottet skal vere med på å sikre drifta av fellesorgana for studieverbundene og fjernundervisningsinstitusjonane, Voksenopplæringsforbundet og Norsk Forbund for Fjernundervisning, samt til det internasjonale fellesorganet International Council for Open and Distance Education (ICDE). Organisasjonane skal utføre fellesoppgåver for medlemsorganisasjonane og overfor departementet, og fremme kunnskap om og utvikling av fagområda.

Voksenopplæringsforbundet og Norsk Forbund for Fjernundervisning har fungert som kommunikasjonskanalar mellom medlemsorganisasjonane og Vox. Voksenopplæringsforbundet har hatt hovudansvaret for *Uka for vaksnes læring*, som i 2005 hadde som tema læring for endring. Forbundet har på oppdrag frå departementet stått for fordeling av reisestipend til lærarar på voksenopplæringsfeltet. ICDE har hovudsakleg eit internasjonalt fokus, og har i 2005 mellom anna delteke i utdanningsprosjekt i regi av FN.

Budsjettforslaget inneber at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a.**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
70	Holocaustsenteret			20 646
71	Falstadsenteret			12 605
72	Stiftelsen Arkivet			3 074
73	Norsk Fredssenter			677
74	Nord-Norsk Fredssenter, Narvik			519
Sum kap. 255				37 521

I Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006) sa fleirtalet i kyrkle-, utdannings- og forskingskomiteen:

«Flertallet mener det er viktig at en i større grad koordinerer arbeidet mellom Nord-Norsk Fredssenter i Narvik, Stiftelsen Arkivet, Falstadsenteret og Holocaustsenteret, og ber departementet ta initiativ til et slikt arbeid.»

Utdanningsdirektoratet er koordineringskontakt for sentra i spørsmål som er aktuelle for grunnopplæringa, og har etablert møteplass for desse. Det er planlagt eit møte på Falstadsenteret i 2007 som ei vidareføring av den kontakten som er etablert. Departementet foreslår vidare å samle løyingane til Nord-Norsk Fredssenter, Norsk Fredssenter, Stiftelsen Arkivet, Falstadsenteret og Holocaustsenteret til nytt kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a. Dette vil leggje betre til rette for at institusjonane si samla verksamhet innanfor freds- og menneskeretsarbeid blir tydelegare.

### **Post 70 Holocaustsenteret**

Senter for studiar av Holocaust og livssynsminoritar (Holocaustsenteret) driv verksamd knytt til forsking, undervisning og formidling på områda holocaust, folkemord, menneskerettar og minoritets-spørsmål. Barn og unge er ei særskild målgruppe for formidlingsverksamda ved senteret. Holocaustsenteret flytta i 2005 inn i Villa Grande på Bygdøy. Senteret vart offisielt opna 23. august 2006. I 2006 fekk senteret ei løyving på 22 mill. kroner over kap. 271 post 50. Av dette var 5 mill. kroner ei eingangs-løyving til dekning av kostnader knytte til utstillinga ved senteret og den offisielle opningsseremonien. For 2007 blir det foreslått ei løyving på 20,6 mill. kroner til senteret. Dette inneber ei styrking av det ordinære driftstilskottet til senteret med 3 mill. kroner i 2007.

### **Post 71 Falstadsenteret**

Stiftinga Falstadsenteret driv eit opplærings- og dokumentasjonssenter for fangehistoria frå andre verdskriegen, samt for humanitær folkerett og menneskerett. Tilskottet til Falstadsenteret vart i 2006 gitt over kap. 275 post 50. Det blir foreslått ei løy-

ving på 12,6 mill. kroner for 2007, som inneber ei styrking på 3 mill. kroner.

### **Post 72 Stiftelsen Arkivet**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Stiftelsen Arkivet tek i vare rolla si som informasjons- og dokumentasjonssenter om krigshistoria, folkerett og menneskerettar og å vere eit senter for fredsskapande arbeid. Tilskottet til Stiftelsen Arkivet vart i 2006 gitt over kap. 225 post 75. For resultatrapport for 2005, sjå omtale under kap. 225 post 75. Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### **Post 73 Norsk Fredssenter**

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Norsk Fredssenter kan tilby kurs og opplæring for

å fremme arbeidet for fred og menneskerettar som eit alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar. Tilskottet til Norsk Fredssenter vart i 2006 gitt over kap. 254 post 72. For resultatrapport for 2005, sjå omtale under kap. 254 post 72. Det blir foreslått å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2006.

### **Post 74 Nord-Norsk Fredssenter, Narvik**

Nord-Norsk Fredssenter er ein uavhengig ideell stiftelse med visjon om å bidra til fredsbygging gjennom kunnskap. Fredssenteret skal bidra til positive prosessar med tanke på fredsskapning, mellommeneskeleg forståing og internasjonalt samarbeid. Det blir foreslått ei løyving på kr 519 000 til senteret i 2007, noko som er ei vidareføring av løyvingsnivået frå 2006.

## **Kap. 256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet**

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	(i 1 000 kr)
				Forslag 2007
01	Driftsutgifter	44 470	42 675	39 365
21	Særskilde driftsutgifter	9 340	12 461	12 935
	Sum kap. 256	53 810	55 136	52 300

Vox – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet skal arbeide for auka deltaking i samfunns- og arbeidsliv ved å styrke og synleggjere kompetansen hos vaksne med særleg vekt på grunnleggjande dugleikar og realkompetanse. Vox skal utvikle, analysere og formidle kunnskap om læring hos vaksne for å tilfredsstille kompetansebehov i arbeidslivet og for kvar enkelt.

Ordninga med eige styre for Vox er avvikla med verknad frå 1. juli 2006, jf. St.prp. nr. 66 (2005–2006).

### **Resultatrapport for 2005–06**

Vox har i perioden hatt eit utstrakt samarbeid med offentlege og private aktørar og interesserantar. Informasjon, praktisk bistand, koordinering mellom ulike instansar og spreiling av modellar har vore sentrale oppgåver. Det er i 2006 utvikla forslag til rammeverk for lese-, skrive- og reknedugleik og for digital kompetanse hos vaksne. Rammeverket er utvikla i samarbeid med fagmiljø nasjonalt og internasjonalt. Rammeverket er ei nivåinndeling av dei grunnleggjande dugleikane.

Spørjeundersøkinga til Vox-barometeret har i år omhandla grunnleggjande dugleikar. Undersøkinga viser at arbeidsgivarar og arbeidstakrar har ulike oppfatningar av kva som er eit tilstrekkeleg nivå i grunnleggjande dugleikar. Undersøkinga våren 2005 tok for seg arbeidsgivarsida, medan undersøkinga hausten 2005 tok for seg arbeidstakarsida.

Vox har i samarbeid med Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) oppretta eit norsk nettverk for familielæring. Modellen blir ofta nytt til opplæring for innvandrarar og barna deira i Noreg, men kan enkelt tilpassast andre målgrupper.

Vox har utvikla *Reknehjelpa for vaksne*, eit læringsprogram på Internett. Programmet gir mellom anna innblikk i matematikkpensum for barn på fjerde og sjunde skoletrinn slik at foreldra betre kan hjelpe med lekser.

Vox har arbeidd med kunnskapsinnhenting frå prosjekta i Kompetanseutviklingsprogrammet. Ein har systematisert erfaringer frå opplæringsprosjekt i grunnleggjande dugleikar, og laga ein presentasjon av einskilde prosjekt i programmet som

har lykkast uavhengig av bransje, nivå og innhald. Det ligg føre eigne rapportar frå begge undersøkingane.

Vox deltek i the Grundtvig Working Group, som er EUs policyorgan for læring for vaksne. Vox fungerer som kontaktpunkt for EØS-finansieringsordningane på sitt område. Søkarar frå EUs nye medlemsland kan ta kontakt med Vox for å finne fram til partnarar for potensielle samarbeidsprosjekt. I tillegg deltek Vox i EU-prosjekt om grunnleggjande dugleikar og realkompetanse.

For å synleggjere resultat av kompetansetiltak har Vox gitt ut lærermateriell, rapportar og trykksaker. I tillegg er nettsida til Vox vidareutvikla, og det er i 2006 utarbeidd nytt informasjonsmateriell som omhandlar grunnleggjande dugleikar.

Vox har på oppdrag frå departementet vore sekretariat ved konferansen til UNESCO i samband med den internasjonale vaksenopplæringsveka 2005, og det har vore halde fleire seminar og konferansar. Tema har mellom anna vore grunnleggjande dugleikar, digital kompetanse og integrering av språklege minoritetar.

Vox har utarbeidd rapporten *Basis!* Rapporten inneholder tilstandsvurdering, utfordringar og tilrådingar innanfor følgjande opplæringsområde: grunnleggjande lese-, skrive- og reknedugleikar samt digital kompetanse, dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse. I tillegg gir rapporten tilstandsvurdering, utfordringar og tilrådingar når det gjeld vaksnes rett til grunnskole og vidaregående opplæring og norskopplæring for vaksne innvandrarar. For alle desse områda framhevar Vox behovet for tydelege strukturar og finansieringsordningar, lik praksis nasjonalt og betre koordinering mellom offentlege instansar.

Vox har på oppdrag frå departementet forvalta *Program for basiskompetanse i arbeidslivet* og *Kompetanseutviklingsprogrammet*. Sjå nærmare omtale under kap. 257 og kap. 259. Vox har òg hatt forvalningsansvar for tildeling av tilskott til vaksenopplæringa under kap. 254.

## Resultatmål for 2007

Vox skal særleg medverke til at fleire vaksne med lav kompetanse tek del i læring og kompetanseutvikling, og at det blir utvikla tilbod med høg kvalitet som er tilpassa behova til vaksne. I 2007 skal Vox utvikle eit innhaldsgrunnlag for eit nasjonalt tilbod for vaksne innanfor grunnleggjande lese-, skrive- og reknedugleikar og digital kompetanse bygd på det rammeverket som Vox har utvikla i 2006, og foreslå tiltak overfor departementet som gjer at ein kan få bygd ut eit kvalitetsmessig godt tilbod i heile landet. Vidare skal Vox arbeide med å styrke motivasjonen hos vaksne som manglar grunnleggjande dugleikar, for å skaffe seg slike dugleikar.

Gjennom kunnskapsutveksling, spreiing av kunnskap, påverknad og samarbeid med aktørane som har myndighet på dei ulike felta, skal Vox òg arbeide for å utvikle tilpassa opplæringsstilbod til vaksne på vidaregåande nivå, spesielt til unge vaksne med svak formell utdanning. Vox skal arbeide for at systemet for vurdering av realkompetanse blir forbетra og bygd ut, spesielt at det blir felles praksis i fylkeskommunane, at fleire arbeids-søkjrar får vurdert realkompetansen sin, og at fleire får dokumentert kompetansen sin fra arbeidslivet og tredje sektor. Vidare skal Vox styrke statistikk- og kunnskapsgrunnlaget om læringa til vaksne, utvikle betre tenester for karriererettleiing for vaksne og styrke samarbeidet med Utdanningsdirektoratet om læringa til vaksne.

## Budsjettforslag for 2007

I St.prp. nr. 66 (2005–2006) vart det varsla at det faglege ansvaret for opplæringa i norsk og samfunnuskunnskap for vaksne innvandrarar skal overførast frå Kunnskapsdepartementet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet frå 1. januar 2007. På bakgrunn av dette foreslår ein å redusere løyvinga på posten med 5 mill. kroner i 2007.

Løyvingane på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3256 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

**Kap. 3256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Inntekter fra oppdrag	5 128	8 070	8 377
02	Salsinntekter o.a.	898	1 030	1 069
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 085		
18	Refusjon av sjukepengar	907		
	Sum kap. 3256	8 018	9 100	9 446

Inntektene på post 01 kjem frå oppdragsverksemد ved Vox. Inntektene på post 02 kjem mellom anna frå sal av læremateriell.

**Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		24 490	35 421
	Sum kap. 257		24 490	35 421

*Program for basiskompetanse i arbeidslivet* skal sørge for at fleire vaksne skaffar seg dei dugleikane i lesing, skriving, rekning og IKT som dei treng for å meistre krav og utfordringar i arbeids- og samfunnsliv. Det langsigktige målet, som programmet skal medverke til saman med andre tiltak, er at ingen vaksne skal bli støyte ut av arbeidslivet på grunn av manglande basiskompetanse. Programmet er retta mot å stimulere til opplæring i kombinasjon med arbeid både for arbeidstakarar og arbeidssøkjurar. Erfaringane skal nyttast i vidare vurderingar av tilbod til vaksne og av korleis det offentlege kan legge betre til rette for å nå personar med lave kvalifikasjoner. Programmet blir forvalta av Vox.

**Resultatrapport for 2005–06**

I 2006 vart det utarbeidd eit overordna programdokument i samarbeid med partane i arbeidslivet, og etablert ei strategigruppe som skal drøfte prosjektfaringane og gi innspel til vidare strategi og tildelingskriterium i programmet. Den første utlysinga av tilskott til opplæring vart gjennomført i mars 2006. Utlysinga retta seg mot verksemder som har tilsette med svak basiskompetanse, og som ønskjer å legge til rette for tilpassa opplæring.

Behovet for programmet er stort. Det kom inn i alt 167 søknader med eit samla omsøkt beløp på 85,5 mill. kroner. Det vart tildelt 14,5 mill. kroner til 64 verksemder. Om lag 10 000 tilsette er omfatta av opplæringa. Flest tildelingar er gitte til verksemder i kommunal sektor (13), industrien (tolv) og til næringsmiddelbransjen. Dei fleste tilskottsmottakarane skal gi opplæring i lesing/skriving med IKT som verktøy og støtte.

For øvrig blir midlane tildelt gjennom eit samarbeid med arbeids- og velferdsetaten. Arbeidsledige er den viktigaste målgruppa for dette. I tillegg nyttast midlar til utviklingsarbeid og kunnskapsutvikling, til dømes fagleg støtte til å utvikle gode opplæringsopplegg, til å utveksle erfaringar mellom prosjekta og til å kartlegge dugleikane til dei som skal delta i opplæringa.

**Resultatmål for 2007**

Programmet skal bidra til å forebygge utstøting frå arbeidslivet og til å hjelpe arbeidsledige tilbake. I løpet av 2007 skal Vox ha lyft ut og fordelt tilskott til private og offentlege verksemder som prøver ut ulike opplæringsopplegg innanfor grunnleggjande dugleikar. Det skal utarbeidast ein rapport som samanfattar røynslene frå og gir ei vurdering av

opplæringstiltaka som programmet har delfinansiert i 2006. Vox skal utvikle grunnlag og hjelpemiddel for å lage gode opplæringsopplegg i dei ulike grunnleggjande dugleikene som kan nyttast av arbeidssøkarar og andre utanfor arbeidslivet. Vox skal utvikle og prøve ut samarbeidsmodellar mellom NAV, fylkeskommune og verksemder som gir grunnlag for erfaringsoverføring til andre fylke/regionar.

Eit mål med arbeidet i 2007 er å skaffe eit betre grunnlag for å vurdere det framtidige arbeidet med å styrke basiskompetansen i arbeidslivet. Som ledd i utviklinga av opplæringsopplegg med høg kvalitet innanfor basiskompetanse skal Vox i løpet av 2007 gjennomføre ei måling av læringsutbytte og andre effektar innanfor eit utval ulike opplæringstiltak, utvikle opplæringsopplegg på alle nivåa av grunnleggjande dugleikar og prøve ut desse

opplegga, utvikle kriterium for kvalitetssikring av opplæringstilbydarar og foreslå tiltak som skal styrke det offentlege opplæringstilbodet innanfor grunnleggjande dugleikar.

### Budsjettforslag for 2007

For 2007 foreslår departementet å styrke *Program for basiskompetanse i arbeidslivet* med 10 mill. kroner. Dette er ledd i Regjeringa si satsing mot fattigdom. Auken vil bli brukt til ei utviding av programmet slik at fleire kan delta, og til å utvikle tilpassa opplæringsopplegg. Det vil òg kunne vere aktuelt å nytte ein mindre del av dei ekstra midlane til finansiering av livsopphald for deltakarar som treng dette for å kunne ta del i opplæringa. Budsjettforslaget inneber ei løying på om lag 35 mill. kroner til programmet.

## Kap. 258 Analyse og utviklingsarbeid

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Driftsutgifter		3 310	3 437
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	38 574	38 676	33 646
	Sum kap. 258	38 574	41 986	37 083

Kapitlet omfattar midlar til analysar og utviklingsarbeid innanfor utdannings-, forskings- og kompetansepolitikken.

### Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 01

Løyvinga skal nyttast til utgreiingar, analysar og FoU på ansvarsområdet til departementet. Hovudmålet vil vere å få eit betre kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av utdannings- og forskingspolitikken. Løyvinga skal medverke til å gi godt grunnlag for det vidare arbeidet med livslang læring og utvikling av kompetansepolitikken.

### Resultatrapport for 2005–06

Gjennom forsking, utgreiingar og dokumentasjon, forsøk og utviklingsarbeid søker departementet å utvikle kunnskap, nye verktøy og læremateriell og fremme samarbeid om ulike former for læring.

Ein del av midlane har vore disponert av Vox. Vox har utarbeidd ulike læringsressursar for å styrke opplæringa blant ulike grupper vaksne. For å sikre implementering av krava til norsk med samfunnskunnskap som følgjer av introduksjonslova,

er det utarbeidd læremateriell til bruk for instruktørar og lærarar. Det er utarbeidd ein pilottrailer om vaksenpedagogikk og læringsressursar på nett til bruk i heving av digital kompetanse.

Vox har halde kurs og samlingar med fylka for å sikre eins praksis i handsaminga av den retten vaksne har til opplæring og dokumentasjon og verdsetting av realkompetanse. Det er òg oppretta eit nettverk av prosjekt med utdanningsinstitusjonar innanfor høgre utdanning for å komme fram til betre prosedyrar for inntak til og avkorting i høgre utdanning. Vox har innleidd eit samarbeid med Aetat der siktet målet er samordning av arbeidsmarknadspolitikk og utdanningspolitikk. Det er behov for å styrke samarbeidet mellom Aetat og skoleverket i fylka for at fleire arbeidssøkjarar skal få vurdert og dokumentert realkompetansen sin. Tre fylke er pilotfylke og har fått prosjektmidlar.

Vox har samarbeidd med Fornyings- og administrasjonsdepartementet i utvikling av modellar for å behalde statleg tilsette seniorar i arbeid lengre, særleg ved omstillingar. Prosessrettleiing og kompetanseattest samt informasjon generelt og om vaksnes rett spesielt har vore sentrale arbeidsoppgåver.

Vox har justert programvara *Kompetanseattest* ut frå dei røynslene som er gjorde til no, og har organisert ei open kursrekke for organisasjonar som ønskjer å ta i bruk dette verktøyet. Vox har gitt direkte rettleiing til einskilde kommunar som har teke verktøyet i bruk.

Hausten 2006 kjem resultata frå Eurostatundersøkjinga *Continuing Vocational Training Study*, som er ein samanliknande studie av etter- og vidareutdanning i fleire europeiske land.

For å få naudsynt kunnskap for arbeidet med å nå måla for kompetansepolitikken har departementet gitt fleire forskingsoppdrag. Mellom anna er det sett i gang eit forskingsprosjekt om lærande verksemder som vil sjå på korleis rammevilkår av ulike slag verkar inn på korleis private og offentlege verksemder utviklar og utnyttar kompetansen hos dei tilsette. Eit anna prosjekt analyserer effektar av ulike former for samarbeid mellom utdanning og arbeidsliv.

På grunnlag av resultata frå OECD-undersøkinga *Adult Literacy and Lifeskill Survey* (ALL) blir det utarbeidd ein serie monografiar. Målet med rapportserien er å få presentert eit breiare og meir detaljert bilet av lese- og meistringskompetansen i den norske vaksne befolkninga enn det som var siktet med den nasjonale rapporten frå prosjektet som vart lagt fram i september 2005. Fleire forskingsmiljø har medverka. I 2005–06 er det lagd fram fem rapportar.

Noreg var hausten 2005 vertskap for *International Adult Learners Week* (IALW) i samarbeid med UNESCO Institute for Education i Hamburg. Hovudtemaet var behov for stadig nye opplæringsstilbod for vaksne i ei ustabil tid. Konferansen hadde 150 deltakarar og er omtalt som svært vellykka i årsrapporten til UNESCO og i årsrapporten til UNESCO Institute for Education.

Departementet har finansiert *Lærevilkårsmonitoren*, som blir utført av Fafo, og som i år legg vekt på å få fram kunnskap om kjelder til læring i arbeidslivet. I dette ser ein på organiseringa av læring på arbeidsplassen så vel som på kva krav og forventningar til læring gjer med læring i arbeidslivet. Læring gjennom det daglege arbeidet blir opplevd like nytig som deltaking i kurs, og det er eit ganske stabilt mønster i deltakinga i læring dei siste åra. Kvardagslæringa viser seg vel så viktig for å kvalifisere seg til anna arbeid enn det deltaking i kurs og anna opplæring gjer. Dette støttar målet om å stimulere til utvikling av fleire lærande verksemder.

Departementet har starta opp arbeidet med å utarbeide ein tilstandsrapport for livslang læring

som skal beskrive status og utfordringar på området.

Noreg skal i november 2006 vere vertskap for Nordisk konferanse om lærande verksemder. Konferansen vil fokusere på korleis dei nordiske landa kan få meir ut av sine høge kunnskapsinvesteringar gjennom å skape fleire lærande verksemder.

## Resultatmål for 2007

Departementet vil setje i gang eit arbeid med å auke kunnskapen om korleis ein kan få til ein velfungerande kompetansemarknad, og korleis sjansane for den einskilde til å ta del i livslang læring kan styrkja. Aktuelle aktørar vil bli inkluderte i arbeidet med å få fram kunnskap om kva kompetanse den einskilde og samfunnet vil ha behov for i framtida, og korleis samspel og samarbeid mellom utdanning og arbeidsliv på alle nivå kan få fram denne kompetansen.

For å styrke kunnskapen om det norske systemet for vurdering og godkjenning av realkompetanse vil Noreg delta i ein tematisk gjennomgang om dette organisert gjennom OECD.

For å få fleire vaksne til å ta del i tilpassa opplæring må ein ha kunnskap om dei som tek del i opplæring, behova hos den einskilde, kunnskap om kva som finnast av opplæringsstilbod, kva for opplæringsopplegg som fungerer godt for dei einskilde målgruppene, og kva som er hindringane for tilpassa opplæring for vaksne. I 2007 vil departementet vidareutvikle kunnskap og verktøy på dette området. Vox vil utarbeide ein samla oversikt over tilbydarar og deltakarar innanfor offentleg og privat vaksenopplæring, og identifisere område der det er behov for å styrke innsatsen. Det vil bli laga ein plan for korleis data om tilbydarar og deltakarar kan bli oppdaterte kvart år. Vox skal også undersøke læringsutbyttet i ulike opplæringsopplegg i grunnleggjande dugleikar og gi tilrådingar til tilbydarar og styresmakter om kva slags opplegg som bør nyttast for dei ulike målgruppene. Erfaringar og kunnskap om ulike modellar for opplæring for innsette i fengsel skal kartleggjast, og på grunnlag av dette vil det bli utarbeidd forslag til ein heilsakleg opplæringsmodell for dei innsette.

Det vil bli utvikla og prøvd ut verktøy for å kartlegge digitale dugleikar i den vaksne befolkninga og utvikla testverktøy for å sertifisere grunnleggjande digital kompetanse hos vaksne.

Vox skal undersøke kor mange som får vurdert realkompetansen sin kvart år, kor mange av desse som får tilpassa opplæring, og undersøke nytte og kostnader av å tilpassa opplæringa til realkompetansen hos den einskilde.

## Budsjettforslag for 2007

Det blir foreslått å løyve om lag 37 mill. kroner over dette kapitlet. I St.prp. nr. 66 (2005–2006) vart det varsla at det faglege ansvaret for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandra-

rar skal overførast frå Kunnskapsdepartementet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet frå 1. januar 2007. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på kapitlet med 6,1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke i Arbeids- og inkluderingsdepartementets budsjett.

## Kap. 259 Kompetanseutviklingsprogrammet

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	(i 1 000 kr)	Forslag 2007
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		20 778		
	Sum kap. 259		20 778		

### Resultatrapport for 2005–06

Kompetanseutviklingsprogrammet har i perioden 2000–05 delfinansiert i alt 741 prosjekt fordelte på ulike bransjar i offentleg og privat sektor. Hovudtyngda av prosjekta er utviklingsprosjekt innanfor ramma av den opphavlege målsetjinga for programmet. I tillegg kjem fleire spreatingsprosjekt som i det vesentlege går ut på å overføre resultat og erfaringar frå utviklingsarbeidet ut over det enkelte prosjektet med sikte på å oppnå varig effekt av utviklingstiltaka i programmet. Dei prosjekta som har fått tilskott for 2005–06, har vore særskilde satsingar frå programstyret si side retta mot utvalde målgrupper eller bransjar som tradisjonelt ikkje søker kompetanseheving. I perioden 2000–05 er det i alt løyvd 329 mill. kroner til programmet.

Evalueringa viser så langt at resultata frå programmet i hovudsak er i samsvar med intensjonane, og at meir enn 50 000 personar har fått opplæring i dei prosjekta som har fått støtte. Ein viktig suksessfaktor har vore at opplæringa har gått føre seg på arbeidsplassen, eller har teke utgangspunkt i arbeidsoppgåvene. Evalueringa syner at det framleis er mange hindringar for å skape ein velfungerande marknad for etter- og vidareutdanning. Mellom anna er det for därleg samordning av kompetansebehova mellom verksemndene, og ein har ikkje greidd å skape ein velfungerande marknad for dei som har lågast kompetanse.

Kompetanseutviklingsprogrammet fekk i 2005 i oppdrag å gjennomføre utprøving av modellar for finansiering av livsopphald under etter- og vidareutdanning. Formålet med utprøvinga var å skaffe til vegar eit grunnlag for å avgjere ei eventuell innføring av ei varig finansieringsordning. Det vart lyst ut 12 mill. kroner, og programstyret vedtok støtte til i alt 17 utprøvingsprosjekt. Samla løyving til prosjekta var 10,6 mill. kroner. Utprøvingsprosjekta var baserte på ei trepartsfinansiering der partane i arbeidslivet og staten skulle hjelpe til med kvar sin del av lønnsutgiftene under etter- og vidareutdanning. Evalueringa av denne utprøvinga konkluderer førebels med at formål, rammer og kriterium for utprøvinga er i samsvar med det som ligg føre av kunnskap om korleis staten bør rette inn tilskotta. Det er gitt støtte til relativt få og til dels små utprøvingsprosjekt. Denne satsinga synest å ha nådd dei målgruppene som både treng opplæring, og som lettare vil kunne få opplæring gjennom ei offentleg delfinansiering av lønn under utdanning.

Erfaringar, evalueringar og dokumentasjon frå Kompetanseutviklingsprogrammet er lagde til grunn for arbeidet med *Program for basiskompetanse i arbeidslivet*, jf. kap. 257.

Sluttrapporten frå evalueringa vil ligge føre i desember 2006. Programmet vil bli avslutta med ein konferanse i januar 2007.

## **Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning**

**Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel**

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
260	Universitetet i Oslo	3 173 663			
261	Universitetet i Bergen	1 879 648			
262	Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	2 568 846			
263	Universitetet i Tromsø	1 101 942			
264	Noregs handelshøgskole	249 963			
265	Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	86 883			
268	Noregs idrettshøgskole	113 637			
269	Noregs musikkhøgskole	150 534			
270	Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar	141 205	196 791	181 126	-8,0
271	Universitet		10 229 793	10 557 653	3,2
272	Vitskaplege høgskolar		873 983	908 902	4,0
273	Statlege kunsthøgskolar	246 379			
274	Statlege høgskolar	7 389 146			
275	Høgskolar		7 896 521	8 224 948	4,2
276	Fagskoleutdanning		274 705	285 144	3,8
278	Universitetet for miljø- og biovitenskap	472 108			
279	Noregs veterinærhøgskole	202 309			
281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	872 724	870 963	763 121	-12,4
282	Privat høgskoleutdanning	621 428			
Sum kategori 07.60		19 270 415	20 342 756	20 920 894	2,8

**Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel**

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	19 497	10	10	0,0
	Sum kategori 07.60	19 497	10	10	0,0

Kategoriomtalen for programkategori 07.60 har først ei innleiing om nokre sentrale tema i høve til 2006 og budsjettet for 2007. Vidare kjem ei kort omtale av hovudprioriteringane i statsbudsjettet for 2007 for kategorien. Deretter er hovudmål på overordna nivå som er sette for universitet og høgskolar, omtalte. Under dei einskilde måla vil tiltak og resultat bli rapporterte. Kategoriinnleiinga inneholder også ein omtale av bygg og lokale, som tidligare har vore omtalte under kap. 281 post 01. Til slutt kjem ei oppsummering av den gjennomgangen departementet har hatt av økonomien ved dei private høgskolane.

Hovudmåla på overordna nivå for universitet og høgskolar er:

- Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet.
- Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og i fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.
- Universitet og høgskolar skal møte behova i samfunnet og skal spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.
- Universitet og høgskolar skal ha personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane.

Målformuleringane er fastsette i samsvar med lov om universitet og høgskolar. På budsjettkapitla for universitet, vitskaplege høgskolar og statlege høgskolar er hovudmåla utdjupa og tilpassa dei tre institusjonskategoriane.

For fagskoleutdanninger er det sett følgjande hovudmål:

- Godkjend fagskoleutdanning skal gi studentane kvalitetssikra, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningstilbod som byggjer på avslutta vidaregående opplæring eller tilsvarande realkompetanse.

Målformuleringa er fastsett i samsvar med lov om fagskoleutdanning.

## Innleiing

I statsbudsjettet for 2006 vart organiseringa av budsjettkapitla endra, sjá omtale i St.ppr. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskningsdepartementet*. Rapportering for aktiviteten frå 2005 er lagd til dei utgåtte kapitla. Dette er siste året med ei slik deling, slik at rapporteringa til neste år vil ligge under den nye strukturen.

Universitet og høgskolar utdannar for alle posisjonar og funksjonar i samfunnet. Dei er motorar i utviklinga av kunnskapssamfunnet.

I budsjettet for 2004 vart *Kvalitetsreforma* jf. Innst. S. nr. 337 (2000–2001) og St.meld. nr. 27 (2000–2001), fullfinansiert med 1 144 mill. kroner. Desse midlane er seinare prisjustert og vidareført i budsjetta til universitet og høgskolar. Noreg ligg høgt blant OECD-landa i ressursar per student i høgre utdanning.

Arbeidet med å vidareføre *Kvalitetsreforma* er framleis ei prioritert oppgåve for dei høgre utdanningsinstitusjonane. I dei siste åra er det brukt mykje ressursar på å leggje om utdanningane i tråd med dei føringane som vart lagde gjennom innføringa av *Kvalitetsreforma*. Institusjonane legg stor vekt på å få implementert alle sidene av reforma, og å få dei nye systema over i ein driftsfase.

Samstundes med at *Kvalitetsreforma* vart innført, sette daverande Utdannings- og forskningsdepartementet i gang ei evaluering i regi av Noregs forskingsråd. Sluttrapport er venta ved utgangen av 2006, og Regjeringa vil komme med resultat frå evalueringa og ei vurdering av moglege tiltak i ei stortingsmelding.

Frå 2002 til 2006 er det til saman løyvd midlar til oppretting av i overkant av 1 000 nye stipendiatstillingar finansierte over grunnbudsjetta til universitet og høgskolar.

Det er eit viktig mål for Regjeringa at innbyggjarane i distrikta får moglegheit til utdanning, og å sikre kommunane og næringslivet tilgang på høgt kvalifisert arbeidskraft. Regjeringa foreslår derfor å vidareføre løvinga til desentralisert utdanning på 16,7 mill. kroner. Midlane er fordelt til institusjonane på bakgrunn av rapportering på desentraliserte studietilbod hausten 2005 i helse-, omsorgs- og realfag, samt innan lærarutdanningane. Løyvinga er i 2007 lagd inn i ramma til institusjonane for på den måten å sikre stabilitet i arbeidet med desentraliserte tilbod.

Riksrevisjonen gjennomførde i 2004 ei undersøking om styring ved universiteta, og kom med fleire merknader. Departementet har sidan etablert og utvikla etatsstyringa overfor universiteta og høgskolane etter ein mål- og resultatstyringsmodell der departementet set dei overordna måla og styringskrava, medan styret ved institusjonane skal følgje opp desse gjennom eit planverk og styring som syter for at vedtaka i Stortinget blir sette i verk i praksis.

Universiteta og høgskolane har eit omfattande samfunnsansvar og skal forvalte humankapital og økonomiske ressursar til beste for samfunnet. Internkontrollsysteem ved institusjonane som avdekkjer avvik frå fastlagde mål, er derfor heilt vesentleg for å sikre at ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Økonomireglementet stiller krav til at systema for mål- og resultatsstyring skal iden-

tifisere kva for faktorar som er kritiske for måloppnåinga, og vurdere kva for kontrolltiltak som bør etablerast for å sikre god risikostyring. Departementet vil følgje opp dette i styringsdialogen med sektoren.

### Budsjettprioriteringar

Budsjettforslaget for kategori 07.60 utgjer 20,9 mrd. kroner. Dette er ein auke på om lag 600 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2006, tilsvarende 2,8 pst. auke. Forslaget til statsbudsjett for 2007 inneber likevel ein realnedgang for universiteta og høgskolane.

Den resultatbaserte undervisningskomponenten i finansieringssystemet for universitet og høgskolar justerast årlig for endringar i avgelde studiepoeng og talet på utvekslingsstudentar. På denne bakgrunn aukar undervisningskomponenten med 68,9 mill. kroner frå 2006 til 2007.

I samband med revidert nasjonalbudsjett vart det løyvd 4 mill. kroner til private høgskolar, jf. Innst. S. nr. 205 (2005–2006) og St.prp. nr. 66 (2005–2006). Midlane er vidareførte med heilårs effekt i 2007.

Det vart i budsjettet for 2006 løyvd midlar til oppretting av 350 stipendiatsstillingar. Budsjettet for 2007 er auka med 103,6 mill. kroner for å dekkje heilårsverknaden av desse stillingane.

I ei satsing på lærarutdanningane vart budsjettet for 2006 auka med 12,5 mill. kroner til 500 nye studieplassar i allmennlærar-, forskolelærar-, faglærar-, yrkesfaglærar- og praktisk-pedagogisk utdanning. I 2007 er budsjettet auka med 20,3 mill. kroner for heilårsseffekten av desse studieplassane.

Regjeringa vil styrke dei regionale komiteane for medisinsk forskingsetikk (REK) og foreslår å auke løyvingane til REK-systemet med til saman 7,1 mill. kroner i 2007, sjå omtale under kap. 271 og innleiinga til kategori 07.70.

I 2006 vart det tildelt 30 mill. kroner i forskingsprogrammet *Strategiske høgskoleprosjekt*. Programmet skal styrke kvaliteten og omfanget av forskingsverksemda ved dei statlege høgskolane. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til prosjektet med 10 mill. kroner i budsjettet for 2007, sjå nærmare omtale under kategori 07.70. Midlane blir fordelt etter mellom anna ei vurdering av behovet for profesjonsretta forsking på området, eller at det er utviklingsarbeid av høg kvalitet.

Budsjettramma for institusjonane er auka med 65 mill. kroner fordi løyvinga til dei tidlegare bedriftsinterne vidareutdanningane i sjukepleie (ABIOK-utdanningane) no er ført over frå Helse- og omsorgsdepartementet til utdanningsinstitusjonane.

Av omsyn til det samla budsjettopplegget foreslår Regjeringa å redusere budsjettet til universitet og høgskolar med 274,3 mill. kroner i 2007. Budsjettredusjonen er teken i basisløyvinga til universitet og høgskolar, og ikkje i form av eit kutt i studieplassar. Redusjonen er fordelt med 180,2 mill. kroner på universiteta, og 94,1 mill. kroner på høgskolane. Delar av budsjettredusjonen er fordelt på dei institusjonane som ikkje retta seg etter Stortingets pålegg om studieplasskutt i budsjettet for 2005. Budsjettredusjonen må òg sjåast i samanheng med avsetningsnivået i sektoren. Delar av reduksjonen er knytte til omdisponeringar innanfor budsjetttrammene til universiteta og høgskolane for å dekkje husleigekompensasjon samt prioriterte område som til dømes tiltak i lærarutdanninga.

### Mål: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet

Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet. Undervisninga skal vere forskingsbasert og institusjonane skal nytte lærings- og vurderingsformer som legg til rette for at studentane gjennomfører studia på normert tid.

Gratisprinsippet er viktig for å sikre lik rett til utdanning for alle og høg kompetanse i befolkninga. Prinsippet er fastsett i universitets- og høgskolelova, og inneber at ein ved statlege universitet og høgskolar ikkje kan ta eigenbetaling for studieprogram som fører fram til ein grad eller yrkesutdanning. Departementet har fastsett ei ny forskrift som utfyller og presiserer reglane i lova. Det skal ikkje opnast for nye former for eigenbetaling. For private institusjonar er prinsippet om at eigenbetaling skal komme studentane til gode, utdjupa og konkretisert.

Det blir kontinuerleg arbeidd med å vidareutvikle studentaktive lærings- og vurderingsformer og tilpasse desse til ulike fagstudium. Arbeidet med å gjere individuelle utdanningsplanar til ein meir systematisk reiskap både for den einskilde studenten og for institusjonen, er ført vidare og intensivert, men noko står framleis att. Tal for ferdige kandidatar, avgelde studiepoeng og strykprosent har hatt ei positiv utvikling etter innføringa av Kvalitetsreforma, jf. seinare omtale og tabellane 2.8 til 2.19 i Vedlegg 2.

All offentleg godkjend høgre utdanning har dei same kvalitetskrava, og studentane er sikra like rettar og pliktar utan omsyn til eigarskapet til institusjonane.

Departementet har sett i gang eit arbeid for å utvikle eit kvalifikasjonsrammeverk for høgre utdanning, med deltaking frå sektoren og andre

interesserte partar. Rammeverket skal gi ei systematisk framstilling av nivåa i utdanningssystemet med vekt på framstilling av læringsutbyttet og sluttkompetansen på det enkelte nivå. Målet er å gjere kvalifikasjonane tydelegare og meir forståelge og vise moglege vegar for å nå dei resultata ein ønskjer. Tilsvarande rammeverk blir utvikla i andre land og på europeisk nivå, slik at det skal bli lettare å få godkjent kvalifikasjonar over landegrensene.

Noregs forskingsråd har fått ansvaret for evalueringa av Kvalitetsreforma. Fagmiljø frå NIFU STEP (Studier av innovasjon, forsking og utdanning) og Rokkansenteret i Bergen står for gjennomføringa. Evalueringa skal vere ferdig ved års-skiftet 2006–07. Sjølv om arbeidet ikkje er ferdig, har det i det siste året blitt publisert ei rekke del-publikasjonar rundt ulike sentrale tema som gir eit bilet av haldningar og resultat. Delrapportane gjeld mellom anna dei haldningane som dei fagleg tilsette har til reforma, studiefråfall og studiestabilitet, institusjonelle kvalitetssystem og resultatbasert finansiering av forsking.

Det kjem mellom anna fram at reforma har utløyst stor kreativitet i høve til nye studieprogram, og det har blitt fleire og mindre sluttekksamnar. Vidare ser ein meir vurdering undervegs og bruk av nyare vurderingsformer. Det er oppretta ei rekke nye studieprogram, noko som kan tyde på at institusjonane nyttar den auka faglege fridomen og søker å tilpasse tilbodet til etterspørseren.

Dei fagleg tilsette meiner at kåra for forskinga etter *Kvalitetsreforma* er meir pressa, og dei peiker spesielt på tidsklemma mellom undervisning og forsking. Dette er eit alvorleg signal. Samstundes ser ein at talet på studentar per vitskapleg tilsett har vorte sterkt redusert. I 2002 var talet på studentar per fagleg tilsett ved universiteta på 10,6 mot 8,9 i 2005.

Delrapporten om studiefråfall og studiestabilitet syner at Kvalitetsreforma førebels har hatt ei avgrensa effekt på studieintensiteten, studiefråfall og inntektsgivande arbeid for studentar ved sida av studia. Det er enno tidleg å trekke konklusjonar, mellom anna fordi knapt to kull er uteksaminerte. Dette er utfordringar ein må sjå nærmare på i tida framover.

Gjennom reforma har det vore meir merksemld om kvalitet. Det ser ut til å vere dei interne sistema for kvalitetssikring og dei kollegiale diskusjonane dei fører med seg, som så langt har medverka mest til dette. I delrapporten om institusjonelle kvalitetssystem går det fram at strukturen for kvalitetssikringssistema ved institusjonane er på plass, men at det er framleis mykje som kan forbedrast. Mellom anna viser det seg at det er utfor-

drande å tilpasse systema til dei einskilde verksem-dene, samt å få dei forankra i dei faglege miljøa.

Departementet merkjer seg dei utfordringane evalueringa så langt har peikt på, og vil vurdere eventuelle justeringar, endringar og langsiktige konsekvensar av funna. Departementet vil komme tilbake til Stortinget med resultat frå evalueringa og ei vurdering av moglege tiltak i ei stortingsmel-ding.

Fleire av institusjonane i sektoren har satt i gang eigne evalueringar for å kartlegge verknaden av kvalitetsreforma ved eigen institusjon. Departementet vil også ta omsyn til resultata av desse evalueringane i sitt vidare arbeid.

Regjeringa sette ned eit utval leia av Steinar Stjernø i mai 2006, sjølv omtale seinare. Utvalet skal mellom anna fokusere på korleis ein kan sikre eit balansert studietilbod og tilgang på kvalifisert arbeidskraft i alle delar av landet, robuste institu-sjonar og fagmiljø som kan levere utdanning, for-skning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå, og best mogleg bruk av dei til saman om lag 20 mrd. kronene som kvart år blir løvd til universitet og høgskolar.

Noreg er eitt av i alt 24 land som deltek i OECD sin gjennomgang av høgre utdanning (*Thematic Review of Higher Education*). Målet med gjennom-gangen er å undersøke korleis høgre utdanning kan medverke til å nå økonomiske og sosiale mål for samfunnet. Landrapporten frå Noreg var ferdig i 2005, og OECDs rapport om Noreg vil bli offentleg-jort hausten 2006. Heile gjennomgangen er venta å bli ferdig i 2007. I rapporten om Noreg gir OECD råd på dei fleste områda av relevans for høgre utdanning, alt frå institusjonsstruktur og organisering til sosiale og regionale spørsmål. Departemen-tet vurderer nærmare oppfølging av rapporten, og vil samstundes sjå desse resultata i lys av Stjernø-utvalet sine anbefalingar.

### Kvalitet i utdanninga

Kvalitetssikringssystem er no etablerte ved alle stat-lege og private institusjonar for høgre utdanning, jf. ovanfor. NOKUT har evaluert kvalitetssikringssys-tema ved ei rekke institusjonar, og det er laga ein plan for vidare sakkunnig vurdering av kvalitetssikringssistema for alle institusjonane i ein seksårig syklus. NOKUT reknar med å avslutte den første syklusen i 2007. Departementet vil følgje nøye med på arbeidet til institusjonane på dette feltet i åra som kjem. Sjølv omtale av det internasjonale arbeidet med kvalitetssikringssystem seinare.

Resultatet av revideringa av akkrediteringa av alle sjukepleiarutdanningane og to masterstudium i sjukepleiarvitenskap vart gjort kjent i november

2005. Dei to masterstudia i sjukepleiarvitskap vart reakkrediterte. 30 av 31 sjukepleiarutdanningar vart i utgangspunktet ikkje reakkrediterte, og institusjonane har fått to år på seg for å rette opp manglane. Hovudproblemet er manglande førstestillingskompetanse i fagmiljøa. Det er løyvd 11,9 mill. kroner til kompetansehevingstiltak for å hjelpe institusjonane med å nå krava. Vidare har NOKUT sett i gang ein revisjon av akkreditering av dei femårige masterstudia og doktorutdanningane i farmasi, odontologi og juss. Departementet har i 2006 bede NOKUT starte ei evaluering av fagmiljøa som tilbyr ingeniørutdanning etter rammeplanen av 1. desember 2005. Målsetjinga er å fremme kvalitet og relevans ved desse utdanningane. Slutt dato for evalueringa er sett til 1. juni 2008.

Kunnskapsdepartementet har i 2006 endra bruken av midlane til praksisrettleiing til høgskolane, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet*. Rammeplanane har ved dei siste revisjonane blitt stuttare, mindre detaljerte og meir retta inn mot læringsmål. Departementet vil revidere rammeplanen for sjukepleiarutdanninga for å tilpasse føresegne om praksis til ei helseteneste i rask endring. Revisjonen vil tre i kraft frå hausten 2007.

Ved at løyvinga til dei tidlegare oppdragsfinansierte vidareutdanningane i sjukepleie (ABIOK-utdanningane) no er ført over til utdanningsinstitusjonane, er det lagt betre til rette for kontinuitet i opptaket og kompetanseheving av undervisningspersonalet. Overføringa frå Helse- og omsorgsdepartementet er på 65 mill. kroner.

## Utdanningskapasitet

Kapasiteten i høgre utdanning er dimensjonert slik at om lag halvparten av årskulla kan ta høgre utdanning. Den einskilde institusjonen har ansvar for å utnytte den studiekapasiteten det er gitt løyving til. Dersom institusjonar over tid har uutnytta kapasitet, vil departementet vurdere omfordeling av ressursar mellom institusjonar.

Tal frå Samordna opptak syner ein svak nedgang (2,2 pst.) i talet på søkerar frå 2005 til 2006. I alt søkte 94 200 om opptak i 2006. Av desse søkte 4 414 personar om opptak på bakgrunn av realkompetanse. Dette er og ein reduksjon i høve til 2005. Utdanningsområda lærar- og lektorutdanning har størst framgang i talet på førsteprioritets-søkerar med 14,6 pst. Allmennlærarutdanninga har ein framgang på 5,1 pst. og er tilbake på det søkeranivået utdanninga hadde før det vart innført skjerpa opptakskrav. Talet på søkerar til forskolelærarutdanninga går fram heile 32 pst. i høve til mai 2005. Teknologifag, ingeniørfag og arkitektur

har ein auke på 10,7 pst. Matematikk og naturfag har ein tilbakegang på 8,1 pst.

I 2005 var det registrert 195 190 studentar. Dette er ein svak auke frå 2004, jf. tabell 2.5–2.7 i Vedlegg 2. Auken kom i all hovudsak ved dei statlege høgskolane. I tillegg fekk om lag 13 000 norske studentar støtte frå Statens lånekasse for utdanning for å ta heile gradsutdanninga i utlandet i studieåret 2005–06, sjå kategori 07.80. Tildelt skolepengestøtte og lån til skolepengar utgjorde om lag 527 mill. kroner. Noreg er såleis ein stor importør av utdanning. Tal på kandidatar ved universitet og høgskolar er på same nivå som i 2005.

Ein ser no ein viss tendens til at kvinner i større grad søker tradisjonelt mannsdominerte utdanninger, mens det motsette ikkje er tilfellet. Dette blir omtalt i ein rapport om det kjønnsdelte arbeidsliv frå Institutt for samfunnsforskning. Samtidig er kvinner klart overrepresenterte i utdanningar innanfor omsorg og undervisning, medan menn er i fleirtal i utdanningane innanfor teknologifag. Den skeive kjønnsdelinga er størst i helsefaga, sjå tabell 2.15 i Vedlegg 2. Innnanfor førskolelærarutdanninga er det òg skeiv kjønnsdeling. Talet på menn som fekk tilbod om studieplass, var på om lag 15 pst. i 2005 og 2006. Regjeringa har som mål å auke talet på menn i barnehagane. For å nå målet må mellom anna rekrutteringa av menn til førskolelærarutdanninga bli betre og talet på menn som gjennomførar utdanninga bli høgre. Også ved lærarutdanningane er det ei skeiv kjønnsdeling. Menn er i fleirtal innanfor teknologiske studium. Innan realfag utgjør kvinnelege søkerar omlag 50 pst. av dei som har fått tilbod om studieplass i 2006. Samstundes utgjør kvinnedelen blant primærsøkerar til sivilingeniørstudiet 26,8 pst. og til ingeniørstudiom lag 14 pst.

Lisboa-strategien frå 2000 har som mål å gjøre EU til verdas mest konkurransedyktige og kunnskapsbaserte økonomi innan 2010. Noreg tek del i Lisboa-strategien. Eit av måla i Lisboa-strategien er å auke talet på kandidatar i matematikk og realfag med minst 15 pst. innan 2010, og samtidig redusere ubalansen mellom kvinner og menn.

Det er utarbeidd ein ny strategi for styrking av realfaga for perioden 2006–09. Regjeringa legg i denne strategien langt sterkare vekt på samarbeid med nærings- og arbeidsliv enn tidlegare. Det er eit overordna mål at norsk arbeidsliv får tilført den realfaglege kompetansen det er behov for. For å styrke kontakten mellom utdanning og nærings-/ arbeidsliv er det i 2006 for første gong etablert eit toppforum, ein fast nasjonal møteplass mellom Regjering, næringsliv og utdanningssektor for å følgje utviklinga i realfaga, styrke samarbeidet og

foreslå tiltak. Tiltaka i strategien vil bli vidareutvikla årleg.

Innanfor høgre utdanning er det viktig å auke rekrutteringa til dei matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske studia, mellom anna ved satsinga på Nasjonalt senter for rekruttering til naturvitenskaplege og teknologiske fag (RENATE), sjå kap. 281 for nærmare omtale. Ei kartlegging som RENATE har gjennomført, syner at forkurs i 2006 har mykje å seie for rekrutteringa til ingeniørutdanninga. Auken på 4,1 mill. kroner til forkurs vil derfor verte ført vidare i 2007. Via høgskolane i Gjøvik og Hedmark er det i tillegg løyvd kr 300 000 til forkurs lagd til rette for kvinner ved Kvinneuniversitetet. Det er gitt tilsegn om midlar i 2007. Departementet vil òg vurdere å utvikle vidare ordningane med forkurs og forsøksordning med opp tak til utdanninga med grunnlag i relevant fagutdanning. 2- og 3-årig ingeniørutdanning skal evaluerast, og rekrutteringstiltaka vil få ein sterkare kvinneprofil, sjå også omtale under programkategori 07.20 og kap. 226. Som ledd i resultatoppfølginga har NIFU STEP evaluert ordninga med tilleggspoeng for fordjuping i realfag i vidaregåande opplæring. Undersøkinga syner at det førebels er vanskeleg å sjå effektar av ordninga.

Det er framleis lågare utdanningsnivå blant innvandrarar enn i befolkninga elles, men det er store skilnader mellom dei ulike innvandrargruppene. Det er ei positiv utvikling for utdanningsnivået til andre-generasjons innvandrarar. Av dei som fullfører vidaregåande opplæring med studiekompetanse, ligg studiefrekvensen på om lag same nivå som befolkninga elles. Fråfallet i studietida er litt høgre enn i befolkninga elles.

Regjeringa ønskjer å auke utdanningsnivået blant ungdom med innvandrabakgrunn og arbeide for at dei kjenner til og vel det same breie fagtilbodet som andre. Universitetet i Oslo og Høgskolen i Oslo har blant anna drive med systematisk informasjon og motivasjonsarbeid og prøvd ut metodar for å leggje studia til rette og motverke fråfall. Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) har fått ansvaret for å sjå til at røynsler frå slike tiltak er tilgjengelege for alle høgre utdanningsinstitusjonar.

Ni høgskolar samarbeider om ei felles ramme for bachelorstudium for å vidarekvalifisere minoritetsspråklege som lærarar. Dette tilbodet tek i bruk fjernundervisning og er organisert slik at det når store delar av landet. Saman med ei stipendordning for minoritetsspråklege som arbeider i barnehage eller skole utan formell kompetanse for tilsetjing, vil dette gi mange skolar kompetente lærarar med innsikt i dei utfordringane norsk skole

har i møtet med elevar med anna språkleg og kulturell bakgrunn.

I handsaminga av Budsjett-innst. S. nr. 12 (2004–2005) gjorde Stortinget følgjande vedtak, jf. Oppmodningsvedtak nr. 153, 13. desember 2004:

«Stortinget ber Regjeringen legge til rette for å etablere et kiropraktorstudium i Norge.»

Helse- og omsorgsdepartementet har motteke ein rapport om behovet for etablering av kiropraktikarutdanning i Noreg. Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet vil i samarbeid vurdere oppfølging av rapporten.

*Nettverket Midt i Norden* er eit nettverk av studiesentra i Noreg. Nettverket har som formål å gi folk i distrikta like god tilgang til høgre utdanning og livslang læring som folk har i byane.

Ein fleksibel, desentralisert høgskolestruktur sikrast best gjennom at institusjonane sjølv prioritærer kva for og kor slike tilbod skal finne stad. Dagens høgskolestruktur er forholdsvis desentralisert, og ein rekke statlege høgskolar tilbyr studieprogram på desentraliserte studiestader. Disse studiestadene er ein viktig del av utdanningstilbodet i distrikta, og for mange av høgskolane utgjør slike desentraliserte studiestader eit rekrutteringspotensial av stor tyding. Desentralisert utdanning kan likevel innebere meirkostnader for institusjonane, og på bakgrunn av dette er løyinga på 16,7 mill. kroner til desentraliserte utdanningstilbod foreslått vidareført, jf. omtale i kategoriinnleiinga og under kap. 271, 272, 275 og 281.

På bakgrunn av dette foreslår departementet at det ikkje løvvast midlar til Nettverket Midt i Norden i 2007.

#### Styring av kapasitet for einskilde utdanninger

Departementet stiller aktivitetskrav ved nokre utdanninger, medan det for kunsthøgskolane blir sett måltal for studentar og kandidatar, jf. tabell 2.22 i Vedlegg 2. Årsaka er at kunsthøgskolane ikkje er inkluderte i finansieringssystemet.

Det er naudsynt å sikre tilgang på kandidatar innanfor yrke som er viktige for Noreg. Dei fleste helsefagutdanningane har aktivitetskrav. Krava er innfridde med unntak for fysioterapi, tannteknikk, medisin og psykologi, men resultata der ligg tett oppunder krava. Departementet legg til grunn at opptaksnivået for realfags- og ingeniørutdanningane blir halde på minst same nivå som tidlegare. Opptaket til ingeniørutdanningane er ikkje så høgt som ønskeleg, til tross for at opptaket i 2005 var noko høgre enn i 2004, jf. tabell 2.15 i Vedlegg 2.

Som i 2006 blir det ikkje stilt aktivitetskrav for allmenn- og førskolelærarutdanningane i 2007. Institusjonane må primært disponere eventuell ledig kapasitet på dette området til ulike grunnutdanningar for lærarar eller til vidareutdanning av lærarar i sentrale skolefag. Departementet vil følgje nøyne med på rekrutteringa til grunnutdanninga av lærarar ved kvar enkelt institusjon.

Aktivitetskrava for 2007–08 er vidareført frå 2006–07. Sjå også tabell 2.34 i Vedlegg 2.

### Kompetanseutvikling av lærarar

Universitet og høgskolar har i 2005 og 2006 arbeidd for å fremme kompetanseutvikling av lærarar, instruktørar og skoleleiarar som følgjer av Kunnskapsløftet, jf. kap. 226. Institusjonane har på regionalt nivå inngått samarbeid og nettverk med skoleeigarar og Fylkesmannen. Dette skal gi relevante, fleksible og praksisnære kompetansetilbod av høg kvalitet som er tilpassa reforma i grunnopp-læringa og behova i sektoren. Utdanningsdirektoratet, KS, lærarorganisasjonane og Universitets- og høgskolerådet ved Nasjonalt råd for lærarutdanning er sentrale partnarar i det vidare arbeidet. Departementet tildelte 2 mill. kroner til institusjonar som gir lærarutdanning i 2005. Midlane vart nytta til å arrangere regionale konferansar for tilsette i lærarutdanninga om *Kunnskapsløftet* og konsekvensar for lærarutdanninga og ny rammeplan for barnehagen.

NOKUT leverte sluttrapporten frå evalueringa av allmennlærarutdanninga i september 2006. Panelet som evaluerte allmennlærarutdanninga peiker på ei rad utfordringar på heilt sentrale kvalitetsindikatorar i utdanninga. Dei fleste av desse må institusjonane sjølve ta tak i. Det gjeld m.a. kravnivået i studiet, studentvurdering, motivasjonen og arbeidsinnsatsen til studentane. Vidare er panelet kritisk eller spørjande til måten lærarutdanninga er organisert på og styrt internt i høgskolane. Også dette er spørsmål høgskolane må ta opp i organisasjonen. Eit hovudområde for kritikk frå panelet er lærarprofesjonaliteten hos kandidatane, at opplæringa ikkje er tilstrekkeleg praksisnær, at det er for dårleg kontakt mellom lærarutdanningsmiljøa og skolen, uklar eller fragmentert forankring av ansvaret for praksisopplæringa og svak samanheng mellom teori, fagdidaktikk, praksis og forsking. Lærarutdanninga må vere kunnskapsbasert, men òg yrkesnær og relevant for skole og barnehage. Her ligg det store utfordringar som kvart lærarutdanningsmiljø må ta tak i og finne ei løysing på.

Departementet vil på nasjonalt nivå særleg prioritere tiltak retta mot tilhøvet mellom utdanning

og yrkesutøving. Innanfor ei samla ramme på 36,7 mill. kroner på kap. 281 til ulike tiltak innafor lærarutdanning i 2007 gjeld om lag 11 mill. kroner nye utviklingsprosjekt. Saman med relevante aktørar vil departementet setje i gang to typar pilot-prosjekt: den eine typen for å utvikle nye modellar for kontakt og samhandling mellom skole-/barnehageeigarar og lærarutdanningsinstitusjonane på eit breitt felt av felles oppgåver; det andre for å få opp gode organisasjonsmodellar for praksis, der ansvars- og samarbeidsrelasjonar er klare. Før ein set i verk utviklingsprosjekt i praksis, vil det vere ønskjeleg å hente inn kunnskap om korleis øvingslæraravtalane blir praktiserte, og om kvalitet og finansiering. Også dette arbeidet må gjerast saman med samarbeidspartane.

Noregs forskingsråd har arbeidd med eit fireårig yrkesretta FoU-program. Midlar til programmet vart utlyste i 2006, og det har vore stor interesse frå fagmiljøa. Det vart fordelt 52,2 mill. kroner til ti prosjekt. Det blir òg planlagt ei tilsvarende satting på barnehagesektoren, sjå omtale under kategori 07.30.

Departementet har gitt støtte til årlege konferansar om praksisretta FoU-arbeid i dei siste fire åra for dei som arbeider med lærarutdanning.

Kunnskapsdepartementet har støtta utviklinga av eit nytt kurs for lærarar i lærarutdanninga som blir tilbode av NTNU frå 2006. Målet er å styrke praksisdimensjonen i lærarutdanninga ved å bringe saman lærarar i praksisskole og høgskole/universitet i eit felles studieopplegg. Kurset vil kombinere relevant teori med praktiske erfaringar og utviklingsarbeid. Det vil også medføre internasjonalt samarbeid.

### Gjennomføring av studia

Gjennomføring av studia på normert tid og mindre fråfall undervegs i studia er viktig både for den enkelte studenten og for å betre tilgangen på arbeidskraft.

Ved mange utdanningar har låg gjennomføring vore eit problem. Fleire rapportar synar at mange studentar bruker få timer i veka på studia i høve til kva ein bør vente i fulltidsstudium. Undersøkingane viser òg at det er stor skilnad i tidsbruk mellom dei ulike faga. Kvalitetsreforma skal legge til rette for at studentane gjennomfører studia på normert tid. Høg fagleg kvalitet, nye lærings- og vurderingsformer, auka undervisningsmengd og betre utnytting av studieterminane er viktige faktorar for å nå dette målet. Endringar i tidsbruk vil bli nærmare undersøkte i evalueringa av Kvalitetsreforma.

I 2005 vart det i snitt avglat 42 studiepoeng per student i høgre utdanning. Flest studiepoeng,

47,6 studiepoeng per student per år, vart avglagde ved dei vitskaplege høgskolane. Talet for dei statlege høgskolane er 44,9 og 39,1 ved universiteta. Talet for dei private høgskolane er 40,5. Det er ein liten auke i talet på avglagde studiepoeng per student når ein ser på alle institusjonane under eitt.

### Internasjonalisering

Kvalitetsreforma legg til rette for at dei uteksamnerte kandidatane er kvalifiserte for eit stadig meir internasjonalt og fleirkulturelt samfunns- og næringsliv. Internasjonalt utdannings- og forskingssamarbeid er i tillegg eit sentralt satsingsområde for norsk bistandsarbeid. Aktiv deltaking i internasjonale utdannings- og forskingsprogram og institusjonsavtalar med partnarinstitusjonar i andre land er sentrale verkemiddel for å auke internasjonalt samarbeid, sjå òg omtale under kategori 07.70. Like viktig er deltaking i Bologna-prosessen, Lisboa-prosessen, Nordisk Ministerråd, OECD, UNESCO og andre internasjonale fora.

Noreg tek del i Bologna-prosessen saman med dei aller fleste landa i Europa (i alt deltek 45 land). Prosessen har som mål å skape eit felles europeisk område for høgre utdanning innan 2010. Den fjerde ministerkonferansen i prosessen, som vart halden i Bergen i mai 2005, gjorde vedtak som inneber at viktige element i eit slikt felles område no er på plass. Eit overordna europeisk rammeverk for kvalifikasjonar i høgre utdanning vart vedteke, og landa forplikta seg til å utvikle nasjonale rammeverk som byggjer opp under det. Dermed blir det lettare å ta med seg kvalifikasjonar over landegrensene. Dette kjem i tillegg til eksisterande instrument for godkjenning, først og fremst Lisboa-kvensjonen, og byggjer vidare på arbeidet med å harmonisere gradstrukturen i høgre utdanning i dei ulike landa. Eit anna viktig vedtak gjaldt felles europeiske retningslinjer og standardar for kvalitetssikring i høgre utdanning. Vidare vart det vedteke å setje ned arbeidsgrupper for å framskaffe data om arbeids- og levekåra til studentane og om studentmobilitet som ledd i å styrke den sosiale dimensjonen i prosessen.

Etter norsk initiativ vedtok ministrane å styrke samarbeidet mellom Bologna-prosessen og andre delar av verda. Ein arbeider med å utvikle ein strategi for korleis dette kan gjerast, og Noreg leier dette arbeidet. I den samanhengen vart det arrangert eit seminar i Oslo i september 2006 med om lag 150 deltakarar frå heile verda. Mellom anna som følgje av *Kvalitetsreforma* er Noreg eitt av dei landa som har komme lengst i å nå hovudmåla for prosessen. Eit viktig tema på den neste ministerkonferansen i London i mai 2007 vil vere korleis

det europeiske samarbeidet om høgre utdanning skal førast vidare etter 2010.

I løpet av 2005 vedtok både OECD og UNESCO felles retningslinjer for kvalitet i transnasjonal høgre utdanning (*Guidelines for quality provisions in cross-border higher education*). Departementet vil følgje opp dette arbeidet i ulike internasjonale fora.

Auka aktivitetsnivå i det internasjonale utdannings- og forskingssamarbeidet er viktig for kvaliteten i norsk høgre utdanning og forsking, sjå òg kategori 07.70. Lærerstadene har utvikla eigne planar for det internasjonale arbeidet. Dei fleste har eigne einingar med ansvar for feltet, og mange samarbeidsavtalar med institusjonar i andre land. Det blir òg lagt vekt på å utvikle studietilbod spesielt retta mot innreisande studentar. Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) skal vere til hjelp for lærerstadene i dette arbeidet og vitja derfor alle universiteta og høgskolane i 2005. Fleire institusjonar klarar likevel enno ikkje å sikre alle studentar som ønskjer det, eit studieopphold i utlandet.

Det er ein samla auke i talet på studentar som har reist ut i 2005 samanlikna med dei siste åra, jf. tabell 2.23 i Vedlegg 2. Det har vore vekst i talet på innreisande studentar ved universiteta. Ved dei statlege høgskolane og ved dei vitskaplege høgskolane har det vore nedgang i talet på innreisande studentar samanlikna med 2004.

Særleg viktig er det at det blir lagt til rette for at unge forskrarar tidleg i karrieren knyter internasjonale kontaktar. Talet på utreisande tilsette var mykje høgre i 2005 enn i 2004, og det var også fleire innreisande i same periode. Dette er ei positiv utvikling.

I 2004 la departementet fram ein strategiplan for forskingssamarbeid med Nord-Amerika, og i juni 2006 gjorde ei nasjonal arbeidsgruppe framlegg om ein liknande satsingsplan for utdanningssamarbeid. Kunnskapsdepartementet tek sikte på å legge fram ein endeleg plan rundt årsskiftet 2006–07.

Gjennom EØS-avtalen tek Noreg del i EU-programma på utdannings- og forskingsområdet. Programma er viktige for den faglege utviklinga ved universiteta og høgskolane. For omtale av utdanningsprogramma Sokrates og Erasmus Mundus, sjå kap. 281 post 73. For omtale av Leonardo da Vinci, Cedefop og Europass, sjå kap. 225 post 72. For omtale av EUs nye handlingsprogram for livslang læring for perioden 2007–13, sjå kap. 252 post 70. Forskingssamarbeidet i EU er omtalt under kategori 07.70.

Gjennom verksemda i Nordisk Ministerråd og rådgivningsgruppa for høgre utdanning (HØGUT) under rådet er det eit omfattande nordisk samarbeid om høgre utdanning og forsking. Kjerneaktivitetar

er knytte til Nordplus, til arbeidet for gjensidig nordisk godkjenning av høgre utdanning (Reykjavíkerklæringa) og til nordisk avtale om tilgjenge til høgre utdanning. Denne avtalen vart drøfta på ministermøtet 1. september i år. Dei nordiske utdanningsministrane tek sikte på å forlengje avtalen formelt for nye tre år på neste ministermøte i november 2006. På utdanningssida er det sett i gang eit pilotarbeid for å utvikle felles nordiske mastergradar, med sikte på utlysing av prosjektet ved årsskiftet. I 2006 har Noreg formannskapet i Nordisk Ministerråd, og legg opp til å føre vidare nordisk-arktisk samarbeid på utdannings- og forskingsområdet mellom anna ved å leie ei arktisk arbeidsgruppe med dei åtte medlemslanda i Arktisk råd.

Universitet og høgskolar vil spele ei sentral rolle i nordområdestrategien til Regjeringa. Utdanning og forsking er nøkkelen til god samfunnsutvikling og styrkt ressursforvaltning. Det er naudsynt med eit felles kunnskapsgrunnlag for at det felles ansvaret for nordområda skal forvaltast på ein god måte. Dette skal utviklast i samarbeid med institusjonar i nabolanda våre, mellom anna gjennom eit styrkt samarbeid med Russland. Norske aktivitetar under *Arktisk universitet* skal også tilretteleggjast for å følge opp ambisjonane i strategien.

### Godkjenning av utanlandsk utdanning

Regjeringa vil gjere det enklare og raskare å få godkjent høgre utdanning som er teken i andre land. Mange innvandrarar med høg utdanning opplever at det er vanskeleg å få godkjent den utdanninga dei har med seg frå utlandet. Dette representerer ei barriere for at arbeidsgivarar og samfunnet skal kunne dra nytte av kompetansen deira. Det er viktig at innvandrarar raskt får innpass i arbeidslivet slik at ressursane deira kjem til nytte, og dei kan bli inkluderte i samfunnet.

Kunnskapsdepartementet har nedsett eit utval som skal greie ut problemstillingar knytte til dagens system for godkjenning og godskriving av høgre utdanning i Noreg. Utvalet skal mellom anna foresla tiltak som kan gjere saksbehandlinga enklare, raskare og meir brukarvennleg, og samtidig sikre at ho er rettferdig. Utvalet skal spesielt vurdere behov for endringar som kan medverke til betre integrering av innvandrarar i den norske arbeidsmarknaden. Utvalet skal levere innstillinga si innan 1. desember 2006.

### Om regelverk og undervisningskomponenten i finansieringssystemet for universitet og høgskolar

Dei overordna måla for den resultatbaserte undervisningsfinansieringa er å premiere dei institusjo-

nane som er prega av kvalitet, og som får studenterne til å lykkast. Finansieringssystemet legg også til rette for at institusjonane kan omstille kapasitet raskare og gi tilbod om dei studia som møter studieønske eller dei behova samfunnet har for arbeidskraft. For 2007 utgjer undervisningskomponenten om lag 25 pst. av total løying for sektoren samla. Kvalitetsreformeavleringa vil inkludere ei evaluering av finansieringssystemet, og departementet vil mellom anna legge denne til grunn for vidare oppfølging. For nærmare omtale av finansieringssystemet, sjå St.prp. nr. 1 (2002–2003) *for Utdannings- og forskingsdepartementet*.

Lov av 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskolar er eit felles rammeverk for statlege og private høgre utdanningsinstitusjonar når det gjeld faglege fullmakter, kvalitetssikring av utdanningstilbod og rettar og plikter for studentane. Dette skal sikre kvaliteten på utdanninga ved alle utdanningsinstitusjonar, både statlege og private.

Departementet har gått gjennom sentrale forskrifter med sikte på å forenkle og oppdatere det samla regelverket under lova. Departementet har samla reglane om opptak av søkerar til høgre utdanning i ei forskrift. Endringar i vidaregående opplæring, jf. Kunnskapsløftet, fører til at fagkrav i generell studiekompetanse må endrast, og departementet har derfor sett i gang arbeidet med å gå gjennom opptaksforskrifta.

### Mål: Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking og i fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid

I samband med handsaminga av St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*, sjå Innst. S. nr. 232 (2004–2005), ga Stortinget støtte til at styrking av grunnforskninga er eitt av tre prioritersområde. Forskninga skal vere prega av kvalitet i breidda med nokre spissmiljø, ho skal vere samansett og ha eit stort mangfold, omfatte disiplinbasert og tverrfagleg forsking. Ho skal også vere original og solid og omfatte både forsking prega av vitehug og forsking med konkrete formål.

Høgre utdanning i Noreg med universitet, vitenskaplege høgskolar og høgskolar sikrar arbeidsdeling og tilrettelegging for god flyt av studentar, tilsette og ikkje minst kunnskap og forsking mellom dei ulike institusjonane.

Universiteta er berebjelken i kunnskaps- og forskingsnasjonen Noreg. Gjennom universiteta sikrar ein fagleg breidd, forskingsmessig djupn, forskarutdanning og vekt på innovasjon. Universiteta har hovudansvaret for og utførar det meste av den akademiske grunnforskninga i Noreg. Fleire sentre for framifrå forsking er etablerte for å styrke langsiktig grunnforskning på høgt internasjonalt

nivå og heve kvaliteten på norsk forsking, sjå omtale under kategori 07.70.

Universiteta i Bergen, Oslo, Tromsø og Trondheim har store natur- og kulturmuseumseiningar. Dei vitskaplege samlingane dannar basis for forsking, undervisning og formidling innanfor mange fagområde. Dei skal mellom anna opplyse allmenta gjennom utstillingar, forelesingar og andre formidlingstiltak. Dei kulturhistoriske museumseiniane er viktige aktørar i det arkeologiske forvalningsarbeidet, medan dei naturhistoriske samlingane er viktige kjelder for naturvitskapleg forsking. Dei har også ei viktig rolle som artsdatabank og miljøarkiv. Sjå nærmare omtale av Artsdatabanken under kap. 281.

Dei vitskaplege høgskolane er profesjonsorienterte, men med ei klar forskings- og teoretisk forankring. Denne kombinasjonen gjer at desse institusjonane har nokre av dei mest populære studia, og dei har ein sentral posisjon i fag- og yrkesmiljøa sine.

Gjennom forskingsbasert undervisning sikrar høgskolane at Noreg får høgt kompetent personell til dømes innanfor ingeniør-, helse- og læraryrka. Kunsthøgskolane har ei tilsvarende rolle i høve til dei kunstnarlege profesjonane. Dei har også ansvar for utvikling av og forankring i kunstnarleg utøving, utviklingsarbeid og forsking. Utviklings- og innovasjonsorientering saman med forankring i regionane gjer høgskolane til eit særsviktig fundament i det kunnskapsbaserte samfunnet i dag og i framtida.

Fagevalueringane i regi av Noregs forskingsråd syner at norske universitet har vore prega av for svak fagleg leiing og manglande langsiktig planlegging for å styre ressursfordelinga. Mobilitten er for låg, både innanfor Noreg og internasjonalt. Ei rekkje fag har stor bruk for internasjonalt leiande forskarar som kan vere drivkraft for å få fram den faglege kvaliteten ved institusjonane. Sjå nærmare omtale under kategori 07.70.

Gjennom forskingsevalueringar og betre oversikt over vitskapleg publisering har institusjonane fått auka kunnskap om kvaliteten på forskinga ved sin eigen institusjon. Institusjonane er også i ferd med å styrke samarbeidet med andre institusjonar i sektoren, både nasjonalt og internasjonalt, og dei knyter tettare kontaktar med arbeids- og næringsliv. Internasjonalt samarbeid og EUs rammeprogram for forsking er viktig for å sikre og betre kvaliteten i det faglege arbeidet.

Regjeringa vil styrke dei regionale komiteane for medisinsk forskingsetikk (REK). Komiteane er organiserte etter helseregion, men universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø har forvalningsansvaret, inkludert ansvar for infrastruktur.

Arbeidsmengda for komiteane har auka kraftig dei siste åra. Frå 1. juli 2006 vart det derfor oppretta ein ny komité i region sør, og departementet foreslår å auke løyingane til REK-systemet med til saman 7,1 mill. kroner i 2007, jf. også omtale under kategori 07.70. Midlane skal nyttast til å opprette ein ny komité i region aust, innføring av ein nasjonal fordelingsfunksjon og frikjøpsordningar for leiarane. Departementet vil komme attende til korleis forvaltningsansvaret for komiteane skal organiserast, seinast i St.prp. nr. 1 (2007–2008).

Departementet oppnemnde hausten 2005 eit utval for akademisk fridom. Utvalet er ei oppfølging av Stortingets behandling av ny lov om universitet og høgskolar, jf. Innst. O. nr. 48 (2004–2005). Stortinget bad da departementet greie ut problemstillingar kring behovet og høve til å lovfeste den akademiske fridommen for kvar enkelt tilsett i undervisnings- og forskarstilling. Utvalet leverte ei utgreiing 2. oktober 2006. Utvalet meiner det er gode grunnar til å lovfeste individuell akademisk fridom. Utgreiinga skal ut på høring. Departementet vil komme tilbake til Stortinget med forslag om oppfølging.

### Forskningsomfang

Tal frå NIFU STEP viser at dei totale utgiftene til forsking og utviklingsarbeid ved universitet og høgskolar var på 8,6 mrd. kroner i 2005 mot 6,3 mrd. kroner i 2001. Tal for FoU-midlane som er løvd over statsbudsjettet, utanom inntekter fra oppdrag, syner at universiteta og høgskolane som primærmottakarar fekk løvd om lag 5,7 mrd. kroner i 2005 mot om lag 4,2 mrd. kroner i 2001.

Publiseringaktiviteten har auka jamt frå nittiåra. Målt som talet på artiklar publiserte per 1 000 innbyggjarar ligg Noreg framfor land som USA, Tyskland og Japan, men kjem dårligare ut enn dei andre nordiske landa. Ein indikasjon på kvaliteten på artiklane er talet på siteringar i høve til verds gjennomsnittet. Dette aukar raskare i Noreg enn i dei andre nordiske landa, og norske artiklar ligg no på same nivå som svenske og finske.

Det er klare skilnader i publiseringaktiviteten mellom forskjellige institusjonskategoriar, men også innanfor same kategori. Som venta publiserer universiteta flest artiklar. Universitetet i Stavanger (UiS) har mange profesjonsfagmiljø som ikkje berre publiserer vitskaplege artiklar, men også utførar utviklingsarbeid i samband med profesjonsfeltet. UiS ligg derfor i ei mellomstilling, men også UiS har auka publiseringa monaleg i 2005. Det er ein aukande publiseringaktivitet i høgskolesektoren.

## Forskarutdanning

Regjeringa har som mål å utdanne 1 100 doktorandar årleg, i tråd med mål sett i St.meld. nr. 35 (2001–2002) om rekruttering til undervisnings- og forskarstillingar. Målet omfattar alle doktorander, uavhengig av finansieringskjelde og tilsettingsstad. For åra 2002 til 2006 er det til saman løyvd midlar til oppretting av i overkant av 1 000 nye stipendiatstillingar finansierte over grunnbudsjetta til universitet og høgskolar, jf. nærmare omtale i budsjettforlag for dei einskilde åra.

Tabell 2.25 i Vedlegg 2 gir oversikt over talet på avgangde doktorgradar fordelt på universitet og høgskolar i perioden 1996–2005. I 2005 var det 855 kandidatar som tok doktorgraden mot 782 i 2004. Talet på avgangde doktorgradar var 42 pst. høgre i 2005 enn i 1996. Sjølv om talet på doktorgradar aukar, er fullføringsgraden framleis for låg og gjennomføringstida i doktorgradsutdanninga framleis for lang. For å nå Regjeringas mål må dette bli betre. Kvinner utgjer 40 pst. av doktorandane. Tabell 2.26 i Vedlegg 2 har oversikt over oppnådde doktorgradar etter fagområde og kjønn i 1995 og 2005. Samfunnsvitskap, humaniora, landbruksvitenskap/veterinærmedisin og medisin er no fag med rimeleg kjønnsbalanse på rekrutteringsnivå. Innanfor matematisk-naturvitenskaplege fag vart kjønnsbalansen betre i perioden 1995–2005, men er framleis skeiv. Prosentdelen kvinner innanfor teknologifag er låg, og er også redusert samanlikna med 1995.

Universitet og høgskolar har hovudansvaret for å auke talet på stipendiatstillingar. Noregs forskingsråd har hovudansvaret for å auke talet på postdoktorstillingar og utover dette halde finansieringa av stipendiatstillingar på minimum nivået i dag. Institusjonar med rett til å tildele graden ph.d. kan nyte postdoktorstillinga der dei finn det naudsynt.

Teknologi og realfag er prioriterte ved at institusjonar med tyngd innanfor naturvitenskap og teknologi var spesielt tilgodesette ved fordeling av dei 350 stipendiatstillingane som vart løyvde i budsjettet for 2006. Det er lagt inn heilårsverknad for desse stillingane i budsjettet for 2007.

Noregs forskingsråd har saman med universitets- og høgskolerådet greidd ut ei ordning med nasjonale forskarskolar. Departementet arbeider med å følgje opp denne utgreiinga.

Forskningsrådet er i ferd med å utarbeide ei ordning med nærings-ph.d. på oppdrag frå departementet. Målet med ei slik ordning er å styrke samspel mellom universitet og høgskolar på den eine sida og forskingsinstitutt og næringsliv på den andre, gjennom at forskarutdanninga byggjer på

samarbeid mellom fleire partar. Utgreiinga vil ligge føre 1. desember 2006 og skal utformast i samspel med instituttsektor, samfunns- og næringsliv.

Perioden for rekrutteringssatsinga går ut i 2007, jf. St.meld. nr. 35 (2001–2002). Departementet har i samarbeid med Noregs forskingsråd eit prosjekt i regi av NIFU STEP som skal sjå på kva som er oppnådd gjennom satsinga på forskarrekruttering, og korleis vidare satsing bør bli utforma. Departementet førebud ein brei dialog om dette, ikkje berre med universitet og høgskolar, men også med andre partar i samfunns- og næringslivet som treng arbeidstakrar med doktorgrad.

Departementet har sett i verk ein gjennomgang av FoU-resultata ved statlege høgskolar, som varsla i budsjettproposisjonen for 2005. Formålet er mellom anna å undersøke om satsinga på doktorgradsutdanning ved høgskolane har vore vellykka. I samband med dette har NIFU STEP fått i oppdrag å analysere FoU-situasjonen ved høgskolane nærmare. NIFU STEP skal levere rapporten hausten 2006.

## Internasjonalt forskingssamarbeid

Regjeringa har som mål å auke internasjonaliseringa av forskinga. Universitet og høgskolar har omfattande samarbeid gjennom internasjonale organisasjonar, større internasjonale fellessatsingar og program, samt gjennom bilaterale avtalar. Internasjonal sampublisering aukar. I 2005 hadde meir enn halvparten av dei norske vitskaplege publikasjonane også ein forfattaradresse i andre land. Talet på artiklar med utanlandske medforfattarar har sidan åttiåra auka dobbelt så raskt som talet på artiklar utan. Om lag 20 pst. av doktorgradane i Noreg blir avgangde av utanlandske statsborgarar.

Noreg tek med fulle rettar del i EUs sjette rammeprogram for forsking (2002–06). Institusjonane har vore svært aktive i siste fase av det sjette rammeprogrammet. Forskningsrådet sine tal synes at norske universitet og høgskolar per 1. mars 2006 deltok i 223 prosjekt som er innstilte til sluttforhandling om kontrakt. Sjå elles kategori 07.70 om internasjonalt forskingssamarbeid og EUs sjuande rammeprogram.

## Om forskingskomponenten i finansierings-systemet for universitet og høgskolar

Dei overordna måla for resultatbasert omfordeling (RBO) av forskningsmidlar er å stimulere til auka forskingsaktivitet og fordele ressursar til miljø som kan dokumentere gode forskingsresultat. RBO

inneber å omfordеле midlar mellom institusjonane etter oppnådde resultat på utvalde indikatorar. Midlane blir dermed fordelt etter relativ resultatoppnåing.

I samband med budsjettet for 2006 vart det gjort endringar i RBO, jf. St.prp. nr. 1 (2005–2006). Indikatorane doktorgradskandidatar, inntekter frå EU og frå Noregs forskingsråd er vidareførte. Samstundes er den nye indikatoren vitskapleg publisering gjort gjeldande for alle institusjonane, med unntak for Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo og Noregs musikkhøgskole. I budsjettet for 2007 er indikatorane for EU-midlar og midlar frå Noregs forskingsråd heller ikkje nytta, da dette er lite eigna mål for forskingsresultat ved desse to institusjonane.

Regjeringa la i budsjettforslaget for 2006 opp til å fase inn endringane som følge av RBO gradvis, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006). Potten som vart omfordelt, vart derfor halvert, men ein tok sikte på å fase inn resterande midlar i budsjettet for 2007. Midlane vart mellombels lagde inn i den strategiske forskingskomponenten. På bakgrunn av dette foreslår Regjeringa full innfasing i budsjettet for 2007.

Departementet har sett ned eit utval som skal sjå på om det er mogleg å finne indikatorar for kunstnarleg utviklingsarbeid. Det er Universitets- og høgskolerådet som leier arbeidet, og arbeidsgruppa representerer breidda innanfor fagfeltet. Utvalet tek sikte på å levere si instilling innan utgangen av 2006.

#### **Mål: Universitet og høgskolar skal møte behova i samfunnet og skal spreie og formidle resultat frå forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid**

Formidling er ved sida av utdanning og forsking ei av kjerneoppgåvene for utdanningsinstitusjonane, men det har ikkje vore knytt indikatorar til denne delen av aktiviteten til institusjonane i det resultatbaserte finansieringssystemet. Formidling har eit stort mangfold av resultatformer og prosessar, og det er ei utfordrande oppgåve å samle seg om nokre få indikatorar. Kunnskapsdepartementet vil arbeide vidare med ein eigen komponent for formidling. Departementet har sendt eit forslag om formidlingskomponent frå Universitets- og høgskolerådets formidlingsutval på høring.

I mai 2006 sette Regjeringa ned eit utval, Stjernø-utvalet, for å vurdere den vidare utviklinga av norsk høgre utdanning i eit tidsperspektiv på ti til 20 år. Utvalet skal vurdere korleis ein kan sikre at strukturen på universitet og høgskolar i Noreg

held fram med å gi god regional balanse i studietilbod og tilgang på kompetanse. Det skal òg vurdere om institusjonane møter dei krava som følgjer av auka internasjonalisering av så vel utdanning som arbeidsliv. Mandatet peiker på at det er naudsynt med fagleg sterke, livskraftige institusjonar med evne til omstilling og fornying og med kvalitativt gode og robuste forskingsmiljø, og sett soknjelyset på den rolla høgre utdanning spelar for samfunnsutviklinga i vid forstand. Samspelet mellom dei høgre utdanningsinstitusjonane og samfunnet ikring står derfor sentralt. Regjeringa sitt mål om å styrke det regionale universitets- og høgskolesystemet vil vere ein viktig premiss for arbeidet. Utvalet skal leggje fram innstillinga si innan utgangen av 2007.

#### **Museum**

Riksrevisjonen har i ein rapport til Stortinget peikt på at fleire av samlingane ikkje vart oppbevarte under gode nok tilhøve, og at styringa, ved universitetsmusea, ikkje var god nok. Sjå Dokument nr. 3:9 (2002–2003).

Kunnskapsdepartementet har i dei siste åra løyvd 72 mill. kroner i ekstraordinære tildelingar til universitetsmusea. Midlane er nytta til å betre magasintilhøva og til sikring, konservering og digitalisering.

Universiteta skal sikre forsvarleg oppbevaring og sikring av museumssamlingane. Universitetsmusea har utarbeidd ein felles metode for registrering av samlingane ved universitetsmusea. Metoden saman med rapportering på mål og resultatinndikatorar vil gjere departementet og universiteta betre i stand til å sette gode mål.

Hausten 2004 sette departementet ned eit utval som skulle greie ut rolla til universitetsmusea i den nasjonale museumspolitikken. Utvalet la fram innstillinga NOU 2006:8 *Kunnskap for fellesskapet* til departementet 31. mars 2006. Utvalet tilrår mellom anna at formidlinga, forskinga og arbeidet med bevaring og digitalt tilgjenge må styrkjast. Utvalet er delt i synet på om universitetsmusea i framtida bør organiserast som universitetseininger eller som institusjonar med ei friare tilknyting til universiteta. Utgreiinga har vore på høring med frist til Kunnskapsdepartementet 1. oktober 2006. Departementet vil følgje opp dette overfor Stortinget. Spørsmål om bygninga vil vere med i ei slik vurdering. Nytt bygg for kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo er under utgreiing, sjå tabell 2.37 i Vedlegg 2. I samband med dette blir òg magasinbehov vurdert. Vidare har Universitetet i Bergen gjort ei utgreiing om magasinbehova.

## Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv

Universitet og høgskolar skal vere lærestader og forskingsinstitusjonar som tek ansvar for eiga utvikling. Samfunnsrolla til institusjonane har vorte stadig viktigare, og institusjonane må delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv gjennom utdanningssamarbeid, forskingssamarbeid, teknologioverføring og anna formidling, sjå også Del I kap. 1 Hovudprioriteringar.

Universitet og høgskolar samarbeider i aukande grad med samfunns- og næringsliv, om studietilbod, etter- og vidareutdanning, FoU og innovasjon. Universiteta og høgskolane har ulik aktivitet på området, og graden av samarbeid varierer òg er avhengig av fagområde. Institusjonane utviklar strategiar og ulike modellar for å møte utfordringar i eit meir utstrakt samspele med nærings- og samfunnsliv.

Mange universitet og høgskolar har kurstilbod innanfor bedriftsretta område, som t.d. etablerar kunnskap. Fleire av institusjonane har slike kurs som obligatoriske i studieprogram og har eigne gründerskolar. Høgskolane er sentrale bærebjelkar i arbeidet med regional utvikling, og det ser ut som eksterne representantar i institusjonsstyra i mange høve har vore viktige i dette arbeidet.

Noregs forskingsråd, Selskapet for industriekonsept (SIVA) og Innovasjon Noreg har etablert programmet *Norwegian Centers of Expertise* (NCE) og har i år peikt ut seks nye senter. Universitet og høgskolar medverkar i alle sentra. Målet er å støtte teknologisterke bedrifter og forskingsmiljø som har moglegheiter for vekst basert på innovasjon, og som kan gi ein betre grobotn for nye verksemder og til kommersialisering av nye forskingsidear. Sjå også kap. 552 post 72 i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Kommunal- og regionaldepartementet*.

## Innovasjon

Regjeringa har som ambisjon at Noreg skal vere eit av dei mest nyskapande landa i verda. Det overordna målet er å leggje til rette for auka verdiskaping over heile landet. Utdannings- og forskingspolitikken er sentral i denne politikken fordi menneske, kompetanse og kreativitet er avgjerande for innovasjonsevna i næringslivet.

Auka kommersialisering av forskingsresultat er viktig for å nå ambisjonen til Regjeringa. Kommersialisering av forskingsresultata gir nye idear, nye produkt og nye bedrifter, og er viktig for omstilling av norsk næringsliv. Særleg universiteta arbeider aktivt med kommersialisering av forskingsresultat og har utvikla organisasjoner, system og rutinar og samarbeider nært med sjuke-

hus, helseføretak, næringsliv og andre forskingsmiljø.

*FORNY-programmet* i Noregs forskingsråd er eit viktig verkemiddel for kommersialisering av forsking. *MOBI-programmet* er viktig for å mobilisere FoU-relatert innovasjon. Sjå omtale under kategori 07.70.

Regjeringa har sette i verk ei ordning med etablerarstipend for å gjere det lettare for forskarar å flytte seg mellom forsking og arbeidet med kommersialisering av forskingsresultat. Stipendet kan gi lønn for opptil eit år og mellombels permisjon frå stillinga ved universitet, høgskole eller institutt, og gjer det mogleg å bruke heile eller delar av tida til å kartlegge og/eller utvikle det kommersielle potensialet i eit forskingsresultat eller ei oppfinning. Noregs forskingsråd administrerer ordninga.

For å styrke den langsiktige grunnleggjande forskinga i næringslivet er det sette i gang ei ny ordning kalla *Senter for forskingsdriven innovasjon*, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet* og kategori 07.70.

## Randsoneinstitusjonar

Institusjonane har gjennom Kvalitetsreforma fått større fullmakter til å opprette selskap eller andre einingar i randsona til institusjonen. Slik kan dei medverke til innovasjon og verdiskaping, og i større grad samarbeide med andre institusjonar, lokalt og regionalt arbeidsliv og offentleg forvalting. Det er eit krav at slik verksemd må vere av fagleg interesse for institusjonane. Institusjonane må ikkje avgrense sjølvstendet sitt i faglege spørsmål, og kan ikkje skilje ut ordinære undervisnings- og forskingsoppgåver. Institusjonane kan berre nytte overskottet frå eksternt finansiert verksemd til kapitalinnskott. Institusjonane kan heller ikkje nytte grunnløyvinga til å subsidiere slik verksemd.

Institusjonane har nytta fullmaktene til å opprette einingar for oppdragsforskning og selskap som skal medverke til kommersialisering av forskingsresultat. Departementet legg til grunn at institusjonane følgjer prinsippa for god eigarstyring og dei overordna krava som er sette til forvalting av eigarinteressene til staten.

Departementet og institusjonar under departementet forvaltar per 31. desember 2005 statlege eigarinteresser i 85 aksjeselskap, jf. tabell 3.5 i St.meld. nr. 3 (2005–2006). Dette er ein auke på 13 frå 31. desember 2004. I perioden har fem selskap vorte avvikla. Staten, ved Kunnskapsdepartementet eller institusjonane, har gjennom aksjeeige eller på annan måte ei dominerande rolle i 31 selskap. For desse selskapa rapporterer departementet særskilt til Riksrevisjonen.

For å sikre at fullmaktene blir forvalta i samsvar med dei krava som følgjer av departementets rundskriv F-35-02, vil departementet gjennomgå heile selskapsporteføljen, og særskilt vurdere formål, avtalar og at prinsipp for god eigarstyring blir etterfølgde. Samstundes tek departementet siktet på ei evaluering og revisjon av regelverket.

**Mål: Universitet og høgskolar skal ha personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane**

Universiteta og høgskolane er kunnskapsverksemder som har eit særleg ansvar for å forvalte human-kapital og økonomiske ressursar til beste for samfunnet. Dei tilsette er den viktigaste ressursen institusjonane rår over, og god personalpolitikk og god leiing blir derfor viktig. Det blir på ulike måtar lagt til rette for god leiing og personalpolitikk i sektoren. Lov om universitet og høgskolar opnar for større valfridom når det gjeld organisering av den øvste leiinga ved dei statlege institusjonane.

For å sikre betre rettar for tilsette har Regjeringa i Ot.prp. nr. 79 (2005–2006) gjort framlegg om å oppheve høvet til å tilsetje på åremål i undervisnings- og forskarstilling når vedkommande skal delta i prosjekt. Departementet har forenkla regelverket under universits- og høgskolelova. Det er fastsett forskrifter om tilsetjing og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar (forskrift 9. februar 2006 nr. 0129) og forskrift om vilkår for tilsetjing i stillingar som postdoktor, stipendiat, vitskapleg assistent og spesialistkandidat (forskrift 31. januar 2006 nr. 0102). I denne samanhengen har stipendiataane fått betre sikring ved sjukdom.

Gjennom ei avgjerd i retten har departementet fått støtte for ei tolking av lova som inneber at fordelinga av arbeidstid for vitskapleg tilsette kan delegerast til institusjonane. Dei fleste av fagforeiningane har som tilsvart sagt opp særavtalen om lønns- og arbeidstilhøve, og departementet vurderer no korleis dette skal følgjast opp.

Tabell 2.24 i Vedlegg 2 syner det samla talet på vitskapleg og fagleg tilsette ved statlege institusjonar. Det var i 2005 totalt 15 512 årsverk i undervisnings- og forskarstillingar. Talet på kvinner i undervisnings- og forskarstillingar aukar, og var i 2005 på 41 pst. Talet på kvinner i vitskaplege toppstillingar aukar, men er framleis lågt. Til dømes var 17 pst. av professorane i 2005 kvinner, ein liten auke frå 2004. 32 pst. av dei tilsette i førsteamansis-/førstelektorstillinga var kvinner. Det er stor skilnad mellom fagområda. Institusjonane har utarbeidd handlingsplanar for å styrke likestillingsarbeidet. Komiteen *Kvinner i forsking* er sett ned for å hjelpe institusjonane med å innlemme likestillingsarbei-

det i den langsiktige og strategiske utviklinga av forskingsmiljøa. Komiteen vart oppnemnd i januar 2004 for ei treårsperiode. Tiltaket skal evaluerast i løpet av hausten 2006. Dei har oppretta ein langsiktig nettbasert ressursbank for arbeidet med å fremme likestilling i akademia. Institusjonane har utarbeidd handlingsplanar for å styrke likestillingsarbeidet.

Institusjonane arbeider med heving av den faglege kompetansen for dei tilsette. Spesielt viktig er det at dei tilsette i faglege stillingar ved dei statlege høgskolane får høve til å kvalifisere seg for førstestillingar. Eit fleirtal av høgskolane har utarbeidd førstelektorprogram. Dette tiltaket er spesielt viktig for kvinner, fordi dei er i fleirtal i dei lågare stillingskategoriane.

I samband med omdanninga til forvaltningsorgan med særskilde fullmakter har departementet gjennomført fleire tiltak for å utvikle økonomiforvaltninga ved institusjonane og tilpasse ho til nye prinsipp for føring av rekneskapa. Tilbakemeldingane frå Riksrevisjonen og eigne røynsler i departementet gjennom styringsdialogen syner at det framleis gjenstår utfordringar på fleire område.

Fleire av institusjonane har hatt ein auke i avsetninga til løyvingsfinansiert verksemd som følgje av at planlagde tiltak er ført vidare til kommande budsjettperiode. Departementet har i dialogen med institusjonane understreka det ansvaret styret har for å gjennomføre budsjett i samsvar med føresetnadene for løyvingane.

Departementet har sett i verk fleire tiltak for å få eit klart skilje mellom ekstern- og løyvingsfinansiert verksemd. Sjølv om regelverket og rutinane er på plass, står det att arbeid for å sikre at dei blir etterlevde, og departementet vil framleis følgje opp dette området særskilt.

Departementet legg vekt på at rekneskapen til verksemdene skal avleggjast i rett tid og med tilstrekkeleg kvalitet, og har sett i verk tiltak for å auke kvaliteten i rekneskapsrapporteringa. Desse vil bli ført vidare til kvaliteten er tilfredsstillande.

Når det gjeld offentlege innkjøp, er det enkelte institusjonar som på grunn av manglande innsføring eller praksis bryt regelverket. Alle institusjonar skal etablere elektroniske innkjøpstøttesystem, og innkjøpsrutinane må etterlevast.

**Mål: Godkjend fagskoleutdanning skal gi studentane kvalitetssikra, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningstilbod som byggjer på avslutta vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse**

Fagskoleutdanning er korte, yrkesretta utdanninger som byggjer på vidaregåande opplæring eller

tilsvarande realkompetanse og har eit omfang tilsvarende minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Frå 1. januar 2004 fekk NOKUT ansvaret for å godkjenne fagskoleutdanning. NOKUT-godkjende fagskoleutdanningar har auka monaleg i løpet av 2006, frå elleve ved årsskiftet til 276 per 1. september.

For dei med yrkesfagleg utdanning betyr fagskoleutdanning mykje i eit livslangt læringsperspektiv. Fagskoleutdanningane er viktige for å møte dei auka behova for arbeidskraft, både i offentleg sektor og i det private næringslivet. Våren 2007 blir det lagt fram forslag til endringar i friskolelova og lov om fagskoleutdanning. Regjeringa vil i proposisjonane mellom anna drøfte verkeområde for dei to lovene. Ein drøfting av omgrepet yrkesretta vil her stå sentralt. Finansieringsordninga blir også vurdert i samanheng med denne prosessen.

## Bygg og lokale

I juni 2004 vart det sett ned eit interdepartementalt utval under leiing av davverande Moderniseringsdepartementet, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet*. Utvalet foreslo mellom anna å innlemme universitet og høgskolar som forvaltar bygningar, i ei husleigeforeining. I Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006) ber komitéfleirtalet om at ei ny vurdering av spørsmåla blir lagd fram i samband med statsbudsjettet for 2007. Departementet vurderer å aktivere bygningsmassen i verksemdenes interne rekneskap ved dei institusjonane i universitets- og høgskolesektoren som forvaltar eigne bygningar, med balanseføring etter periodiseringsprinsippet. Dette vil gi eit betre oversyn og informasjonsgrunnlag for framtidig investeringsbehov. Rekneskapa vil seinare vise om desse verksemdene held oppe verdiane dei disponerer. Det er framleis eit etterslep når det gjeld realisering av nye bygg og oppgradering og vedlikehald av eksisterande bygningsmasse i universitets- og høgskolesektoren. Samtidig utgjer bygningar og lokale ein stor utgiftspost for universitet og høgskolar. Det er derfor viktig at alle institusjonar i sektoren går nøyne gjennom arealbehovet sitt og dei lokalløysingane som er valde, med sikte på størst mogleg kostnadseffektivitet på dette feltet.

Statsbygg har gjort ei vurdering av vedlikehaldssituasjonen ved Noregs idrettshøgskole. Departementet har bede høgskolen om ei prioritering av dei ulike tiltaka som er foreslått i rapporten frå Statsbygg.

I St.prp. nr. 65 (2004–2005) vart det gjort greie for vurdering og status i saka om framtidig organi-

sering av Noregs veterinærhøgskole og Universitetet for miljø- og biovitenskap. Departementet har i dialog med institusjonane utarbeidd eit grunnlagsmateriale som skal kvalitetssikra eit eksternt konsulentfirma i tråd med rutinane for kvalitetssikring av store statlege investeringsprosjekt. Ein tar sikte på å leggje fram saka for Stortinget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2007.

Løyvingar til byggjeprosjekt i universitets- og høgskolesektoren blir gitte over budsjettet til Forsynings- og administrasjonsdepartementet, jf. kap. 1580 og kap. 2445.

Status for byggjeprosjekt i universitets- og høgskolesektoren vart det også gjort greie for i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet*.

Når det gjeld byggjesakene for kunsthøgskolane i Oslo og Bergen, viser vi til omtale under kap. 273.

Følgjande bygg er eller vil bli ferdigstilte i 2006: nybygg i Førde for Høgskolen i Sogn og Fjordane, nybygg på Remmen i Halden for Høgskolen i Østfold, nybygg på Evenstad for Høgskolen i Hedmark, tilbygg og oppføring av Sentralbygget for Universitetet i Stavanger, nybygg og ombygging for Høgskolen i Nesna og Noregs musikkhøgskole. I tillegg vart byggjeprosjekta Forskningsvegen 3 ved Universitetet i Oslo, Sentralbygg ved Høgskolen i Gjøvik og Svalbard Forskningspark offisielt opna våren 2006. Prosjekta har ei samla brutto arealramme for nybygg og ombygging på vel 74 000 m<sup>2</sup>.

Kunnskapsdepartementet har gitt Statsbygg i oppdrag å utarbeide ein landsverneplan for dei kulturhistoriske eigedommane under departementet sitt ansvarsområde. Det blir no arbeidd med eit forprosjekt som skal vere ferdig hausten 2006.

Ved vurdering av kompensasjon for auka husleige til nybygg, ombygging og rehabiliteringsprosjekt er prinsipp for husleigekompensasjon som er nedfelte i Kgl.res. av 7. oktober 1997 lagde til grunn. Resolusjonen seier at som hovudregel skal husleige dekkjast innanfor dei gjeldande driftsrammene. I nokre saker bør det likevel vurderast husleigekompensasjon, men som hovudregel bør det heller ikkje for desse byggjeprosjekta bli gitt kompensasjon utover 75 pst. av auka husleigeutgifter. Spørsmålet om husleigekompensasjon må vurderast konkret i den einskilde saken.

I 2007 er det lagt til grunn 75 pst. husleigekompensasjon for nybygget ved Høgskolen i Østfold. For Høgskolen i Nesna og Noregs musikkhøgskole er det ut frå ei samla vurdering lagt til grunn høgre husleigekompensasjon enn 75 pst.

Regjeringa foreslår i budsjettet for 2007 følgjande løyingar til avslutning og vidareføring av

byggjeprosjekt: Høgskolen i Østfold 126,1 mill. kroner, Universitetet i Stavanger 42,7 mill. kroner, Noregs musikkhøgskole 30,4 mill. kroner, Universitetet i Bergen/Studentsenteret 39,9 mill. kroner, Universitetet i Oslo/Institutt for informatikk 360 mill. kroner, Universitetet for miljø og biovitenskap/Sørhellingabygget 105 mill. kroner, Høgskolen i Vestfold 60 mill. kroner og Samisk vitenskapsbygg 80 mill. kroner. Sjå kap. 1580 og kap. 2445 i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for *Fornyings- og administrasjonsdepartementet*.

Departementet vil trekke fram følgjande byggjeprosjekt i nemnte rekkjefølgje: bygg for odontologisk fakultet ved Universitetet i Bergen (DOF), bygg for sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Oslo i Pilestredet Park, samlokalisering av Høgskolen i Bergen, byggjetrinn to for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø og samlokalisering av Kunsthøgskolen i Bergen. Byggjeprosjekta har komme ulikt i framdrift, og prioriteringa må derfor også vurderast i høve til kor langt dei er komne i prosjekteringsarbeidet.

Tabell 2.36 i Vedlegg 2 gir oversikt over prosjekt som krev vedtak i Stortinget om startløyving etter at kostnadsramma er fastsett. For høgskolar innanfor husleigeordninga er det for desse prosjekta behov for midlar til auka husleige.

Det er godkjend kostnadsramme for byggjeprosjektet for odontologiutdanninga ved Universitetet i Bergen (DOF), prosjektet for ombygging og rehabilitering av Patologibygget i Pilestredet Park for sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Oslo og prosjektet for samlokalisering av Høgskolen i Bergen. Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring av alle tre byggjeprosjekta.

### Løyvingsnivå for private høgskolar

Ved handsaminga av St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskningsdepartementet* bad Stortingen departementet om å vurdere kva som vil vere eit rimeleg nivå på statlege tilskott til private høgskolar for at desse ikkje-kommersielle skolane skal kunne utføre viktige samfunnoppdrag, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006). Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå departementet og *Nettverk for private høgskolar* har arbeidd med dette spørsmålet. Arbeidsgruppa har sett på den rolla dei private høgskolane spelar i samfunnet, gjennomgått økonomin ved desse institusjonane og samanlikna dei statlege tilskotta til private høgskolar med tilskotta til statlege høgskolar.

Dei private høgskolane er viktige alternativ til dei statlege utdanningstilboda. Dei er nødvendige for å sikre kapasitet på vesentlege område, ikkje minst når det gjeld å sikre nok arbeidskraft til vel-

ferdsyrka. Tilboda ved dei private høgskolane spelar mellom anna ei viktig rolle for å nå målsetjingane i *Kunnskapsløftet* og målet om auka kapasitet i pleie- og omsorgstenestene.

I dei siste åra har det vore ei utvikling mot stadig større grad av likebehandling mellom statlege og private utdanningsinstitusjonar. Lov om universitet og høgskolar av 1. august 2005 slår fast at private høgskolar som tilbyr offentleg godkjende eksamenar og gradar, skal handsamast på same måte som statlege institusjonar. Dette inneber at det blir stilt same krav til private institusjonar som til statlege, mellom anna når det gjeld dei rettar og plikter studentane har. Gjennom ei endring i lov om private høgskolar i 2003 fekk private høgskolar høve til å bli akkrediterte som høgskole, vitskapleg høgskole eller universitet. Dei kan dermed få faglege fullmakter til å endre og opprette nye studietilbod utan å måtte søkje om godkjenning av NOKUT.

Den auka likebehandlinga av private og statlege utdanningsinstitusjonar avspeglar seg i den statlege løyvinga. Det finansieringssystemet for universitet og høgskolar som vart innført i 2002, gir budsjettmessig utteljing for resultat ved private høgskolar basert på same indikatorar som ved statlege institusjonar. Nivået på det statlege tilskottet til private høgskolar er dermed dels fastsett på bakgrunn av aktiviteten ved institusjonane.

Nivået på basiskomponenten er derimot stabilt og ikkje resultatstytt, og det varierer både mellom statlege og private utdanningsinstitusjonar. Det er ikkje formålstenleg å dekomponere basisfinansieringa fordi variasjonen mellom institusjonane reflekterer mange ulike omsyn, t.d. ulikskapen i oppgåveportefølje, storleik, distriktsomsyn, husleigenivå og ulike politiske prioriteringar over tid. Det er dermed ikkje berre eitt rimeleg nivå på tilskotta til private høgskolar, men desse varierer frå institusjon til institusjon, og er basert på mange ulike omsyn.

Det har vore ein vesentleg vekst i tilskottet til private høgskolar i dei siste åra. Sidan 2003 har tildelinga til dei private høgskolane auka med 24,2 pst. justert for tekniske endringar. Både dei resultatbaserte komponentane og basiskomponenten har auka; undervisningskomponenten har t.d. auka med 13,9 pst. I samband med budsjettet blir dei private institusjonane no behandla saman med dei statlege institusjonane som hører til same institusjonskategori, og ikkje i eit kapittel for seg, slik dei vart tidligare. Når midlane blir fordelte, vil dei private institusjonane bli samanlikna med institusjonane i same kategori i staden for med dei andre private høgskolane.

**Kap. 260 Universitetet i Oslo**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Statstilskott	3 173 663		
	Sum kap. 260	3 173 663		

**Resultatrapport for 2005–06****Utdanning**

Talet på registrerte studentar ved Universitetet i Oslo (UiO) er nær uendra frå 2004 til 2005, medan talet for opptak er redusert med 1 884 studentar. Universitetet vart i budsjettet for 2005 pålagt å redusere talet på studieplassar med 683. Universitetet har ein liten nedgang i talet på søkerarar. Talet på studiepoengseiningar per student har auka frå 34,7 til 36,3. Strykprosenten er 7,5 i 2005, dvs. uendra frå 2004.

Det har vore auke i det totale talet på 60-studiepoengseiningar på nesten 900 frå 2004 til 2005. Talet på utvekslingsstudentar har auka frå 1 031 i 2004 til 1 288 i 2005. I tillegg var det 193 utvekslingsstudentar på individbaserte avtalar i 2005. I statsbudsjettet for 2006 vart det lagt inn midlar til heilårsverknad av auka opptak knytte til 13 studieplassar i psykologi og 28 studieplassar i medisin. Vidare vart det lagt inn midlar til 40 studieplassar til lærarutdanning. Universitetet i Oslo har følgt opp *Kvalitetsreforma* på ein god måte. Arbeidet med å vidareutvikle kvalitetssikringssystemet held fram. Det same gjeld arbeidet med å få utdanningsplanen som er fastsett for kvar student til å fungere som ein reiskap til betre oppfølging av studentane og dermed auke gjennomstrøyminga.

Universitetet i Oslo, Institutt for informatikk, fekk i 2006 førstepremie i Utdanningskvalitetsprisen for prosjektet *Fra mikrofag til makroindustri* korleis gjere mikroelektronikkfaget meir tilgjengeleg for studentar og norsk industri.

Realfagssatsinga for 2002–07 inneber mellom anna eigne nasjonale senter for realfag. Eit av desse er lokalisert til Universitetet i Oslo og skal vere med på å styrke rekrutteringa til naturvitenskaplege fag.

**Forsking**

Universitetet i Oslo er ein institusjon med utdanningstilbod og forskingsaktivitet innafor eit breitt spekter av fagområde. Universitetet prioriterer kvalitet og spissar forskinga ved å støtte dei tre sentra for framifrå forsking: Centre of Physics of

Geological Processes (PGP), Centre of Mathematics for Applications (CMA), Centre of Molecular Biology and Neuroscience (CMBN). Resten av finalistane frå konkurransen om å få status som senter for framifrå forsking får òg særskilt stønad. Det blir òg satsa på eit nordisk senter for framifrå forsking. Universitetet har i tillegg fire institusjonelle satsingar der ein ønskjer å koordinere intern forsking og samstundes utvikle eksternt samarbeid: ETIKK (etikk-program), EMBIO (molekylærbiologi, bioteknologi og bioinformatikk), FUNMAT (funksjonelle materiale og nanoteknologi) og CULCOM (kulturell kompleksitet i det nye Noreg).

Det er oppretta 17 lokale forskarskolar ved Universitetet i Oslo. Universitetet har ein auke på 53 avlagde doktorgradar frå 2004 til 2005 og uteksaminerte 319 doktorandar i 2005. Trass i ein monaleg auke er gjennomstrøyminga framleis for svak. Universitetet har ikkje tilsett stipendiatar i alle stillingane dei har løvning for.

Universitetet i Oslo prioritærer deltaking i EU-finansierte forskingsprosjekt. Dette opnar for nettverksbygging og samarbeid med dei beste fagmiljøa, samt at det er ei viktig ekstern finansiering. I EUs sjette rammeprogram har om lag 70 prosjekt ved UiO fått støtte. 14 av prosjekta er koordinerte frå Universitetet i Oslo.

Det er tidlegare gjennomført fleire fagevalueringar ved Universitetet i Oslo. Universitetet arbeider med ein strategi for oppfølging av fagevalueringar, samstundes som dei førebud nye evalueringar.

Universitetet i Oslo hadde i 2005 høge tal for vitskapleg publisering samanlikna med gjennomsnittet for universiteta. På grunn av større endringer i publiseringaskanalar som vart inkluderte, kan data for 2004 og 2005 ikkje samanliknast.

Det naturhistoriske museum og botanisk hage (UNM) ved UiO er det største arkivet i landet for botaniske, zoologiske og geologiske data. Samlingane tener som basis for forsking, undervisning og formidling. Universitetsmusea forvaltar ei mengd unike og kostbare gjenstandar, kulturgjenstandar og vitskapleg materiale som blir oppbevarte i magasin og publikumsutstillingar. Universitetet i Oslo har etterslep i arbeidet med dokumentasjon,

sikring og bevaring av samlingane. Departementet har i budsjetta i dei siste åra tildelt ekstraordinære midlar til sikring og bevaring av samlingane ved universitetsmusea. Begge musea ved Universitetet i Oslo er i gang med prosjekt for å betre tilhøva ved samlingane.

### Formidling

Universitetet i Oslo legg vekt på å formidle forskningsresultat til allmenta og ulike interessegrupper og bruker mellom anna incentivmidlar til å fremme formidling av forskning. Formidling skjer gjennom bøker, populærvitskaplege forelesingar, konferansar, museumsverksemd, utstillingar, samt ved bruk av nettsidene til institusjonen. Universitet arbeider aktivt i høve til media og prioriterer deltaking i den offentlege debatten.

Universitetet er vertskap for eit Senter for forskingsbasert innovasjon (SFI) og er forskingspartner i fire andre senter.

Universitetets kulturhistoriske museum (UKM) med Historisk museum og Vikingskiphuset er det mest vitja museet i Noreg.

Det er eit omfattande samarbeid mellom Universitetet i Oslo og andre kunnskapsinstitusjonar i regionen. Universitetet arbeider for å fremme entreprenørskap og innovasjon, både gjennom universitetets teknologioverføringskontor (TTO), Birkeeland innovasjon AS, samt aktivitet ved Gründer-skolen. Verksemda ved universitetets TTO er framleis i ein tidleg fase, og det er for tidleg å evaluere resultatet av satsinga.

### Budsjettforslag for 2007

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 271.

## Kap. 261 Universitetet i Bergen

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Statstilskott		1 879 648	
	Sum kap. 261		1 879 648	

### Resultatrapport for 2005–06

#### Utdanning

Universitetet i Bergen har ein nedgang i registrerte studentar på 377 frå 2004 til 2005. Talet for opptak har òg gått ned. Universitetet vart i budsjettet for 2005 pålagt å redusere talet på studieplassar med 400. Universitetet har ein auke i talet på søkerar, og da til lågare grad. Talet på studiepoeng per student har auka frå 38,1 i 2004 til 39,7 i 2005. I same periode har universitetet òg ein nedgang i strykprosent frå 7,8 pst. til 6,9 pst.

Det har vore auke i det totale talet på 60-studiepoengseiningar på 226 frå 2004 til 2005. Talet på utvekslingsstudentar har auka frå 886 i 2004 til 986 i 2005. I tillegg var det 92 utvekslingsstudentar på individbaserte avtalar i 2005.

Universitetet har følgt opp *Kvalitetsreforma* på ein god måte. Det er lagt ned mykje arbeid for å følgje opp intensjonane, kvalitetssikre og evaluere innföringa av reforma og auke det internasjonale samarbeidet.

Historisk-filosofisk fakultet ved universitetet fekk i 2006 andrepremie av Utdanningskvalitetsprisen for prosjektet *Akademisk skriving*.

#### Forskning

Universitetet i Bergen vidarefører dei to hovudsatsingane sine: marin forsking og utviklingsrelatert forsking. Det same gjeld særskilde tematiske satsingar, som er Medisin og helse, IKT og Kristen antikk. Universitetet har også tre senter for framfrå forsking (SFF), som er Senter for middelalderstudier, Centre for Integrated Petroleum Research og Bjerknes Centre for Climate Research. I 2005 er også seks nye tverrfaglege satsingar prioriterte, mellom anna for å følgje opp fagevalueringane ved universitetet: Translasjonell medisinsk forskning, Nanoteknologi, Region og regionalisering, Demokrati og rettsstat, Europeisk integrasjon og De store folkesykdommene. Universitetet har i 2005 opna for støtte til prosjekt av høg vitskapleg kvalitet som ikkje har nådd opp i konkurransen om midlar frå det frie grunnforskningsprogrammet til Noregs forskingsråd.

Forskarutdanning er ei hovudsatsing for Universitetet i Bergen. Universitetet har utvikla felles rammeverk og etablert forskarskolar med tematiske fokus på fleire område. I 2005 uteksaminerte universitetet 157 doktorandar. Dette er på nivå

med 2004. Tala for gjennomstrøyming for stipendiatar er framleis for svake, og universitetet har ikkje tilsett stipendiatar i alle stillingane dei har løyving for. Universitetet i Bergen har etablert 12 forskerkolar.

Universitetet prioriterer deltaking i EU-finanserte forskingsprosjekt. Dette opnar for nettverksbygging og samarbeid med dei beste fagmiljøa, samt at det er ei viktig kjelde til ekstern finansiering. I EUs sjette rammeprogram har om lag 40 prosjekt fått støtte. 13 av prosjekta er koordinerte frå Universitetet i Bergen.

Universitetet i Bergen følgjer opp fagevalueringane med ulike tiltak, både ved institutta og sentralt.

Universitetet i Bergen hadde i 2005 høge tal for vitskapleg publisering samanlikna med gjennomsnittet for universiteta. På grunn av større endringar i publiseringaskanalar som vart inkluderte, kan data for 2004 og 2005 ikkje samanliknast.

Bergen Museum forvaltar unike og kostbare gjenstandar, kulturgjenstandar og vitskapleg materiale som blir oppbevarte i magasin og publikumsutstillingar. Universitetet i Bergen har etterslep i arbeidet med dokumentasjon, sikring og bevaring av samlingane. Det er i budsjetta dei siste åra tildekt ekstraordinære midlar til sikring og bevaring av samlingane til universitetsmusea. Bergen Museum er i gang med å betre tilhøva.

## **Formidling**

Universitetet i Bergen har utarbeidd ein strategi for formidling som er forankra i universitetets overordna strategi. Tilsette ved universitetet medverkar på mange måtar til populærvitskapleg formidling i form av foredrag, bøker, kronikkar, konferansar, utstillingar, museumsverksemd, bruk av nettsidene til institusjonen, samt gjennom deltaking i radio- og TV-program. Bergen Museum er ein viktig del av universitetets formidlingsarbeid.

Universitetet i Bergen samarbeider med ei rekke aktørar i regionen om utdanning, forsking, formidling og innovasjon. Bergen teknologioverføring vart etablert i 2005 i samarbeid med Helse Bergen og Havforskinsinstituttet. Universitetet er forskingspartner i eit Senter for forskingsbasert innovasjon (SFI).

Universitetet arbeider for å fremme entreprenørskap og innovasjon gjennom sitt teknologioverføringskontor (TTO). Verksemda er framleis i ein tidleg fase, og det er for tidleg å evaluere resultatet av satsinga.

## **Budsjettforslag for 2007**

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 271.

## **Kap. 262 Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Statstilskott	2 568 846		
	Sum kap. 262	2 568 846		

## **Resultatrapport for 2005–06**

### **Utdanning**

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet har ein auke i talet på registrerte studentar på 192 frå 2004 til 2005. Tala for opptak syner ein auke på 359 frå 2004 til 2005. Universitetet vart i budsjettet for 2005 pålagt å redusere talet på studieplassar med 544. Det har òg vore ein auke i talet på søkjavarar til institusjonen. Talet på studiepoengseiningar per student har auka frå 39,2 til 40,6 i perioden, medan strykprosenten har gått ned frå 10,2 til 9,8.

Det har vore auke i det totale talet på 60-studiepoengseiningar frå 2004 til 2005. Talet på utvekslingsstudentar har auka frå 1 062 i 2004 til 1 084 i 2005. I tillegg var det 102 utvekslingsstudentar på individbaserte avtalar i 2005.

I samband med at ordninga med kjøp av utanlandslassar i medisin er avvikla, er auka opptak på 20 ordinære studieplassar i medisin vidareført i budsjettet for 2006. I budsjettet for 2006 vart det lagt inn midlar til 30 nye studieplassar til lærarutdanning.

Universitetet har følgt opp *Kvalitetsreforma* på ein god måte. Det er lagt ned mykje arbeid for å følgje opp intensjonane, samt kvalitetssikre og evaluere innsføringa av reforma.

Realfagssatsinga for 2002–07 inneber mellom anna eigne nasjonale senter for realfag. To av desse er lokaliserte til NTNU og skal vere med på å styrke rekrutteringa til realfag og teknologiutdanningane.

### Forskning

NTNU har desse satsingsområda: energi og miljø, informasjons- og kommunikasjonsteknologi, marin og maritim forskning, materiale, medisinsk teknologi, samt globalisering. Ved fleire av satsingsområda er det tverrfagleg samarbeid mellom teknologifag, humaniora og samfunnssfag. Universitetet har tre senter for framifrå forsking (SFF). Sentra er innanfor tenestekvalitet i datakommunikasjon, skip og havstruktur, samt hukommelsesbiologi. NTNU har i 2004 etablert eit forskingscenter for nanoteknologi, NTNU NanoLab. Universitetet har fått 16 mill. kroner frå Noregs forskingsråd til vidare oppbygging av NanoLab.

NTNU har forsterka det forskingsstrategiske samarbeidet med SINTEF. Dei samarbeider om 13 Gemini-senter som både ligg innanfor og utanfor dei tematiske satsingsområda. Dei samarbeider òg om Senter for fornybar energi og Gass-senteret.

NTNU driv eller tek del i fire forskerskolar. I 2005 tildelte universitetet 218 doktorgradar, det høgste talet nokon gang. Tilsvarande tal i 2004 var 191. Talet på doktorandar i teknologiske fag har ikkje auka, og ligg på same nivå som ved tusenårs-skiftet. Gjennomstrøyminga i forskarutdanninga er framleis for låg, samt at avbrott blant eksternt finansierte stipendiatar er for høgt.

NTNU har gjennomført einskapleg leiing på alle nivå. Dei tidligere instituttstyra og fakultetsstyra er lagde ned, og styringa er overført til instituttleiarar og dekanar.

NTNU prioriterer deltaking i EU-finansierte forskingsprosjekt. Dette opnar for nettverksbygging og samarbeid med dei beste fagmiljøa, samt at det er ei viktig ekstern finansiering. I EUs sjette rammeprogram leiar NTNU om lag 20 prosjekt, og fire av prosjekta er koordinerte frå NTNU.

NTNU hadde i 2005 låge tal for vitskapleg publisering samanlikna gjennomsnittet for univer-

siteta. På grunn av større endringar i publiseringakanalar som vart inkluderte, kan data for 2004 og 2005 ikkje samanliknast.

Dei vitskaplege samlingane er basis for verksamda ved Vitskapsmuseet. Samlingane er resultat av vitskaplege undersøkingar, og dei skal vere tilgjengelege for brukarar innanfor forsking, forvalting og samfunnet elles. Universitetsmusea forvaltar ei mengd unike og kostbare gjenstandar, kulturgjenstandar og vitskapleg materiale. Vitskapsmuseet har rapportert om etterlep i arbeidet med dokumentasjon, sikring og bevaring av samlingane. Det er i budsjetta dei siste åra tildelt ekstraordinære midlar til sikring og bevaring av samlingane ved universitetsmusea. Vitskapsmuseet er i gang med å betre tilhøva.

### Formidling

NTNU har eit utstrakt samarbeid med samfunn og næringsliv. Eit døme på tett samarbeid er at universitetet er vertskap for tre Senter for forskingsbasert innovasjon (SFI). NTNU er òg forskingspartner i sju andre senter.

Formidling til allmenta skjer mellom anna gjennom bøker, populærvitskaplege forelesingar, konferansar, museumsverksemd, utstillingar, bruk av nettsidene til institusjonen, samt gjennom deltaking i radio- og TV-program. Universitetet har oppretta ei eiga gruppe for forskingsformidling, og har planar om ytterlegare styrking ved blant anna å byggje ut forskingsportalen og opprette ein eigen webportal for institusjonens samarbeid med og tilbod til næringslivet. Vitskapsmuseet er ein viktig del av formidlingsarbeidet til NTNU.

Universitetet arbeider for å fremme entreprenørskap og innovasjon, både gjennom teknologioverføringskontoret ved universitetet, NTNU Norwegian Technology Transfer AS, samt gjennom samarbeidsprosjekt med Innovasjon Midt-Noreg og små- og mellomstore bedrifter i regionen. Verksamda ved teknologioverføringskontoret er framleis i ein tidleg fase, og det er for tidleg å evaluere resultatet av satsinga.

### Budsjettforslag for 2007

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 271.

**Kap. 263 Universitetet i Tromsø**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Statstilskott	1 101 942		
	Sum kap. 263	1 101 942		

**Resultatrapport for 2005–06****Utdanning**

Talet på registrerte studentar ved Universitetet i Tromsø har auka med 270 frå 2004 til 2005. Universitetet vart i budsjettet for 2005 pålagt å redusere talet på studieplassar med 242. Talet på søkjavarar har gått ned i perioden, især i matematisk-naturvitenskaplege fag, men opptaket har auka. Talet på studiepoeng per student har gått ned frå 38,4 i 2004 til 37,9 i 2005. Strykprosenten har gått ned frå 10,2 til 9,7 i 2005.

Det totale talet på 60-studiepoengseiningar har auka med om lag 100 frå 2004 til 2005. Talet på utvekslingsstudentar har auka frå 254 i 2004 til 290 i 2005. I budsjettet for 2006 vart det lagt inn midlar til 15 studieplassar i medisin og 30 studieplassar i odontologi.

Universitetet har følgt opp *Kvalitetsreforma* på ein god måte. Det er lagt ned mykje arbeid for å følge opp intensjonane, samt kvalitetssikre og evaluere innføringa av reforma. Universitetet arbeider vidare med å få utdanningsplanen som er fastsett for kvar student, til å fungere som ein god reiskap for oppfølging av studentar. Kvalitetssikringssystemet ved universitetet vart godkjent av NOKUT våren 2006, og universitetet er i gang med oppfølginga.

**Forsking**

I dei faglege prioriteringane legg Universitetet i Tromsø stor vekt på å vere universitet for Nord-Noreg. Universitetet satsar strategisk innafor marine fag, biologi, medisin, teknologi, fysikk, samiske spørsmål, urfolks- og minoritetsspørsmål, og språk. Universitetet har eit senter for framifrå forsking (SFF) i lingvistikk. Ei utfordring for universitetet er å ta aktivt del i forsking og utvikling knytte til den auka aktiviteten i nordområda, mellom anna Snøkvit-utbygginga.

Universitetet i Tromsø prioritærer deltaking i EU-finansierte forskingsprosjekt. I 2005 var universitetet med i 17 prosjekt i EUs sjette rammeprogram. Dette opnar for nettverksbygging og samarbeid med dei beste fagmiljøa, og er ei viktig kjelde

til ekstern finansiering. Rekneskapen syner ein vesentleg auke i EU-midlar i 2005.

Universitetet har etablert fem forskarskolar og nyttar også fordeling av stipendiatar ved institusjonen i den strategiske FoU-satsinga. Talet på doktorandar har gått ned frå 70 i 2004 til 60 i 2005. Gjenomstrøymingstida for stipendiatane er lang. Særleg gjeld dette historisk-filosofiske fag og juss. Universitetet har ikkje tilsett stipendiatar i alle stillingane dei har løving til. Universitetet har vurdert forskarutdanninga i utdanningsmeldinga si, og sett i verk tiltak for å sikre betre kvalitet.

Evalueringar dei siste åra syner at Universitetet i Tromsø har gode fagmiljø på viktige område, men også at nokre miljø har utfordringar. Universitetet i Tromsø hadde i 2005 låge tal for vitskapleg publisering samanlikna gjennomsnittet for universiteta. På grunn av større endringar i publiseringaskanalar som vart inkluderte, kan data for 2004 og 2005 ikkje samanliknast.

Hovudoppgåvane til Tromsø Museum er å bevare vitskaplege samlingar og drive forsking og formidling. Museet har særleg ansvar for fagområda botanikk, geologi, zoologi, arkeologi, nyare kulturhistorie, og samisk etnografi i Nord-Noreg og nordområda. Universitetsmusea forvaltar ei mengd unike og kostbare gjenstandar, kulturgjenstandar og vitskapleg materiale. Universitetsmusea har rapportert om etterslep i arbeidet med dokumentasjon og bevaring i samlingane. Departementet har i budsjetta dei siste åra tildelt ekstraordinære midlar til dette arbeidet. Tromsø Museum er i gang med å betre tilhøva.

**Formidling**

Universitetet i Tromsø hadde ein omfattande formidling i 2005. Forskarane formidlar til allmenta i mange ulike former: gjennom artiklar og monografiar av både vitskapleg og populærvitskapleg art, konferansar, seminar og andre opne arrangement. Viktige aktivitetar har vore *Laurdagsuniversitetet* og det paneuropeiske arrangementet *Researchers' Night*. Tromsø Museum er ein viktig del av universitetets formidlingsarbeid.

Universitetet er vertskap for eit *Senter for forskingsbasert innovasjon* (SFI) og er forskingspartner i to andre senter.

Universitetet har saman med Norut-gruppa og Universitetssjukehuset Nord-Noreg etablert eit felles teknologioverføringsselskap (TTO). TTO har som mål å auke verdiskapinga ved å overføre idear frå nordnorske FoU-institusjonar til samfunns- og næringsliv. Universitetet samarbeider også med andre institusjonar både regionalt og

nasjonalt om kommersialisering av forskingsresultat. Verksemda ved universitetets TTO er framleis i ein tidleg fase, og det er for tidleg å evaluere resultat av satsinga.

#### **Budsjettforslag for 2007**

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 271.

### **Kap. 264 Noregs handelshøgskole**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Statstilskott		249 963	
	Sum kap. 264		249 963	

#### **Resultatrapport for 2005–06**

Talet på kandidatar gjekk ned frå 683 i 2004 til 595 i 2005, medan studiepoeng per student auka frå 47,1 i 2004 til 47,3 i 2005. Talet på registrerte studentar gjekk ned frå 2 551 i 2004 til 2 537 i 2005, og talet på søkerar gjekk også noko ned i denne perioden. Høgskolen vart i budsjettet for 2005 pålagd å redusere talet på studieplassar med 56. Strykprosenten ved Noregs handelshøgskole (NHH) er låg, 2,4. Frå 2004 til 2005 auka opptaket av nye studentar frå 716 til 822.

Det har vore nedgang i det totale talet på 60-studiepoengseiningar frå 2004 til 2005. Talet på utvekslingsstudentar ligg stabilt. Noregs handelshøgskole har følgt opp Kvalitetsreforma på ein god måte, og bachelor- og mastergradane er godt implementerte og tilpassa ny studiestruktur.

Talet på doktorgradar gjekk ned frå elleve i 2004 til ti i 2005. Talet på kvinner blant stipendia-

tane har auka i dei siste åra. Gjennomstrøyminga i doktorgradsutdanninga er god.

NHH hadde i 2005 låge tal for vitskapleg publisering samanlikna med gjennomsnittet for universita og dei andre vitskaplege høgskolane. På grunn av større endringar i publiseringaskanalar som vart inkluderte, kan data for 2004 og 2005 ikkje samanliknast.

NHH har eit aktivt samarbeid med arbeids- og samfunnslivet, mellom anna gjennom bruk av professor II-stillingar.

Det er ein svært god internasjonal studentmobilitet ved Noregs handelshøgskole samanlikna med dei andre vitskaplege høgskolane.

#### **Budsjettforslag for 2007**

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 272.

### **Kap. 265 Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Statstilskott		86 883	
	Sum kap. 265		86 883	

## Resultatrapport for 2005–06

Opptaket av nye studentar og talet på registrerte studentar var lågare i 2005 enn i 2004. Høgskolen vart i budsjettet for 2005 pålagd å redusere talet på studieplassar med seks. Reduksjonen vart ikkje ført vidare i statsbudsjettet for 2006. Talet på kandidatar var 62 i 2005, ein monaleg auke i høve til 35 kandidatar i 2004. Dette er forventa da det låge talet i 2004 var mellombels lågt. Talet på studiepoeng per student auka frå 48 i 2004 til 50,7 i 2005. Dette er betre enn gjennomsnittet for dei vitskaplege høgskolane. Strykprosenten har gått noko opp frå 5,7 i 2004 til 6,3 i 2005. Det er ein nedgang i talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar frå 58 i 2004 til 35 i 2005. I tillegg var det 17 utvekslingsstudentar på individbaserte aytalar i 2005. Det er fleire innreisande enn utreisande studentar. Det samla talet på inn- og utreisande studentar er framleis lågt.

Det har vore ein auke på 17 i det totale talet på 60-studiepoengseiningar frå 2004 til 2005.

Høgskolen følgjer opp Kvalitetsreforma på ein god måte.

Høgskolen har lagt vekt på tiltak for å auke FoU-aktiviteten. I 2005 vart fire doktorandar ferdige. Dette talet er lågt i høve til det ein kunne venta etter det totale talet på doktorgradsstipendia-

tar, men høgskolen har sett i verk tiltak for å betre gjennomstrøyminga. Høgskolen har framleis ikkje tilsett stipendiatar i alle stillingane dei har løyving til.

I ordinær generalforsamling 30. juni 2005 vart det fatta vedtak om avvikling av høgskolens selskap Berkano AS. Bakgrunnen for dette var tapt aksjekapital og manglande dekning for underskott i selskapet. Endeleg vedtak om avvikling vart fatta i ekstraordinær generalforsamling 22. desember 2005. Som følgje av avviklinga har Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo avskrive fordringa si mot selskapet, vidare vart statens aksjekapital på kr 100 000 avskrive. Begge delar skjedde med samtykke frå Stortinget, jf. Innst. S. nr. 57 (2005–2006) og St.prp. nr. 10 (2005–2006). Departementet har trekt tilbake fullmakta til å opprette nye selskap eller kjøpe aksjar i eksisterande selskap frå Arkitektur- og designhøgskolen. Departementet vurderer fullmaktene til institusjonen.

Høgskolen har eit stort potensial for betre å utnytte samarbeid med samfunns- og næringsliv.

## Budsjettforslag for 2007

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, så kap. 272.

## Kap. 268 Noregs idrettshøgskole

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	(i 1 000 kr)	Forslag 2007
50	Statstilskott		113 637		
	Sum kap. 268		113 637		

## Resultatrapport for 2005–06

Talet på søkerar gjekk opp frå 2004 til 2005, medan det vart teke opp 661 studentar i 2005 mot 672 i 2004. Talet på registrerte studentar gjekk ned frå 881 i 2004 til 859 i 2005. Høgskolen vart i budsjettet for 2005 pålagd å redusere talet på studieplassar med 25. Talet på studiepoeng per student gjekk opp frå 39,1 i 2004 til 41,9 i 2005. Noregs idrettshøgskole (NIH) ligg under snittet for vitskaplege høgskolar når det gjeld studiepoengsproduksjon. Talet på kandidatar var vesentleg høgre i 2005 enn tidlegare år, og auka frå 39 i 2004 til 152 i 2005. Dette kan forklarast med innføringa av Kvalitetsreforma. Strykprosenten gjekk opp frå 8,1 i 2004 til

9,8 i 2005. Det har vore ein auke på 25 i totalt avlagde 60-studiepoengseiningar frå 2004 til 2005.

Studieprogramma ved Noregs idrettshøgskole (NIH) er tilpassa ny studiestruktur, og er utvikla slik at dei skal vere tilpassa behova i samfunnet. Studentane har praksis i idrettslag, krinsar og forbund. NIH har etablert *Senter for oppdragsforskning* (SOK) mellom anna for å møte behovet for samarbeid med samfunns- og næringsliv.

Talet på doktorgradar gjekk ned frå åtte i 2004 til fire i 2005. Dette talet er for lågt. Det er derfor positivt at høgskolen arbeider for å auke gjennomstrøyminga og talet på doktorgradar i dei kommande åra.

Høgskolen hadde i 2005 høge tal for vitskapleg publisering samanlikna med gjennomsnittet for

universiteta og dei andre vitskaplege høgskolane. På grunn av større endringar i publiseringaskanalar som vart inkluderte, kan data for 2004 og 2005 ikkje samanliknast.

Noregs idrettshøgskole har potensial for å auke utvekslinga av studentar. Talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar gjekk ned frå 20 i 2004 til tolv i 2005. I tillegg var det tre utvekslingsstudentar på individbaserte avtalar i 2005. Høgsko-

len arbeider for å auke talet på utvekslingsstudentar. Arbeidet med å auke utveksling av vitskapleg tilsette vil også bli prioritert.

### Budsjettforslag for 2007

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 272.

## Kap. 269 Noregs musikkhøgskole

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Statstilskott		150 534	
	Sum kap. 269		150 534	

### Resultatrapport for 2005–06

Talet på søkerar gjekk noko ned frå 2004 til 2005, men opptaket av nye studentar og registrerte studentar auka frå 2004 til 2005. Høgskolen vart i budsjettet for 2005 pålagd å redusere talet på studieplassar med ni. Reduksjonen vart ikkje ført vidare i statsbudsjettet for 2006. Talet på studiepoeng per student gjekk ned frå 50,3 i 2004 til 48,7 i 2005. Talet på studiepoeng per student i 2005 er som for gjennomsnittet for dei vitskaplege høgskolane. Det var òg ein nedgang på kandidatar frå 110 i 2004 til 95 i 2005. Strykprosenten ved høgskolen er låg samanlikna med andre institusjonar, men strykprosenten gjekk noko opp frå 3,4 2004 til 3,7 2005. Talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar auka frå 38 i 2004 til 47 i 2005. Det er fleire inn enn utreisande studentar.

Det har vore ein auke på 14 i det totale talet på 60-studiepoengseiningar frå 2004 til 2005.

Noregs musikkhøgskole har gjennomført dei ulike elementa i Kvalitetsreforma på ein god måte. Studentane får god, individuell oppfølging og rettleiing gjennom heile studiet.

Dei vitskapleg tilsette driv med tradisjonell forsking og kunstnarleg verksemd som komponistar

eller utøvande musikkarar. Høgskolen har sett i verk tiltak med sikte på å betre forskingsvilkåra og kvaliteten på forskinga. I 2005 har det vore auka merksemd om tverrfagleg verksemd og samarbeid innanfor FoU.

I 2005 var 16 personar med i doktorgradsprogrammet, men ingen kandidatar disputerte. Skapande verksemd og høgskolepedagogisk forsking er prioriterte område. Noregs musikkhøgskole hadde i 2005 fire stipendiatar i Stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid, tre av dei var finansierte over programmet og ein over høgskolens ordinære budsjett.

Noregs musikkhøgskole har eit breitt og aktivt samarbeid med samfunnslivet. Kontakten er retta mot det profesjonelle musikklivet, amatørmusikklivet og musikkutdanningsinstitusjonar på alle nivå. Høgskolen har òg ei omfattande formidlingsverksemd mellom anna gjennom konserter og deltagking på festivalar nasjonalt og internasjonalt.

### Budsjettforslag for 2007

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 272.

## Kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar

Post	Nemning	Rekneskap 2005	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
71	Tilrettelegging av studium i utlandet	4 860	5 016	5 207
74	Tilskott til velferdsarbeid	77 685	67 684	57 493
75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	58 660	124 091	118 426
	Sum kap. 270	141 205	196 791	181 126

### Post 71 Tilrettelegging av studium i utlandet

Tilskottet til Fulbright-programmet blir løyvd over kap. 270 post 71. Fulbright-programmet er eit stipendprogram som støttar særleg kvalifiserte søkerar i studium på master- og doktorgradsnivå i USA, og tilsvarande studentar frå USA som vil studere i Noreg. I tillegg blir det gitt stipend til forskarar frå Noreg og USA. I 2006 blir det utbetalt 5 mill. kroner til Fulbright-programmet. Departementet foreslår å føre vidare løvinga med om lag 5,2 mill. kroner i 2007.

### Post 74 Tilskott til velferdsarbeid

Posten omfattar tilskott til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene samt tilskott til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar.

Målet med tilskottsordninga er å legge grunnlag for studentvelferda ved utdanningsinstitusjonane og fremme interessene til studentane. Velferdsarbeidet som studentsamskipnadene gjer, skal supplere det generelle velferdstilbodet elles på studiestaden. Det skal vere ein integrert del av det heilskaplege læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane. Tilskottet til studentorganisasjonane skal legge grunnlaget for arbeid for interessene til studentar.

### Rapport for 2005–06

Tilskottet til studentsamskipnadene har blitt gitt som grunntilskott, eit tilskott per student og eit tilskott per år per studentbarnehageplass. Tilskott til studentbarnehagar vart i 2005 overført frå post 73 til post 74. Samla vart det utbetalt om lag 77,7 mill. kroner i 2005. Av desse vart det utbetalt om lag 70,3 mill. kroner til 26 studentsamskipnader (inkludert ANSA) med om lag 190 000 medlemmer. I tillegg vart det utbetalt om lag 3 mill. kroner til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar. Vidare vart det gjennomført ei undersøking av

levekåra til studentar som Statistisk sentralbyrå har utført for daverande Utdannings- og forskningsdepartementet.

Ei ekstern arbeidsgruppe fekk i 2005 i oppgåve å greie ut problemstillingar knytte til studentsamskipnadsordninga, blant anna studentsamskipnadane sitt samarbeid med utdanningsinstitusjonane, kva som skal vere oppgåvane til studentsamskipnadane, og departementets tilsynsfunksjon overfor studentsamskipnadane. Gruppa leverte innstillinga til departementet i november 2005. Innstillinga har vore på allmenn høring, og departementet tek sikte på å følgje opp innstillinga innan utgangen av 2006, ved å greie ut, vurdere og foreslå endringar og presiseringar i regelverket om studentsamskipnader.

### Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår ein reduksjon i løvinga på posten med om lag 10 mill. kroner. Forslaget må mellom anna sjåast i samanheng med gjennomføringa av *Barnehageløftet*. Kommunane har, som følgje av reforma, finansieringsplikt til å sikre at studentbarnehagane skal kunne tilby same moderasjon som det foreldre med barn i kommunale barnehagar får. Kommunane er forplikta til å etablere ei minsteordning for syskenmoderasjon og ordningar som sikrar lågare betaling, eller fritak for å betale, for foreldre med dårleg betalingsevne. I tilegg er det lagt til grunn at kommunane bør ha inntektsgradering. Dersom kommunane har inntektsgradering, skal ho òg gjelde ikkje-kommunale barnehagar. Elles står samskipnadane fritt, dersom dei ser grunnlag for det, til å prioritere tiltak overfor studentbarnehagane av dei samla inntektene som mellom anna genererast ved det generelle velferdstilskottet eller semesteravgifta frå studentane.

EFTA Surveillance Authority (ESA) har godkjent at Noreg kan ta opp att ei ordning med differensiert arbeidsgivaravgift. Avgifta tek utgangspunkt i staden der verksemnda ligg, og ikkje, slik tilfellet var tidlegare, i bustaden til arbeidstakaren.

På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 2,4 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å løyve 57,4 mill. kroner på kap. 270 post 74.

### **Post 75 Tilskott til bygging av studentbustader, kan overførast**

Tilskottsordninga skal sikre bygging av studentbustader, samt ein rimeleg bustadsituasjon for studentar. Studentbustader skal vere eit supplement til den private bustadmarknaden.

#### Rapport for 2005–06

Ved utgangen av 2005 disponerte studentsamskipnadene totalt 29 098 hybeliningar. Det er ein auke på 258 hybeliningar i høve til 2004. 753 hybeliningar er lagde til rette for funksjonshemma studentar. Dette svarar til om lag 2,6 pst. av studentbustadene, og er i høve til 2004 ein auke på 98 hybeliningar. Departementet har som føresetnad at husleiga på bustader for funksjonshemma studentar ikkje skal vere høgre enn det andre studentar betaler for ei hybelining tilpassa ein person.

I 2006 gav departementet tilsegn om støtte til 606 nye hybeliningar fordelte på følgjande stader: Buskerud, Ås, Stavanger, Oslo og Akershus, Bergen, Trondheim, Stord/Haugesund, Oppland og Romsdal og Nordmøre.

Husbanken har gått gjennom tilsegn gitte i perioden 1996–2005. Gjennomgangen syner at det er om lag 400 urealiserte tilsegner frå perioden. Husbanken har kontakta dei samskipnadene som har urealiserte tilsegner, og nokre av dei eldre tilsegnene vil ikkje bli nytta. Dei nyare tilsegnene som ikkje er realiserte, er under prosjektering og vil bli sette i gang i 2006 og 2007. Departementet vil i samarbeid med samskipnadene vurdere ei omfordeling av dei urealiserte tilsegnene.

Forvaltninga av tilskottsordninga til bygging av studentbustader vart overført til Husbanken 1. januar 2004. I løpet av 2007 vil Kommunal- og regionaldepartementet ta initiativ til ei evaluering av organiseringa av tilskottsordninga.

Departementet viser til tidlegare vedtak om å nytte inntektene frå sal av hybelhus i Schultzgate 7

i Oslo til bygging av nye studentbustader, jf. bl.a. St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet*.

Departementet finn det framleis lite tenleg å stå som eigar av bygget. Departementet arbeider med å sjå på alternative løysingar til sal av hybelhuset i Schultz gate 7 i Oslo. Utgreiinga skal danne grunnlaget for ei vurdering av vidare drift av Schultzgate 7 i Oslo. Kunnskapsdepartementet venter derfor med sal av Schultz gate 7 i Oslo til ei nærmare utgreiing av alternative driftsformer er klar. Departementet vil leggje fram saka for Stortinget på nyttr når utgreiingsarbeidet er avslutta.

#### Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår ein reduksjon i løyvinga med om lag 6 mill. kroner. Reduksjonen må sjåast i samanheng med det samla budsjettopplegg for 2007. Departementet foreslår å løyve om lag 118,4 mill. kroner til bygging av studentbustader i 2007 og ei tilsegnstilskott på 120 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III nr. 1. Dette gir om lag 460 nye hybeliningar, avhengig av kor i landet dei blir bygde. Departementet understrekar at det er viktig at kvar studentsamskipnad har eit tilfredsstillande tilbod til funksjonshemma studentar. Øvre kostnadsgrense er vidareført i 2007 med kr 400 000 per hybelining, der kr 200 000 er fast statstilskott. Det er òg vidareført ei høgre kostnadsramme på kr 500 000, der kr 250 000 er fast statstilskott for pressområde som Bergen, Oslo og Trondheim. Husbanken har på oppdrag frå departementet gjort overslag som viser at Stavanger er å rekna som eit pressområde. Studentsamskipnaden i Stavanger vil derfor få høgre kostnadsramme på kr 500 000 per hybelining, der kr 250 000 er fast statstilskott. Dette gjeld for eventuelle nye tilsegner frå 2007.

Departementet foreslår at samskipnadene, innan fire år frå tilsegnene er gitte, skal ha sett i gang bygginga av studentbustadene. Urealiserte tilsegner vil etter fire år bli omfordelte til andre samskipnader som kan setje i gang bygginga av studentbustader.

Tabell 4.9 Løyving og tilsegnstilskakter for studentbustader i 2006–07 (i 1 000 kr)

Tilsegnstilskakt per 31. desember 2006	130 000
Ramme for nye tilsegner 2007	108 426
Løyving	118 426
Tilsegnstilskakt per 31. desember 2007	120 000

Tabellen over gir ei oversikt over løyving og tilsegsfullmakter for studentbustader i perioden 2006–07. Midlar til studentbustader blir normalt utbetalte over tre år. Tilsegsfullmakta per 31. desember 2006 fortel kor store økonomiske forpliktingar Kunnskapsdepartementet har knytte

til tilsegner som er gitte fram til og med 2006. Departementet vil fordele nye tilsegner innanfor ei ramme på 108 mill. kroner i 2007. Departementet foreslår å løyve 118 mill. kroner til bygging av studentbustader for budsjettåret 2007.

## Kap. 271 Universitet

Post	Nemning	Rekneskap 2005	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Basisfinansiering statlege universitet		5 767 387	5 796 978
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege universitet		2 111 575	2 263 044
52	Forskningsfinansiering statlege universitet		2 350 831	2 497 631
	Sum kap. 271		10 229 793	10 557 653

Kapitlet inneholder mål og budsjettforslag for universiteta i Oslo, Bergen, Stavanger og Tromsø, samt Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet og Universitetet for miljø- og biovitenskap.

Universiteta forvaltar Noregs kulturarv og har internasjonal spisskompetanse på fagområde som er avgjerdande for samfunnsutviklinga i landet. Fagområda er viktige for vidare utvikling av Noreg som kultur- og kunnskapsnasjon. Universiteta tek vare på kunnskapsbasen vår og utviklar han vidare gjennom aktiv og utstrakt grunnforskning.

Universiteta har såleis eit stort samfunnsansvar. Det er først og fremst desse institusjonane som utdanner forskarar og framtidig undervisningspersonale til høgre utdanning. Gjennom fagleg overføring, kunnskapsutvikling og formidling har universiteta eit ansvar for å vidareutvikle Noreg som ein demokratisk og moderne kultur- og kunnskapsnasjon. Universiteta samarbeider breitt med samfunns- og arbeidsliv, offentleg forvaltning og internasjonale institusjonar og organisasjonar.

Med generelt større krav frå samfunnet om nytte og resultat endrar universiteta seg. Dei har meir kontakt med omgivnadene sine, noko som òg pregar arbeidet med studieprogram og fagportefølje. I tillegg byggjer dei ut lærarutdanninga og andre profesjonsutdanninger.

Tradisjonelt er universiteta fagleg breie og forskingsbaserte høgre utdanningsinstitusjonar med nasjonalt ansvar for å utvikle og halde i hevd breidda av natur-, kultur- og samfunnsfag. Med dei to nye universiteta har Noreg fått fagleg meir spissa universitetsinstitusjonar med større vekt på spesialisert eller profesjonsretta kompetanse og sterke regional forankring. Dette er i tråd med

utviklinga internasjonalt, der ein finn ulike typar universitet.

Universiteta har til saman over 80 000 registrerte studentar og utgjer omtrent halvparten av statleg høgre utdanning i Noreg. Universiteta kan utan akkreditering frå NOKUT opprette studietilbod på alle nivå.

Universiteta står for omtrent 84 pst. av vitenskapleg publisering i Noreg og utdanner 96 pst. av doktorane.

Universiteta og dei tilsette driv formidling til allmenta og gir såleis viktige bidrag til offentleg debatt. Universiteta har ei samla ekstern finansiering på om lag 3 mrd. kroner, da er midlar frå Noregs forskingsråd inkluderte. Universiteta er òg viktige samarbeidspartnarar for offentlege institusjonar som helseforetaka og for næringslivet.

I St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskningsdepartementet* varsla departementet ei ekstern evaluering av statleg bruk av midlar overfor Universitetsstudia på Kjeller (UniK). Statskonsult har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet evaluert tilskottssordninga til UniK. I statsbudsjettet for 2003 vart forvaltinga av det generelle tilskottet til UniK lagd til Universitetet i Oslo. UniK er sterkt fagleg knytt til Universitetet i Oslo. NTNU har òg fagleg samarbeid med UniK, men i mykje mindre omfang. Departementet foreslår derfor å oppretthalde tilskottet til Universitetet i Oslo. Det blir ikkje foreslått å øyremerkje tilskottet. Universitetet må sjølv sjå aktiviteten ved UniK i samanheng med annan aktivitet ved universitetet og ut frå dette vurdere omfanget av aktivitet og tilskott til UniK.

Departementet har med utgangspunkt i målformuleringane i lov om universitet og høgskolar sett hovudmål for kap. 271 Universitet. Måla er felles for alle universiteta på kapitlet, men departementet vil ta omsyn til faktorar som storleik, profil og finansieringsnivå når måloppnåinga skal vurderast.

- Universiteta skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringeskunnskap.
- Universiteta skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking og i fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Universiteta har eit nasjonalt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning på dei fagområda der dei tildeler doktorgrad.
- Universiteta skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping baserte på desse resultata. Universiteta skal òg leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebbatten.
- Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet har eit særskilt ansvar for å byggje opp, drive og vedlikehalde museum med vitskaplege samlingar og utstillingar for publikum.
- Universiteta skal ha personal- og økonomiforvalting som sikrar effektiv utnytting av ressursane.

### **Post 50 Basisfinansiering statlege universitet**

Posten inneholder midlar til basisfinansiering av universiteta. Basisfinansieringa skal, saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskingsfinansieringa, setje institusjonane i stand til å utføre verksemda samt sikre stabilitet og langsig-  
tig tenking, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Basisfinansieringa inneholder løyvingar til både undervisning og forsking.

Dei fleste universiteta har hatt auke i talet på søkjavarar. Hovudtendensen har vore ein auke i studiepoeng per student. Strykprosenten har gått ned. Forskarskolar for doktorgradsstudentane er oppretta ved fire av universiteta. For å fremme entreprenørskap og innovasjon har fleire universitet oppretta såkalla Technology Transfer Offices (TTO). Sjå kapitla 260, 261, 262, 263, 274 og 278 for meir utførleg resultatrapport.

### **Budsjettforslag for 2007**

Utdanning i genetisk rettleiing ved medisinsk fakultet ved Universitetet i Bergen vart etablert

som eit fireårig (2001–04) prøveprosjekt gjennom Nasjonal Kreftplan, finansiert av Helse- og omsorgsdepartementet. Studiet er nå evaluert og har fått gode referansar. Tiltaket blir gjort permanent frå og med opptak hausten 2006, jf. tilråding i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for Helse- og omsorgsdepartementet. Kunnskapsdepartementet foreslår på bakgrunn av dette å auke løyvinga med kr 800 000, mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga under kap. 728 post 70 under Helse- og omsorgsdepartementet.

Norsk senter for menneskerettar (SMR) er eit tverrfagleg nasjonalt senter for menneskerettar. Senteret har tidlegare fått årleg tildeling gjennom Universitetet i Oslo. For å sikre senteret sitt sjølvstende foreslår departementet å overføre løyvinga knytt til senteret sine nasjonale funksjoner til Utanriksdepartementet. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 271 post 50 med 6,1 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 100 post 71 under Utanriksdepartementet.

I budsjettet for 2005 fekk universitetsmusea ei løyving på til saman 6,5 mill. kroner for å sikre organiserte grupper av skoleelevar gratis inngang til universitetsmusea. Dette vart gjort ved å øyremerke 4 mill. kroner på kap. 226 post 21 og 2,5 mill. kroner på kap. 281 post 01. Departementet foreslår at desse midla blir lagde inn i rammene til universiteta.

Universitetet i Oslo rapporterte inn 41 stipendiastillingar for mykje i samband med etablering av ny finansieringsmodell slik at den strategiske forskingskomponenten blei litt for høg. På bakgrunn av dette foreslår departementet å auke kap. 271 post 50 med 25,2 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 271 post 52.

I 2006 vart det løyvd 16,7 mill. kroner til desentralisert høgskoletilbud over kap. 281 post 01, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006). I 2007 blir det foreslått å leggje desse midlane inn i ramma til institusjonane. Med bakgrunn i dette foreslår Kunnskapsdepartementet å auke løyvinga til Universitetet i Stavanger med kr 225 000 på kap. 271 post 50.

EFTA Surveillance Authority (ESA) har godkjent at Noreg kan ta opp att ei ordning med differensiert arbeidsgivaravgift. Avgifta tek utgangspunkt i staden der verksemda ligg, og ikkje, slik tilfellet var tidligare, i bustaden til arbeidstakaren. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 39,3 mill. kroner.

ABIOK-utdanningane (anestesi-, intensiv-, operasjons- og kreft- og barnesjukepleie) blir endra frå oppdragsfinansierte utdanningar til ordinære høgskolestudium. For nærmare omtale, sjå kap. 275

post 50. I denne samanhengen blir det overført 4,2 mill. kroner til Universitetet i Stavanger.

### Forsking

Regjeringa vil styrke dei regionale komiteane for medisinsk forskingsetikk (REK). Komiteane er organiserte etter helseregion, men universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø har forvaltningsansvaret, inkludert ansvar for infrastruktur. Arbeidsmengda for komiteane har auka kraftig i dei siste åra. Frå 1. juli 2006 vart det derfor oppretta ein ny komité i region sør, og departementet foreslår å auke løyvingane til REK-systemet med til saman 7,1 mill. kroner i 2007, jf. også omtale under kategori 07.70. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2006 vart det i tillegg løyva 1,4 mill. kroner til Universitetet i Oslo, sjå Innst. S. nr. 205 (2005–2006). Midlane skal nyttast til å opprette ein ny komité i region aust, innføring av ein nasjonal fordelingsfunksjon og frikjøpsordningar for leiarane. Departementet vil komme attende til korleis forvaltningsansvaret for komiteane skal organiserast, seinast i St.prp. nr. 1 (2007–2008).

### Samfunnkontakt

Auka kommersialisering av oppfinningar frå universitet og høgskolar er eit prioritert mål for Regjeringa. Regjeringa foreslår å løyve 1,5 mill. kroner til Universitetet i Stavanger til oppbygging av eit teknologioverføringskontor. Universitetet skal samarbeide med høgskolane i regionen om oppfinningar frå desse institusjonane.

Løyvinga til freds- og menneskerettssentra Holocaustsenteret, Falstadsenteret, Stiftelsen Arkivet, Norsk Fredssenter og Nord-Norsk Fredssenter blir samla på same kap. 255 post 71. I samband med dette blir løyvinga til Holocaustsenteret ved Universitetet i Oslo overført til kap. 255 post 71. Løyvinga på kap. 255 post 71 aukar med om lag 17,6 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon i kap. 271 post 50.

I budsjettet for 2006 vart det lagt inn ei eingongsløyving på 5 mill. kroner til Holocaustsenteret. Løyvinga skulle dekkje utgifter til ferdigstilling av utstillinga og kostnader knytte til den offisielle opningsseremonien i 2006. Desse midlane blir fasa ut i 2007.

### Bygg og lokale

I 2006 vart det løyvd 100 mill. kroner til NTNU til kjøp av utstyr til ny universitetsklinikk i Trondheim. Dei resterande 42 mill. kronene blir løyvde i

budsjettet for 2007. Budsjetttramma til NTNU er derfor redusert med 58 mill. kroner.

I samband med at universitetsfunksjonen ved Akershus Universitetssjukehus (AHUS) er gjenoppretta, foreslår departementet å auke løyvinga til Universitetet i Oslo med 36,4 mill. kroner knytte til utstyrsmidlar til nytt bygg ved Akershus Universitetssjukehus i 2007. Samla løyving blir med dette 42,1 mill. kroner i 2007.

Resterande utstyrsmidlar til nybygg ved Universitetet i Stavanger vart løyvd i 2006. Regjeringa foreslår derfor å trekke ut 17,7 mill. kroner for 2007 i samband med utfasing av desse midla.

Resterande utstyrsmidlar til Studentsenteret ved Universitetet i Bergen vart løyvd i 2006. Regjeringa foreslår derfor ein reduksjon på 21,3 mill. kroner i 2007 i samband med at desse midla blir fasa ut.

I statsbudsjettet for 2006 vart det gitt startløyving til rehabilitering av Sørhellingabygget ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til Universitetet for miljø- og biovitenskap med 15,4 mill. kroner i 2007 til utstyr i nytt bygg.

I samband med behandlinga av St.prp.nr. 65 (2004–2005) vart det gitt startløyving til bygg for informatikk ved Universitetet i Oslo (UiO). Regjeringa foreslår ei løyving på 28,2 mill. kroner i 2007 til inventar og utstyr i bygget.

### Undervisning

Etter forslag i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006) vart det løyvd 12,5 mill. kroner til 500 nye studieplassar innanfor allmennlærar-, førskolelærar-, faglærar-, yrkesfaglærar- og praktisk-pedagogisk utdanning. I samband med dette er det lagt inn 14,3 mill. kroner i heilårsverknad og vidareføring av 235 studieplassar ved universiteta i budsjettet for 2007.

Universitetet i Tromsø fekk i 2004-budsjettet ei løyving på 17,5 mill. kroner til å starte opp ny odontologiutdanning med ti studentar. Opptaket er gradvis trappa opp til 40 studentar årleg frå 2007. Helse- og omsorgsdepartementet gir tilskott til utvikling, etablering og drift av det odontologiske kompetansesenteret i Tromsø. Senteret er eit viktig element i oppbygginga av den nye utdanningsstaden for tannlegar i Tromsø. I samband med ny odontologiutdanning foreslår Regjeringa å auke løyvinga til Universitetet i Tromsø med 19,2 mill. kroner i 2007.

NTNU administrerer ordninga med utanlands-plassar i medisin. I samband med avviklinga av opptak i utlandet er auka opptak på ordinære studieplassar i medisin på 15 studieplassar ved Uni-

versitetet i Tromsø og 20 studieplassar ved NTNU, vidareført. Budsjettet til universitetet er justert i tråd med dette.

Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet og Høgskolen i Sør-Trøndelag skal starte opp ei treårig yrkesfaglærarutdanning som eit samarbeidsprosjekt. Regeringa foreslår å løyve kr 800 000 til dette prosjektet.

Av omsyn til det samla budsjetttopplegget er budsjettet til universitetet og høgskolane redusert med 274,3 mill. kroner i 2007. Budsjettredusjonen er teken i basisløyvinga til universitetet og høgskolane, og ikkje i form av eit kutt i studieplassar. For universiteta er reduksjonen 180,2 mill. kroner, jf. omtale i kategoriinnleininga.

### **Post 51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege universitet**

Posten inneholder resultatbaserte midlar til undervisning ved universiteta, jf. omtale i kategoriinnleininga. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sett for undervisning og studietilbod.

Studiepoeng per student ved universiteta har auka frå 37,6 i 2003 og 38,0 i 2004 til 39,1 i 2005. Strykprosenten har gått ned frå 10,1 i 2003 og 8,7 i 2004 til 8,5 i 2005. Totalt avlagde 60-studiepoengseiningar i finansieringssystemet har auka frå 51 569 i 2004 til 53 241 i 2005. Talet på utvekslingsstudentar har auka frå 3 602 i 2004 til 3 991 i 2005. Individbaserte avtalar er ikkje inkluderte.

Resultatbasert undervisningsfinansiering for universiteta aukar med 71,2 mill. kroner frå 2006 til 2007.

### **Post 52 Forskningsfinansiering statlege universitet**

Posten inneholder midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneholder midlar til særskild finansiering av doktorgradsstillingar, særskilde midlar til vitskapleg utstyr og andre strategiske løyingar.

Posten er redusert med 25,2 mill. kroner som følgje av at Universitetet i Oslo rapporterte inn 41 stipendiatstillingar for mykje i samband med etablering av ny finansieringsmodell, sjå òg omtale under post 50.

For 2007 er det foreslått å fase inn heil effekt av resultatbasert omfordeling av forskingsmidlar, sjå nærmare omtale i kategoriinnleininga. Det er ulik grad av resultatoppnåing på dei ulike indikatorane mellom institusjonane, og blant universiteta er det særleg Universitetet i Oslo og Universitetet for miljø- og biovitenskap som har gode resultat i omfordelinga.

Den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar reduserer løyinga til universiteta med om lag 1,3 mill. kroner i 2007.

I budsjettet for 2006 vart det oppretta 350 nye doktorgradsstillingar ved universitet og høgskolar. For universiteta er det lagt inn om lag 82 mill. kroner til heilårsverknad av 277 doktorgradsstillingar i budsjettet for 2007.

Departementet foreslår å auke løyinga til Universitetet i Stavanger med 2 mill. kroner i strategiske forskingsmidlar.

Tabell 4.10 Oppsummering av løvingsforslaget på kap. 271 post 50–52 (i 1000 kr)

Universitet	Basis	Utdanning	Forskning	Sum
Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet	1 498 244	577 829	611 041	2 687 114
Universitetet for miljø- og biovitenskap	310 666	88 768	117 315	516 749
Universitetet i Bergen	1 000 370	472 516	536 486	2 009 372
Universitetet i Oslo	1 829 219	769 077	927 265	3 525 561
Universitetet i Stavanger	447 167	181 641	45 645	674 453
Universitetet i Tromsø	711 312	173 213	259 879	1 144 404
Sum	5 796 978	2 263 044	2 497 631	10 557 653

**Kap. 272 Vitskaplege høgskolar**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Basisfinansiering statlege vitskaplege høgskolar		501 158	522 782
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar		185 556	196 140
52	Forskningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar		141 616	138 096
70	Basisfinansiering private vitskaplege høgskolar		17 396	16 714
71	Resultatbasert undervisningsfinansiering private vitskaplege høgskolar		17 418	20 794
72	Forskningsfinansiering private vitskaplege høgskolar		10 839	14 376
Sum kap. 272			873 983	908 902

Kapitlet inneholder mål og budsjettforslag til dei vitskaplege høgskolane Noregs handelshøgskole, Arkitektur- og designhøgskolen, Noregs idretts-høgskole, Noregs musikkhøgskole, Noregs veterinarhøgskole og Det teologiske Menighetsfakultet.

Dei vitskaplege høgskolane fungerer som fagleg smale og spesialiserte institusjonar. Dei vitskaplege høgskolane oppfyller funksjonen sin ved å vere forskingsbaserte og profesjonsorienterte.

Desse utdanningsinstitusjonane har eit særskilt nasjonalt ansvar innanfor fagporteføljen sin og tilbyr i hovudsak integrerte studieløp til masternivået og doktorgradsprogram innanfor forskings- og fagområda sine. Ved å kombinere teoretisk fundert kunnskapsutvikling, profesjonsnær fagutvikling samt forsking har dei vitskaplege høgskolane ei viktig nasjonal rolle for kunnskapsoppbygging og samfunnsutvikling. Gjennom kunstnarleg eller forskingsbasert fagleg utvikling har fleire av dei vitskaplege høgskolane fått eit godt internasjonalt renommé.

Dei vitskaplege høgskolane har til saman 4 772 registrerte studentar. Vitskaplege høgskolar kan utan akkreditering frå NOKUT opprette studietilbod innanfor sitt eige spesialområde.

Vitskaplege høgskolar og tilsette ved institusjonane driv formidling til allmenta og gir viktige bidrag til offentleg debatt. Statlege vitskaplege høgskolar har samla ekstern finansiering på om lag 120 mill. kroner, da er midlar frå Noregs forskingsråd ikkje inkluderte. Vitskaplege høgskolar er viktige samarbeidspartnarar for andre offentlege institusjonar, næringsliv og kulturliv.

Departementet har, med utgangspunkt i målformuleringane i lov om universitet og høgskolar, sett hovudmål for kap. 272 Vitskaplege høgskolar.

Måla er felles for alle dei vitskaplege høgskolane på kapitlet, men departementet vil ta omsyn til faktorar som storleik, profil og finansieringsnivå når måloppnåinga skal vurderast.

- Dei vitskaplege høgskolane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringeskunnskap på fagområda sine.
- Dei vitskaplege høgskolane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking og i fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Dei vitskaplege høgskolane har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning på dei fagområda der dei tildeler doktorgrad.
- Dei vitskaplege høgskolane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping baserte på desse resultata. Dei vitskaplege høgskolane skal òg leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.
- Dei vitskaplege høgskolane skal ha personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnyting av ressursane.

#### **Post 50 Basisfinansiering statlege vitskaplege høgskolar**

Posten inneholder midlar til basisfinansiering av dei statlege vitskaplege høgskolane. Basisfinansieringa skal, saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskningsfinansieringa, setje institusjonane i stand til å utføre verksemda, samt sikre stabilitet og langsiktig tenking, jf. omtale i kategoriinnleilinga. Basisfinansieringa

inneheld løyingar til både undervisning og forsking.

Dei vitskaplege høgskolane har gjennomgåande god søkering til studia, og talet på avgangde studiepoeng ligg høgt. Fleire av dei vitskaplege høgskolane publiserer for få vitskaplege artiklar, og talet på avgangde doktorgradar er for lågt i høve til talet på stipendiatar. Omfanget av internasjonal mobilitet varierer mykje mellom institusjonane. Sjå kap. 264, 265, 268, 269 og 282 for meir utførleg resultatrappport.

### Budsjettforslag for 2007

Nasjonalt råd for utøvande musikkutdanning har administrert to stipendiatstillingar innanfor fagområda direksjon og komposisjon, som er delte mellom Universitetet i Stavanger, NTNU, Universitetet i Bergen, Høgskolen i Tromsø og Høgskolen i Agder. For å lette administrasjonen av desse midlane er det foreslått at Noregs musikkhøgskole får ansvar for å fordele midlane. På bakgrunn av dette er løyinga til Noregs musikkhøgskole foreslått auka med kr 648 000 mot tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 01.

### Forsking

Noregs musikkhøgskole og Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo er fra 2007 ikkje inkluderte i indikatorane knytte til midlar frå EU og Noregs forskingsråd. Midlane knytte til indikatoren er derfor overført frå kap. 272 post 52 til kap. 272 post 50.

### Bygg og lokale

Departementet foreslår 15,6 mill. kroner til auka husleige for Noregs musikkhøgskole i 2007.

Resterande midlar til utstyr i nytt bygg for Noregs musikkhøgskole vart løvd i 2006. På bakgrunn av dette er det foreslått å redusere løyinga med 19,4 mill. kroner til utstyr ved Noregs musikkhøgskole i 2007.

### Undervisning

I samband med Stortingets vedtak om utviding av siviløkonomutdanninga til fem år er budsjettet til Noregs handelshøgskole auka med 7,2 mill. kroner, jf. Innst. S. nr. 188 (2001–2002) og St.meld. nr. 11 (2001–2002).

Etter forslag i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006) vart det tildelt 12,5 mill. kroner til halvårsefekt av 500 nye studieplassar innanfor allmennlærar-, førskolelærar-, faglærar-, yrkesfaglærar- og praktisk-pedagogisk utdanning. Det er foreslått å

tildele dei vitskaplege høgskolane nærmare 1,3 mill. kroner til vidareføring av desse studieplasane.

Av omsyn til det samla budsjetttopplegget er budsjettetramma for universitet og høgskolar redusert med 274,3 mill. kroner i 2007. Budsjettredusjonen er teken i basisløyinga til universitet og høgskolar, og ikkje i form av eit kutt i studieplasar. For dei statlege vitskaplege høgskolane er reduksjonen 6,7 mill. kroner, jf. omtale i kategoriinnleiinga.

### Post 51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar

Posten inneholder resultatbaserte midlar til undervisning ved statlege vitskaplege høgskolar, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Løyinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sett for undervisning og studietilbod.

Studiepoeng per student ved statlege vitskaplege høgskolar har auka frå 44,4 i 2003 og 46,7 i 2004 til 47,6 i 2005. Strykprosenten har endra seg frå 4,2 i 2003 og 4,0 i 2004 til 4,3 i 2005. Totalt avgangde 60-studiepoengseiningar i finansieringsystemet har auka frå 3 704 i 2004 til 3 776 i 2005. Talet på utvekslingsstudentar har gått ned frå 486 i 2004 til 464 i 2005. Dette inkluderer ikkje individbaseerde avtalar.

Resultatbasert undervisningsfinansiering for statlege vitskaplege høgskolar aukar med 3,5 mill. kroner frå 2006 til 2007.

### Post 52 Forskingsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar

Posten inneholder midlar til strategisk forskingsløying og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyinga inneholder midlar til særskild finansiering av doktorgradsstillingar, særskilde midlar til vitskapleg utstyr og andre strategiske løyingar.

For 2007 er det foreslått å fase inn full effekt av resultatbasert omfordeling av forskingsmidlar, sjá nærmare omtale i kategoriinnleiinga. Det er ulik grad av resultatoppnåing på dei ulike indikatorane mellom institusjonane. Sjå også tabell 2.27 i Vedlegg 2.

I budsjettet for 2006 vart det oppretta 350 nye doktorgradsstillingar ved universitet og høgskolar. For dei statlege vitskaplege høgskolane er det lagt inn om lag 5,6 mill. kroner til heilårsverknad av 19 doktorgradsstillingar i budsjettet for 2007.

Den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar reduserer løyvinga til statlege vitskaplege høgskolar med 10 mill. kroner i 2007.

Midla knytt til indikatorane for midlar frå EU og frå Noregs forskingsråd er for Noregs musikkhøgskole og Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo overført frå kap. 272 post 52 til kap. 272 post 50.

Tabell 4.11 Oppsummering løyvingsforslaget på kap. 272 post 50–52 (i 1000 kr)

Statlege vitskaplege høgskolar	Basis	Utdanning	Forskning	Sum
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	57 469	30 240	9 348	97 057
Noregs handelshøgskole	153 254	70 058	51 916	275 228
Noregs idrettshøgskole	77 582	21 060	23 546	122 188
Noregs musikkhøgskole	110 428	36 826	7 711	154 965
Noregs veterinærhøgskole	124 049	37 956	45 575	207 580
Sum	522 782	196 140	138 096	857 018

### Post 70 Basisfinansiering private vitskaplege høgskolar

Posten inneholder midlar til basisfinansiering av Det teologiske Menighetsfakultet som er einaste private institusjon med akkreditering som vitskapleg høgskole (frå 1. januar 2005). Basisfinansieringa skal, saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskingsfinansieringa, setje institusjonen i stand til å utføre verksemda si og ta vare på omsynet til stabilitet og langsiktig tenking, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Basisfinansieringa inneholder løyvingar til både undervisning og forsking.

Sjå nærmare omtale av resultat under kap. 282 og i tabellvedlegg.

Av omsyn til det samla budsjetttopplegget er budsjetttramma for universitet og høgskolar redusert med 274,3 mill. kroner i 2007. Budsjettreduksjonen er teken i basisløyvinga til universitet og høgskolar, og ikkje i form av eit kutt i studieplas-sar. For Det teologiske Menighetsfakultet er reduksjonen 1,3 mill. kroner, sjå omtale i kategori-innleiinga.

### Post 71 Resultatbasert undervisningsfinansiering private vitskaplege høgskolar

Posten inneholder resultatbaserte midlar til undervisning ved Det teologiske Menighetsfakultetet, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonen og stimulere institusjonen til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod. Alle studium er inkluderte i undervisningskomponenten, og tilskottsprosentsatsen er

sett til 100. Sjå også omtale for andre private høgskolar under kap. 275 post 71.

Studiepoeng per registrert student ved Det teologiske Menighetsfakultet er redusert frå 35,4 i 2003 og 35,3 i 2004 til 33,7 i 2005. Strykprosenten er tilnærma uendra frå 5,6 i 2003 til 5,5 i 2005.

Sjå nærmare omtale av resultat under kap. 282 og i tabellvedlegg.

Resultatbasert undervisningsfinansiering for private vitskaplege høgskolar aukar med 2,7 mill. kroner frå 2006 til 2007.

### Post 72 Forskningsfinansiering private vitskaplege høgskolar

Posten inneholder midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneholder midlar til særskild finansiering av doktorgradsstillingar.

For 2007 er det foreslått å fase inn heil effekt av resultatbasert omfordeling av forskingsmidlar, sjå nærmare omtale i kategoriinnleiinga. Det er ulik grad av resultatoppnåing på dei ulike indikatorane mellom institusjonane. Blant private institusjonar med forskingsmidlar i 2005 har Det teologiske Menighetsfakultetet eit godt resultat i omfordelinga.

I budsjettet for 2006 vart det oppretta 350 nye doktorgradsstillingar. For Det teologiske Menighetsfakultet er det lagt inn om lag 1,2 mill. kroner til heilårsverknad av fire doktorgradsstillingar i budsjettet for 2007.

Den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar aukar løyvinga til Det teologiske Menighetsfakultetet med 1,9 mill. kroner i 2007.

Tabell 4.12 Oppsummering løvingsforslaget på kap. 272 post 70–72 (i 1000 kr)

Privat vitskaplege høgskole	Basis	Utdanning	Forskning	Sum
Det teologiske Menighetsfakultetet	16 714	20 794	14 376	51 884
Sum	16 714	20 794	14 376	51 884

## Kap. 273 Statlege kunsthøgskolar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Statstilskott	246 379		
	Sum kap. 273	246 379		

Kapitlet finansierte i 2005 drift av Kunsthøgskolen i Oslo og Kunsthøgskolen i Bergen.

### Resultatrappport for 2005–06

Kunsthøgskolen i Oslo har tre fakultet: Fakultet for scenekunst, Fakultet for visuell kunst og Fakultet for design.

Kunsthøgskolen i Bergen har tre avdelingar: Avdeling for design, Avdeling for spesialisert kunst og Avdeling kunstakademiet.

Begge kunsthøgskolane oppfylte måltalet for studentar samla sett i 2005. Kunsthøgskolen i Oslo har fleire uteksaminerte kandidatar enn måltalet. Kunsthøgskolen i Bergen har oppfylt måltalet for kandidatar. Begge kunsthøgskolane har hatt reduksjon i studiepoeng frå 2004 til 2005.

Begge kunsthøgskolane har lagt om studia til 3-årige bachelor- og 2-årige masterstudium. Det er venta at alle studentane vil vere over på ny ordning våren 2006. Kunsthøgskolen i Oslo har fått akkreditering for masterstudium innanfor følgjande område: design, bilettekunst, kunstfag, opera, koreografi og regi. Kunsthøgskolen i Oslo fekk midlar til å setje i gang bachelorstudium i scenografi i samarbeid med Høgskolen i Lillehammer. Kunsthøgskolen i Bergen er akkreditert for å gi mastergrad i kunst og i design.

Begge kunsthøgskolane har nedgang i studentmobilheten. Det har òg vore nedgang i mobilitetten blant dei tilsette ved kunsthøgskolane. Både Kunsthøgskolen i Oslo og Kunsthøgskolen i Bergen har gode avtalar med utanlandske miljø.

Kunsthøgskolane driv med både kunstnarleg verksemd og kunstnarleg utviklingsarbeid, samt meir tradisjonell forsking. Kunsthøgskolane arbeider med å styrke FoU-verksemda ved institusjonane og å auke kompetansen til dei tilsette.

Kunsthøgskolen i Bergen har operatøransvar for det nasjonale stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid i skapande og utøvande kunst, som er ein parallelle til vanlege doktorgradsstipend. I 2005 var i alt 17 stipendiatar knytte til stipendprogrammet, tolv av dei er finansierte over programmet, og fem av dei er finansierte over det ordinære budsjettet til institusjonane. Programmet vart i budsjettet for 2006 styrkt med fem nye stipendiatar. Kunsthøgskolen i Bergen har to stipendiatar på programmet, medan Kunsthøgskolen i Oslo har fire, av desse var ein finansiert over det ordinære budsjettet.

Kunsthøgskolane er ikkje inkluderte i det resultatbaserte finansieringssystemet for universitet og høgskolar. God kvalitet på data for studiepoeng og relevante indikatorar for FoU-verksemd ved institusjonane er ein føresetnad for å inkludere kunsthøgskolane i finansieringssystemet. Ei arbeidsgruppe under leiing av Universitets- og høgskolerådet har sett i gang eit arbeid med å sjå på mogligheita for å utvikle indikatorar for kunstnarleg utviklingsarbeid. Dette arbeidet skal vere ferdig hausten 2006.

I 2005 vart det teke opp 315 studentar ved dei to kunsthøgskolane mot 307 studentar i 2004 og 317 studentar i 2003. Talet på kandidatar ved kunsthøgskolane var 279 i 2003, 295 i 2004 og 274 i 2005. Talet på utvekslingsstudentar har gått ned frå 91 i 2004 til 81 i 2005. Dette inkluderer ikkje individbaserte avtalar. Sjå også tabell 2.20 og 2.21 i Vedlegg 2.

Det er lagt fram eit forprosjekt for byggetrinn II for Kunsthøgskolen i Oslo, jf. St.prp. nr. 66 (2005–2006). Forprosjektet er til ekstern kvalitetssikring og forhandling om leigekontrakt. Kunnskapsdepartementet vil komme attende til saka på eit seinare tidspunkt.

Statsbygg har lagt fram eit skisseprosjekt for samlokalisering av Kunsthøgskolen i Bergen. Kostnadene ved det konseptet som det er arbeidd med, er betydelege. Departementet har likevel valt å be Statsbygg, i samarbeid med kunsthøgskolen og arkitekten, vurdere prosjektet nærmare med føresetnad om at det kjem eksterne bidrag. Kunsthøgskolen i Bergen vil arbeide med å finne

eksterne bidrag. Ut frå resultatet av dette arbeidet vil Regjeringa ta stilling til om prosjektet skal fremjast for Stortinget.

### Budsjettforslag for 2007

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 275.

## Kap. 274 Statlege høgskolar

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	(i 1 000 kr)	Forslag 2007
50	Statstilskott		7 389 146		
	Sum kap. 274		7 389 146		

### Resultatrapport for 2005–06

#### Utdanning

Universitetet i Stavanger fekk løyving over kap. 274 i 2005. Resultatrapporteringa for 2005–06 inkluderer derfor også Universitetet i Stavanger.

Hovudstrukturen i Kvalitetsreforma er på plass, og reforma er no under evaluering. Evalue ringsarbeidet starta opp i 2003 og vil vere avslutta ved årsskiftet 2006–07. Tre delrapportar frå evalueringa vart lagde fram våren 2006. Dei statlege høgskolane arbeider no vidare med å setje i verk, justere og tilpasse dei ulike elementa i alle ledd i organisasjonen. Det blir mellom anna lagt vekt på å innføre nye vurderingsformer og ta i bruk studentaktive undervisningsopplegg, noko som styrker kvaliteten i utdanninga. Nokre høgskolar må utvikle systemet vidare for at utdanningsplanane kan bli ein god reiskap for studentane og institusjonane.

Det er etablert kvalitetssikringssystem ved alle høgskolane. Institusjonane utarbeider rapportar på bakgrunn av datamateriale frå kvalitetssikringssystemet. Denne informasjonen kan gi grunnlag for justeringar og forbetringar av kvaliteten i utdanningstilboda. Somme institusjonar erfarer at det er ei utfordring å få studentane til å ta i bruk system med studentevalueringar.

NOKUT har revidert alle akkrediterte sjukpleiarutdanningar, og berre ein institusjon, Dia-konhjemmet høgskole, vart reakkreditert. To høgskolar har påklaaga vedtaket, og klagenemnda i NOKUT har gitt klagarane medhald i at dei kriteria NOKUT har nytta er uklare, og har sendt vedtaka attende til NOKUT for ny handsaming. Reakkrediteringa viste at den største utfordringa er å auke

delen tilsette med førstestillingskompetanse til 20 pst. Reakkrediteringa viste òg at undervisninga ikkje er tilstrekkeleg forskingsbasert, og at det er uklare krav til kva som gir bestått karakter ved eksamen. Vidare vart det for mange av institusjonane peikt på at det er for dårlig kontakt mellom utdanninga og praksisfeltet. Institusjonane har to år på seg til å oppfylle påboda frå NOKUT.

Departementet har bedt NOKUT evaluere tilboda i allmennlærarutdanninga. Ein midtvegsrapport vart lagd fram i september 2005, og sluttrapporten kom i september 2006, jf. kategoriinnleininga. Funna tyder på at det er store utfordringar for allmennlærarutdanningane, særleg når det gjeld forholdet mellom teori og praksis i utdanninga.

I perioden juni 2003–april 2006 har NOKUT akkreditert 53 mastergradstilbod ved dei statlege høgskolane. Med godkjenning av doktorgradsstudiump i profesjonsstudium ved Høgskolen i Oslo er det frå 2005 etablert tilbod på doktorgradsnivå ved Høgskolen i Agder, Høgskolen i Bodø, Høgskolen i Oslo og Høgskolen i Molde.

Departementet har i 2006 ført vidare tildelinga til Utdanningsdirektoratet på 11,5 mill. kroner til rettleiing av nyutdanna lærarar og 2,8 mill. kroner til styrking av kvaliteten i praksisopplæringa. SINTEF har på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet evaluert prosjektet rettleiing av nyutdanna lærarar. Ein evalueringssrapport frå mai 2006 viser at både dei nyutdanna lærarane, dei involverte barnehage- og skolelærarane og dei lokale rettleiarane vurderer prosjektet på ein positiv måte. Vidare har Noregs forskingsråd etablert eit fireårig forskingsprogram med ei total ramme på 92 mill. kroner om praksisretta FoU i grunnopplæring og lærarutdanning. Det er ein føresetnad i programmet at lærar-

utdanningsinstitusjonar og skoleeigarar samarbeider. I den første utlysingsrunden mottok Forskningsrådet 59 prosjektsøknader. Ti prosjekt er tildelte midlar, og i tillegg er det gitt prosjektetableringsstøtte til elleve prosjekt. Gjennom ei ekstra løying i 2006 er programmet utvida til å omfatte praksisretta forskings- og utviklingsarbeid i barnehagesektoren. Satsing på forskningsprogrammet må òg sjåast i samanheng med *Program for skoleutvikling*, som blir administrert av Utdanningsdirektoratet. Dette programmet varer i fire år frå 2005, og har ei samla løvingsramme på rundt 100 mill. kroner.

Opptaket til allmennlærarutdanninga vart redusert i 2005 som følgje av skjerpa opptakskrav. Også yrkesfaglærarutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning hadde ein liten reduksjon, medan forskolelærarutdanning og faglærarutdanning hadde ein auke. Tal frå Samordna opptak viser ein total auke på meir enn 500 tilbod til lærarutdanningane frå 2005 til 2006. Helse- og sosialfaglege utdanninger held omtrent same nivå på opptaket som i 2004, medan opptak til sjukepleiarutdanninga har ein mindre auke. Også opptaket til ingeniørutdanninga viser ein liten auke frå 2004 til 2005.

Strykprosenten ved dei statlege høgskolane har auka noko, frå gjennomsnittleg 8,0 i 2004 til 8,4 i 2005. Tal på registrerte studentar ved dei statlege høgskolane viser ein auke frå 89 706 i 2004 til 90 484 i 2005. Høgskolane vart i budsjetten for 2005 pålagde å redusere talet på studieplassar med 1 732.

Det har vore ein auke i talet på 60-studiepoengseiningar ved statlege høgskolar frå 67 607 i 2004 til 67 675 i 2005. Talet på utvekslingsstudentar har auka frå 2 204 i 2004 til 2 473 i 2005. Dette inkluderer ikkje individbaserte avtalar. Kunsthøgskolane er ikkje inkluderte i desse tala.

Departementet fastset måltal for registrerte studentar og kandidatar ved Kunsthøgskolen i Bergen og Kunsthøgskolen i Oslo, sjå tabell 2.22 i Vedlegg 2.

Departementet har trekt tilbake fullmakta til å opprette nye selskap eller kjøpe aksjer i eksistende selskap frå Høgskolen i Bodø. Departementet vurderer fullmakten til institusjonen.

Kunnskapsdepartementet kan gi høgskolane utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemid, sjå forslag til vedtak IV nr. 2.

### FoU-verksemd

Det er store variasjonar i omfanget av FoU-verksemda mellom høgskolar, og mellom fagområde ved desse institusjonane. FoU-innsatsen er mellom

anna avhengig av kompetanseprofilen til dei ulike institusjonane.

Den faglege leiinga er styrkt ved at ein legg større vekt på strategisk arbeid. Tildeling av FOU-midlar skjer i større grad ut frå vedtekne satsingsområde. Det blir òg lagt vekt på å styrke fagmiljø som dokumenterer god vitskapleg produksjon. Om lag halvparten av desse institusjonane har implementert bruk av resultatbasert fordeling av forskningsmidlar i organisasjonen. Det blir arbeidd systematisk med å utvikle FoU-strategiar og bygge sterke forskingsmiljø. Det er òg ein tendens til at høgskolane i større grad ser oppbygging av FOU-miljø i samanheng med etablering av mastergradsstudiump.

Høgskolane har i lengre tid arbeidd for å heve den formelle kompetansen til undervisnings- og forskingspersonalet, men innanfor fleire fagområde er det framleis få tilsette med førstestillingskompetanse.

Dei statlege høgskolane har fått tilført 247 stipendiatstillingar sidan år 2000. Rapporteringa frå mange av institusjonane viser framleis svak gjennomstrøyming av stipendiatar. Fleire høgskolar har ikkje tilsett stipendiatar i alle stillingane dei har løying til.

Ein del av løvingane til strategiske satsingar innanfor forsking og utviklingsarbeid er lagd til *Strategisk høgskoleprosjekt*, eit prosjekt administrert av Noregs forskningsråd. Løyvinga til prosjektet har årleg vore 30 mill. kroner, sjå også omtale på kap. 281.

### Samfunnsrolla

Høgskolane samarbeider i samfunns-, arbeids- og næringsliv, særleg for å fremme regional utvikling. Samarbeidsområde varierer institusjonane imellom, avhengig av fagportefølje. Fagmiljøa innanfor helse- og sosialfag, lærarutdanning, ingeniørfag, IKT, økonomi og administrasjon er gjerne trekte fram som eksempel på fagmiljø som samarbeider med andre institusjonar og eksterne aktørar. Fleire av institusjonane har teke entreprenørskap inn i studietilboda.

I 2005 var det registrert i alt 10 376 eksternt finansierte kursstudentar ved dei statlege høgskolane. Dette er om lag 570 studentar færre enn i 2004.

### Internasjonalt samarbeid

Fokus på arbeidet med internasjonalisering har auka også ved dei statlege høgskolane, men graden av engasjement varierer framleis mykje mellom institusjonane. Talet på utvekslingsstudentar

har auka, medan talet på utvekslingsopphald blant dei tilsette har blitt noko mindre.

Det var nesten like mange studentar som reiste ut som kom inn i 2005. Det var i alt 2 473 utvekslingsstudentar, eksklusive individbaserte avtaler. I tillegg var det 160 studentar på individbaserte avtalar.

Fleire av institusjonane har avtalar med mange utanlandske institusjonar, men ikkje alle avtalane er i bruk. Dei fleste avtalane gjeld undervisning, medan forsking ofte ikkje er inkludert. Departe-

mentet vil sjå nærmare på rutinar for registrering av institusjonsavtalar.

Høgskolane arbeider med å innlemme opphald i utlandet på ein god måte i studieopplegg i Noreg. Institusjonane tilbyr i stadig større grad studietilbod på engelsk for innreisande studentar.

### Budsjettforslag for 2007

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 275.

## Kap. 275 Høgskolar

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert	(i 1 000 kr) Forslag 2007
			budsjett 2006	
50	Basisfinansiering statlege høgskolar		5 012 384	5 199 124
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege høgskolar		2 039 667	2 111 665
52	Forskningsfinansiering statlege høgskolar		241 439	269 818
70	Basisfinansiering private høgskolar		304 665	329 802
71	Resultatbasert undervisningsfinansiering private høgskolar		266 099	278 981
72	Forskningsfinansiering private høgskolar		32 267	35 558
Sum kap. 275			7 896 521	8 224 948

Kapitlet omfattar to kunsthøgskolar, 25 statlege høgskolar og 25 private høgskolar. I 2005 vart løyvinga til desse institusjonskategoriane gitt på hhv. kap. 273, 274 og 282.

Høgskolane står for eit breitt tilbod av utdanninger i hovudsak på bachelornivå, men òg mange på masternivå. Desse er ofte anten profesjonsretta eller meir generelt yrkesførebuande. Nokre høgskolar har rett til å tildele doktorgrad innanfor bestemte fagområde. Høgskolane har særskilt ansvar for å drive med FoU knytt til utdanningstilboda sine, men òg for å medverke til regional utvikling og innovasjon. Høgskolane fyller såleis ei viktig rolle som katalysator for regional utvikling og vekst og som aktør i profesjonsretta FoU. Dei statlege kunsthøgskolane har eit viktig nasjonalt ansvar for å gi kunstutdanning på bachelor- og masternivå. Dei har ansvar for internasjonalt samarbeid om ulike kunstfag og for forsking og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskolane hadde i 2005 til saman over 108 000 registrerte studentar.

Høgskolane er svært ulike i storleik, forskingsintensitet og studenttilstrøyming. Mange høgskolar har lærar-, ingeniør-, helse- og sosialfagutdan-

ningar. Høgskolane utdannar såleis studentar til stillingar som er avgjerande for eit velfungerande samfunn.

Fleire av høgskolane har gjennom langsiktig strategisk arbeid bygd opp solide fagmiljø med kompetanse til å tilby utdanning utover bachelorgraden. Det er ei gledeleg utvikling at høgskolane styrker potensialet sitt gjennom målretta utvikling av undervisnings- og forskingskvalitet.

Høgskolar driv formidling til allmenta og gir viktige bidrag til offentleg debatt. Statlege høgskolar har samla ei ekstern finansiering på i overkant av 600 mill. kroner. Da er midlar frå Noregs forskingsråd inkluderte. Høgskolane er ein viktig samarbeidspartner for kommunar, fylkeskommunar og regionalt arbeidsliv.

Høgskolen i Narvik eig om lag 3,9 pst. av aksjane i selskapet NORUT Gruppen AS. Aksjane er verdsatt til 3 mill. kroner. Høgskolen ønsker å selje aksjeposten i NORUT Gruppen AS til Nordland fylkeskommune og bruke midlane frå salet til å kjøpe aksjar i Norut Teknologi AS. Formålet med oppkjøpet i Norut Teknologi AS er å etablere eit formelt samarbeid mellom selskapet og høgsko-

len, med hovudvekt på ekstern verksemd, særleg innafor næringsretta forsking. Sjå forslag til vedtak IV nr. 3.

Departementet har med utgangspunkt i målformuleringane i lov om universitet og høgskolar sett hovudmål for kap. 275 Høgskolar. Måla er felles for alle høgskolane på kapitlet, men departementet vil ta omsyn til faktorar som storleik, profil og finansieringsnivå når måloppnåinga skal vurderast.

- Høgskolane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringsskunnskap.
- Høgskolane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking og i fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskolane har ansvar for utvikling av praktisk retta forsking og utviklingsarbeid på fagområda sine. Høgskolane som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innanfor dei fagområda der dei tildeler doktorgrad.
- Høgskolane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, samt medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Høgskolane skal òg leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.
- Høgskolane skal ha personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane.

### **Post 50 Basisfinansiering statlege høgskolar**

Posten inneheld midlar til basisfinansiering av kunsthøgskolane og 25 statlege høgskolar. Saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskingsfinansieringa skal basisfinansieringa setje institusjonane i stand til å utføre verksemda si samt sikre stabilitet og langsigkt tenking, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Basisfinansiering inneheld løyvingar til både undervisning og forsking.

Tal frå Samordna Opptak viser at utdanningsområdet lærar- og lektorutdanning har størst framgang i talet på førsteprioritetssøkjurar ved opptaket i 2006. Innanfor dette utdanningsområdet har allmennlærarutdanninga ein framgang på 5,1 pst. og er no tilbake på nivået det var på før dei skjerpa opptakskrava vart innførte i 2004. Førskolelærarutdanninga har ein auke i talet på søkjurar på heile 32,1 pst. i forhold til i 2005. Andre utdanningsom-

råde med framgang er teknologi, ingeniørfag og arkitektur med 10,7 pst.

Departementet vil vurdere om det er mogleg å utvikle gode indikatorar for kunstnarleg utviklingsarbeid. Universitets- og høgskolerådet er på oppdrag frå departementet i gang med ei utgreiing om dette som vil vere ferdig hausten 2006.

### **Budsjettforslag for 2007**

ABIOK-utdanningane (anestesi-, intensiv-, operasjons- og kreft- og barnesjukepleie) blir endra frå oppdragsfinansierte utdanninger til ordinære høgskolestudiar. Dette inneber at institusjonane får det faglege, administrative og finansielle ansvaret for utdanningene. I samband med dette er det overført 65 mill. kroner frå kap. 232 under Helse- og omsorgsdepartementet. Det er ikkje lagt inn midlar til tilbod Høgskolen i Oslo har finansiert over eiga ramme. Ved fordeling av beløp på institusjonar er det teke utgangspunkt i avgjerd studiepoengproduksjon og motteke informasjon frå institusjonane.

Det har tidligare vore gitt midlar til Møre og Romsdal fylkeskommune for husleige til teknisk fagskole i Fogd Greves vei 9 i Ålesund over kap. 281 post 01. Desse midlane blir no lagde inn i ramma til Høgskolen i Ålesund, som vil forvalte husleigeavtalen. På bakgrunn av dette aukar budsjettetramma til høgskolen med 3,4 mill. kroner i 2007.

I 2006 vart det tildelt om lag 4 mill. kroner til forkurs til ingeniørutdanninga. I 2007 blir midlane lagde inn i ramma til dei respektive institusjonane. På bakgrunn av dette aukar budsjettetramma til høgskolane i Agder, Bergen, Sør-Trøndelag og Vestfold med 1 mill. kroner ved kvar institusjon. Løyvinga på kap. 275 post 50 aukar mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 281 post 01.

Løyvinga til freds- og menneskerettssentra Holocaustsenteret, Falstadcenteret, Stiftelsen Arkivet, Norsk Fredssenter og Nord-Norsk Fredssenter Narvik blir samla på same kapittel 255. I samband med dette blir løyvinga til Falstadcenteret ved Høgskolen i Nord-Trøndelag overført til kap. 255 post 71. Løyvinga på kap. 255 post 71 aukar med om lag 9,6 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon i kap. 275 post 50.

EFTA Surveillance Authority (ESA) har godkjent at Noreg kan ta opp att ei ordning med differensiert arbeidsgivaravgift. Avgifta tek utgangspunkt i staden der verksemda ligg, og ikkje, slik tilfellet var tidlegare, i bustaden til arbeidstakaren. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 37,3 mill. kroner.

## Samfunnkontakt

Nordisk Ministerråd skal trappe ned finansieringa til Nordisk-samisk institutt. Nedtrappinga skjer over ein periode på fire år, og 2007 er det tredje året med nedtrapping. Totalt skal det norske bidraget til Nordisk-samisk institutt aukast med 3,6 mill. kroner i perioden 2005–07. Tildelinga vart auka med 1,2 mill. kroner både i 2005 og 2006. Det er foreslått ein ytterlegere auke av løvinga på kap. 275 post 50 med 1,2 mill. kroner i 2007.

## Bygg og lokale

I samband med statsbudsjettet for 2006, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006), vart det gitt startløying til Samisk vitskapsbygg i Kautokeino. I budsjettet for 2007 foreslår departementet 15,7 mill. kroner til utstyr til den delen av bygget som einingar under Kunnskapsdepartementet skal bruke.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2005, jf. Innst. S. nr. 240 (2004–2005), vart det gitt eit startløying til nytt bygg for Høgskolen i Vestfold. Departementet foreslår å auke budsjettet til Høgskolen i Vestfold med om lag 45,6 mill. kroner til inventar og utstyr i nytt bygg for 2007.

Høgskolen i Stord/Haugesund fekk i 2006 kr 800 000 til utstyr for nybygget for sjukepleiar- og lærarutdanning på Stord. Midlane var ei eingongsløying og blir fasa ut i 2007.

Høgskolen i Buskerud fekk i 2006 3 mill. kroner til utstyr i samband med flytting til Kunnskapsparken Drammen, jf. St.prp. nr. 1 (2005–2006) for Utdannings- og forskningsdepartement. Midlane var ei eingongsløying og blir fasa ut i 2007.

Høgskolen i Østfold vart i 2005 tildelt 50 mill. kroner i utstyr og inventar til nytt bygg. I 2006 fekk høgskolen resterande utstyrsmidlar på 32,2 mill. kroner. I samband med dette foreslår departementet å redusere løvinga til Høgskolen i Østfold med 32,2 mill. kroner i budsjettet for 2007.

Nytt bygg for Høgskolen i Nesna vart ferdigstilt i mai 2006. I 2005 vart høgskolen tildelt 16,7 mill. kroner til utstyr, og i 2006 vart resterande utstyrsmidlar på 5,5 mill. kroner tildelte. Departementet foreslår derfor å redusere løvinga til Høgskolen i Nesna med 5,5 mill. kroner i budsjettet for 2007.

Det er foreslått 2,2 mill. kroner til auka husleige for Høgskolen i Nesna og 14,4 mill. kroner til auka husleige for Høgskolen i Østfold.

## Undervisning

Statens dykkarskole vart ført over til Høgskolen i Bergen frå 1. januar 2005. Høgskolen har dermed ansvaret for å føre vidare og vidareutvikle dykkarutdanninga som fagskoleutdanning, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2004–2005). Stortinget løvdde hausten 2003 10,5 mill. kroner for å finansiere staten sitt bidrag til kjøp av mettingsdykkarutstyr (klokkedykkarutstyr), jf. St.prp. nr. 63 (2003–2004) og Innst. S. nr. 250 (2003–2004). Dei føresetnadene som låg til grunn for departementets opphavlege forslag, har endra seg på avgjerande punkt, jf. omtale i St.prp. nr. 66 (2005–2006). Departementet har vurdert behov og organisering av mettingsdykkarutdanninga på nytt. Ut frå behovet for fagleg kompetanse og eit integrert utdanningstilbod i Noreg planlegg departementet å etablere mettingsdykkarutdanning ved Høgskolen i Bergen. Utdanninga er planlagd etablert frå hausten 2007 og skal bli organisert innanfor Høgskolen i Bergen. Organiseringa baserer seg på eit samarbeid med selskapet NUI AS om bruk av trykammeret til selskapet. NUI AS er eigd av oljeselskapa Norsk Hydro og Statoil. Denne løysinga inneber investeringskostnader på om lag 40 mill. kroner og årlege driftskostnader på ca. 4,5 mill. kroner.

Departementet foreslår at totalt 12,5 mill. kroner som tidlegare er løvdde til Høgskolen i Bergen til dette formålet, blir nytt til investering i utstyr. Departementet foreslår vidare at staten dekkjer dei årlege driftskostnadene på om lag 4,5 mill. kroner. I samband med dette foreslår departementet å setje av 1,75 mill. kroner av løvinga på kap. 281 post 01 for å dekkje halvårseffekten av driftskostnadene. Norsk Hydro og Statoil vil saman med ExxonMobil og Norske Shell støtte etableringa med inntil 27,5 mill. kroner. Oljeselskapa føreset at utstyret blir kjøpt og brukt i samsvar med rapporten *Samarbeid mellom Høgskolen i Bergen og NUI AS*. Departementet vil ta kontakt med dei involverte aktørane for vidare organisering og framdrift i arbeidet med etablering av mettingsdykkarutdanning ved Høgskolen i Bergen.

I statsbudsjettet for 2006 vart det foreslått å etablere ei visuell kunstudanning ved Høgskolen i Tromsø. Det er lagt inn 1,8 mill. kroner i heilårsverknad og vidareføring av 15 studieplassar i budsjettet for 2007.

Etter forslag i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006) vart det løvd 12,5 mill. kroner til halvårseffekt av 500 nye studieplassar innanfor allmennlærar-, førskolelærar-, faglærar-, yrkesfaglærar- og praktisk-pedagogisk utdanning. I samband med dette er det lagt inn 13,9 mill. kroner til heilårs-

verknad og vidareføring av 195 plassar ved høgskolane i budsjettet for 2007.

Høgskolen i Nord-Trøndelag er i fleire år tildelt kr 300 000 til sørsamisk språk og kultur. I 2006 vart det tildelt kr 100 000 til Høgskolen i Nord-Trøndelag over kap. 281 post 01, slik at ein ikkje tek eigenbetaling for studentar som studerar sørsamisk ved høgskolen. I 2007 blir det foreslått å leggje desse midlane inn i ramma til høgskolen. Med bakgrunn i dette foreslår Kunnskapsdepartementet å auke løyvinga på kap. 275 post 50 med kr 100 000, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 281 post 01.

I samband med utvidinga av siviløkonomutdanninga er budsjetttramma til Høgskolen i Agder og Høgskolen i Bodø auka med samla 4,4 mill. kroner i budsjettet for 2007.

I 2006 vart det løvd 16,7 mill. kroner til desentraliserte høgskoletilbod over kap. 281 post 01, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006). I 2007 blir det foreslått å leggje desse midlane inn i ramma til institusjonane. Den nye fordelinga i 2007 er basert på same prinsipp som i 2006, men med oppdatert rapportering etter innspel frå høgskolesektoren. Med bakgrunn i dette foreslår Kunnskapsdepartementet å auke løyvinga på kap. 275 post 50 med om lag 15,9 mill. kroner.

*Handlingsplan mot rasisme og diskriminering 2002–2006* slår fast at Kunnskapsdepartementet har

«ansvaret for å sikre eit betre og meir stabilt utdanningstilbod for tolkar på høgre utdanningsnivå og medverke til å utvikle tilboda».

Hovudmålet er å auke utdanninga av tolkar til rettsvesen, helsevesen og andre offentlege tenester slik at borgarar med annan språkleg bakgrunn blir sikra dei rettane dei har krav på. Regjeringa foreslår å løyve 6 mill. kroner til Høgskolen i Oslo i 2007 til å byggje opp eit eige fagmiljø for å sikre eit permanent tilbod om tolkeutdanning. Høgskolen må samarbeide med Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) og med andre universitet og høgskolar for å sikre tilbod i fleire delar av landet. Nettbasert utdanning vil vere ein viktig metode i dette arbeidet.

Av omsyn til det samla budsjettoppleggget er budsjetttramma for universitet og høgskolar redusert med 274,3 mill. kroner i 2007. Budsjettredusjonen er teken i basisløyvinga til universitet og høgskolar, og ikkje i form av eit kutt i studieplas-

sar. For dei statlege høgskolane er reduksjonen 82,5 mill. kroner, sjå omtale i kategoriinnleiinga.

## Post 51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege høgskolar

Posten omfattar resultatbaserte midlar til undervisning ved statlege høgskolar, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Løyvinga på posten skal saman med basistilstkottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sett for undervisning og studietilbod.

Studiepoeng per student ved statlege høgskolar er endra frå 44,5 i 2003 og 45,2 i 2004 til 44,9 i 2005. Strykprosenten har gått ned frå 9,1 i 2003 og 8,0 i 2004 til 8,4 i 2005. Totalt avgjorde 60-studiepoengseiningar i finansieringssystemet har auka frå 62 166 i 2004 til 62 291 i 2005. Talet på utvekslingsstudentar har auka frå 2 083 i 2004 til 2 320 i 2005. Dette inkluderer ikkje individbaserte avtalar. Kunsthøgskolane er ikkje inkluderte i desse tala.

Samla er løyvinga til resultatbasert undervisningsfinansiering for statlege høgskolar redusert med 5,5 mill. kroner frå 2006 til 2007.

## Post 52 Forskingsfinansiering statlege høgskolar

Posten omfattar midlar knytte til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga omfattar midlar til særskild finansiering av stipendiatstillingar og særskilde midlar til vitskapleg utstyr. For omtale av *Strategisk høgskoleprogram* administrert av Noregs forskingsråd, sjå omtale under kap. 281.

For 2007 er det foreslått å fase inn heil effekt av resultatbasert omfordeling av forskingsmidlar, sjå nærmare omtale i kategoriinnleiinga. Det er ulik grad av resultatoppnåing på dei ulike indikatorane mellom institusjonane, og blant dei statlege høgskolane er det mellom anna høgskolane i Agder, Bodø, Hedmark og Oslo som har gode resultat i omfordelinga.

I budsjettet for 2006 vart det oppretta 350 nye stipendiatstillingar. For statlege høgskolar er det lagt inn om lag 10 mill. kroner for å dekkje heilårsverknad av 34 stipendiatstillingar i budsjettet for 2007.

Den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar aukar løyvingane til statlege høgskolar med om lag 9,1 mill. kroner i 2007.

Tabell 4.13 Oppsummering løyvingsforslaget på kap. 275 post 50–52 (i 1 000 kr)

Statlege høgskolar	Basis	Utdanning	Forskning	Sum
Høgskolen i Agder	459 734	191 424	33 979	685 137
Høgskolen i Akershus	155 870	76 024	6 833	238 727
Høgskolen i Bergen	335 465	160 193	11 056	506 714
Høgskolen i Bodø	247 257	94 736	22 589	364 582
Høgskolen i Buskerud	144 354	63 322	9 078	216 754
Høgskolen i Finnmark	122 527	44 205	4 464	171 196
Høgskolen i Gjøvik	105 353	41 405	6 956	153 714
Høgskolen i Harstad	71 457	31 048	4 034	106 539
Høgskolen i Hedmark	219 546	100 277	16 407	336 230
Høgskolen i Lillehammer	123 457	69 759	11 850	205 066
Høgskolen i Molde	84 106	35 623	9 126	128 855
Høgskolen i Narvik	107 390	26 686	6 678	140 754
Høgskolen i Nesna	73 069	21 616	3 714	98 399
Høgskolen i Nord-Trøndelag	220 250	82 833	7 960	311 043
Høgskolen i Oslo	607 011	294 414	28 651	930 076
Høgskolen i Sogn og Fjordane	148 027	57 448	7 369	212 844
Høgskolen Stord/Haugesund	141 230	65 251	5 781	212 262
Høgskolen i Sør-Trøndelag	352 312	178 869	12 913	544 094
Høgskolen i Telemark	285 903	121 458	15 886	423 247
Høgskolen i Tromsø	161 732	75 515	5 088	242 335
Høgskolen i Vestfold	233 544	73 735	11 373	318 652
Høgskolen i Volda	126 278	68 042	9 508	203 828
Høgskolen i Østfold	263 182	98 928	9 645	371 755
Høgskolen i Ålesund	101 700	35 329	4 119	141 148
Samisk høgskole	47 651	3 525	4 761	55 937
Kunsthøgskolen i Bergen	75 144			75 144
Kunsthøgskolen i Oslo	185 575			185 575
<b>Sum</b>	<b>5 199 124</b>	<b>2 111 665</b>	<b>269 818</b>	<b>7 580 607</b>

### **Post 70 Basisfinansiering private høgskolar**

Basisfinansieringa skal, saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskingsfinansieringa, setje institusjonane i stand til å utføre verksemda si og ta vare på omsynet til stabilitet og langsiktig tenking, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Basisfinansieringa inneholder løyvingar til både undervisning og forsking. I St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006) vart det løyvd 12,5 mill. kroner til halvårseffekt av 500 nye studieplassar innanfor allmennlærar-, forskolelærar-, faglærar-, yrkesfaglærar- og praktisk-pedagogisk utdanning. Kunns-

skapsdepartementet foreslår å løyve 1,5 mill. kroner til videreføring av 20 plassar ved Dronning Mauds Minne.

I 2006 vart det løyvd 16,7 mill. kroner til desentraliserte høgskoletilbod over kap. 281 post 01, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006). Departementet foreslår å leggje desse midlane inn i ramma til institusjonane. Med bakgrunn i dette foreslår Kunnskapsdepartementet å auke kap. 275 post 70 med kr 322 000 til Diakonhjemmet Høgskole, Rogaland.

I samband med vedtaket til Stortinget om utviding av siviløkonomutdanninga til fem år er bud-

sjettramma til Handelshøyskolen BI auka med 4,7 mill. kroner til 78 nye studieplassar, jf. Innst. S. nr. 188 (2001–2002) og St.meld. nr. 11 (2001–2002).

I samband med revidert nasjonalbudsjett vart det løyvd 4 mill. kroner til private høgskolar, jf. St.prp. nr 66 (2005–2006). Midlane er vidareførte med heilårseffekt i 2007.

ABIOK-utdanningane (anestesi-, intensiv-, operasjons- og kreft- og barnesjukepleie) blir endra frå oppdragsfinansierte utdanninger til ordinære høgskolestudiar. Dette inneber at institusjonane får det faglege, administrative og finansielle ansvaret for utdanningene. I samband med dette er det overført 65 mill. kroner frå kap. 732 under Helse- og omsorgsdepartementet. Ved fordeling av beløp på institusjonar er det teke utgangspunkt i avgjord studiepoengproduksjon og motteke informasjon frå institusjonane.

Ansgar teologiske høgskole og Fjellhaug misjonshøgskole inkluderast i finansieringssystemet og det er etablert ein utgangsposisjon for undervisningskomponenten. Det er flyttet høvesvis 3,6 mill. kroner for Ansgar teologiske høgskole, og 2,3 mill. kroner for Fjellhaug misjonshøgskole frå basis- til undervisningskomponenten i budsjettet for 2007. Post 70 reduserast derfor med 5,9 mill. kroner mot tilsvarande auke på post 71.

NOKUT har vedteke å gjennomføre ei reakkreditering av studia ved Den Norske Balletthøgskole.

Av omsyn til det samla budsjetttopplegget er budsjetttramma for universitet og høgskolar redusert med 274,3 mill. kroner i 2007. Budsjettreduksjonen er teken i basisløyvinga til universitet og høgskolar, og ikkje i form av eit kutt i studieplassar. For dei private høgskolane er reduksjonen 4,5 mill. kroner, jf. omtale i kategoriinnleiinga.

### **Post 71 Resultatbasert undervisningsfinansiering private høgskolar**

Posten omfattar resultatbaserte midlar til undervisning ved private høgskolar, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Løyvinga skal saman med basistilskot-

tet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod.

Talet på studiepoeng per student ved private høgskolar er redusert frå 41,2 i 2004 til 40,5 i 2005. Strykprosenten var 7,3 i 2005 mot 8,8 i 2003 og 8,7 i 2004. Totalt tal på avgjorde 60-studiepoengseiningar i finansieringssystemet er redusert frå 15 194 i 2004 til 14 983 i 2005. Talet på utvekslingsstudentar er redusert frå 676 i 2004 til 651 i 2005. Dette inkluderer ikkje individbaserte avtalar.

I samband med at Ansgar teologiske høgskole og Fjellhaug misjonshøgskole blir inkluderte i finansieringssystemet reduserast post 70 med 5,9 mill. kroner mot tilsvarande auke på post 71, sjå omtale under post 70.

Samla er løyvinga til resultatbasert undervisningsfinansiering for private høgskolar redusert med 3,1 mill. kroner frå 2006 til 2007.

### **Post 72 Forskingsfinansiering private høgskolar**

Posten inneholder midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneholder midlar til særskild finansiering av stipendiatstillingar.

For 2007 er det foreslått å fase inn heilårseffekten av resultatbasert omfordeling av forskingsmidlar, sjá nærmare omtale i kategoriinnleiinga. Det er ulik grad av resultatoppnåing på dei ulike indikatorane mellom institusjonane. Med unntak av Handelshøyskolen BI er det blant dei private høgskolane låge resultat på forskingsindikatorane.

I budsjettet for 2006 vart det oppretta 350 nye stipendiatstillingar. For private høgskolar er det lagt inn om lag 1,8 mill. kroner for å dekkje heilårsverknad av seks stipendiatstillingar i budsjettet for 2007.

Den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar aukar løyvingane til private høgskolar med om lag 0,3 mill. kroner i 2007.

Tabell 4.14 Oppsummering løyvingsforslaget på kap. 275 post 70–72 (i 1 000 kr)

Private høyskoler	Basis	Undervisning	Forskning	Sum
Ansgar teologiske høgskole	5 530	3 526	67	9 123
Baptistenes teologiske seminar	1 957	0	0	1 957
Barratt Due Musikkinstitutt	7 593	5 445	0	13 038
Bergen Arkitekt Skole	3 864	7 059	0	10 923
Betanien diakonale høgskole	11 902	7 992	0	19 894
Den Norske Balletthøyskole	752	6 808	0	7 560
Den norske Eurytmihøyskole	1 441	1 183	0	2 624
Diakonhjemmet høyskole, Oslo	29 280	30 149	1 185	60 614
Diakonisshjemmets høgskole	10 008	8 751	140	18 899
Dronning Mauds Minne høgskolen	38 296	22 502	577	61 375
Fjellhaug Misjonshøgskole	3 879	2 716	40	6 635
Handelshøyskolen BI	69 075	66 369	26 678	162 122
Høyskolen Diakonova	19 957	11 432	935	32 324
Høgskolen i Staffeldtsgate	8 497	0	0	8 497
Høgskulen landbruk og bygdenæringer	1 226	723	138	2 087
Lovisenberg diakonale høgskole	34 331	19 599	139	54 069
Mediehøgskolen Gimlekollen	5 897	5 329	28	11 254
Misionshøgskolen	4 528	6 950	3 874	15 352
Norges Informasjonsteknologiske Høgskole	10 700	5 027	124	15 851
Norsk lærerakademi, Bachelor- og masterstudier	16 604	16 470	708	33 782
Norsk lærerakademi, Lærerhøgskolen	22 994	17 233	653	40 880
Norsk Reiselivshøyskole	1 863	5 984	40	7 887
Oslo markedshøyskole	813	9 250	103	10 166
Diakonhjemmet høyskole, Rogaland	14 196	13 834	129	28 159
Rudolf Steinerhøyskolen	4 619	4 650	0	9 269
<b>Sum</b>	<b>329 802</b>	<b>278 981</b>	<b>35 558</b>	<b>644 341</b>

**Kap. 276 Fagskoleutdanning**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
70	Teknisk fagskoleutdanning		274 705	285 144
	Sum kap. 276		274 705	285 144

Lov om fagskoleutdanning, som trådde i kraft i juni 2003, gjeld for korte yrkesretta utdanninger som byggjer på vidaregående opplæring eller tilsvarande realkompetanse, og som har eit omfang som svarar til minimum eit halvt studieår og maksि-

mum to studieår. Fagskoleutdanning skal vere eit sjølvstendig alternativ til høgre utdanning. Lova er ei overordna rammelov som gir tilbydarane stor fridom til å fastsetje innhaldet i utdanninga og å etablere formålstenlege ordningar lokalt.

Løyvinga på dette kapitlet gjeld teknisk fagskoleutdanning. Fagskolar som er godkjende etter lov om fagskoleutdanning og som får tilskott etter § 8.2, vil få tildelt midlar frå kap. 228 Tilskott til frittståande skolar o.a.

Fagskolar som var godkjende etter den tidlegare lova om teknisk fagskole, må ha søkt om godkjenning etter lov om fagskoleutdanning innan 10. november 2006 dersom dei ønskjer å drive vidare på same vilkår som tidlegare.

I Innst. O. nr. 1 (2004–2005) ber komiteen departementet vurdere om all yrkesretta utdanning ut over vidaregåande opplæring bør forankrast i fagskolelova. Komiteen bad vidare departementet legge fram eiga sak for Stortinget med ei vurdering av finansieringsordninga for alle godkjende fagskolar og med klargjering av forholdet mellom vidaregåande skolar og fagskolar. Departementet vil fremme ein lovproposisjon for Stortinget våren 2007 og vil vurdere finansieringsordninga i samanheng med denne prosessen, slik det er varsle i Ot.prp. nr. 43 (2005–2006).

### **Post 70 Teknisk fagskoleutdanning**

Teknisk fagskole er eit toårig tilbod om fagskoleutdanning i fylkeskommunal regi. Formålet med til-

skottordninga er å medverke til å utvikle korte, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningar ved å yte tilskott til fylkeskommunar som gir tilbod om teknisk fagskoleutdanning godkjend etter lov om fagskoleutdanning. Opplæring på fagskolenivå skal vere i samsvar med definerte behov i arbeidslivet. Opplysningar som skal innhentast for å klargjøre måloppnåinga, er studenttal og fagområde som blir gitte innanfor teknisk fagskole. Tilskott blir gitt til fylkeskommunar som tilbyr teknisk fagskoleutdanning. Tilskottet blir utrekna på grunnlag av innrapporterte studenttal. Tilskottsmottakar må sende inn oversikt over studenttal før tilskottet blir rekna ut. Dei skal rapportere rekneskap og endeleg elevtal gjennom KOSTRA.

Talet på innrapporterte heiltidsstudentar i teknisk fagskoleutdanning var hausten 2005 3 072 studentar. Dette er ein nedgang med 340 heiltidsstudentar sidan hausten 2004. Pr. 19. september 2006 har 26 styrer for tilbydarane av dei tekniske fagskoleutdanningane søkt NOKUT om godkjenning av om lag 130 tilbod innanfor teknisk fagskoleutdanning. Av desse er 115 godkjende. NOKUT har fatta åtte negative vedtak, og sju saker er enno ikkje behandla.

Departementet foreslår ei løyving på 285,1 mill. kroner på kap. 276 post 70.

### **Kap. 278 Universitetet for miljø- og biovitskap**

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007	(i 1 000 kr)
50	Statstilskott	472 108			
	Sum kap. 278	472 108			

### **Resultatrapport for 2005–06**

Universitetet for miljø- og biovitskap har tilpassa studia til ny studiestruktur i tråd med Kvalitetsreforma. Det er ein svak nedgang i talet på studiepoeng per student frå 2004 til 2005, men tala har vore relativt stabile dei tre siste åra. Strykprosenten gjekk opp frå 6,5 i 2004 til 7,1 i 2005.

Det er ein auke på 61 i talet på kandidatar frå universitetet, frå 603 i 2004 til 664 i 2005.

Tala for opptak og søkning til studia ved universitetet har tilsynelatande auka monaleg. Auken kjem av at universitetet har endra registreringsprosedyren for opptak. I 2005 vart 916 studentar tekne opp, mot 743 i 2004. Talet på registrerte studentar ved universitetet auka frå 2 635 i 2004 til 2 784 i

2005. Universitetet vart i budsjettet for 2005 pålagt å redusere talet på studieplassar med 106.

Det har vore auke i totalt avgjorde 60-studiepoengseiningar på 68 frå 2004 til 2005. Talet på utvekslingsstudentar har gått ned frå 248 i 2004 til 190 i 2005. I tillegg var det 41 utvekslingsstudentar på individbaserte avtalar i 2005. Det er talet på reisande inn som har gått ned.

Universitetet for miljø- og biovitskap har følgt opp *Kvalitetsreforma* på ein god måte. Universitetet har vedteke ny strategisk plan for forskinga, og hovudprioriteringane er mat, natur og helse. Universitetet tildeler planmessig forskingsressursar til prioriterte område. Universitetet er vertskap for SFF Aquaculture Protein Centre og FUGE-senteret Centre for integrative genetics. Institusjonen hadde i 2005 tal for vitskapleg publisering på nivå

med gjennomsnittet for dei vitskaplege høgskolane og universiteta. På grunn av større endringar i publiseringaskanalar som vart inkluderte, kan data for 2004 og 2005 ikkje samanliknast.

I 2005 vart det avglagt 49 doktorgradar ved universitetet, og dette er ein auke på ni frå 2004. Gjennomstrøyminga er likevel framleis for låg, og universitetet har ikkje tilsett stipendiatar i alle stillingane dei har løvning til. Universitetet samarbeider i stor grad med omkringliggjande utdannings- og forskingsinstitusjonar og har lagt godt til rette for kommersialisering av forskingsresultat. Universitetet har lange tradisjonar for internasjonalisering, og særleg for utdanningssamarbeid med utviklingsland. Potensialet i utveksling av studentar og fagleg tilsette er likevel framleis stort.

Universitetet har oppretta teknologioverføringskontor (TTO) og samarbeider lokalt med andre institusjonar for å kommersialisere forskingsresultat. Verksemda ved TTO ved universitetet er framleis i ein tidleg fase, og det er for tidleg å evaluere resultat av satsinga.

Departementet har trekt tilbake fullmakta til å opprette nye selskap eller kjøpe aksjar i eksisterande selskap for Universitet for miljø- og biovitenskap. Departementet vurderer fullmaktene til institusjonen.

### Budsjettforslag for 2007

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 271.

## Kap. 279 Noregs veterinærhøgskole

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Statstilskott		202 309	
	Sum kap. 279		202 309	

### Resultatrappport for 2005-06

Talet på studiepoeng per student ved Noregs veterinærhøgskole (NVH) er høgt og auka frå 55,1 i 2004 til 56,6 i 2005. Søkninga til studium ved høgskolen er framleis høg, og talet på registrerte studentar auka frå 385 i 2004 til 399 i 2005. Talet på opptak av nye studentar gjekk ned frå 109 i 2004 til 85 i 2005. Dette skriv seg frå reduksjon i talet på studieplassar i statsbudsjettet for 2005 og feil i innrapporterte tal hausten 2004. Talet på kandidatar gjekk ned frå 67 i 2004 til 55 i 2005. Strykprosenten ved høgskolen auka frå 6,9 i 2004 til 7,9 i 2005. Mannlege søkerar får to ekstra studiepoeng ved opptak til studia. Delen menn blant studentane har auka, sjølv om fleirtalet av kvinner framleis er stort. Det har vore ein auke i totalt avglagde 60-studiepoengseiningar på 20 frå 2004 til 2005.

Utveksling av studentar ved Noregs veterinærhøgskole er låg, og studentane manglar høve til å avleggje eksamenar i utlandet. Dette er ikkje i tråd med intensjonen i Kvalitetsreforma. Når det gjeld dei vitskapleg tilsette, er utvekslinga betre. Høgskolen har følgt opp dei øvrige intensjonane i Kvalitetsreforma på ein god måte.

Gjennomføringa av studia ved NVH er god. Veterinærutdanninga ved Noregs veterinærhøg-

skole har unntak frå den ordinære studiestrukturen. For å sikre meir lik arbeidsbelastning og pøgresjon i studia har høgskolen gjennomført modulisering av studia.

Noregs veterinærhøgskole har gjort tydelege grep for å følgje opp konklusjonane i fleire evalueringar som viser at høgskolen har for mange små og sårbare faggrupper innanfor forsking. Høgskolen har mellom anna slått saman fleire institutt, etablert tverrfaglege grupper og styrkt fagleg leiing på instituttnivå.

Talet på avglagde doktorgradar gjekk ned med ein frå 2004 til 2005. Høgskolen vil arbeide med å betre gjennomstrøyminga. Høgskolen har tilsett stipendiatar i alle stillingane dei har løvning til. Høgskolen hadde i 2005 låge tal for vitskapleg publisering samanlikna med gjennomsnittet for universiteta og dei andre vitskaplege høgskolane. På grunn av større endringar i publiseringaskanalar som vart inkluderte, kan data for 2004 og 2005 ikkje samanliknast.

Noregs veterinærhøgskole har eit breitt samarbeid med sentrale organisasjonar og aktørar på fagfeltet og har òg sett i gang eit arbeid med å utvikle infrastruktur for mellom anna kommersialisering av forskingsresultat.

## Budsjettforslag for 2007

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007,  
sjå kap. 272.

### Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar

Post	Nemning	Rekneskap 2005	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Driftsutgifter	336 654	327 260	309 808
21	Særskilde driftsutgifter	17 391		
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	10 800	13 064	14 151
51	Senter for internasjonalisering av høgre utdanning		21 800	36 897
70	Tilskott til utgiving av lærebøker	4 000		
73	Tilskott til internasjonale program	65 088	72 106	11 200
74	Tilskott til UNIS	77 668	94 885	75 474
75	UNINETT	20 900	34 169	22 867
76	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>	12 859	16 279	16 898
78	Tilskott til Universitets- og høgskolerådet	7 364	11 728	12 174
79	Ny universitetsklinik i Trondheim, <i>kan overførast</i>	320 000	279 672	263 652
Sum kap. 281		872 724	870 963	763 121

#### Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten skal nyttast til felles-tiltak i universitets- og høgskolesektoren som medverkar til kvalitetsutvikling, kvalitetssikring og samordning av prioriterte områder.

I høve til budsjettet for 2006 er det gjort mellom anna følgjande tekniske endringar:

- Løyvinga på post 01 er redusert med 2,5 mill. kroner i samband med at midlar til gratis inngang til universitetsmusea er lagde inn i ramma til universiteta over kap. 271 post 50.
- Post 01 er redusert med 30,9 mill. kroner i samband med at midlar til 500 nye studieplassar i lærarutdanningane blir fordelt på dei respektive rammene til institusjonane.
- Post 01 er redusert med 3,4 mill. kroner i samband med at midlar til husleige til Møre og Romsdal fylkeskommune (Fogdegården) blir løyvde over kap. 275 post 50.
- Post 01 er redusert med 16,4 mill. kroner i samband med at midlar til desentralisert utdanning er lagde inn i ramma til dei respektive institusjonane.
- Post 01 er redusert med kr 648 000 mot tilsvarende auke på kap. 272 post 50 i samband med at Norges musikkhøgskole får ansvar for å fordele midlar til to musikkstipendiatstillingar.

- Post 01 er redusert med 4,1 mill. kroner i samband med at midlar til forkurs i ingeniørutdanning blir løyvde over kap. 275 post 50.
- Post 01 er redusert med kr 100 000 mot tilsvarende auke på kap. 275 post 50 i samband med at Høgskolen i Nord-Trøndelag får auka løyving for å dekke eigendel for studentar som studerer sørsamisk ved HiNT.

#### Resultatrapport for 2005–06 og budsjettforslag for 2007

##### Realfagsatsing

Ei kartlegging som RENATE har gjennomført, syner at forkurs har mykje å seie for rekrutteringa til ingeniørutdanninga. Departementet tildelte i 2006 4 mill. kroner over kap. 281 post 01 for å auke omfanget av forkurs. Midlane er vidareført og lagde inn i rammene til den einskilde institusjonen i 2007.

Via høgskolane i Gjøvik og Hedmark er det i tillegg tildelt kr 300 000 til forkurs tilrettelagde for kvinner ved Kvinneuniversitetet, jf. omtale under kategoriinnleininga. Med etterhald om Stortingets vedtak er det gitt tilsegn om midlar òg i 2007.

Nasjonalt senter for romrelatert opplæring (NAROM) på Andøya er eit senter for alle utdan-

ningsnivå. Det har som mål å medverke til å sikre rekruttering i norsk romverksemeld, samt skape auka interesse for real- og teknologifag.

NAROM vart tildelt 5 mill. kroner i 2006. Departementet foreslår å føre tildelinga vidare i 2007.

### Lærarutdanning

Departementetforeslår å tildele 36,7 mill. kroner til ulike tiltak innanfor lærarutdanning i 2007. Om lag 11 mill. kroner av dette gjeld nye utviklingsprosjekt. Saman med relevante aktørar vil departementet setje i gang to typer pilotprosjekt: den eine for å utvikle nye modellar for kontakt og samhandling mellom skole-/barnehageeigarar og lærarutdanningsinstitusjonane på eit breitt felt av felles oppgåver, den andre for å få opp gode organisasjonsmodellar for praksis, der ansvars- og samarbeidsrelasjonar er klare.

I 2005 og 2006 er tildelinga til Utdanningsdirektoratet på 11,5 mill. kroner til rettleiing av nyutdanna lærarar, 4,7 mill. kroner for etterutdanning av lærarar og 2,8 mill. kroner til styrking av kvaliteten i praksisopplæringa ført vidare. Noregs forskingsråd er tildelt 23 mill. kroner til eit forskingsprogram om praksisretta FoU i grunnopplæring og lærarutdanning, jf. omtale under kap. 274. I tillegg har departementet tildelt midlar til blant anna studietilbod for minoritetsspråklege lærarar, ein FoU konferanse for fagpersonale i lærarutdanningane og eit nettbasert vidareutdanningstilbod for å kvalifisere personar med minst treårig pedagogisk utdanning som manglar førskolelærarkompetanse. Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet og Høgskolen i Sør-Trøndelag er tildelt midlar for å førebu og prøve ut oppstart av eit samarbeidsprosjekt om treårig yrkesfaglærarutdanning.

### Kunstuddanningar

Departementet har oppretta eit stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid i tråd med St.meld. nr. 18 (2001–2002). Programmet er ope for alle kunst- og musikkfaglege miljø i Noreg. Hausten 2006 er det midlar til 17 stipendiatstillingar under dette programmet. Programmet er ein parallel til det ordinære doktorgradsprogrammet og skal føre fram til kompetanse som førsteamansis. For dei fem stipendiatstillingane som vart oppretta i 2006 er det lagt inn midlar for å dekkje heilårsverknamden i 2007.

Departementet tildelte 4 mill. kroner i 2006 til eit talentutviklingsprogram i musikk jf. St.meld. nr. 18 (2001–2002). Programmet er eit treårig forsøksprosjekt mellom Noregs musikkhøgskole, dei

tidlegare konservatoria, musikk- og kulturskolar, samt vidaregåande opplæring, der dei høgre lærestadene får ansvar for å ta vare på musikktalent under 19 år. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga i 2007.

### Internasjonalisering

Bologna-prosessen er eit samarbeid mellom 45 land der målet er å etablere eit europeisk område for høgre utdanning innan 2010. Ministermøtet i Bergen i 2005 var eit viktig steg på vegen, med ei rekke vedtak og prioriteringar som er styrande for utviklinga vidare. Noreg held fram med å spele ei aktiv rolle i prosessen fram mot det neste ministermøtet i London i mai 2007.

Den nordiske avtalen om åtgang til høgre utdanning vart drøfta på ministermøtet 1. september i år. Dei nordiske utdanningsministrane tek sikte på å forlengje avtalen formelt for nye tre år på neste ministermøte i november 2006. Avtalen inneber at søkjrar som er busette i eit anna nordisk land, skal ha tilgjenge til offentleg høgre utdanning på same eller likeverdige vilkår som søkerane i landet. Partane skal betale godtjering for sine eigne studentar i andre land. Departementet utbetalte 32 mill. kroner i samband med avtalen i 2006.

### Forsking og formidling

Hausten 2004 vart det sett ned eit utval som skal greie ut rolla til universitetsmusea i den nasjonale museumspolitikken. Utvalet har no avgitt innstillinga si. Sjå kategoriinnleininga for nærmare omtale.

Museumsprosjektet har medverka til å gi nasjonal tilgang til informasjon om kultur- og naturarven vår gjennom å digitalisere vitskaplege samlinger ved universiteta. Museumsprosjektet vart tildelt 3 mill. kroner i 2005, og tildelinga vart ført vidare i 2006. Departementet avviklar tildelinga i budsjettet for 2007, og midlane blir nytta til styrking av Artsdatabanken, jf. omtale under.

Artsdatabanken vart etablert i 2003 og er ei uavhengig eining ved Vitskapsmuseet ved NTNU. Artsdatabanken skal gi ei elektronisk oversikt med informasjon om biologiske artar i Noreg til bruk i miljøforvaltning, undervisning og forsking. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke tildelinga til Artsdatabanken med 3 mill. kroner i 2007, til totalt 12,8 mill. kroner.

Departementet tildelte 2,5 mill. kroner over kap. 281 til forskingsprogrammet *Kunnskap, utdanning og læring* i regi av Noregs forskingsråd i 2006. Departementet foreslår å føre tildelinga vidare i 2007.

Det vart tildelt 30 mill. kroner til forskingsprogram for statlege høgskolar i 2006. Programmet er administrert av Noregs forskingsråd. Regjeringa foreslår å styrke løvinga med 10 mill. kroner i 2007, jf. kap. 286 post 50.

Departementet tildelte 3,5 mill. kroner til forskingsprogrammet *Mobilisering av FoU-relatert innovasjon* (MOBI) i 2006. Tiltaket blir ført vidare i det nye forskingsprogrammet *Verkemiddel for regional FoU og innovasjon* (VRI) fra 2007.

Auka kommersialisering av oppfinningar frå universitet og høgskolar er eit prioritert mål for Regjeringa. I samband med endringane i universitets- og høgskoleloven har universitet og høgskolar fått auka ansvar for kommersialisering av oppfinningar frå tilsette ved institusjonane. Departementet tildelte 6 mill. kroner til FORNY-programmet over kap. 281 i 2006. Departementet foreslår å føre løvinga vidare i 2007.

I perioden 2006–08 finansierer Kunnskapsdepartementet tre strategiske instituttprogram ved NIFU STEP. Desse er *Kompetansebygging og kunnskapsbehov i arbeidslivet*, *Individuelle val og institusjonelle strategiar i høgre utdanning* og *Studiar av internasjonale utviklingstendensar i høgre utdanning*. Prosjektet som vurderer arbeidsmarknaden for kandidatar med høgre utdanning, og programmet for å måle fullsøringsgraden i utdanningssystemet i regi av NIFU STEP, vart ført vidare i 2006. Programma vil bli ført vidare i 2007.

Departementet samarbeidde også i 2006 med Statistisk sentralbyrå (SSB) om modellar for framtidige tilbod og behov i arbeidsmarknaden. Samarbeidet mellom departementet og Statistisk sentralbyrå vil bli halde fram i 2007.

#### *Andre utdanningstiltak*

Departementet foreslår å løyve 4,5 mill. kroner til drift av trafikkflygarutdanning ved Norwegian Aviation College (NAC) i Bardufoss i 2007. Tildelinga til NAC i 2005 vart klaga inn for EFTA Surveillance Authority (ESA), jf. St.prp. nr. 66 (2005–2006). Departementet er i kontakt med ESA for å sikre at framtidige utbetalingar til NAC er i samsvar med EØS-avtala.

Noregsuniversitetet (NUV) skal fremme utviklinga av fleksibel og livslang læring, samt kunnskapsgenerering, kunnskapsspreiing og informasjon om slike tilbod. Noregsuniversitetet skal vidare arbeide for å styrke og utvikle nettverk og samhandling mellom høgre utdanning og arbeidslivet, greie ut spørsmål av nasjonal interesse på oppdrag frå departementet, samt gi råd til sentrale styresmakter innanfor virkeområdet sitt.

NUV vart tildelt 19 mill. kroner over kap. 281 post 01 i 2006. Det er nytta 11 mill. kroner til 40 prosjekt ved norske lærerstader til utvikling av fleksible studietilbod. Det er òg brukt midlar til informasjonsspreiing, samt møteplass- og nettverksbygging blant anna gjennom Nettverk for fleksibel og livslang læring, som vart etablert i 2005. Departementet foreslår å tildele 19,4 mill. kroner til NUV i 2007. Løyvinga skal finansiere prosjektmidlar, særskilde tiltak som spesialkompetansegrupper, arbeid med dei fire funksjonsområda som er omtalte ovanfor, samt dekkje utgifter til sekretariatet og arbeidet til styret.

Samordna opptak (SO) koordinerer opptak til høgre utdanning. SO er lagt til Universitetet i Oslo, men er organisert i samsvar med § 1-4 (4) i universitets- og høgskoleloven. SO vart tildelt 22,1 mill. kroner i 2006. Departementet foreslår å tildele 22,8 mill. kroner til SO i 2007. Tildelinga skal også dekkje eit halvt årsverk knytt til SO sin Vurderingsteneste.

Organisasjonen BIBSYS driv eit felles bibliotekssystem for fag- og forskningsbibliotek. Deltakarbiblioteka betaler i stor grad sjølv drifta av BIBSYS, men departementet har gitt eit årleg tilskott på 3 mill. kroner. Totalomsetninga for BIBSYS var om lag 34 mill. kroner i 2005. Det har vore gjennomført ei utgreiing av BIBSYS' framtidige organisering av eit utval med representantar frå biblioteka i universitets- og høgskolesektoren, Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling. Utgreiingsutvalet foreslo å gjere om BIBSYS til aksjeselskap. Departementet har gått gjennom utgreiinga og høringsutsegnene og tek siktet på å vidareføre BIBSYS som eit forvaltingsorgan, men vil etter dialog med sektoren ta nærmare stilling til organisering og styring av verksemda.

#### *Kvalitet i høgre utdanning*

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) er eit uavhengig statleg organ som har til formål å utvikle og kontrollere kvaliteten ved norske høgre utdanningsinstitusjonar, både statlege og private. NOKUT har i 2005 handsama søknader om akkreditering av studietilbod både ved private og statlege høgre utdanningsinstitusjonar, samt søknader om godkjenning av fagskoleutdanning. I tillegg har NOKUT handsama søknader om endring av institusjonskategori for fleire institusjonar, gjennomført evaluering av kvalitetssikringssystem for ei rekke institusjonar og avslutta ei større fagevaluering. NOKUT har dessutan informert om kvaliteten på utanlandsk utdanning og gitt generell godkjenning av høgre utdanning som er teken i utlandet. Det vil i 2007 bli gjennomført ei ekstern evaluering av

NOKUT. For nærmare omtale av verksemda, sjå kategoriinnleiinga.

NOKUT vart tildelt til saman 40,8 mill. kroner i 2006. Departementet foreslår å tildele 41,6 mill. kroner til NOKUT i 2007.

#### **Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast**

Løyvinga blir nytta til større investeringar. Departementet fordeler løyvinga på universitet og høgskolar. I 2005 vart 6,3 mill. kroner tildelte ulike vedlikehaldstiltak ved Universitetet i Oslo, Universitetet for miljø- og biovitenskap og Noregs veteranærhøgskole. Vidare fekk Høgskolen i Hedmark 3 mill. kroner til kjøp av utstyr, og Noregs idrettshøgskole fekk 1,5 mill. kroner til utbygging av kontorareal.

Departementet foreslår ei løyving på 14,2 mill. kroner til større utstyrssinnkjøp og vedlikehald i 2007.

#### **Post 51 Senter for internasjonalisering av høgre utdanning**

##### **Resultatrapport for 2005–06**

Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) har fem hovudområde for virket sitt: programdrift, profilering av norsk høgre utdanning og norske universitet og høgskolar i utlandet, informasjon, kompetansebygging og rådgiving. SIU er nasjonalkontor for EU-programma Sokrates, Erasmus Mundus og E-læringsprogrammet og har fleire andre mindre oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg forvaltar SIU fleire utdannings- og forskningsprogram for Utanriksdepartementet og NORAD.

SIU driv programma på ein god måte, og EU-programma som SIU administrerer, har ei god og dels stigande deltaking i 2005. For omtale av resultata for Sokrates og Erasmus Mundus, sjå kap. 281 post 73; for e-læringsprogrammet, sjå omtale under kap. 226 post 21.

Profileringsarbeidet har komme godt i gang, og SIU har utarbeidd ein ny nettstad for profilering av høgre utdanning. Han vart opna 31. oktober 2005 og har adresse [www.studyinnorway.no](http://www.studyinnorway.no). Vidare har SIU i 2005 gitt ut ein informasjonsbrosyre *Guide to Higher Education in Norway*, oppdatert katalogen over engelskspråklege mastergradsprogram ved norske universitet og høgskolar og delteke på ei rekke utdanningsmesser i utlandet.

På informasjonsområdet har SIU gitt ut magasina *Itinera* og *Global Knowledge* og arbeider med å oppgradere nettsidene sine for at dei skal bli meir målgrupperetta og nyheitsorienterte. SIU har

arrangert ei rekke konferansar og kontaktseminar for sektoren, samt programretta erfarrings- og sokjarseminar.

Frå 1. januar 2006 vart SIU omdanna til forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Løyvinga til SIU vart styrkt med 1,6 mill. kroner i 2006, og SIU vart tildelt i alt 21,8 mill. kroner i 2006.

##### **Resultatmål for 2007**

SIU skal syte for god og brei deltaking i dei utdanningsprogramma SIU har ansvaret for. I 2007 er det særleg viktig å få til ein god overgang frå dei noverande utdanningsprogramma til det nye EU-programmet for livslang læring. Utvikling av eit programadministrativt system som vil gjere det lettare å få ut betre styringsinformasjon, er òg viktig.

Profileringsarbeidet må byggjast ut ved oppdatering og utviding av *studyinnorway-nettsidene*, utvikling av nytt materiell, deltaking på messer og andre tiltak. På informasjonssida er det viktig med betre nettsider og meir informasjon om nyhende av relevans for feltet SIU har ansvaret for. Meir kompetansebygging for institusjonane i sektoren er også naudsynt. I tillegg bør SIU medverke til å utvikle betre styringsinformasjon om internasjonaliseringssarbeidet i sektoren.

##### **Budsjettforslag for 2007**

Regjeringa går inn for at Noreg skal delta i EU sitt handlingsprogram for livslang læring (LLP) 2007–13. Det er ei vidareføring og vidareutvikling av samtlege av dei EU-programma på utdanningsområdet som Noreg deltek i i dag, sjá omtale under kap. 252. Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) skal vere nasjonalkontor for LLP. Midlane som i dag blir brukte til å administrere Leonardo da Vinci-programmet, blir derfor overførte frå Stiftelsen Teknologisk Institutt (TI) til SIU frå 1. januar 2007. Dei medarbeidarane ved TI som i dag arbeider med dette programmet, har fått tilbod om stilling ved SIU frå same tidspunkt. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 281 post 51 med 7,4 mill. kroner mot ein motsvarande reduksjon på kap. 225 post 72.

Av forslaget til løyving er 0,4 mill. kroner knytt til administrasjon av programma Europass og E-læring er overført frå kap. 226 post 21.

1 mill. kroner for ein nasjonal ekspert knytt til Sokrates-programmet er overført til kap. 252 EUs handlingsprogram for livslang læring.

EUs handlingsprogram for livslang læring medfører auka administrasjonsutgifter for dei nasjonale kontora. Departementet foreslår derfor å auke løyinga til SIU med 5 mill. kroner i budsjettet for 2007.

Departementet foreslår å overføre 2,5 mill. kroner knytt til *Gjør det!*-programmet frå kap. 225 post 72.

Departementet foreslår ei løying til SIU på til saman 36,9 mill kroner.

### **Post 73 Tilskott til internasjonale program**

Frå 2007 er målet med tilskottet å leggje til rette for norsk deltaking i Erasmus Mundus-programmet og nokre mindre aktivitetar på utdanningsområdet for å oppnå internasjonalisering av norsk høgre utdanning. Midlane til kontingent for Sokrates og mindre tiltak Noreg deltek på gjennom EØS-avtalen, er overførde til EUs nye program for livslang læring, sjå omtale under kap. 252 post 70.

### Rapport for 2005–06

Gjennom EØS-avtalen tek Noreg del i alle EUs utdanningsprogram. 31 land er med i programma. I 2005 var norsk tilskott til EU-kontingent for programma Sokrates og Erasmus Mundus, Det europeiske året for utdanning gjennom idrett 2004, generelle EU-tiltak i utdanningspolitikken og andre mindre aktivitetar på 62,3 mill. kroner. For omtale av Leonardo da Vinci, sjå kap. 225 post 72.

Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) er nasjonalkontor for Sokrates og Erasmus Mundus, sjå omtale under post 51.

I Erasmus Mundus, som omfattar fellesgradar på masternivå og stipendprogram for studentar og forskarar frå land utanfor EU/EØS, går det svært godt frå eit norsk synspunkt. Frå hausten 2006 deltek norske institusjonar som partnarar i elleve konsortium. Universitetet i Oslo koordinerer konsortiet *Higher Education Erasmus Mundus Mastergrad*. I tillegg koordinerer NTNU og UiT kvart sitt nettverk som skal syne partnarar frå Russland, Canada og USA at europeisk høgre utdanning er attraktiv.

Sokrates omfattar samarbeid på alle nivå i utdanningssystemet.

I skolesamarbeidet, Comenius, fekk i alt 217 norske skolar støtte i 2005–06: 157 til europeiske skolepartnarskap, 15 til språkprosjekt og 45 til skoleutviklingsprosjekt, det vil seie det same nivået som i 2004–05. Dette omfattar i alt om lag 10 800 elevar og 1 300 lærarar. I tillegg fekk 96 lærarar stipend for etterutdanning i utlandet (56 i framandspråk og 40 i andre fag).

I Grundtvig (vaksenopplæring og alternative utdanningsvegar) var norske institusjonar med i 21 læringspartnarskap i 2004–05 og 36 i 2005–06.

I Erasmus (høgre utdanning) var det i 2004–05 igjen auke både i talet på inn- og utreisande studenter og i lærarutvekslinga, sjå tabell 4.15 og 4.16. Tabellane følgjer det akademiske året som ligg til grunn for EU-kommisjonens budsjett.

Tabell 4.15 Erasmus-studentar

År	Inn	Ut
1992–93	155	474
1994–95	554	980
1995–96	727	1 212
1998–99	983	1 101
2001–02	1 100	970
2002–03	1 244	1 010
2003–04	1 523	1 156
2004–05	1 841	1 279

Tabell 4.16 Lærarutveksling gjennom Erasmus

År	Inn	Ut
2000–01 <sup>1</sup>	165	171
2002–03	175	233
2003–04	197	245
2004–05	290	295

<sup>1</sup> 2001–01 er første året lærarutvekslinga vart administrert nasjonalt.

### Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår ei løyving på 11,2 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje kontingentutgiftar til EU-programmet Erasmus Mundus og andre mindre aktivitetar på utdanningsområdet. 64,8 mill. kroner knytte til kontingentutgift for Sokrates-programmet er overførde til kap. 252 post 70.

### Post 74 Tilskott til UNIS

Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS) vart oppretta som eit statleg aksjeselskap 29. november 2002. Selskapet avløyste stiftinga Universitetsstudia på Svalbard, som vart oppretta av dei fire daverande norske universiteta i 1994. Eigarinteressene til staten blir forvalta av Kunnskapsdepartementet.

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at UNIS kan gi studietilbod på universitetsnivå og drive forsking med utgangspunkt i at Svalbard er geografisk plassert i eit høgarktisk område. UNIS skal vere eit supplement til universiteta på fastlandet.

Universitetssenteret på Svalbard har gitt gode resultat med omsyn til undervisning, forsking og bidrag til lokalsamfunnet i Longyearbyen. UNIS har fire studierettingar: arktisk biologi, arktisk geologi, arktisk geofysikk og arktisk teknologi. Studentaktiviteten utgjorde 126 60-studiepoengseiningar i 2005. 46 pst. av studentane var norske. I 2005 var det 39 studentar som arbeidde med masteroppgåve og 31 registrerte doktorgradsstudentar ved UNIS.

Svalbard Forskningspark er ei samlokalisering av alle dei akademiske miljøa i Longyearbyen og omfattar mellom anna kontor, undervisningsrom og laboratorium for UNIS, Svalbard Museum, samt felles lager og verkstader for UNIS og Norsk Polarinstitutt. I november 2005 vart lokala i Svalbard Forskningspark tekne i bruk.

Resterande utstyrsmidlar til nytt bygg vart løyvd i 2006. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 23,6 mill. kroner i samband med at midla blir fasa ut i 2007. For fem stipendiatstillin-

gar oppretta i 2006 er det lagt inn midlar til heilårsverknad i budsjettet for 2007. Departementet foreslår ei løyving på 75,5 mill. kroner til UNIS i 2007.

### Post 75 Tilskott til UNINETT

UNINETT AS er organisert som eit statleg aksjeselskap, der Kunnskapsdepartementet forvaltar eigarinteressene til staten.

Formålet med tilskottsordninga er å vidareutvikle eit landsomfattande elektronisk datanett for forsking og utdanning.

Den primære målgruppa er institusjonar i universitets- og høgskolesektoren som er underlagde Kunnskapsdepartementet, samt andre institusjonar som får høve til å nytte tenestene til selskapet. Vidare kan UNINETT tene andre institusjonar av ikkje-kommersiell art som har tilknyting til forsking og/eller utdanning.

UNINETT Sigma AS vart stifta 2. desember 2004 og sett i operativ drift frå 1. januar 2005. UNINETT Sigma AS er eit datterselskap av UNINETT AS og har ansvar for operativ drift og utvikling av norsk tungrekning. Ved utgangen av 2005 hadde UNINETT AS 42 tilsette. I konsernet var det totalt 64 tilsette. Ved utgangen av 2005 hadde UNINETT 208 institusjonar tilslutta forskingsnettet. Dette er ein auke på fem institusjonar sidan slutten av 2004. UNINETT har vidareført arbeidet med utbygging av gigabitkapasitet i forskingsnettet. Nokre få står att, mens dei tyngste langdistansetrekka med gigabitkapasitet står framfor nye oppgraderingar.

Gigacampus-prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom UNINETT og universitets- og høgskolesektoren. Prosjektet skal gi standardisert opprusting av den lokale campusinfrastrukturen og den lokale IKT-kompetansen ved institusjonane. Departementet legg til grunn fortsatt utbygging av nettinfrastrukturen ved norske forskingsinstitusjonar. Ei satsing på 10 mill. kroner til utbygging av forskingsnettet til gigabit-kapasitet blir ført vidare. I 2006 øyremerkte departementet totalt 15 mill. kroner av løyvinga til institusjonane i universitets-

og høgskolesektoren til Gigacampus-prosjektet, jf. St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet*. Midlane vil bli øyremerkte i rammene til institusjonane også i 2007. I 2006 vart 12,6 mill. kroner lagde inn som eingongsløyving til Gigacampus-prosjektet gjennom UNINETT. Denne løyvinga blir tatt ut i 2007. Departementet foreslår ei løyving på 22,9 mill. kroner til UNINETT i 2007.

#### **Post 76 Tilskott til NORDUnet, kan overførast**

NORDUnet AS er ein nordisk nettverksorganisasjon som skal sikre felles nettinfrastruktur for dei nordiske universitets- og høgskolesektorane, samt knyte dei til internasjonale nett og nett-tjenester. Siktemålet er å gi nettbrukarane i dei nordiske landa høgre kvalitet og lågare pris på nett og nett-tjenestene enn det dei nasjonale nettverksorganisasjonane kan realisere på eiga hand.

NORDUnet er organisert som eit aksjeselskap, som dei nasjonale nettverksorganisasjonane eig. Aksjeselskapet er underlagt dansk lovgiving. UNINETT AS forvaltar dei norske interessene i selskapet.

Kostnadene knytte til samarbeidet i NORDUnet blir delt mellom medlemslanda etter brutto nasjonalprodukt.

Den årlege veksten i nettverkstrafikken var på om lag 51 pst. i 2005. Den store kapasiteten og dubleringane i nettet sikra pålitelege og raske tenester. I 2005 arbeidde NORDUnet med å førebu nettverket NORDUFibre basert på fiberoptisk kommunikasjon. NORDUnet og dei nordiske forskingsnetta deltek aktivt i den europeiske nettutviklinga.

Departementet foreslår ei løyving på 16,9 mill. kroner til NORDUnet i 2007.

#### **Post 78 Tilskott til Universitets- og høgskolerådet**

Universitets- og høgskolerådet (UHR) er eit fellesorgan for statlege institusjonar innanfor høgre utdanning. Formålet med tilskottet er å fremme koordinering og arbeidsdeling i universitets- og høgskolesektoren innanfor prioriterte arbeidsområde knytte til forsking, utdanning og internasjonalisering.

Ein viktig del av arbeidet i UHR i 2005 har vore å etablere om lag 50 karakterpanel for nasjonal harmonisering av karakterbruk. UHR har i 2005 også arbeidd med utvikling av eit system for ein ny formidlingskomponent. Departementet foreslår ei løyving på 12,2 mill. kroner til Universitets- og høgskolerådet i 2007, hvorav 4,2 mill. kroner er øyremerket tilskott til utgiving av lærebøker.

#### **Post 79 Ny universitetsklinik i Trondheim, kan overførast**

Stortinget vedtok våren 2002 å setje i gang utbygging av ny universitetsklinik i Trondheim. Utbygginga er delt inn i to byggefasar og skal innehalde areal til sjukehus-, universitets- og høgskoleformål i en integrert universitetsklinik. Formålet med tilskottet er å finansiere universitets- og høgskoledelen av klinikken.

Første byggefase blir ferdig hausten 2006 og omfattar mellom anna Laboratoriesenteret, Kvinne–barn–senteret og Nevrosenteret. Det er forventa at kostnadene for byggfase ein blir realisert innanfor styringsramma, dvs. under vedteken kostnadsramme.

Byggfase to er sett i gang og omfattar Administrasjonsbygget, Bevegelsessenteret, Gastroenteret, Kunnskapssenteret, Akuttcenteret/Hjerte–lungesenteret og andre fase av Laboratoriesenteret.

Det er lagt til grunn at universitets- og høgskoleareala i fase to blir finansiert over Kunnskapsdepartementets budsjett i høve til delen av totalt areal i dei ulike fasane, men avgrensa til maksimalt 1 135 mill. kroner (prisnivå desember 2004), jf. Innst. S. nr. 240 (2004–2005) og St.prp. nr. 65 (2004–2005). Arealramma for universitets- og høgskoledelen av byggprosjektet utgjer 49 500 kvm der om lag 22 500 kvm skal realiserast i fase to tillegg til felles teknisk infrastruktur.

Departementet utbetalte i 2005 320 mill. kroner til Helse Midt-Noreg RHF til utbygging av universitets- og høgskoledelen av St. Olavs hospital.

Sjå også omtale av byggprosjektet i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for *Helse- og omsorgsdepartementet*, kap. 732.

Forslaget til løyving for 2007 til utbygging av universitets- og høgskoledelen av universitetsklinikken i Trondheim i 2007 er på om lag 263,7 mill. kroner. For omtale av utstyr til universitets- og høgskoledelen av klinikken, sjå kap. 271.

**Kap. 3281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar**

Post	Nemning	Rekneskap 2005	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
01	Inntekter fra oppdrag	17 433		
02	Salsinntekter o.a.	1 463	10	10
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	43		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	337		
18	Refusjon av sjukepengar	221		

**Kap. 282 Privat høgskoleutdanning**

Post	Nemning	Rekneskap 2005	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
70	Tilskott	621 428		
	Sum kap. 282	621 428		

**Rapport for 2005–06**

Det teologiske Menighetsfakultet fekk løyving over kap. 282 i 2005. Resultatrapporeringa for 2005–06 inkluderer derfor også Det teologiske Menighetsfakultet.

1. januar 2003 vart det innført ei ordning med institusjonsakkreditering av dei private høgskolane. NOKUT har ansvaret for denne ordninga. Akkrediteringsordninga er ei generell godkjenningsordning, som legg til rette for at private høgskolar kan få fagleg eigenforvaltning på linje med den som statlege institusjonar har. Sjå nærmare omtale i St.prp. nr. 1 (2004–2005) for *Utdannings- og forskingsdepartementet*.

I budsjettet for 2006 fekk Handelshøgskolen BI fire doktorgradsstillingar og Misjonshøgskolen i Stavanger to. Sjå elles omtale under kap. 275.

Diakonhjemmet Høgskole og Rogaland Høgskole vart frå 1. januar 2006 organiserte som ein høgskole med to studiestader, Oslo og Rogaland. Det nye namnet er Diakonhjemmet Høgskole Oslo-Rogaland.

Rogaland Høgskole fekk 1,3 mill. kroner til nye studieplassar til vernepleiarutdanninga, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006).

I forbindelse med handsaminga av St.prp. nr. 65 (2005–2006) jf. Innst. S. nr. 205 (2005–2006), vart det løyvd 4 mill. kroner for å styrke helse- og omsorgs- og lærarutdanningane. Midlane vart fordele til Høgskolen Diakonova med 1 mill. kroner, til Lovisenberg diakonale høgskole med 2 mill. kroner, kr 200 000 til Norsk Lærerakademi Bachelor- og masterstudier, kr 200 000 til Norsk Lærerakademi Lærerhøgskolen, kr 500 000 til Betanien diakonale høgskole og kr 100 000 til Dronning Mauds Minne, høgskole for førskolelærarutdanning.

Talet på studiepoeng per student ved private høgskolar er redusert frå 40,8 i 2004 til 40,5 i 2005. Strykprosenten var 7,3 i 2005 mot 8,8 i 2003 og 8,3 i 2004. Totalt tal på avgjorde 60-studiepoengseiningar har auka frå 15 490 i 2004 til 16 503 i 2005. Talet på utvekslingsstudentar er redusert frå 687 i 2004 til 667 i 2005. Dette inkluderer ikkje individbaserte avtalar.

Sjå elles omtale under kap. 272 og 275 om endringar i 2006.

**Budsjettforslag for 2007**

For budsjettforslag og målformuleringar for 2007, sjå kap. 272 og 275.

## Programkategori 07.70 Forsking

Utgifter under programkategori 07.70 fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert bud- sjett 2006	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
283	Meteorologiformål	267 662	251 967	255 026	1,2
285	Noregs forskingsråd	1 153 592	1 312 000	1 310 534	-0,1
286	Fondet for forsking og nyskaping	3 841 438	14 707 760	10 939 560	-25,6
287	Forskningsinstitutt og andre tiltak	131 209	134 030	140 937	5,2
288	Internasjonale samarbeidstiltak	668 613	902 735	807 529	-10,5
Sum kategori 07.70		6 062 514	17 308 492	13 453 586	-22,3

Budsjettforslaget for utgifter under kategori 07.70 utgjer om lag 13,5 mrd. kroner. Dette er ein reduksjon på om lag 3,9 mrd. kroner i høve til sal-

dert budsjett 2006. Reduksjonen skriv seg frå at kapitalen i Fondet for forsking og nyskaping ikkje aukar så mykje i 2007 som i 2006.

Inntekter under programkategori 07.70 fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
3283	Meteorologiformål (jf. kap. 283)	89			
3286	Fondet for forsking og nyskaping	1 989 017	2 134 060	2 653 460	24,3
3287	Forskningsinstitutt og andre tiltak	21 570	21 500	21 500	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	3 530	5 073	3 445	-32,1
Sum kategori 07.70		2 014 206	2 160 633	2 678 405	24,0

Budsjettforslaget for inntekter under kategori 07.70 utgjer om lag 2,7 mrd. kroner. Dette er ein auke på om lag 518 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2006; han skriv seg frå auka avkastning frå Fondet for forsking og nyskaping.

For omtale av norsk forsking generelt, sjå under del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Regjeringa ønskjer at norsk forsking skal gi ny kunnskap og føre til framtidig verdiskaping. For å gjere dette må forskingsinnsatsen vere langsiktig og ha høg kvalitet, forskingssystemet må legge til rette for god forsking, og norske forskarar må ta aktivt del i det internasjonale forskingssamarbeidet.

### Mål: Langsiktig og god forsking

Regjeringa vil styrke grunnforskinga, betre kvaliteten i norsk forsking og auke rekrutteringa til norsk forsking.

### Styrkt finansiering av grunnforskning

God grunnforskning er avgjeraande for den samla kunnskapsutviklinga og verdiskapinga i samfunnet. Grunnforskinga i Noreg blir først og fremst driven ved universitet og vitskaplege høgskolar. Dei viktigaste kanalane for finansiering av grunnforskning er direkte løyingar til universitet og høg-

skolar og løyvingar gjennom Noregs forskingsråd. I begge høve blir midlane i ulik grad utsette for konkurranse, slik at dei gode forskarane og dei gode forskingsprosjekta får støtte. Det nye finansieringssystemet for universitet og høgskolar premierer vitskapleg kvalitet. Sjå kategori 07.60 for omtale av evalueringa av Kvalitetsreforma. Finansiering gjennom Noregs forskingsråd utgjer ein nasjonal konkurransearena og ei komplementær kjelde til offentleg finansiering av grunnforskning. Forskningsrådet sikrar òg at nasjonale perspektiv og heilekapsvurderingar blir lagde til grunn. Avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping er ei viktig kjelde til finansiering av langsiktig forsking og nye kvalitetstiltak, sjå kap. 286.

Kapitalen i fondet vart auka med 14 mrd. kroner i 2006. Den auka avkastninga i 2007 skal nyttast til å realisere dei overordna forskningspolitiske prioriteringane frå St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*. Grunnforskning med vekt på kvalitet og realfag er ei av hovudprioriteringane til Regjeringa. Regjeringa foreslår å auke kapitalen med ytterlegare 10 mrd. kroner i 2007, slik at samla kapital blir 60 mrd. kroner.

Løyvingane til grunnforskning skal særleg styrke forsking i matematikk og naturvitenskaplege fag. Departementet har bedt Forskningsrådet om å lage eit utkast til nasjonal strategi for å styrke grunnforskninga i matematikk, naturvitenskap (medrekna biomedisin) og teknologi. Strategien vil bli lagd fram innan utgangen av 2006.

For å styrke den private finansieringa av forsking vart det i 2006 innført ei ordning med offentleg gaveforsterking av gåver frå privatpersonar og verksemder til grunnforskning. Det vart sett av 50 mill. kroner til dette i 2006. Grunna særskilde behov i oppstartåret vart 100 mill. kroner av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping i 2006 omdisponerte til dette formålet, jf. Innst. S. nr. 205 (2005–2006) og St.prp. nr. 66 (2005–2006). Frå 2007 vil ordninga også omfatte gåver frå andre private givarar, m.a. ideelle organisasjonar. Utvidinga er venta å særleg styrke medisinsk forsking med hovudvekt på kreftforskning. Regjeringa foreslår å auke dei øyremerkte løyvingane til ordninga med 30 mill. kroner frå 2007, sjå omtale under kap. 286 post 50.

### Betre kvalitet i forskinga

Høg kvalitet i forsking er viktig for å få fram gode, relevante og tillitvekkjande resultat. Regjeringa har som mål å auke kvaliteten i norsk forsking. Regjeringa vil både satse på tiltak som skal få nokre norske forskarar og forskingsmiljø opp i

internasjonal toppklasse, og tiltak for auka kvalitet i breidda.

For å styrke langsiktig, grunnleggjande forsking i næringslivet vart det etablert ei ny ordning kalla *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI). Etter ein omfattande kvalifiseringsrunde er 14 senter peikte ut innanfor ei rekke ulike fagområde og næringar. Ordninga har til formål å bygge opp eller styrke norske forskingsmiljø som arbeider i tett samspel med innovativt næringsliv, samt å støtte langsiktig forsking som fremmer innovasjon og konkurranseskraft i næringslivet. Ordninga blir finansiert med midlar frå Fondet for forsking og nyskaping, jf. kap. 286 post 50. Ordninga vil tre i kraft så snart ho blir godkjend av EFTAs kontrollorgan EFTA Surveillance Authority (ESA).

Ordninga *Senter for framifrå forsking* er eit viktig tiltak for å auke kvaliteten i norsk forsking. Ordninga blir forvalta av Noregs forskingsråd og er finansiert med midlar frå avkastninga frå Forskningsfondet, jf. kap. 286 post 50. Det går no føre seg ei evaluering av dei 13 sentra som er etablerte. Frå 2007 skal ordninga utvidast. Av 98 nye søkjavarar har 26 gått vidare til andre kvalifiseringsrunde.

Noregs forskingsråd har gjennomført ei rekke fagevalueringar, som gir eit godt bilet av kvaliteten på norsk grunnforskning. Evalueringane nyttar internasjonal ekspertise og konkluderer med at kvaliteten på norsk forsking er varierande. Nokre miljø held høgt internasjonalt nivå, men det er eit generelt behov for forskingsleiring, konsentrasjon av ressursane, arbeidsdeling og fornying. Tilrådingane frå evalueringane dannar grunnlag for forskingspolitiske vurderingar og prioriteringar i departementet, i Forskningsrådet og hos dei involverte institusjonane. Fagevalueringane skal vidareførast, utviklast og styrkast. Siktet er å lage eit system der evalueringane kan nyttast ved fordeling av midlar. Forskningsrådet skal syte for systematisk oppfølging av evalueringane og stimulere forskningsinstitusjonane til oppfølging.

Noreg har oppretta to internasjonale vitskaplege prisar på same prisnivå som nobelprisane: Abel-prisen i matematikk og Holberg-prisen i humaniora, samfunnsvitenskap, juss og teologi. Prisane er viktige tiltak for å synleggjere framifrå forsking og forskarar. For meir omtale av Abel-prisen og Holberg-prisen, sjå kap. 287. Gjennom ein samarbeidsavtale med the Kavli Foundation og Det Norske Videnskaps-Akademiet (DNVA) skal Kunnskapsdepartementet medverke til utdeling av ytterlegare tre prisar for framifrå forsking innanfor astrofysikk, nanovitenskap og nevrovitenskap. Kavli-prisane skal delast ut annakvart år og første gongen i 2008. Kvar av prisane vil vere på 1 mill. USD. I samband med førebuing av utdelinga av Kavli-prisane i

2008 foreslår departementet å auke løyinga til DNVA med 2,63 mill. kroner. Sjå kap. 287 post 71 for meir omtale.

### Auka rekruttering til forsking

Det er ein aukande etterspurnad etter forskarkompetanse både i næringslivet og i offentleg sektor. Samstundes er gjennomsnittsalderen blant forskrarar ved institusjonane høg, og på nokre fagområde er rekrutteringa sviktande. Det er eit sentralt forskingspolitiske mål å få fram tilstrekkeleg mange gode forskrarar på alle fagområde.

I alt vart det gjennomført 855 doktordisputasar ved norske institusjonar i 2005; det er fleire enn nokon gong tidlegare. I dei siste 15 åra har talet på avgangde doktorgradar i Noreg fordobra seg, men samanlikna med nabolandene våre har auken vore svak.

Målet om vekst i stipendiatsstillingar er sett til 200 i 2003 og 350 årleg for perioden 2004–07, jf. St.meld. nr. 35 (2001–2002) og St.meld. nr. 20 (2004–2005). Målet gjeld alle stipendiatar, uavhengig av finansieringskjelde og tilsettingsstad. Regjeringa har oppretta 350 nye stipendiatsstillingar frå hausten 2006. Departementet foreslår å løyve 103,6 mill. kroner i 2007 for å dekkje heilårsverkna den av desse nye stillingane, jf. kategori 07.60.

Departementet vil gjere opp status for opptrappinga av stipendiatsstillingar fram til 2007 og vurdere behova for vidare opptrapping i åra framover. Kunnskapsdepartementet har derfor i samarbeid med Noregs forskingsråd sett i gang ei utgreiing som skal evaluere satsinga på forskarrekruttering, og vurdere framtidige behov for rekruttering av forskrarar fram til 2020. Utgreiinga skal vere ferdig innan 1. mars 2007. Den vidare opptrappinga av stipendiatsstillingar vil bli sett i lys av denne utgreiinga.

Det er viktig å halde på gode forskarkandidatar og sikre rekruttering til faste stillingar. Gode verktøy for dette er postdoktorstillingar, som gir gode tilhøve for vidare kvalifisering etter avgang doktorgrad og fleksible ordningar for tilsetjing. Forskningsrådet skal halde fram med å finansiere postdoktorstillingar.

Det er eit stort fleirtal av menn i faste vitskaplege stillingar i universitets- og høgskolesektoren. Talet på kvinner i slike stillingar har auka i dei siste åra, men i høgre faglege stillingar er talet framleis lågt. Det er eit viktig mål å auke talet på kvinner, både blant rekruttar og i det faste forskarpersonalalet. Utfordringa er størst innanfor realfaga, jf. kategori 07.60. Sentrale aktørar i arbeidet for auka kvinnedeltaking i norsk forsking er Forskningsrådet og *Komite for integreringstiltak – Kvinner i forsking*.

Komiteen vart oppnemnd i januar 2004 for ein treårsperiode. Kunnskapsdepartementet vil evaluere tiltaket i løpet av hausten 2006.

Arbeidet for å auke delen av kvinner på fagområde med få kvinner, og for å kvalifisere kvinner til faste akademiske stillingar, særleg toppstillingar, skal først vidare. Noregs forskingsråd skal også arbeide aktivt for å få fleire kvinner med i internasjonalt forskingssamarbeid.

### Mål: Eit velfungerande forskingssystem

Det er eit mål at institusjonane i forskingssystemet blir innretta slik at dei fremmer kvalitet, synergi og effektivitet, og at overordna forskingspolitiske prioriteringar blir gjennomførte. Noregs forskingsråd er det overordna utøvande forskingsstrategiske organet i Noreg. Rådet er organisert etter funksjon i tre divisjonar: vitenskap, store satsingar og innovasjon. I St.meld. nr. 20 (2004–2005) er det gjort nærmare greie for korleis evalueringa av Noregs forskingsråd er følgd opp. Det er også gjort greie for forventningane til Noregs forskingsråd. Departementet har bedt Forskningsrådet om å gjennomføre ei eigenevaluering m.a. i lys av korleis desse forventningane skal innfriast. Evalueringa skal vere ferdig i slutten av oktober 2006.

Kunnskapsdepartementet har bede Forskningsrådet om å utarbeide forslag til nytt finansierings-system for forskingsinstitutta og forslag til nye retningslinjer for statleg finansiering av institutta. Tildeling av grunnløyving bør vere resultatbasert, og dei nye retningslinjene bør bli sterkare knytte til korleis Forskningsrådet skal ta hand om det strategiske ansvaret sitt. Forskningsrådet skal levere rapporten sin i oktober 2006.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet gjennomgår Forskningsrådet dei institutta som arbeider innanfor det arbeids- og sosialpolitiske området og området for utanriks- og tryggleikspolitikk. Siktemålet er å få oversikt over status og eventuelt forslag til korleis denne delen av instituttsektoren kan utviklast vidare. Gjennomgangen skal vere ferdig innan 1. januar 2007.

Riksrevisjonen har gjennomført ei undersøking av handlingsretta program i Forskningsrådet. Undersøkinga syner at administrasjonen av desse programma kan bli betre på nokre område, mellom anna målformulering, rapportering og brukarorientert formidling. Riksrevisjonen var også kritisk til at forskningsresultat i for liten grad er gjorde tilgjengelege på nettsidene til Forskningsrådet. Forskningsrådet har gjennomført fleire forbetingstiltak. Dei er ikkje avgrensa til handlingsretta program, men femner om alle programma. Strategiar for den bru-

karretta og den allmennretta formidlinga til Forskningsrådet skal vere ferdige i løpet av 2006.

Det er i dag seks regionale komitear for medisinsk forskingsetikk. Komiteane skal gi ei etisk vurdering av alle biomedisinske forskingsprosjekt som involverer menneske. Arbeidsmengda til komiteane har auka kraftig i dei siste åra, og for å redusere talet på saker per komité vart det frå 1. juli 2006 oppretta ein ny komité i helseregion sør. Vidare sette departementet ned ei arbeidsgruppe for å vurdere organisering av komitésystemet. På bakgrunn av forslag frå denne gruppa foreslår departementet å auke løyvingane til dei regionale komiteane for medisinsk forskingsetikk med 7,1 mill. kroner, jf. kap. 271 post 50. Midlane skal m.a. nyttast til å opprette ein ny komité i region aust, til innføring av ein nasjonal fordelingsfunksjon og frikjøpsordningar for leiarane. Departementet vil komme attende til korleis forvaltningsansvaret for dei forskingsetiske komiteane skal organiserast, seinast i St.prp. nr. 1 (2007–2008).

Både dei regionale og dei nasjonale forskingsetiske komiteane er no lovfesta gjennom forskingsetikklova, som vart vedteken av Stortinget 13. juni i år, jf. Innst.O. nr. 70 (2005–2006) og Ot.prp. nr. 58 (2005–2006). Det skal utarbeidast forskrifter til lova, og departementet tek sikte på at lova blir sett i verk 1. juli 2007. Samstundes vil det bli oppnemnt eit nytt nasjonalt utval som skal granske påstandar om fusk i forsking, i samsvar med proposisjonen.

Regjeringa ønskjer at forsking skal gå føre seg så ope som mogleg. Dette er særleg viktig innanfor oppdragsforsking. Kunnskapsdepartementet har derfor utarbeidd ein standardkontrakt for oppdragsforsking som m.a. legg vekt på at forskingsresultat som hovudregel skal offentleggjera.

### **Mål: Auka internasjonalisering i forskinga**

Auka internasjonalisering av norsk forsking er viktig for kvaliteten i forskinga og for å styrke innovasjon i norsk næringsliv og offentleg sektor. Internasjonalt forskingssamarbeid skjer i stor grad gjennom uformelle kontaktar og nettverk mellom personar og mellom miljø. I tillegg kjem eit aukande formalisert samarbeid gjennom internasjonale organisasjonar, større internasjonale fellessatsingar og program, og gjennom bilaterale avtalar på statleg nivå. Noreg tek del i fleire internasjonale fellessatsingar, m.a. EUs rammeprgram for forsking og teknologisk utvikling og fleire internasjonale grunnforskingsorganisasjonar, jf. kap. 288 postane 72 og 73.

Norsk forsking utgjer om lag fire promille av den totale forskinga i OECD-området. Regjeringa har som mål å auke internasjonaliseringa av norsk

forsking, og arbeide aktivt for å tiltrekke og halde på framifrå forskarar og kunnskapsbasert næringsliv i Noreg. Dette er ei gjennomgående prioritering i St.meld. nr. 20 (2004–2005).

Departementet vil arbeide for at langt fleire utanlandske forskarar tek arbeid ved norske forskingsinstitusjonar og verksemder, at den utanlandske finansieringa av norsk forsking aukar, og at samarbeidet mellom norske og leiande internasjonale forskingsinstitusjonar blir utvida og styrkt.

### **EUs rammeprgram for forsking og teknologisk utvikling**

Deltakinga i EUs rammeprgram for forsking og teknologisk utvikling er det mest omfattande internasjonale samarbeidet norske forskarar, forskingsmiljø og næringsliv deltek i. Rammeprgrammet skal styrke veksten og konkurranseevna i Europa, og medverke til auka livskvalitet i befolkninga, i tråd med måla i den såkalla Lisboa-strategien om økonomisk vekst og sysselsetting. Programmet skal òg medverke til etablering av eit europeisk forskingsområde, European Research Area (ERA), som er eit vidare samarbeid med vekt på m.a. betre samspel og samarbeid mellom nasjonale forskingsprogram og utvikling av nettverk for framifrå forsking. EU har som mål å auke FoU-investeringane til tre pst. av BNP innan 2010. To tredelar av investeringane skal komme fra næringslivet. Noreg har ei lik målsetjing. Rammeprgrammet har ei viktig oppgåve i å medverke til å realisere ambisjonane i EU.

EUs sjette rammeprgram for forsking og teknologisk utvikling starta opp i 2003. Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg med fulle rettar. EU har starta førebuingane til eit sjuande rammeprgram (2007–13). Noreg har delteke med fleire innspel til prosessen med utforminga av det nye programmet. For å styrke det nasjonale arbeidet som er knytt til forskingssamarbeidet med EU, er det blitt sett i verk ein brei strategisk prosess som involverer departementa, Noregs forskningsråd, Innovasjon Noreg og andre sentrale aktørar. Formålet er å sikre ei koordinert og strategisk tilnærming i den offentlege innsatsen i forhold til EUs sjuande rammeprgram, og dermed medverke til god norsk deltaking også i dette rammeprgrammet. Arbeidet er ei oppfølging av St.meld. nr. 20 (2004–2005). Regjeringa ønskjer at Noreg skal delta i EUs sjuande rammeprgram for forsking og teknologisk utvikling. Spørsmålet om norsk deltaking vil bli lagt fram for Stortinget, venteleg rundt årsskiftet. For nærmare omtale av rammeprgramma, sjå kap. 288 post 73.

For å sikre eit godt samarbeid og ein nær dialog med relevante aktørar har departementet etablert eit norsk EU-kontor for forsking i Brussel. Forskingsrådet har det administrative ansvaret for kontoret. Kontoret assisterar forskarar og andre aktørar og skal styrke den norske deltagninga i rammeprogrammet.

### Nordisk forskingssamarbeid

Forsking er òg ein integrert del av det organiserte nordiske samarbeidet. For å stimulere det nordiske forskingssamarbeidet ytterlegare har Nordisk Ministerråd gått inn for å utvikle Norden til ein leiande region for forsking og innovasjon (NORIA) innan 2010. NordForsk, som vart oppretta 1. januar 2005, har fått ansvaret for å styrke forskingssamarbeidet mellom dei nordiske landa. NordForsk skal gi felles nordisk økonomisk støtte til forsking; saman med nasjonale midlar kan dette gi stor effekt på prioriterte område.

### Bilateralt forskingssamarbeid

Bilateralt forskingssamarbeid er ein viktig reiskap for å styrke internasjonaliseringa av og betre kvaliteten på norsk forsking. Noreg er part i bilaterale avtalar om forsking og teknologi med land som er høgt prioriterte frå norsk side. Bilaterale avtalar er viktige for å gi forskingssamarbeidet eit løft og styrke samarbeid innanfor område av felles interesse. I 2005 vart ein ny bilateral forskings- og teknologiavtale med USA inngått. Samstundes skal strategien for forskings- og teknologisamarbeid med Nord-Amerika medverke til ei langsigktig opptrapping av forskingssamarbeidet med USA og Canada. Dette skal m.a. skje i form av auka utveksling av forskarar gjennom *Leiv Eiriksson mobilitetsprogram* i regi av Noregs forskingsråd. Noreg har ein bilateral forskingsavtale med Japan, og samarbeidet på fagområde av felles interesse, som matvaretryggleik, nanoteknologi og energi, skal styrkast. Forskingsavtalar med India og Frankrike blir truleg underteikna i løpet av 2006, og ein avtale med Kina truleg i 2007.

### Det internasjonale polaråret (IPY) og Svalbards rolle

Forsking og overvaking i nordområda er viktig for Noreg både politisk, fagleg og forvaltningsmessig. Det internasjonale polaråret (IPY) 2007–08 er ei stor internasjonal satsing innanfor polarforskning

der mange nasjonar har gjort kjent at dei vil delta, og der store ressursar blir sette inn. Regjeringa har vedteke at Noreg skal gå sterkt inn i dette samarbeidet og ta mål av seg til å ha ei førande rolle. Regjeringa foreslår å øyremerkle 80 mill. kroner av den auka avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping til arbeidet med IPY, jf. kap. 286 post 50. IPY vil medverke til ein kraftig auke i internasjonalt forskingssamarbeid i nordområda. Innsatsen i IPY vil kunne gi resultat som vil få mykje å seie for ressurs-, natur- og kulturminneforvaltning og for teknologi- og næringsutvikling. Regjeringa ventar at denne satsinga vil styrke oppbyggginga av grunnleggjande forskingskompetanse ved dei norske miljøa, og at norsk polar forskingsinfrastruktur blir betre utnytta. Dette gjeld både i Antarktis og ikkje minst på Svalbard.

Regjeringa ønskjer å vidareutvikle Svalbard som arena for internasjonalt forskingssamarbeid. Forskingsrådet har ei viktig rolle i dette. Vidare ønskjer Regjeringa å styrke samarbeidet med Russland om forsking på Svalbard, jf. omtale under kap. 285 post 52.

### Andre tiltak for auka internasjonalisering

Forskarmobilitet er ei viktig drivkraft for å internasjonalisere norsk forsking. Auka utveksling av forskarar krev at norske miljø opnar seg meir mot omverda. Noregs forskingsråd har eit nasjonalt ansvar for disiplinutvikling og mobilitet i forskinga. Noregs forskingsråd har styrkt innsatsen sin ved å etablere eit informasjonssenter for forskarmobilitet, som ein del av European Network of Mobility Centres. Senteret er tilpassa behova til forskarar både i og utanfor Europa. Samstundes oppmodar departementet universitet, høgskolar og andre institusjonar til å utlyse forskarstillingar internasjonalt.

Regjeringa har som mål at doktorgradsstipendiatar har minst eitt lengre opphold i utlandet i løpet av stipendiatperioden. For å styrke det individbaserte samarbeidet er det viktig å etablere gode internasjonale nettverk tidleg i karrieren. Forskingsrådet skal i samarbeid med institusjonane sjå nærmare på korleis dette kan gjerast.

Noregs forskingsråd skal arbeide for å auke samspelet mellom nasjonale og internasjonale satsingar, med sikte på gradvis opning av nasjonale program. Alle større nasjonale satsingar bør ta omsyn til kva som skjer internasjonalt på det aktuelle området.

## Kap. 283 Meteorologiformål

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Meteorologisk institutt	221 151	203 826	212 538
72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	46 511	48 141	42 488
	Sum kap. 283	267 662	251 967	255 026

Kapitlet omfattar tilskott til drift av Meteorologisk institutt og tilskott til internasjonalt meteorologisk samarbeid.

Meteorologisk institutt står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål. Instituttet skal arbeide for at styremakter, næringsliv, institusjonar og folk flest best mogleg skal få høve til å sikre liv og verdiar, for planlegging og for vern av miljøet.

### Post 50 Meteorologisk institutt

Oppgåvene til Meteorologisk institutt er mellom anna å varsle været, studere klimaet, drive forskings- og utviklingsarbeid, og å formidle resultata av arbeidet sitt. Meteorologisk institutt har også viktige beredskapsoppgåver. Beredskapstenestene omfattar m.a. varsling ved atomulykker som gjev utslepp til luft eller hav. Instituttet har hovudkontor i Oslo og regionkontor i Bergen og Tromsø. I tillegg er observasjonsstasjonar spreidde over heile fastlandet og i Arktis.

Meteorologisk institutt driv tre værstasjonar i Arktis: Jan Mayen, Bjørnøya og Hopen. Desse stasjonane har viktige funksjonar utover dei reine meteorologiske. På Bjørnøya og Hopen er instituttet aleine om å ha fast personell, og sikrar i så måte norsk nærvære. I tillegg sikrar stasjonane vernebuing for den norske fiskerisona, samt for eksisterande og framtidige olje- og gassaktivitetar i Barentshavet.

Meteorologisk institutt er frå 1. januar 2005 organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. I St.prp. nr. 1 (2005–2006) Tillegg nr. 1 varsla Regjeringa at ho ikkje ville føre vidare arbeidet med å greie ut ei utskilling av den kommersielle verksemda ved Meteorologisk institutt i eit eige selskap. Regjeringa ville i staden vurdere alternativ innanfor rammene av nasjonalt og internasjonalt regelverk. Departementet foreslår å føre vidare dagens organisering av Meteorologisk institutt, men tek sikte på å gå gjennom kva for delar av den meteorologiske tenesta som skal løysast innanfor den offentleg finansierte verksemda, og kva

for delar som skal løysast av den kommersielle marknaden.

### Resultatrapport for 2005–06

Resultatmåla for 2005 er i hovudsak nådde. Systematisk evaluering syner at instituttet har ein treffprosent på 89,5 på varsel om vind i styrke liten kuling eller sterke, sende ut 18 timer før været kjem. For dei kystnære fiskebankane er treffprosenten 93,6.

Instituttet har teke i bruk ein ny værvarslingsmodell for Noreg og dei tilgrensa havområda. Modellen har svært høg opplysing på berekningspunktet, og han har spesielt gode eigenskapar i terrenget med bratte fjell og anna komplisert topografi. Den nye værvarslingsmodellen er spesielt god når det gjeld varsling av situasjonar med mykje vind eller nedbør, det vil seie værsituasjonar med risiko for liv og materielle verdiar.

Meteorologisk institutt har arbeidd for betre spreiing av informasjon gjennom elektroniske informasjonskanalar, både overfor offentlege samarbeidspartnarar og overfor allmenta. Talet på unike brukarar av instituttets informasjonsteneste på Internett er fordobla på to år.

Instituttet har etablert elleve automatiske værstasjonar i 2005, og har starta arbeidet med å byggje værradar på Andøya. Vêrradaren skulle etter planen stå ferdig i 2006. Arbeidet er vorte forseinka på grunn av uhell ved montering av raderen.

Forskinga ved instituttet er i all hovudsak knytt til varsling og klima. Instituttets klimaforskarar deltek i ei rekke sentrale prosjekt for studiar av norsk klima i fortid og framtid, og det er publisert fleire rapportar og artiklar om emnet i 2005. Samarbeidsprosjektet RegClim har dessutan produsert ei populær brosjyre *Norges klima gjennom 100 år - Usikkerheter og risiko*. Brosjyren er mellom anna distribuert til alle vidaregåande skolar.

Meteorologisk institutt arbeider for å auke delen kvinner ved instituttet og praktiserer moderat kjønnskvotering ved tilsetjingar. Blant søkerane til ledige stillingar i 2005 var berre 19 pst.

kvinner. Likevel var 41 pst. av alle nytilsette kvinner.

### Resultatmål for 2007

Dette er resultatmåla for Meteorologisk institutt i 2007:

- Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på regionale og lokale værvarsel.
- Meteorologisk institutt skal utføre forsking av høg kvalitet for å betre den offentlege meteorologiske tenesta.
- Meteorologisk institutt skal vere påliteleg, relevant og tilgjengeleg i all kommunikasjon.
- Markedsavdelinga ved Meteorologisk institutt skal gå med overskott.

### Budsjettforslag for 2007

Løyvinga på post 50 skal m.a. dekkje driftsutgifter, større utstyrssinnkjøp og vedlikehald. Løyvinga må ikkje nyttast til subsidiering av den kommersielle verksemda ved instituttet.

I Innst. S. nr. 12 (2005–2006) ber fleirtalet i komiteen Regjeringa leggje fram ein plan for auka tempo i utbygginga av værradararnettet, slik at heile landet kan vere dekt av værradar innan rimeleg tid.

Eit godt utbygd værradararnett er ein føresetnad for at Noreg skal ha ei fullverdig landsdekkjande værvarsling. Værradarar utfyller andre observasjonssystem og gir nøyaktige korttidsvarel av vind og nedbør. Eit fullt utbygd værradararnett vil gi betre førebygging mot tap av menneskeliv og vil medverke til annan samfunnsøkonomisk gevinst, til dømes ved at talet på leiteaksjonar vil gå ned.

Noreg har därleg værradardekning samanlikna med dei fleste andre land i Europa. Fem værradarar er oppførte og sette i drift, medan ein værradar er under oppføring. Etter dette står det att å byggje seks nye radarar for at værradararnettet for heile landet med kystområda skal vere komplett. Kostnaden ved å byggje ein værradar er om lag 17 mill. kroner.

Det er ikkje funne rom for å løyve særskilte middel til utbygging av værradararnettet i budsjettet for 2007. Departementet legg til grunn at Meteorologisk institutt prioriterte utbygging av den neste værradaren på Sørøya ved Hammerfest innafor løyvinga på kap. 283 post 50, slik at radaren blir sett i drift seinast i 2009.

EFTA Surveillance Authority (ESA) har godkjent at Noreg kan ta opp att ei ordning med differensiert arbeidsgivaravgift. Avgifta tek utgangspunkt i staden der verksemda ligg, og ikkje i

arbeidstakarens bustadkommune slik tilfellet var tidlegare. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med kr 480 000.

Som følgje av at satsane for innskott til Statens pensjonskasse for dei tilsette ved Meteorologisk institutt blir auka frå 2007, blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 1,2 mill. kroner.

### Post 72 Internasjonale samarbeidsprosjekt

#### Om ordninga

Formålet med ordninga er å medverke til at Noreg kan ta del i internasjonale meteorologiske organisasjoner og prosjekt og slik medverke til og dra nytte av utvikling og forbetring av meteorologiske tenester. Mellom anna skjer det mykje internasjonal utveksling av data, kunnskap og metodar.

Midlane går i hovudsak til å innfri dei forpliktinane Noreg har til å betale kontingentutgifter i samband med norsk deltaking i følgjande internasjonale meteorologiorganisasjoner og samarbeidsprosjekt:

- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)
- Den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT)
- Det europeiske senteret for mellomlange værvarsel (ECMWF)
- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET, EGOS, EuroGOOS og HIRLAM)

Meteorologisk institutt utnemner norske delegatar til dei styrande organa ved organisasjonane. Delegatane kontrollerer om verksemda er i samsvar med gjeldande formål, og instituttet rapporterer til departementet.

### Rapport for 2005–06

Meteorologisk institutt deltek aktivt i fleire internasjonale meteorologiorganisasjoner og hadde mellom anna presidentvervet i fire internasjonale organisasjoner i 2005.

Det nordiske samarbeidet gav gode resultat i 2005. Det vart mellom anna etablert felles nordiske rutinar for kvalitetskontroll av klimadata og felles nordisk klimadatasett. Gjennom ECOMET har Noreg vore ein av pådrivarane for ein lågprispolitikk for meteorologiske data. EUMETSAT skaut i desember 2005 opp den andre satellitten i organisasjonens andregenerasjons geostasjonære satellittprogram.

**Budsjettforslag for 2007**

Budsjettforslaget byggjer på budsjettforslag frå organisasjonane. Det blir foreslått å redusere løy-

vinga på posten med om lag 5,7 mill. kroner i høve til 2006. Reduksjonen er knytt til lågare kontingent til EUMETSAT i 2007. Dette skyldast faseforskyving av kostnadskrevjande aktivitetar til seinare år.

**Kap. 3283 Meteorologiformål**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter		89	
	Sum kap. 3283		89	

Post 04 har gjeldt refusjon av ODA-godkjende utgifter, dvs. utgifter som kan godkjennast som

utviklingshjelp etter retningslinjene frå OECD. Frå 2006 er denne posten avvikla.

**Kap. 285 Noregs forskingsråd**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
52	Forskningsformål	943 000	1 094 521	1 087 421
55	Administrasjon	210 592	217 479	223 113
	Sum kap. 285	1 153 592	1 312 000	1 310 534

Kapittelet omfattar løyvingar til forskningsformål gjennom Noregs forskingsråd og administrasjonskostnader til Noregs forskingsråd.

**Post 52 Forskningsformål**

Løyvinga til Forskningsrådet over post 52 blir nytta til å finansiere grunnforskning innanfor alle fagområde. Posten dekkjer òg midlar til vitskapleg utstyr, internasjonaliseringstiltak, strategiske fellesfunksjonar og informasjon. Teksten omtalar ulike verkemiddel Forskningsrådet nyttar, generelle føringar for løyvinga og fordeling av midlane på ulike fagområde.

**Bruk av ulike verkemiddel**

Løyvinga blir fordelt på fleire verkemiddel. Dei viktigaste er fri prosjektstøtte og støtte til ulike program. God grunnforskning er avgjeraande for den samla kunnskapsutviklinga og verdiskapinga i samfunnet. Den forskarinitierte grunnforskninga som skjer gjennom fri prosjektstøtte, er eit hovudverkemiddel for å sikre kvalitet og fornying i grunnforskninga. Fri prosjektstøtte kan inkludere midlar til mange ulike formål, t.d. doktorgradsstipend og postdoktorstipend og utveksling av forskrarar.

Tabell 4.17 Del fri prosjektstøtte som prosent av den faglege løyvinga til Forskningsrådet fordelt på fagområde (jf. kap. 285 post 52)

	2003	2004	2005	2006
Humaniora	50	49	51	53
Samfunnsvitskap	38	42	52	52
Medisin og helse	76	77	76	77
Miljø og utvikling	48	47	50	51
Naturvitenskap og teknologi	41	42	40	43

Tabell 4.17 viser at delen fri prosjektstøtte varierer mellom dei ulike fagområda. Han er lågast for naturvitenskap og teknologi og høgst for medisin og helse.

Programløyvingar har til hovudformål å byggje opp kompetanse og utvikle kunnskap på tematisk avgrensa felt der Noreg har særskilde behov eller særskilde føresetnader. Løyvinga frå departementet går til grunnforskningsprogram og til delfinansiering av såkalla handlingsretta, eller anvende, program. Forskningsrådet starta opp eit nytt verkemiddel kalla *Store program* i 2004. Dei store programma er tverrgåande, målretta satsingar som skal dekke heile spekteret frå grunnforskning til næringsretta forskning. Midlar frå Kunnskapsdepartementet over denne posten går per 2006 inn i programma *FUGE*, *NANOMAT*, *NORKLIMA* og *VERDIKT*, jf. også omtale under kap. 286 post 50.

Strategiske universitetsprogram og støtte til avansert vitskapleg utstyr er tiltak som skal leggje til rette for auka kvalitet i norsk forsking og støtte opp under forskningsstrategiar ved institusjonane. Forskningsrådet gir også støtte til kontingentar, informasjon, formidling, evalueringssverksemd samt stimuleringsstiltak og nettverksbygging. For meir omtale av forskningsverksemda og andre tiltak som blir finansierta av Noregs forskningsråd, sjå [www.forskningsradet.no](http://www.forskningsradet.no).

### Overordna føringer

For 2005 la departementet til grunn at arbeidet med internasjonalisering av norsk forsking skulle prioriterast høgt og integrerast i arbeidet i alle divisjonane i Forskningsrådet. Førebels tal frå Forskningsrådet viser at internasjonalisering i 2005 inn gjekk i 42 pst. av aktivitetane til Forskningsrådet og utgjorde 16,3 pst. av det totale FoU-budsjettet. Forskningsrådet skal i 2007 framleis prioritere arbeidet med internasjonalisering av norsk forsking.

For 2005 bad departementet Forskningsrådet halde fram arbeidet med å evaluere norske forskingsmiljø. I 2005 har Forskningsrådet arbeidd med å systematisere gjennomføringa av fagevalueringane, og med å finne gode ordningar for å følgje

dei opp i samarbeid med forskingsinstitusjonane. Forskningsrådet har etablert eit internt evalueringsnettverk for å styrke evalueringsfunksjonane og forbetra koordinering og erfaringsutveksling. Det er vidare teke initiativ til nye fagevalueringar innanfor økonomi, historie, farmasi og utviklingsforskning. Forskningsrådet arbeider særleg i forhold til evalueringane av medisin og helseforskning, ingeniør- og teknologiforskning og pedagogikk. I tillegg blir institusjonar/organisasjonar og verkemiddel evaluerte. Forskningsrådet skal i 2007 halde fram arbeidet med aktiv oppfølging av evalueringane, jf. kategoriinnleininga.

Departementet bad i 2005 Forskningsrådet om å prioritere postdoktorstipend, og at arbeidet med å få fleire kvinner i akademia skulle halde fram. I 2005 vart over 585 postdoktorårsverk finansierte av Forskningsrådet, ein auke på om lag 100 årsverk frå 2004. Om lag 40 pst. av doktorgradsstipendiatane og postdoktorstipendiatane var i 2005 kvinner. Dette talet har halde seg rimeleg konstant i dei siste åra. Likestillingsperspektivet vart tydeleg understreka i den nye utlysingsrunden for *Senter for framifrå forsking* (SFF) i 2005. Forskningsrådet skal i 2007 framleis prioritere postdoktorstipend. Forskningsrådet skal arbeide aktivt for å få fleire kvinner i akademia, jf. kategoriinnleininga.

Formidling av kunnskap er eit sentralt krav til dei faglege løyvingane. Løyvinga på posten er ei hovudkjelde for fagutvikling i alle disciplinar. Konkurranse og fagfellevurderingar etter beste internasjonale praksis sikrar at midlane fremmer kvalitet. Forskningsrådet skal halde fram arbeidet med tiltak som fremmer kvalitet i forsking. Forskningsrådet skal som hovudregel konsentrere tildelingane sine i større prosjekt, for å medverke til meir langiktig finansiering, meir samarbeid og betre faglegleiing.

For 2005 la departementet til grunn at midlar til frie prosjekt skulle prioriterast. Rapportering om tildeling til dei frie prosjekta er lagd fram under kvart fagområde. For 2007 skal Forskningsrådet framleis prioritere frie prosjekt.

Løyvinga over post 52 er fordelt på følgjande fagområde og formål:

Tabell 4.18 Faglege løyvingar til Noregs forskingsråd. Fordeling på fagområde og særskilde formål  
(i mill. kroner)

Fagområde	2005	2006	2007
Humaniora	107	116	116
Samfunnsvitskap	87	95	97
Medisin og helse	132	144	144
Miljø og utvikling	48	51	50
Naturvitenskap og teknologi	328	373	373
Rekruttering	35	46	46
Vitskapleg utstyr	20	21	10
Internasjonalisering <sup>1</sup>	76	95	103
FUGE	49	51	51
Ordning for finansiering av små driftsmidlar	–	40	40
Kommersialisering av forskingsresultat	8	7	7
Strategiske fellesfunksjonar og informasjon <sup>1</sup>	49	51	46
Tverrfaglege tiltak <sup>2</sup>	4	4	4
<b>SUM</b>	<b>61 943</b>	<b>1 094</b>	<b>1 087</b>

<sup>1</sup> Kategoriane er noko endra i høve til tabellen i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet*. 8 mill. kroner er flytte frå *Strategiske fellesfunksjonar* til *Internasjonalisering*, som ei teknisk endring.

<sup>2</sup> Løyvinga gjeld Divisjon for store satsingar.

## Humanistisk forsking

### Resultatrapport for 2005–06

Av løyvinga på posten gjekk 107 mill. kroner til humanistisk forsking i 2005. I 2006 er tildelinga 116 mill. kroner.

I 2005 gjekk vel 53 mill. kroner til fri prosjektstøtte innanfor humanistisk forsking. Midlane gjekk til 94 prosjekt. Humaniora er i første rekke eit fagområde ved universiteta, og 93 pst. av midlane gjekk dit, medan fem pst. gjekk til høgskolane.

Forsking i nordisk språk og litteratur ved universiteta og nokre høgskolar vart evaluert i 2005. Hovudformålet med evalueringa var å fremme fagutvikling og auke forskingskvaliteten. Evalueringa viste at det er mykje forsking på høgt nivå, men ikkje alle delar av faget er like godt dekte.

Publiseringssstøtteordninga for humanistisk og samfunnsvitskapleg forsking skal stimulere til auka vitskapleg publisering og fremme kvalitetsutvikling av relevante publiseringaskanalar. Av vel 5 mill. kroner i 2005 gjekk om lag 50 pst. til tidskriftstøtte og 40 pst. til bokutgivingar. Ordninga skal også fremme internasjonal publisering blant norske forskrarar, og om lag 60 pst. av bokutgivngane var på andre språk enn dei nordiske.

*Program for kulturforskning* er den største programsatsinga innanfor humanistisk forsking. Programmet har som mål å utvikle den teoretiske og allmenne forståinga av samfunn og kultur. Godt og vel midtvegs i programperioden er det ein merkbar auke i publisering og formidling frå prosjekta.

Satsing på samisk forsking i Forskningsrådet har sitt tyngdepunkt i *Program for samisk forsking*. Programmet har lagt særleg vekt på rekruttering og formidlingsaktivitetar. Programmet er avslutta i 2006. Forskningsrådet har starta planlegginga av eit nytt program for samisk forsking frå 2007.

Ei rekke program har delt finansiering med samfunnsvitskap. Det gjeld *Program for samisk forsking*, *Kjønnsforskning* og *Kommunikasjon, IKT og medier*. Midlar til humanistisk forsking går også inn i programma *Etikk, samfunn og bioteknologi*, *Velferdsprogrammet* og *Innvandrings- og migrasjonsforskning (IMER)*.

Innanfor fri prosjektstøtte vart det i humanistisk forsking løyvd midlar til 34 doktorårsverk (53 pst. kvinner) og 29 postdoktorårsverk (45 pst. kvinner) i 2005.

### Resultatmål for 2007

Tildelinga til humanistisk forsking skal i 2007 vere på om lag 116 mill. kroner. Delen fri prosjektstøtte

skal førast vidare på minst same nivå som i 2006. Forskningsrådet skal starte opp eit nytt program for samisk forsking. Arbeidet med kvalitetsfremmende tiltak skal halde fram.

### **Samfunnsvitskapleg forsking**

#### *Resultatrapport for 2005–06*

Av løyvinga på posten gjekk 87 mill. kroner til samfunnsvitskapleg forsking i 2005. I 2006 er tildelinga om lag 95 mill. kroner.

For 2005 la departementet til grunn at nivået på fri prosjektstøtte skulle haldast oppe, og at grunnforskinsprogramma skulle førast vidare.

Samfunnsvitskap finansierte 97 prosjekt innanfor fri prosjektstøtte i 2005, med statsvitaskap som det største enkeltfaget. Løyvinga til grunnforskinsprogram gjekk til *Program for kvinne- og kjønnsforskning*, *Program for samisk forsking* og *Kommunikasjon, IKT og medier*. Programma får også midlar frå løyvinga til humanistisk forsking. For å medverke til rekruttering og grunnforsking gjekk løyvinga frå Kunnskapsdepartementet også til samfinansiering av handlingsretta program. Dei programma som har størst finansiering, er *Velferdsprogrammet*, *Arbeidslivsforskning*, samt *Innvandrings- og migrasjonsforskning*. Midlane til samfunnsvitskapleg forsking finansierer dessutan basisløyvinga til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste og institusjonsstøtte til ARENA (Advanced Research on the Europeanisation of the Nation-State).

Innanfor fri prosjektstøtte vart det i samfunnsvitskapleg forsking løvd midlar til 26 doktorårsverk (38 pst. kvinner) og ti postdoktorårsverk (70 pst. kvinner) i 2005.

#### *Resultatmål for 2007*

Tildelinga til samfunnsvitskapleg forsking skal i 2007 vere om lag 97 mill. kroner. Fri prosjektstøtte skal prioriterast. Forskningsrådet skal halde fram arbeidet med tiltak som fremmer kvalitet i forsking, mellom anna ved å gjennomføre fleire fagevalueringar.

### **Medisinsk og helsefagleg forsking**

#### *Resultatrapport for 2005–06*

Av løyvinga på posten gjekk 132 mill. kroner til medisinsk og helsefagleg forsking i 2005. Forsking av høg kvalitet skulle prioriterast, mellom anna gjennom støtte til frie prosjekt og internasjonal forskarutveksling. Nokre av midlane vart ompriorert frå fri prosjektstøtte til studentstipend. I 2006 var tildelinga 144 mill. kroner.

Programperioden for åtte helsefaglege program gjekk ut i 2005. Seks av desse vart finansierte over løyvinga på denne posten. Totalt har dei åtte programma hatt ei løyving på 581 mill. kroner i ein femårsperiode. Helse- og omsorgsdepartementet har vore den største finansieringskjelda, medan Kunnskapsdepartementet har medverka med om lag 15 pst. Vel 1500 søknader vart handsama i perioden, og i snitt har 19 pst. av desse fått støtte. Av fleire sluttrapportar går det fram at resultat frå prosjekta raskt blir tekne i bruk m.a. i samband med klinisk behandling, førebyggjande helsearbeid, politikkutforming eller offentleg debatt. I 2006 er det starta nye program med nye prioriteringar, men også vidareføring av tidlegare tema og prioriteringar.

I 2005 har Forskningsrådet arbeidd vidare med å følgje opp tilrådingane i biofagevalueringa om å etablere ei nasjonal satsing innanfor nevrovitaskapleg forsking, NevroNor, i første omgang innanfor epidemiologi og biletagnostikk. Ei slik satsing vart starta opp i 2006.

Rekrutteringa er framleis ei stor utfordring innanfor medisin og helsefag. Forskningsrådet følgjer derfor nøye med på rekrutteringa av forskrarar med bakgrunn i medisin, odontologi og psykologi. Dette gjeld både forskarutdanning og studentforskning. I 2005 vart 89 doktorårsverk (60 pst. kvinner) og 61 postdoktorårsverk (50 pst. kvinner) finansiert innanfor tildelinga til fri prosjektstøtte. I 2005 vart det løvd 11,4 mill. kroner til studentforskning, mot 8,4 mill. kroner i 2004.

#### *Resultatmål for 2007*

Tildelinga til medisinsk og helsefagleg forsking skal vere om lag 144 mill. kroner. Forskningsrådet skal prioritere forsking av høg kvalitet m.a. gjennom støtte til frie prosjekt.

### **Miljø- og utviklingsforskning**

#### *Resultatrapport for 2005–06*

Av løyvinga på posten gjekk 48 mill. kroner til miljø- og utviklingsforskning i 2005. I 2006 er tildelinga på om lag 51 mill. kroner. For 2005 la departementet til grunn at aktivitetane i hovudsak skulle førast vidare på same nivå som i 2004 med hovedvekt på langsiktig, grunnleggjande forsking. Frie prosjekt og opparbeiding av tverrfagleg kompetanse var prioriterte område.

Programmet *Utviklingsvegar i sør* har hatt til formål å medverke til langsiktig kompetansebygging som kan tene som grunnlag for utforming av ein integrert sør-politikk og internasjonalt utvi-

klingssamarbeid. Publiseringa frå prosjekt i programmet låg på eit svært høgt nivå i 2005.

Sentrale miljøspørsmål som klimaendringar og tap av biologisk mangfald er nært knytte til utviklingsspørsmål. Forskningsrådet finansierer fleire prosjekt med fokus på sistnemnde tema i programmet *Biologisk mangfald*.

Norske forskingsmiljø har gitt viktige bidrag til den internasjonale kunnskapen om klimasystemet og om verknaden av klimaendringar, mellom anna på det arktiske miljøet. *NORKLIMA* finansierer forsking på desse felta, jf. kap 286 post 50.

Innanfor forskningsprogrammet *Rammebetingelser for bærekraftig utvikling* (RAMBU) har ein i 2005 lagt særskild vekt på internasjonalt samarbeid.

Fagkomiteen innanfor miljø- og utviklingsforskning finansierte 67 prosjekt i 2005. Om lag 49 pst. av midlane gjekk til instituttsektoren, medan om lag 41 pst. gjekk til universiteta. Innanfor fri prosjektstøtte vart det i 2005 finansiert 17 doktorårsverk (35 pst. kvinner) og to postdoktorårsverk (50 pst. kvinner).

#### *Resultatmål for 2007*

Tildelinga til forsking på området miljø og utvikling skal i 2007 vere om lag 50 mill. kroner. Langsiktig, grunnleggjande forsking skal stå i fokus, og opparbeiding av tverrfagleg kompetanse skal halde fram. Fri prosjektstøtte skal skjermast.

#### **Naturvitenskapleg og teknologisk forsking**

##### *Resultatrapport for 2005–06*

Av løyvinga på posten gjekk 328 mill. kroner til naturvitenskapleg og teknologisk forsking i 2005. I 2006 er tildelinga om lag 373 mill. kroner.

I 2005 gjekk 108,4 mill. kroner til fri prosjektstøtte innanfor naturvitenskapleg og teknologisk forsking. Midlane gjekk til 243 prosjekt. Innanfor fri prosjektstøtte vart det i naturvitenskapleg og teknologisk forsking løyvd midlar til 96 doktorårsverk (25 pst. kvinner) og 55 postdoktorårsverk (30 pst. kvinner) i 2005.

I 2005 finansierte Kunnskapsdepartementet følgjande grunnforskinsprogram knytte til internasjonale forskingsorganisasjonar: *Kjerne- og partikelforforskning* (CERN), *Romforskning* (European Space Agency) og *ESRF-følgjeforskning* (European Synchrotron Radiation Facility). I tillegg vart følgjande grunnforskinsprogram finansierte: *Katalyse og organisk syntetisk kjemi*, *Berekningsorientert matematikk*, *Grunnleggjande næringsretta bioteknologi*.

Grunnforskinsprogrammet *eVitenskap – Infrastruktur, Teori og Anvendelser* (eVITA) vart oppretta hausten 2005. Programmet er eit forskings- og infrastrukturprogram innretta mot bereknings- og dataintensive utfordringar i naturvitenskap, teknologi og medisin.

Eit handlingsretta program for marine ressurser, miljø og forvalting vart også finansiert over denne posten. Forskinga her vart vidareført i programmet *Havet og kysten* frå 2006.

*NANOMAT* skal styrke kompetansen innanfor nanoteknologi og nye materialar. Arbeidet med ein nasjonal strategi for nanovitskap og nanoteknologi starta i 2005, og strategien er forventa å vere ferdig i løpet av 2006.

Løyvinga til IKT-senteret Simula på Fornebu vart i 2005 ført vidare med ei samla ramme på 49 mill. kroner. Av desse kom 29 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet. I ei rangering gjord av det velrenomerte tidsskriftet *Journal of Systems and Software* vart Software Engineering-avdelinga ved Simula Research Laboratory rangert som nummer 14 i verda og på tredje plass i Europa. I same tidsskrift vart ein av seniorforskarane rangert som nummer tre i verda og nummer ein i Europa.

Formidlingsprogrammet gir støtte til nettstader, skolekonkurransar og tv-formidling av forsking til barn. I 2005 vart det løyvd 3 mill. kroner til formidling. Eit viktig prosjekt i 2005 har vore å støtte opp under den nasjonale gjennomføringa av Verdas fysikkår.

#### *Resultatmål for 2007*

Tildelinga til naturvitenskapleg og teknologisk forsking skal i 2007 vere om lag 373 mill. kroner. Kvalitet i forskinga må stå i fokus, og Forskningsrådet skal leggje særskild vekt på kvalitetsfremmende tiltak. Midlar til frie prosjekt er eit viktig verkemiddel for å sikre kvalitet og fagleg fornying, og skal framleis prioriterast. Løyvingane til Simula-senteret skal vidareførast på same nivå som i 2006. Løyvingane til programmet for tungrekning skal vidareførast på same nivå som i 2006. Vidare skal løyvinga nyttast til auka kontingen til EISCAT og til å styrke programmet eVITA.

#### **Rekruttering**

Tildelinga til rekruttering gjeld ordninga med *Yngre framifrå forskarar* og rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren.

### *Resultatrapport for 2005–06*

Tildelinga til ordninga *Yngre framifrå forskarar* (YFF) var 20 mill. kroner i 2005 og 30 mill. kroner i 2006. Ordninga gir yngre, særskilt talentfulle forskarar på alle fagområde ekstra gode rammevilkår for at dei skal kunne nå internasjonal toppklasse og utvikle seg til gode framtidige forskingsleiarar. Etter vurdering av utanlandske fagekspertise peikte Noregs forskingsråd i 2004 ut 26 forskarar frå ulike fagområde som fekk inntil 2 mill. kroner i årleg støtte. Av desse er fire kvinner. Gjennom YFF tek Forskningsrådet dessutan del i ei europeisk ordning kalla *European Young Investigators (EURYI)*. Det norske bidraget er 2 mill. kroner årleg i ein femårsperiode.

Av løyinga på posten gjekk 15 mill. kroner til rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren i 2005. I 2006 var tildelinga 16 mill. kroner. I 2006 har midlane finansiert om lag 40 stipendiatårsverk på desse inn satsområda: 24 årsverk på fiskeri- og havbrukssektoren og 16 årsverk på landbrukssektoren. Delen kvinner har vore over 50 pst. sidan 2000.

### *Resultatmål for 2007*

Av løyinga på posten skal om lag 46 mill. kroner nyttast til rekruttering i 2007. Tildelinga til ordninga *Yngre framifrå forskarar* skal vere om lag 30 mill. kroner. Tildelinga til rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren skal vidareførast med om lag 16 mill. kroner.

### Vitskapleg utstyr

#### *Resultatrapport for 2005–06*

I 2005 løvde departementet 20 mill. kroner til innkjøp av vitskapleg utstyr gjennom utstyrsutvalet. I 2006 var tildelinga 21 mill. kroner.

Midlane blir forvalta av utstyrsutvalet i Forskningsrådet. Utvalet har i perioden 2003–06 representantar frå universiteta, dei vitskaplege høgskolane og dei statlege høgskolane. Utvalet skal fordele midlar til vitskapleg utstyr, utarbeide ein nasjonal utstyrssstrategi og samordne innkjøp mellom institusjonane.

Kvaliteten på det vitskaplege utstyret og databasane betyr mykje for kvaliteten i forskinga. Dette gjer satsing på vitskapleg utstyr og infrastruktur naudsynt. Samstundes er kvaliteten på utstyret ein føresetnad for internasjonal samarbeid.

Midlane gjekk til å dekkje forpliktingane frå tidlegare år på 18 mill. kroner medrekna løyinga til

Norsk laboratorium for akseleratordatering ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet for perioden 2004–06.

### *Resultatmål for 2007*

Tildelinga til vitskapleg utstyr over denne posten skal vere om lag 10 mill. kroner i 2007. I tillegg foreslår departementet at 12 mill. kroner av den auka avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping skal nyttast til slikt utstyr, jf. kap. 286 post 50.

### Internasjonalisering

Løvinga gjeld det arbeidet Forskningsrådet gjer for å styrke norsk deltaking i internasjonalt forskings samarbeid, og omfattar mellom anna EU-samarbeid, bilateralt samarbeid og nordisk samarbeid.

### *Resultatrapport for 2005–06*

Løvinga til internasjonalisering var 76 mill. kroner i 2005 og 95 mill. kroner i 2006. Tiltak for å stimulere norske miljø til deltaking i EUs sjette ramme program har hatt høg prioritet. Verkemidla i det sjette rammeprogrammet er meir omfattande og krevjande enn tidlegare. Nasjonal tilleggsfinansiering er vurdert som naudsynt for å sikre og auke deltakinga frå norske forskingsmiljø. Institutt som er tildelte finansiering gjennom EUs ramme program, har sidan 2004 motteke delfinansiering frå Forskningsrådet for å følgje opp EU-prosjekta best mogleg. Ordninga har vore sentral for norsk suksess i sjette ramme program. Forskningsrådet har i tillegg nytt store ressursar på prosjektføring og på å rettleie forskingsmiljøa i spørsmål om EU-prosjekt. Norske forskingsmiljø har så langt gjort det godt innanfor sjette ramme program, jf. omtale under kap. 288 post 73.

I tråd med tilrådingar i rapporten om forskar mobilitet til Noreg frå 2003, har Forskningsrådet teke på seg ansvaret for å vere eit mobilitetssenter i det europeiske nettverket av mobilitetssenter (NORMOB). Forskningsrådet har òg fått støtte frå EU til å etablere ein norsk nettportal som er kopla opp mot EUs eigen nettportal for forskarmobilitet, [www.eracareers.com](http://www.eracareers.com). Gjennom å gi strukturert informasjon om reglar o.a. skal det norske mobilitetssenteret og portalen vere eit hjelpe middel for både norske og utanlandske forskarar som ønskjer eit opphold utanfor sitt eige land.

Forskningsrådet har i 2005 og 2006 arbeidd med oppfølging av strategien for å styrke forskings- og teknologisamarbeidet med Nord-Amerika, mellom anna i samarbeid med Innovasjon Noreg. Vidare

harrådet lagt til rette for auka forskingssamarbeid med Japan, Kina, India, Frankrike og Tyskland.

### *Resultatmål for 2007*

Tildelinga til internasjonaliseringstiltak skal i 2007 vere om lag 103 mill. kroner. Forskingsrådet skal fremme internasjonalt forskingssamarbeid og forskarmobilitet. EUs sjuande rammeprogram for forsking og teknologisk utvikling (2007–13) vil starte opp i 2007. Forskingsrådet skal arbeide for god norsk deltaking også i dette rammeprogrammet.

Ordninga med delfinansiering av eigendelen når norske forskingsinstitutt får tildelt prosjekt frå EU, skal førast vidare. Forskingsrådet skal forvalte midlane som ei felles ordning, sjølv om løyvingane kjem frå ulike departement.

For at Noreg skal få best mogleg nytte av deltainga i rammeprogrammet, er det naudsynt å ha nasjonale eksperter i Europa-kommisjonen. Desse skal medverke til å auke kunnskapen om EUs forskingspolitikk og rammeprogrammet. Forskingsrådet skal medverke aktivt til å rekruttere og finansiere fleire norske eksperter.

Forskingsrådet skal i samarbeid med Innovasjon Noreg vidareutvikle bilateralt samarbeid mellom Noreg og andre land. Innanfor tildelinga skal Forskingsrådet styrke løyvinga til samarbeidet mellom Noreg og Russland om polarforskning med 1 mill. kroner. Vidare skal Forskingsrådet følgje opp dei forslaga som ligg i strategien for auka forskings- og teknologisamarbeid med Nord-Amerika, jf. nærmare omtale i kategoriinnleiinga, samt den bilaterale forskings- og teknologiavtalen med USA. Forskingsrådet skal også følgje opp det bilaterale forskingssamarbeidet med Japan, Kina, India og Sør-Afrika.

Ordninga med internasjonale stipend til individuelle studieophald, prosjektførebuingar og forskarutveksling med utlandet, med auka vekt på prioriterte samarbeidsland, skal førast vidare.

Forskingsrådet skal halde fram med å utvikle det nordiske forskings- og innovasjonsarbeidet vidare, jf. kategoriinnleiinga. Nye satsingar på områda stamcellforskning, velferdsforskning med fokus på arbeidsmarknad og den skandinaviske modellen, samt mat, ernæring og helse, skal finansierast av Forskingsrådet saman med NordForsk og nasjonale forskingskjelder i dei andre nordiske landa.

### **FUGE (funksjonell genomforskning)**

*FUGE* er oppretta for å styrke forsking og kompetanseutvikling innanfor funksjonell genomforskning i Noreg, og for å medverke til at Noreg kan bli ein

likeverdig internasjonal partnar på feltet. Løyvinga over denne posten var på 51 mill. kroner i 2006. I tillegg har Forskingsrådet i 2006 tildelt til saman 120 mill. kroner til *FUGE* av avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping, jf. kap. 286 post 50.

*FUGE* starta i 2002 og skal avsluttast i 2011. Programmet inkluderer fleire fagområde: biologisk grunnforskning, IKT (bioinformatikk), medisinsk og marin forsking. Ei hovudsatsing hittil har vore å etablere elleve teknologiplattformer, som er nasjonale service- og kompetansesenter innanfor ulike spesialområde. Plattformene skal vere ein ressurs både for forskingsmiljø og bedrifter. *FUGE* har i 2005 inngått samarbeid med *FORNY* og Innovasjon Noreg for å styrke norsk næringsutvikling i bioteknologi. Internasjonalt deltek *FUGE* i tre ERA-nett (jf. kap 288 post 73) og i ulike samarbeidsaktivitetar med Nord-Amerika og Norden. Rekruttering er ein viktig del av satsinga, og programmet finansierer 47 doktorårsverk (53 pst. kvinner) og 33 postdoktorårsverk (36 pst. kvinner), i tillegg til 15 karrierestipend (33 pst. kvinner). *FUGE* gjennomgår no ei midtvegsevaluering som skal vere avslutta hausten 2006.

Departementet legg til grunn at den samla satsinga på *FUGE* blir ført vidare på om lag same nivå som i 2006, jf. òg kap. 286 post 50.

### **Ordning for finansiering av små driftsmidlar**

I 2006 var det løyvd 40 mill. kroner til ei mellombels ordning for å auke tilgangen på små driftsmidlar til vitskapleg tilsette ved universitet og høgskolar. I samsvar med forslaget i St.meld. nr. 20 (2004–2005) er ordninga meint å vare til 2010. Sjå nærmare omtale i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskningsdepartementet*. Institusjonane i universitets- og høgskolesektoren har handsama og prioritert søkerader, og sendt ei samla innstilling til Forskingsrådet, som vurderer om søkeradene tilfredsstiller gjeldande krav. I 2006 vart det gitt midlar til alle dei 41 institusjonane som søkte ordninga. Totalt vart det gitt driftsmidlar til 1 378 forskarar. Tildelinga til denne ordninga skal førast vidare på same nivå som i 2006.

### **Kommersialisering av forskingsresultat**

Den forskinga som går føre seg ved dei offentlege forskingsinstitusjonane, bør komme samfunnet til gode. Auka kommersialisering av forskingsresultat og oppfinningar frå universitet og høgskolar er derfor eit prioritert mål for Regjeringa, sjå også kategori 07.60 (om innovasjon og randsoneinstitusjoner). I 2005 vart det i alt løyvd om lag 14 mill. kroner til programmet *FORNY* over budsjettet til

Kunnskapsdepartementet. 8 mill. kroner av løvinga gjekk over denne posten. Løvinga gjekk til teknologioverføringskontora ved universiteta, infrastrukturtiltak ved institusjonane i universitets- og høgskolesektoren og til Innovasjon 2010-prosjektet i Midt-Noreg. Tildelinga til kommersialisering av forskingsresultat over denne posten var i 2006 7 mill. kroner. I 2007 skal tildelinga vere om lag 7 mill. kroner. Nærings- og handelsdepartementet har i samråd med Kunnskapsdepartementet sett i gang eit arbeid for å greie ut og vurdere dei ulike offentlege aktørane og verkemidla innanfor kommersialisering av forsking. Målet er å sjå på behovet for auka samarbeid, arbeidsdeling og forenkling med sikt på auka verdiskaping. Arbeidet skal vere ferdig i løpet av våren 2007.

### Strategiske fellesfunksjonar og informasjon

Dei strategiske fellesfunksjonane i Forskningsrådet omfattar m.a. forskingspolitisk rådgiving, styrking av kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken, formidlingstiltak og arbeid med å styrke den rolla Forskningsrådet har som møteplass for aktørane i forskingssystemet.

### Resultatrapport for 2005–06

Av løvinga på posten gjekk 49 mill. kroner til strategiske fellesfunksjonar og informasjon i 2005. I 2006 er tildelinga 51 mill. kroner.

Nasjonal FoU-statistikk er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken. Statistikken blir laga av NIFU STEP og Statistisk sentralbyrå (SSB) med finansiering frå Forskningsrådet. I samarbeid med NIFU STEP og Statistisk sentralbyrå utarbeider Forskningsrådet rapporten *Det norske forsknings – og innovasjonssystemet-statistikk og indikatorer* annakvart år. Den siste kom ut i februar 2006. Rapporten gir eit samla bilet av tilgjengeleg statistikk for FoU og innovasjon, forutan analysar og internasjonale samanlikningar.

Det daverande Utdannings- og forskingsdepartementet oppretta i 2004 *Komite for integreringstiltak – Kvinner i forsking*, og det vart avsett til saman 3 mill. kroner til dette arbeidet i 2005. Kunnskapsdepartementet vil evaluere tiltaket i løpet av hausten 2006.

Satsinga på teknologiframsyn (CREATE) som starta i 2002, vart fullført i 2005. Det har vore gjennomført fem framsynsprosjekt innanfor områda bioteknologi, material- og nanoteknologi, IKT, energisystem og havbruk. Det er òg laga ein analyserapport om behovet for nye former for tverrfagleg samspill basert på dei fem prosjekta. Sat-

singa har vore eit nybrottsarbeid med breie medverknadsprosessar. Målet har m.a. vore å finne metodar og arbeidsformer for å identifisere strategiske forskingsfelt. Forskningsrådet arbeider med å følgje opp prosjekta og dei faglege tilrådingane. Satsinga vil bli evaluert internt i Forskningsrådet i løpet av hausten 2006 som ein del av grunnlaget for det vidare arbeidet med teknologiframsyn.

Forskningsrådet har forvaltningsansvar for *KILDEN* (Informasjons- og dokumentasjonssenter for kvinne- og kjønnsforskning i Noreg), Teknologirådet og dei tre nasjonale forskingsetiske komiteane for medisin, naturvitenskap og samfunnsvitskap og humaniora (NEM, NENT og NESH). *KILDEN* som tenesteytande organ vart evaluert av Statskonsult i 2005. Hovudkonklusjonen er positiv. Statskonsult tilrår at Forskningsrådet framleis skal ha ansvar for senteret, men at styringsdialogen bør styrkast. Ei arbeidsgruppe skal vurdere eventuelle endringar i m.a. eigartilhøve, finansiering og lokalisering. Gruppa skal legge fram alternative forslag til vidare organisering innan utgangen av 2006.

Dei nasjonale forskingsetiske komiteane er no lovlista, jf. Ot.prp. nr. 58 (2005–2006). Ei evaluering av verksemda i komiteane vil bli gjennomført i 2006.

Forskningsrådet har halde fram med utvikling av formidlingstiltak retta mot allmenta. Formidlinga skjer m.a. gjennom bladet *Forskning* og nettstaden *forskning.no*. Bladet *Forskning* har auka opplaget med 20 pst. Nettstaden *forskning.no* aukar òg kraftig, og hadde i 2005 4,2 millionar unike besøk, mot 2,8 millionar unike besøk året før. *Forskning.no* blir dagleg sitert av ei rekke andre medium, og blir mykje brukt som kjelde av journalistar. Som oppfølging av St.meld. nr. 20 (2004–2005) vil Forskningsrådet i samarbeid med andre forskingsinstitusjonar utvikle ein ekspertbase, kalla *EkspertSvar* som skal vere operativ i 2007. Forskningsrådet deler òg ut ein formidlingspris og ein pris for framifrå forsking.

Forskningsdagane 2005 hadde fysikk og design som tema og fekk god mediedekning. Den internasjonale kontakten om slike forskingsformidlingstiltak har vore aukande, m.a. gjennom EU, og det blir stadig utvikla nye arrangementsformer. Aktiviteten innanfor Nysgjerrigper-prosjektet har vore høg, og prosjektet har vekt interesse også utanfor Noreg. Framtidig rekruttering til forskaryket er eit viktig mål. Nettstaden *nysgjerrigper.no* er lansert, med eigne sider på engelsk, og har vorte ein viktig kanal mot brukarane. Forskningsrådet samarbeider med *Stiftelsen ungdom og forsking* om konkurransen *Unge forskrarar*, der målgruppa er ungdom frå 14 til 20 år.

### **Resultatmål for 2007**

Tildelinga til strategiske fellesfunksjonar og informasjon skal vere om lag 46 mill. kroner i 2007. Forskrådet skal vidareføre arbeidet med koordinering av FoU-statistikken og utvikling av Forskrådet som møteplass i forskingssystemet. Arbeidet for likestilling i forsking skal halde fram. Arbeidet med forskingsformidling skal førast vidare.

Tildelinga til etikkarbeidet skal styrkast med minst 2,4 mill. kroner. Auken gjeld dels NEMs koordineringsfunksjon for dei regionale komiteane for medisinsk forskingsetikk, dels oppretting av eit nasjonalt utval for gransking av påstander om forskingsfusk, jf. Innst. O. nr. 70 (2005–2006) og Ot.prp. nr. 58 (2005–2006). Forvaltningsansvaret for det nye utvalet skal inntil vidare ligge hos Forskrådet.

### **Budsjettforslag for 2007**

Budsjettforslaget for kap. 285 post 52 viser totalt ein reduksjon på 7,1 mill. kroner i forhold til 2006. I tillegg til løyvingane over post 52 blir tilsegnsmakta ført vidare på same nivå som i 2006, dvs. 37,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

### **Post 55 Administrasjon**

#### **Resultatrapport for 2005–06**

Administrasjonsutgiftene til Noregs forskingsråd blir finansierte av Kunnskapsdepartementet på vegner av alle departementa. Løyvinga på denne posten utgjorde om lag 4,7 pst. av dei samla løyvingane frå departementa til Forskrådet. I 2005 var 339 årsverk knytte til administrasjonen. Det er ein auke på sju årsverk i høve til 2004. 61 pst. av årsverka blir utførte av kvinner, om lag same nivå som dei siste åra.

I 2005 har Forskrådet arbeidd med å implementere og vidareutvikle den organisasjonsstrukturen som vart lagd gjennom omorganiseringa av rådet i 2003. Innovasjonsdivisjonen er omorganisert i tråd med etableringa av ny verkemiddelpor-

tefølje for innovasjon. Staben til administrerande direktør vart utvida i 2005, for å styrke arbeidet med strategiske tema, internasjonalisering og FoU-administrasjon.

Gjennom betre bruk av IT-verktøy har Forskrådet auka effektiviteten og kvaliteten på tenestene sine. Den elektroniske søknadsordninga (eSak) vart hausten 2005 oppgradert for å få betre kapasitet og bli meir driftssikker. Forskrådet sette også i drift ei løysing for sjølvbetent innlevering av framdriftsrapportar og elektroniske fagekspertvurderingar.

I perioden 2003–05 gjennomførte Riksrevisjonen ei undersøking av handlingsretta program i Forskrådet. Riksrevisjonen peikte på at programma må bli betre når det gjeld målstyring og formidling. Forskrådet har gått gjennom krava til målstyring i programma og nedfelt desse i relevante dokument. Rådet har også laga hjelpeverktøy for det arbeidet programma skal gjere med formidling og rapportering. Formidlinga på nettsidene til Forskrådet er forbetra, mellom anna gjennom betre verktøy for navigasjon og søk. Frå 2006 vil årsrapportane frå alle programma i Forskrådet bli lagde ut på nettet. Sjå også omtale i kategoriinnleininga.

### **Resultatmål for 2007**

Den administrative verksemda skal omfatte oppgåver for alle departementa, og inkludere forvaltning og fordeling av heile budsjettet til Forskrådet. I 2007 skal Forskrådet særleg arbeide med oppfølging av St.meld. nr. 20 (2004–2005). Forskrådet skal styrke rolla si som forskingspolitiske rådgivar. Administrasjonen skal også arbeide med tiltak for å redusere budsjettmessige overføringer.

### **Budsjettforslag for 2007**

Løyvinga til administrasjon av Noregs forskingsråd blir ført vidare på om lag same nominelle nivå som i 2006.

### **Kap. 286 Fondet for forsking og nyskaping**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
50	Overføring til Noregs forskingsråd	641 438	707 760	939 560
95	Fondskapital	3 200 000	14 000 000	10 000 000
	Sum kap. 286	3 841 438	14 707 760	10 939 560

Fondet for forskning og nyskaping vart oppretta 1. juli 1999 og har frå 1. januar 2006 ein fondskapital på 50 mrd. kroner. Fondet skal sikre langsigtige og stabile forskingsløyvingar og skal medverke til å oppfylle dei overordna forskingspolitiske måla. Fondet har i dei siste åra vore eit viktig instrument for å styrke løyvingane til forsking. Framfor alt har midlane gått til satsingar som betrar kvaliteten i norsk forsking. I samsvar med St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* vil den auka avkastninga frå fondet kunne bli nytta til å følgje opp alle dei forskingspolitiske prioriteringane til Regjeringa.

### **Post 50 Overføring til Noregs forskingsråd**

#### **Resultatrappport for 2005–06**

Noregs forskingsråd er ansvarleg for fordelinga av den delen av avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping som blir løyvd over kap. 286. Midlane er i 2005 nytta i tråd med resultatmåla. Løyvinga gjekk i 2005 til følgjande formål:

**Tabell 4.19 Midlar frå Fondet for forsking og nyskaping. Fordeling etter verkemiddel. 2005**

Verkemiddel	mill. kroner
Store program	272
Andre programsatsingar	55
Frittståande prosjekt	84
Infrastruktur og institusjonsstøtte	218
Nettverkstiltak	7
Diverse FoU	4
<b>Sum</b>	<b>641</b>

Kvalitet er det fremste kriteriet for tildeling av midlar frå Forskningsfondet. Forskarutdanning og internasjonalisering er sentrale element i dei ulike satsingane. Fondet medverkar til målet om å auke talet på rekrutteringsstillingar. 205 doktorårsverk og 117 postdoktorårsverk vart finansierte med midlar frå fondet i 2005.

Drygt 40 pst. av fondsmidlane er i 2005 nytta til tematiske satsingar gjennom dei sju store programma i Forskningsrådet: *FUGE*, *NANOMAT*, *VERDIKT*, *HAVBRUK*, *NORKLIMA*, *RENERGI* og *PETROMAKS*. Dei store programma er særleg viktige for realisering av dei tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingspolitikken.

- *FUGE* (funksjonell genomforskning) dekkjer fagleg breitt innanfor biologisk grunnforskning, bioinformatikk samt marin og medisinsk forsking. Programmet har i 2005 inngått samarbeid med *FORNY* og Innovasjon Noreg for å

styrke næringsutviklinga av bioteknologiverksemder i oppstartingsfasen.

- *HAVBRUK* skal sikre og vidareutvikle det faglege grunnlaget for marknadsretta, miljø- og ressursvennleg produksjon av akvatiske organismar. Laks og torsk er dei høgst prioriterte artane i programmet.
- *NANOMAT* tek sikte på å skaffe ny kunnskap for industriutvikling innanfor energi- og miljø-teknologi, nanostrukturerte materialar, materialar for IKT, sensorar og smarte materialar, og for å utnytte nye materialar og nanoteknologi innanfor helse og velferd. Arbeidet med ein nasjonal strategi for nanovitskap og nanoteknologi vart starta i 2005 og skal vere ferdig i 2006.
- *NORKLIMA* skal framskaffe kunnskap om klimasystemet, framtidige klimaendringar og korleis dette gir nye vilkår for samfunnsutvikling, internasjonale forhold og ressursforvaltning. Den marine klimaforskinga i programmet har i 2005 m.a. vore omtalt i fleire artiklar i tidsskriftet *Science*.
- *PETROMAKS* skal gjennom styrkt kunnskapsutvikling, næringsutvikling og internasjonal konkurransekraft medverke til at petroleumsressursane skapar auka verdi for samfunnet. I 2005 har programmet m.a. medverka spesielt til å etablere samarbeid med USA og Russland.
- *RENERGI* skal utvikle kunnskap og løysingar som grunnlag for miljøvennleg, økonomisk og rasjonell forvaltning av energiressursane i Noreg. Sentrale forskingsområde er m.a. energipolitikk, energibruk, fornybar energiproduksjon, hydrogen og naturgass. Programmet har i 2005 etablert samarbeid med sterke utanlandske miljø og delteke i fleire store EU-finansierte prosjekt.
- *VERDIKT* skal medverke til at Noreg blir leiande i å utvikle og bruke kunnskap for samhandling, innovasjon og verdiskaping i eit IKT-basert nettverkssamfunn. Programmet starta opp i 2005.

Under kategorien *Andre programsatsingar* ligg òg *FIFOS*, som er ei satsing på innovasjon og fornying av offentleg sektor, og programmet *Kunnskapsutvikling for norsk språkteknologi (KUNSTI)*.

Fondsfinansieringa innanfor *Frittståande prosjekt* er dominert av *STORFORSK*, som skal styrke den frie grunnforskninga ved å støtte større prosjekt enn det vanlegvis er rom for innanfor den frie prosjektstøtta. I 2005 vart det delt ut i overkant av 250 mill. kroner til 17 grunnforskingsprosjekt over ein fireårsperiode. Dei frittståande prosjekta inneheld òg ei bioprospeksjonssatsing som mellom anna skal utvikle forskargrupper som har føreset-

nader for å hevde seg internasjonalt, og som har potensial til å framstå som attraktive samarbeids-partnarar for industrien.

Over ein tredel av fondsmidlane vart i 2005 brukte til *Infrastruktur og institusjonsstøtte*. I denne kategorien ligg m.a. *Senter for framifrå forsking* (SFF), som er ei av hovudprioriteringane innanfor fondsmidlane. SFF-ordninga er viktig for å auke kvaliteten i forskingsmiljøa. Den vitskaplege publiserenga syner at dei fleste av dei 13 sentra, som vart oppretta i 2002–03, er i internasjonal topp-kasse. I løpet av 2005 hadde sentra til saman 467 publikasjonar i vitskaplege tidsskrift med referee-ordning, deriblant fleire i *Science* og *Nature*. Dette er ein auke på 87 publikasjonar frå 2004. Internasjonalisering er eit viktig mål for sentra. I tillegg til å ha rekruttert fleire utlendingar til den vitskaplege staben har sentra eit utstrekkt samarbeid med forskargrupper i andre land. 720 gjesteforskarar har vore på kortare opphold ved sentra i løpet av 2005. Noregs forskingsråd skal gjennomføre ei midtvegsevaluering av sentra i 2006, som grunnlag for vedtak om vidare drift dei siste fem åra, eventuelt avvikling etter dei første fem åra. I 2005 hadde Forskningsrådet ei ny utsynsing av SFF-ordninga. Av 98 nye søkjavarar har 26 gått vidare til andre kvalifiseringsrunde. Forskningsrådet har sett av midlar til åtte–ti nye senter med oppstart i 2007.

Den nye ordninga med *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI) blir finansiert over denne poseten. Sjå omtale i kategoriinnleininga. 14 senter vart valde ut i 2006:

- Center for e-Field and Integrated Operations for Upstream Petroleum Activities (NTNU)
- COIN – Concrete Innovation Centre (SINTEF)
- CREATE – CRI in Aquaculture Technology (SINTEF Fiskeri og havbruk)
- Information Access Disruptions (FAST asa)
- Innovative Natural Gas Processes and Products (Universitetet i Oslo)
- MabCent; Marine bioactives & drug discovery (Universitetet i Tromsø)
- Medical Imaging Laboratory for Innovative Future Healthcare (NTNU)
- Multiphase Flow Assurance Innovation Centre (Institutt for energiteknikk)
- Norwegian Manufacturing Future (SINTEF)
- Statistics for Innovation (Norsk regnesentral)
- Stem Cell Based Tumor Therapy (Rikshospitalet)
- Structural Impact Laboratory (NTNU)
- The Michelsen Centre for Industrial Measurement Science and Technology (Christian Michelsen Research)
- Tromsø Telemedicine Laboratory (Universitetssjukehuset i Nord-Noreg)

Kategorien *Infrastruktur og institusjonsstøtte* gjeld òg satsingar på grunnleggjande sjukdomsmekanismer og medisin- og helsegrupper. Desse satsingane skal mellom anna utvikle særleg sterke forskingsmiljø på høgt internasjonalt nivå. Kategorien inneheld òg omstruktureringmidlar for instituttsektoren, løvingar til vitskapleg utstyr, og kompetansefelt for næringsutvikling som gjeld nasjonale kompetansemiljø som er særleg relevante for framtidig næringsutvikling.

Kategorien *Nettverkstiltak* går til Europauniversitetet i Firenze, *Leiv Eiriksson mobilitetsprogram* og anna internasjonalt samarbeid.

### Resultatmål for 2007

Avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping skal nyttast i tråd med dei overordna prioriteringane i forskingspolitikken. Kvalitet skal vere det fremste kriteriet for tildeling av midlar frå fondet.

I 2007 aukar løyvinga over denne posten med om lag 232 mill. kroner. Den auka avkastninga skal nyttast i tråd med tabell 4.20:

Tabell 4.20 Fordeling av auka avkastning frå Fondet for forsking og nyskaping (i mill. kroner)

Det internasjonale polaråret	80
Energi og miljø	40
Mat	10
Hav	10
Helse	20
Brukstyrt innovasjonsarena	20
Strategiske høgskoleprosjekt	10
Vitskapleg utstyr	12
Utvila gáveforsterkingsordning	30
Sum	232

Regjeringa foreslår at 80 mill. kroner av avkastninga skal nyttast til ei stor satsing på Det internasjonale polaråret (IPY), jf. omtale i kategoriinnleininga. Den norske innsatsen skal m.a. rettast mot betre samarbeid i nordområda, meir presise klimaprognosar, betre observasjons- og analyseverne for fysiske, kjemiske og biologiske forhold i Arktis, og auka interesse for og rekruttering til realfag.

Av den auka løyvinga på posten skal 80 mill. kroner nyttast til temasatsingar, jf. St.meld. nr. 20 (2004–2005). 40 mill. kroner av dette skal nyttast til ei stor satsing på forsking innanfor energi og miljø, gjennom 25 mill. kroner til *Gassmaks* og 15 mill. kroner til *NORKLIMA* og *RENERGI*. Den tematiske satsinga *Mat* skal styrkast med 10 mill. kro-

ner, gjennom auka løyvingar til programmet *Norsk mat frå sjø og land*. 10 mill. kroner skal nyttast til satsingsområdet *Hav*, gjennom auka løyvingar til programma *HAVBRUK* og *HAVKYST*. Forsking innanfor helseområdet skal styrkjast med 20 mill. kroner. 10 mill. kroner av dette skal nyttast til ei ny heilskapleg forskingsatsing knytt til sjukefråvær og utstøyting frå arbeidslivet. Sjå under del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet for meir omtale. Satsinga skal òg styrke stamcelleforskning og global helseforskning.

Avkastninga frå fondet kan frå 2007 også nyttast til tiltak for å styrke FoU-innsatsen til næringslivet, jf. St.meld. nr. 20 (2004–2005). 20 mill. kroner av løyvinga skal nyttast til *Brukstyrt innovasjonsarena* (BIA). Vidare skal 10 mill. kroner nyttast til strategiske høgskoleprosjekt.

12 mill. kroner av den auka avkastninga skal nyttast til vitskapleg utstyr, særleg innanfor matematisk-naturvitenskaplege og teknologiske fag. I 2006 vart det innført ei ordning med offentleg gaveforsterking av gåver frå privatpersonar og verksemder til grunnforskning. Det vart sett av 50 mill. kroner til dette i 2006. Forskningsrådet skal nytte 30 mill. kroner til å auke tildelinga slik at samla ramme for ordninga blir 80 mill. kroner. Ordninga skal frå 1. januar 2007 også omfatte gåver frå andre private givarar, m.a. ideelle organisjonar, jf. også omtale i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskningsdepartementet*. For meir omtale av satsingane over, sjå del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Satsinga på *FUGE* og ordningane med *Senter for framifrå forsking* og *Senter for forskingsdriven innovasjon* skal finansierast av fondsmidlar. I tillegg foreslår departementet å løyve 51 mill. kroner til *FUGE* over kap. 285 post 52. I 2007 skal det etablerast eit nordisk senter i molekylær medisin knytt til EMBL. Universitetet i Oslo skal ha ein knutepunktfunksjon. Tildelinga til *FUGE* i 2007 skal gi rom for å støtte dette. Senteret skal ha fokus på å overføre resultata frå grunnleggjande forsking til å anvende desse klinisk. 51 mill. kroner av avkastninga skal nyttast til langsiktig, grunnleggjande forsking retta mot petroleumssektoren.

#### Budsjettforslag for 2007

Løyvinga over kap. 286 post 50 aukar med om lag 232 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2006. Auken kjem som følgje av større avkastning frå Fondet for forsking og nyskaping på grunn av kapitalauken i 2006, jf. kap. 3286.

#### Post 95 Fondskapital

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forsking og nyskaping med 10 mrd. kroner frå 1. januar 2007, slik at samla kapital blir 60 mrd. kroner. Kapitalen i Fondet for forsking og nyskaping blir plassert som kontolån til staten med ei rente som tilsvarer renta på statsobligasjoner med ti års bindingstid.

### Kap. 3286 Fondet for forsking og nyskaping

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
80	Avkastning	1 989 017	2 134 060	
85	Avkastning			2 653 460
	Sum kap. 3286	1 989 017	2 134 060	2 653 460

Kapittelet gjeld avkastning frå Fondet for forsking og nyskaping, jf. kap. 286. Regjeringa ønskjer å skilje mellom renteinntekter og andre inntekter over 80-postar. Frå budsjettet for 2007 skal postane 80–84 nyttast til renteinntekter, og postane 85–89 skal nyttast til andre inntekter. Departementet foreslår derfor å overføre løyvinga på post 80 til post 85.

Avkastninga aukar med 519 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2006, på grunn av kapitalauken på 14 mrd. kroner i 2006.

Avkastninga frå Forskningsfondet vil i 2007 bli fordelt med 505,3 mill. kroner i direkte forskingsløyvingar til universitet og høgskolar over kategori 07.60, 939,6 mill. kroner til Noregs forskningsråd over kap. 286 post 50, 988,7 mill. kroner til Forskningsrådet over kap. 285 post 52, 184 mill. kroner til EUs rammeprogram for forsking og teknologisk utvikling over kap. 288 post 73 og 35,9 mill. kroner over kap. 920 post 50 på budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

## Kap. 287 Forskningsinstitutt og andre tiltak

Post	Nemning	Rekneskap 2005	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
21	Særskilde driftsutgifter	3 224	4 202	3 362
50	NOVA	23 195		
52	Norsk Utanrikspolitisk Institutt	16 623		
53	NOVA og NUPI		41 094	42 656
54	Forskningsstiftelsar	46 584	48 075	49 902
56	Ludvig Holbergs forskingspris	9 127	9 100	9 100
71	Tilskott til andre private institusjonar	18 565	19 159	23 517
72	Til disposisjon for departementet	1 448		
73	Niels Henrik Abels matematikkpris	12 443	12 400	12 400
Sum kap. 287		131 209	134 030	140 937

### Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga skal nyttast til å dekkje utgifter til utgreningar o.a. som vil medverke til å betre kunnskapsgrunnlaget for forskningspolitikken. I 2005 er løyvinga i hovudsak nytta til å finansiere utarbeidning og oppfølging av St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*, som vart lagd fram i mars 2005. Midlar frå posten har i 2005 òg vore nytta til å styrke to strategiske instituttpogram ved NIFU STEP: eitt om internasjonalisering av forsking og høgre utdanning og eitt om politikk for kunnskapssamfunnet.

### Budsjettforslag for 2007

For 2007 foreslår departementet at løyvinga blir redusert med kr 840 000 i høve til saldert budsjett for 2006.

### Post 53 NOVA og NUPI

Forskinga og utviklingsarbeidet ved Norsk institutt for forsking om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) skal føre til auka kunnskap om sosiale tilhøve og endringsprosessar. Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI) har til formål å medverke til auka innsikt i mellomfolkelege spørsmål ved å drive forsking og ved å spreie informasjon om internasjonale tilhøve.

### Resultatrapport for 2005–06

NOVA har vedteke ein ny strategisk plan for perioden 2007–09. I hovudsak studerer NOVA det norske samfunnet. Men det er naudsynt å sjå norske

tilhøve i internasjonal samanheng, og utviklinga av disiplinar, teori og metode skjer i eit internasjonalt forskingsfellesskap. I den strategiske planen har NOVA som ambisjon at forskinga ved instituttet skal ha eit internasjonalt nivå. Det er òg ein ambisjon å styrke det komparative aspektet ved forskinga ved NOVA. Auka fokus på internasjonalt samarbeid vil vere avgjeraande for at NOVA skal nå målet om auka internasjonal finansiering.

Forskarane ved NOVA utførde 67 årsverk i 2005. NOVA er blant dei samfunnsvitskaplege forskningsinstitutta som har flest forskrarar med doktorgrad per forskarårsverk. Den vitskaplege publiseringa har auka noko frå 2004 til 2005, og talet på artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering har stige i 2005 samanlikna med i 2004. Basisløyvinga over kap. 287 stod for 34 pst. av dei samla inntektene til NOVA i 2005. Dette er noko lågare enn i 2004.

Forskinga ved NUPI er organisert i fire avdelingar: *Internasjonal politikk*, *Internasjonal økonomi*, *Utviklingsstudier* og *Russlandsstudier*. I tillegg driv instituttet eit program for Persiabukta, eit FN-program og eit program for opplæring av afrikanske sivile for deltaking i fredsoperasjonar (*Training for Peace*). Eit energiprogram med fokus på Barentsregionen og eit program om utforminga av tryggleikssektoren i Bosnia er under oppbygging. Instituttet har òg ei informasjonsavdeling.

Forskinga ved NUPI var i 2005 for ein stor del bygd rundt to strategiske instituttpogram. Det eine programmet er *European Security: Europe as Actor and Arena*, som til og med 2005 var program finansiert av Noregs forskingsråd om utviklingstrekk i europeisk utanriks- og sikringspolitikk i tida etter terrorangrepa mot USA 11. september

2001. Målet har blant anna vore å sjå på terrortrussele sin påverknad på utviklinga i forholdet mellom USA og Europa, for utviklinga i EUs utanriks- og sikringspolitikk og for utviklinga i ulike europeiske statars utanriks- og sikringspolitikk. Programmet har blitt gjennomført i samarbeid med eit tilsvarende program ved Institutt for fredsforskning (PRIO). Programmet vart avslutta i desember 2005. Det andre programmet er *Hegemoni og global politisk orden*, som NUPI har i samarbeid med mellom anna NTNU i Trondheim. Treårsperioden gjekk ut i 2005, men Noregs forskingsråd har gitt to års forlenging av programmet. Målet med programmet er todelt. På den eine sida blir spesifikke, aktuelle og samtidige utviklingstrekk i internasjonal politikk analysert, særleg i lys av stortakspolitikk i det internasjonale statssystemet. På den andre sida blir det nytta ei teoretisk og historisk tilnærming til hegemoni og globale makropolitiske utviklingstrekk.

Forskarane ved NUPI utførde 35,1 årsverk i 2005. I likskap med NOVA er NUPI blant dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta som har flest forskrar med doktorgrad per forskarårsverk. NUPI gir ut tre tidsskrift og artikkelerien *Hvor hender det?* Samanlikna med andre samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt har NUPI få kvinnelege forskrarar, sjølv om talet har auka noko dei siste åra. NUPI har ikkje klart å auke delen kvinnelege tilsette i forskarstabben i 2005 trass i at fleire tiltak er sette i verk. Basisløyvinga over kap. 287 utgjorde 29,7 pst. av dei samla inntektene til instituttet i 2005. Dette er om lag på same nivå som året før.

### Resultatmål for 2007

NOVA skal utvikle posisjonen sin som eit leiande forskingsinstitutt innanfor dei faglege kjerneområda sine. Instituttet skal framleis arbeide for å styrke det internasjonale samarbeidet og auke den internasjonale finansieringa.

NUPI skal vere eit leiande forskingsinstitutt innanfor dei faglege kjerneområda sine. Instituttet skal arbeide for å styrke finansieringa frå internasjonale finansieringskjelder. NUPIs arbeid for å rekruttere fleire kvinner til forskarstillingar skal halde fram.

### Budsjettforslag for 2007

Budsjettforslaget inneber at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### Post 54 Forskningsstiftelsar

Forskningsrådet har eit strategisk ansvar for instituttsektoren og har derfor fått ansvaret for å tildele basisløyvingane til forskningsinstitutta over denne posten. Basisløyvingane skal nyttast til å byggje opp langsiktig kompetanse på særskilde område. Dei skal ikkje nyttast til å subsidiere oppdragsforskning. Den årlege tildelinga av basisløyvingar gjør Forskningsrådet i stand til å følgje utviklinga både i sektoren og ved kvart einskilt institutt. Forskningsrådet arbeider for å fremme kvalitet i forskinga ved institutta, betre samarbeidsrelasjonar og fremme ei formålstenleg arbeidsdeling i sektoren. Arbeidet skjer gjennom kontakt med instituttleiarane, dialogmøte med institutta, systematiske instituttevalueringar, årleg rapportering frå institutta og tildelinger av strategiske instituttprogram.

### Resultatrapport for 2005–06

Posten finansierte i 2005 basisløyvingane til følgjande fem frittståande forskningsinstitutt: Institutt for fredsforskning (PRIO), Fridtjof Nansens Institutt (FNI), Institutt for samfunnsforskning (ISF), Forskningsstiftelsen Fafo og NIFU STEP Studier av innovasjon, forskning og utdanning.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet gjennomgår Forskningsrådet dei institutta som arbeider innanfor det arbeids- og sosialpolitiske området og området for utanriks- og tryggleikspolitikk. Arbeidet skal kartleggje korleis denne delen av instituttsektoren står seg, finne fram til moglege forbetringsspunkt og foreslå tiltak for forbetring. Gjennomgangen skal vere ferdig innan 1. januar 2007.

For 2005 la departementet mellom anna til grunn at Forskningsrådet skulle arbeide for å auke rekrutteringa av kvinnelege forskrarar ved dei institutta der delen av kvinner er låg. For alle dei samfunnsvitskaplege institutta har delen forskarårsverk utførte av kvinner auka frå 37 pst. i 1997 til 43 pst. i 2005. Den tematiske fordelinga av strategiske instituttprogram har sikra at det er vidareutvikla eller utvikla nye og sentrale kjerneområde ved institutta.

PRIO og FNI er utanrikspolitiske institutt. PRIO er vertskap for eitt av sentra for framifrå forsking, Center for the Study of Civil War. I 2005 tildelede Forskningsrådet totalt 17,6 mill. kroner i basisløyvingar til desse institutta over denne posten. Dei to institutta hadde til saman 56 forskarårsverk i 2005.

NUPI og Senter for klimaforskning (CICERO) fekk vidare 2,3 mill. kroner til strategiske instituttprogram over denne posten.

Fafo og Institutt for samfunnsforskning (ISF) driv hovudsakleg forsking om arbeidsmarknaden, arbeidslivet, velferd, veljaråtferd samt levekår i land i konflikt. I 2005 var den samla basisløyvinga til desse institutta 17,3 mill. kroner over denne posten. Institutta utførte 102 forskarårsverk i 2005.

I 2005 fekk NIFU STEP 9,4 mill. kroner i basisløyving over denne posten, og det vart utført 60 forskarårsverk i 2005.

### Resultatmål for 2007

Eit sentralt mål for Forskningsrådet er å medverke til å byggje opp den langsigte fagutviklinga ved institutta. Forskningsrådet skal vidare medverke til å styrke den internasjonale profilen og verksemda til institutta, m.a. gjennom samarbeid innanfor EUs rammeprogram for forsking.

Forskningsrådet skal innan 1. oktober 2006 levere ei utgreiing med forslag til nytt finansieringssystem for forskingsinstitutta. Av den grunn blir det ikkje sett i gang nye strategiske instituttprogram i 2007 for dei institutta som mottek basisløyving på denne posten.

Innanfor løyvinga til dei utanrikspolitiske institutta vil departementet framleis stimulere til strategiske satsingar. Særleg skal Forskningsrådet leggje vekt på at satsingane styrker samarbeidet mellom institutta.

NIFU STEP er eit sentralt nasjonalt kunnskapsmiljø for studiar og evalueringar av utdannings-, forskings- og innovasjonspolitikk. Forskningsrådet skal arbeide for å ta vare på og vidareutvikle kompetansen til instituttet.

### Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006. På same måten som FNI og PRIO kan NUPI søkje om midlar til strategiske instituttprogram frå denne posten.

Senter for klimaforskning (CICERO) kan i samarbeid med eitt eller fleire av dei andre utanrikspolitiske institutta òg søkje om midlar til slike program.

### Post 56 Ludvig Holbergs forskingspris

Ludvig Holbergs forskingspris er ein internasjonal vitskapleg pris innanfor humaniora, samfunnsvitskap, juss og teologi, og vart første gong delt ut i 2004. Prisen skal auke merksemda kring samfunnsvitskapleg og humanistisk forsking og medverke til kvalitetshaving og internasjonalisering av forskinga på desse områda. Holberg-prisen er finansiert av avkastninga frå Ludvig Holbergs min-

nefond, jf. kap. 3287 post 86. Prisbeløpet er på 4,5 mill. kroner. I 2005 gjekk prisen til den tyske filosofen og sosiologen Jürgen Habermas. Avkastninga finansierer også ulike arrangement i samband med prisutdelinga, ein nordisk pris, for yngre forskrarar på dei same fagområda, Nils Klim-prisen og arrangement retta mot barn og unge.

Avkastninga blir disponert av Universitetet i Bergen. Avkastninga frå Holberg-fondet i 2006 til bruk i 2007 vil vere 9,1 mill. kroner, jf. kap. 3287 post 86.

### Post 71 Tilskott til andre private institusjonar

Målet for ordninga er å medverke til at bestemte forskningsinstitusjonar held fram med eller styrker den faglege verksemda si og kompetansenivået sitt. Posten dekkjer tilskott til Senter for grunnforskning ved Det Norske Videnskaps-Akademiet, Det Norske Videnskabs-Akademiet i Oslo (DNVA), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Akademiet i Trondheim (DKNVS Akademiet), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse (DKNVS Stiftelse), vitskaplege fond, Egede Instituttet og Christian Michelsens Institutt.

### Rapport for 2005–06

Senter for grunnforskning skal vere eit felles miljø for særstakta norske og utanlandske forskarar og er viktig for å heve kvaliteten i grunnforskninga. Senteret fører vidare ei rekke seminar som utgjer ein fast del av den tverrfaglege verksemda ved senteret. Våren 2005 hadde 26 forskarar lengre opphold ved senteret, av desse 13 norske forskarar og 13 utanlandske forskarar. Hausten 2005 arbeidde 35 forskarar ved senteret.

DNVA, DKNVS Akademiet og DKNVS Stiftelse har til oppgåve å fremme norsk vitskap, m.a. ved å gi ut vitskapleg litteratur, forvalte vitskaplege fond og skape kontakt med utanlandske miljø og organisjonar. Det har også i 2005 vore stor aktivitet i form av konferansar og fagseminar. DNVA har i tillegg ansvaret for å administrere utdelinga av Abel-prisen, jf. omtale under post 73. Frå 2008 vil akademiet òg ha ansvaret for utdeling av dei nye Kavli-prisane, jf. omtale nedanfor. Tilskottet til *Vitskaplege fond* gjeld administrasjon av Nansenfondet, Det vitenskapelige forskningsfond av 1919 samt Institutt for sammenlignende kulturforskning. Tilskottet til Christian Michelsens Institutt går til menneskerettsforskninga ved instituttet. Hovudprioriteringane i 2005 har vore publikasjonar, seminar og foredrag for å skape debatt i det offentlege rom omkring menneskerettsspørsmål. Egede Instituttet skal drive forsking og gi informasjon om misjon

og tilgrensande fagområde. Instituttet skal vidare tene kyrkjer, organisasjoner, teologiske fakultet og institusjonar for utdanning av misjonærar. Instituttet har i 2005 m.a. sett i gang ein studie kalla *Møter mellom muslimer og kristne. Refleksjoner over erfaringar*. Instituttet har i 2005 òg delteke som medarrangør i ei rekke arrangement på Det teologiske Menighetsfakultetet.

#### *Kavli-prisane*

Kavli-prisane er tre internasjonale vitskaplege priser for framifrå forsking på felta astrofysikk, nanovitskap og nevrovitenskap. Prisane vart innstifta 3. mai 2005, da daverande Utdannings- og forskingsdepartementet, the Kavli Foundation og Det Norske Videnskaps-Akademiet underteikna ein samarbeidsavtale om tildeling av Kavli-prisane. Prisane vil bli delte ut annakvart år, første gong i 2008. Prisbeløpet for kvar pris vil vere på 1 mill. USD, og vil bli dekt av the Kavli Foundation. I tillegg til å gi

påskjønning til framifrå forsking på dei nemnde felta, skal Kavli-prisane auke merksemda omkring forsking generelt og medverke til auka internasjonalt samarbeid mellom forskarar. Alle kan nomenere kandidatar til Kavli-prisane. Vinnarane vil bli peikte ut av tre faglege komitear med deltakarar frå leiande internasjonale forskingsmiljø på dei relevante felta. Det Norske Videnskaps-Akademiet skal oppnemne dei tre priskomiteane, og vil ha ansvar for førebuing og gjennomføring av prisseremoni, forelesingar, symposium og andre arrangement i samband med tildelinga av Kavli-prisane.

#### Budsjettforslag for 2007

Departementet foreslår å auke løvinga til DNVA med kr 3 750 000 for ei generell styrking av verksamda og for å dekkje opptrappinga av arbeidet med Kavli-prisane. For dei andre institusjonane foreslår departementet at løvinga blir ført vidare på same nivå som i 2006.

Tabell 4.21 Løvingar til private vitskaplege institusjonar og tiltak (i 1 000 kroner)

Institusjon	2005	2006	2007
Senter for grunnforskning	14 070	14 214	14 770
Det Norske Videnskaps-Akademiet i Oslo	2 450	2 900	6 650
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim	180	180	184
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse	205	205	208
Vitskaplege fond	135	135	140
Christian Michelsens Institutt	1 220	1 220	1 250
Egede Instituttet	305	305	315
Sum	18 565	19 159	23 517

#### **Post 72 Til disposisjon for departementet**

Målet med ordninga har vore å støtte arrangement av og deltaking i nasjonale og internasjonale forskingskonferansar, og å støtte andre forskingsrelevante tiltak.

Løvinga på posten har i 2005 i hovudsak gått til eit svensk-norsk bokprosjekt i samband med 100-årsmerkinga av unionsoppløysinga i 1905. Prosjektet er no ferdigstilt. Løvinga har òg finansiert husleige til Nordisk forskarutdanningsakademiet (NorFA), tilskott til jubileumsverket for Det Norske Videnskaps-Akademiet i Oslo og tilskott til utstillingsprosjektet Polar-Norge 2005 ved Universitetet i Tromsø.

NorFA er innlemma i den nye organisasjonen NordForsk, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Frå

2006 blir husleiga til NordForsk finansiert av Noregs forskingsråd over kap. 285 post 52. Posten vart avvikla i 2006.

#### **Post 73 Niels Henrik Abels matematikkpris**

Niels Henrik Abels mindefond vart oppretta 1. januar 2002 med det formål å dele ut ein internasjonal vitskapleg pris for framifrå matematisk forsking. Fondet skal òg medverke til å auke interessa for matematikk og realfag i samfunnet, særleg blant barn og unge. Prisbeløpet er på 6 mill. kroner og blir dekt av avkastninga frå fondet. Resten av avkastninga skal nyttast til ulike arrangement i samband med prisutdelinga, og til aktivitetar retta mot barn og unge. Avkastninga blir disponert av

Det Norske Videnskaps-Akademis. Den fjerde Abel-prisen vart delt ut i Oslo 23. mai 2006. Prisen gjekk til professor Lennart Carleson frå Sverige.

Avkastninga frå Abel-fondet i 2006 til bruk i 2007 vil vere på 12,4 mill. kroner, jf. kap. 3287 post 85.

## Kap. 3287 Forskningsinstitutt og andre tiltak

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
80	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond	12 443	12 400	
81	Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond	9 127	9 100	
85	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond			12 400
86	Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond			9 100
	Sum kap. 3287	21 570	21 500	21 500

Kapittelet gjeld avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond og Ludvig Holbergs minnefond, jf. kap. 287 postane 56 og 73.

Regjeringa ønskjer å skilje mellom renteinnntekter og andre inntekter over 80-postar. Frå budjet-

tet for 2007 skal postane 80–84 nyttast til renteinnntekter, og postane 85–89 skal nyttast til andre inntekter. Departementet foreslår derfor å overføre løyvinga på postane 80 og 81 til høvesvis post 85 og 86.

## Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
21	Særskilde driftsutgifter	4 022	3 825	3 970
72	Internasjonale grunnforskingsorganisasjonar	117 702	119 094	131 991
73	EUs rammeprogram for forsking	532 767	764 320	657 786
75	UNESCO	14 122	15 496	13 782
	Sum kap. 288	668 613	902 735	807 529

### Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga har vore nytta til ulike tiltak innanfor nordisk og internasjonalt utdanningssamarbeid. Midlane har m.a. dekt tilskott til Foreningen Norden, kontingenget til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD og norsk deltagning i den årlege teikne- og stilkonkurransen Europa i skolen. Løyvinga har òg vore nytta til tiltak knytte til deltagninga i UNESCO.

Løyvinga vil bli nytta på utdanningsområdet til nordisk og internasjonalt samarbeid og til utgifter knytte til deltagning i eksekutiv-rådet i UNESCO.

Løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2006.

### Post 72 Internasjonale grunnforskingsorganisasjonar

#### Om ordninga

Målet med satsinga er dels å gjere det mogleg for norske forskrarar å ta del i sær ressurskrevande og avansert forsking, og dels å kunne vere med i utviklinga av nye forskingsområde. Satsinga er eit sentralt verkemiddel for å styrke kvaliteten på norsk forsking, og deltagninga skal medverke til verdiskaping i norsk nærings- og samfunnsliv. Løyvinga skal dekkje den norske kontingenget for deltagning i:

- Organisation européenne pour la recherche nucléaire (CERN)

- European Molecular Biology Laboratory (EMBL)
- European Molecular Biology Conference (EMBC)
- European Synchrotron Radiation Facility (ESRF)
- International Agency for Research on Cancer (IARC)

Det er ei viktig oppgåve for Noregs forskingsråd å sørge for best mogleg fagleg utbytte av medlemskapen i desse organisasjonane. Mellom anna er det viktig å rekruttere fleire nordmenn til dei internasjonale laboratoria. Forskningsrådet gir midlar til norsk forsking i samband med medlemskapen, såkalla følgjeforskning. Desse midlane går inn i løvingane til Forskningsrådet på kap. 285 post 52.

#### Rapport for 2005–06

Arbeidet ved CERN har i dei siste åra vore prega av bygginga av den nye partikkelakseleratoren, Large Hadron Collider (LHC). Anlegget vil gjere det mogleg for vitenskapen å bringe fram grunnleggjande ny kunnskap om dei grunnpartiklane og fundamentale kreftene som formar materien og universet. Akseleratoren vil bli klar for drift i 2007, to år seinare enn den opphavlege planen frå 1996.

Dei totale midlane til følgjeforskning om CERN-relatert verksemnd var på 12 mill. kroner i 2005. I løpet av året var sju doktorgradsstipendiatar (ei kvinne) og to postdoktorstipendiatar (begge menn) knytte til programmet. Det var 16 norske tilsette ved den faste staben ved hovudkvarteret i Genève i 2005. 13 teknologistudentar nytta ei ordning med opphold ved CERN i samband med diplomoppgåvane sine. Denne ordninga har stigande interesse, og dei norske studentane utgjer no om lag 10 pst. av alle teknologistudentane ved CERN. Om lag 50 norske forskarar (om lag 20 pst. kvinner) har reist til CERN for å ta del i forskningsprosjekt i løpet av året, i stor grad takk vere midlane til følgjeforskning. Noregs forskningsråd skal oppmøde norsk næringsliv til å konkurrere for å levere varer og tenester til CERN. Ein person er tilsett som Industry Liaison Officer (ILO) for å formidle kontakt mellom CERN og norsk industri med tanke på kontraktar og teknologioverføring. Ei rekke norske verksemder har inngått samarbeidskontraktar med CERN i 2005–06 om utvikling av nye teknologiar.

EMBL er den viktigaste europeiske organisasjonen innanfor molekylærbiologi, og EMBC gir støtte til program for utveksling av forskarar innan-

for området. Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen har samarbeidsavtale med EMBL knytt til PhD-utdanning. Sars internasjonale senter for marin molekylærbiologi i Bergen har eit institusjonelt partnerskap med EMBL, som det første i sitt slag i Norden. I 2007 skal det etablerast eit nordisk senter i molekylær medisin knytt til EMBL. Universitetet i Oslo skal ha ein knutepunktfunksjon. Sjå òg kap. 286 post 50.

Forsking ved ESRF, det europeiske anlegget for synkrotronstråling, gir grunnleggjande informasjon om stoff, heilt ned på molekylær og atomær skala. Såleis er ESRF eit viktig laboratorium for mange fagdisiplinar – m.a. fysikk, kjemi, materialforskning, krystallografi, biologi, geologi og medisin. Medlemskapen er organisert gjennom eit nordisk konsortium (NORDSYNC). Norske forskarar er i tillegg med i eit sveitsisk-norsk samarbeid om ei eiga strålelinje (SNBL). Saman med dei andre nordiske partnarane i NORDSYNC har Noreg høg utnytting av ESRF-medlemskapen. Kring 40 norske forskarar reiser årleg til ESRF og SNBL for å gjere eksperiment. To norske postdoktorstipendiatar (begge menn) arbeidde ved ESRF i 2005. ESRF arbeider med langtidsplanar som vil innebere ei betydeleg oppgradering av hovudanlegget, med tilhørande nye investeringar.

IARC, som er tilknytt Verdas helseorganisasjon (WHO), fokuserer på epidemiologisk så vel som laboratoriebasert forsking, med vekt på studiar av det globale omfanget av kreft og årsaker til og førebygging av sjukdommen. I den nye femårige strategiplanen for IARC er søkjelyset retta mot område som har større nytte av globalt tverrfagleg samarbeid enn av arbeid på nasjonalt nivå. IARC har m.a. teke initiativ til å styrkje arbeidsforma si med betre etiske vurderingar, og ei større merksemd på habiliteten til alle deltakarane. I Noreg er det i første rekke Forskningsrådet, Kreftregisteret, Nasjonalt folkehelseinstitutt og Radiumhospitalet som tek del i samarbeidet. Norske miljø har vore aktive både i forskings- og styrearbeid i IARC. Den norske delegaten, helsedirektør Lars Hanssen, vart i 2006 utpeikt til styreleiar for IARC.

#### Budsjettforslag for 2007

Kontingentkrava for 2007 er ennå ikkje fastsette, og budsjettforslaget for 2007 er derfor basert på vedtekne kontingentar for 2006. Kontingentane avheng m.a. av bruttonasjonalproduktet til medlemslanda. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten noko i høve til saldert budsjett 2006.

Tabell 4.22 Løyvingar til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar (i 1 000 kroner)

Organisasjon	2005	2006	2007
CERN	96 398	97 685	109 893
EMBL	10 301	10 524	10 366
IARC	5 745	5 582	6 491
ESRF	3 514	3 571	3 448
EMBC	1 744	1 732	1 793
	117 702	119 094	131 991

### Post 73 EUs rammeprogram for forsking

#### Om ordninga

EUs rammeprogram for forsking og teknologisk utvikling er det mest omfattande internasjonale forskningsprogrammet Noreg tek del i. Med basis i EØS-avtalen deltek norske forskingsmiljø og verksamråder på lik linje med EUs medlemsland. Den norske kontingensten utgjer om lag 75 pst. av dei totale kontingentforpliktingane til samarbeidsprogrammet Noreg deltek i under EØS-avtalen.

Hovudformåla med EUs rammeprogram er å styrke det vitenskapelige og teknologiske grunnlaget for EUs industri og politikkutforming, fremme utviklinga av eit meir konkurransedyktig næringsliv og å medverke til å auke livskvaliteten for den europeiske befolkninga.

Målet med norsk deltaking er å fremme internasjonalisering og kvalitet i norsk forsking og medverke til kunnskapsbasert innovasjon i norsk nærings- og samfunnsliv. Vidare skal Noreg medverke til avansert forsking i internasjonale forskingsmiljø og -institusjonar.

#### Rapport for 2005–06

Førerebels tal frå Noregs forskingsråd tyder på at norske forskingsmiljø har fått god utteljing i det sjette rammeprogrammet (2002–06). Per juni 2006 deltek norske forskarar i om lag 781 prosjekt med rundt 7 000 deltagarar frå nærmare 100 land. Noreg deltek i elleve pst. av alle prosjekt i rammeprogrammet. Når det gjeld suksessrate, dvs. forholdet mellom innsende søknader og godkjende søknader, ligg søkerne med norsk deltaking ti pst. høgre enn snittet for EU-landa (hhv. 28 mot 18 pst.). Dette tilsvarer om lag 2 mrd. kroner i samla støtte frå EU for den perioden prosjekta varer.

For norske forskingsmiljø og norsk næringsliv er det av stor nytte å delta i rammeprogrammet. Deltakinga gir tilgang på internasjonale nettverk og inneber at norske forskarar tek del i den inter-

nasjonale kunnskapsutviklinga. Næringslivet får òg nye kommersielle utsikter. Ein prognose frå Forskningsrådet tyder på at den direkte, økonomiske tilbakeføringa frå det sjette rammeprogrammet til norske deltagarar vil vere tilfredsstilande og på linje med det vi betaler inn i kontingent.

Deltaking i EUs rammeprogram inneber også auka kontakt mellom forskningsprogramma i dei ulike landa. Noreg deltek i 32 (av om lag 60) såkalla ERA-nettverk. Dette verkemiddelet i rammeprogrammet skal medverke til koordinering, samspel og samarbeid mellom nasjonale forskingsaktivitetar ved at program med nasjonal finansiering blir knytte saman. Det er i første rekke dei forskingsfinansierande organa i Europa som deltek i desse aktivitetane.

Noreg har god deltaking i det sjette rammeprogrammet for forsking og teknologisk utvikling. Det er eit mål å sikre god deltaking i det sjuande rammeprogrammet òg, både med omsyn til finansielt og kunnskapsmessig utbytte. Sjå omtale i kategori-innleininga.

#### Eit nytt rammeprogram 2007–13

Europakommisjonen lanserte i april 2005 forslag til eit nytt, sjuårig rammeprogram for perioden 2007–13. Forslaget må vedtakast av både Ministerrådet og Europaparlamentet, og dette skjer venteleg før årsskiftet. EFTA-landa kan slutte seg til etter vedtak i EØS-komiteen, truleg tidleg i 2007. Deltaking i det sjuande rammeprogrammet for forsking og teknologisk utvikling krev endring i protokoll 31, art. 1 i EØS-avtalen, og inneber ei langsiktig økonomisk forplikting for Noreg. Norsk deltaking føreset derfor tilslutning frå Stortinget. Regjeringa ønskjer at Noreg skal delta i EUs sjuande rammeprogram for forsking og teknologisk utvikling og vil legge fram ein eigen proposisjon om norsk deltaking etter at endeleg vedtak er treft i EU, venteleg rundt årsskiftet. Løyvinga over posten føreset derfor tilslutning frå Stortinget etter at Statsbudsjettet for 2007 er vedteke.

I utkast til nytt rammeprogram foreslår Kommisjonen å føre vidare innsatsen i og byggje på resultata frå det sjette rammeprogrammet, som til dømes innsatsen for å utvikle eit europeisk forskingsområde (ERA). EU ønskjer òg å styrke og nytte kunnskapsbasen sin betre for å oppnå Lisboa-måla om auka berekraftig økonomisk vekst og selssetjing i Europa. For å nå måla meiner Kommisjonen at det er avgjerande å satse på kunnskapstrianglet utdanning, forsking og innovasjon. Rammeprogrammet for forsking og teknologisk utvikling er eit sentralt verkemiddel i denne samanhengen.

Rammeprogrammet består av fire såkalla særprogram: *Samarbeid, Idear, Personar og Kapasitetsbygging*, samt eit program for EUs felles forskingscenter, Joint Research Centre.

*Samarbeid* omfattar tverrnasjonalt forskings-samarbeid innanfor ni tematiske område:

- helse
- mat, landbruk og bioteknologi
- informasjons- og kommunikasjonsteknologi
- nanovitskap, nanoteknologiar, materialar og ny produksjonsteknologi
- energi
- miljø (inkl. klimaendringar)
- transport
- samfunnsøkonomi og humaniora
- tryggleiks- og romforsking

Forslaget om ei satsing på tryggleiks- og romforskning er nytt med det sjuande rammeprogrammet. Satsinga byggjer vidare på eit førebuande program for tryggleksforskning, som Noreg har delteke i.

Forskingssamarbeidet innanfor dei tematiske områda skal gjennomførast ved fire former for samarbeid:

- forskingssamarbeid
- felles teknologiinitiativ
- samordning av nasjonale forskingsprogram
- internasjonalt samarbeid

På same måte som i det sjette rammeprogrammet vil det tverrnasjonale forskingssamarbeidet utgjere hovuddelen av den forskinga som EU finansierer. Samarbeidet blir gjennomført av ulike nettverk av forskingsinstitusjonar og verksemder i dei ulike deltarlanda. Reglane for samarbeid og spreieing av forskingsresultata blir vedtekne av Ministerrådet i eit eige vedtak.

*Idear* er eit nytt tiltak, der ein foreslår å opprette eit nytt forskingsråd på europeisk nivå, European Research Council. Rådet skal fremme dynamikk og kvalitet i europeisk forsking, og gjere Europa meir attraktivt for dei beste forskarane i verda. Rådet skal finansiere grunnforskning innan-

for alle disciplinar, med kvalitet som einaste kriterium for finansiering. Rådet skal etablerast som ei sjølvstendig eining.

*Personar* skal auke dei menneskelege ressursane innanfor forsking og teknologi i Europa, ved å stimulere til at fleire vel ein forskarkarriere, at fleire forskarar blir i Europa, og at fleire utanlandske forskarar kjem til Europa. Kommisjonen foreslår fleire mobilitetstiltak, såkalla *Marie Curie*-aktivitetar, retta mot forskarar på alle nivå i karrieren.

Innanfor programmet *Kapasitetsbygging* foreslår Kommisjonen å støtte utnyttinga og utviklinga av forskingsinfrastruktur av europeisk interesse, styrke forskingsutbyttet og innovasjonskapasiten i dei små og mellomstore europeiske føretaka, og forskingspotensialet i regionane i Europa. Dette programmet skal òg bringe vitskapen og samfunnet nærmare kvarandre.

## Budsjettforslag for 2007

Samla budsjett for det sjuande rammeprogrammet for perioden 2007–13 er på om lag 50,5 mrd. euro. Den samla norske kontingensten er berekna til om lag 8,5 mrd. kroner. Kontingensten er avhengig av utviklinga av bruttonasjonalproduktet i deltarlanda og endringar i valutakurs. Kvart rammeprogram har til nå dekt om lag fire år, medan prosjekta ofte strekkjer seg over ein lengre periode. Dei norske utbetalingane i 2007 vil omfatte utbetalingar som står att for det fjerde, femte og sjette rammeprogrammet, og eit førebuande program for tryggleksforskning, samt utbetalingar for deltaking i det sjuande rammeprogrammet. Dei norske kostnadene i 2007 vil utgjere om lag 658 mill. kroner. Av dette gjeld 184 mill. kroner det sjuande rammeprogrammet. For denne delen av løvinga tek departementet etterhald om at Stortinget sluttar seg til norsk deltaking.

## Post 75 UNESCO

UNESCO, FNs særorganisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon, har til hovudoppgåve å medverke til fred og utvikling ved å fremme internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen.

UNESCOs eksekutivråd møter to til tre gonger i året og er høgste instans mellom generalkonferansane, som blir haldne kvart anna år. Dei nordiske landa er normalt representerte i eksekutivrådet gjennom ei nordisk rotasjonsordning. Under UNESCOs generalkonferanse hausten 2005 vart Noreg vald inn i eksekutivrådet som ein av 58 statar. Noreg har plass i rådet fram til hausten 2009 og samarbeider nært med dei andre nordiske

landa om å fremme ei felles nordisk linje i viktige saker.

Tilskottet er eit vilkår for norsk medlemskap og deltaking i UNESCO. Tilskottet medverkar til å finansiere drifta av UNESCO. Gjennom medlemskapen kan Noreg ta i vare nasjonale synspunkt i UNESCO-arbeidet. Tilskottsmottakar er UNESCO, som har hovudkontor i Paris.

#### Rapport for 2005–2006

Løyvinga har vorte nytta til å sikre norsk deltaking i UNESCO gjennom å dekkje den norske medlemskontingensten. I 2006 har Noreg vore medlem i dei to vitskaplege programma Intergovernmental

Oceanographic Commission (IOC) og International Bioethics Committee (IBC). Løyvinga har òg gått til tilskott til World Heritage Fund. Noreg har elles vore særleg aktiv for å fremme UNESCOs koordinerande arbeid med det globale utdanningsinitiativet Education for All (EFA). Noreg deltek òg som einaste nordiske representant i ei ekspertgruppe som går gjennom UNESCO sitt arbeid med vitskap i 2006 og 2007.

#### Budsjettforslag for 2007

Løyvinga dekkjer forpliktingane til kontingent i 2007.

### **Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	3 530	5 073	3 445
	Sum kap. 3288	3 530	5 073	3 445

Løyvinga på post 04 gjeld innanlandske kostnader som etter statistikkdirektivar til OECD blir definerte som offentleg utviklingshjelpe

## Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering

Utgifter under programkategori 07.80 fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert bud- sjett 2006	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
2410	Statens lånekasse for utdanning	25 896 416	26 626 430	28 492 010	7,0
	Sum kategori 07.80	25 896 416	26 626 430	28 492 010	7,0

Inntekter under programkategori 07.80 fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert bud- sjett 2006	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2007	Pst. endr. 06/07
5310	Statens lånekasse for utdanning	11 962 652	13 139 594	14 052 098	6,9
5617	Renter fra Statens lånekasse for utdanning	2 977 372	3 146 220	4 243 000	34,9
	Sum kategori 07.80	14 940 024	16 285 814	18 295 098	12,3

Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) administrerer stipend- og låneregningane som er heimla i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte. Formålet med utdanningsstøtteordningane er mel-

lom anna å medverke til like høve til utdanning uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, funksjonsevne, økonomiske og sosiale forhold.

### Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2007	
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>	285 982	275 626	274 118	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	21 934	108 785	31 621	
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 377 774	4 413 280	4 529 561	
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	2 305 781	2 640 285	2 817 917	
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	553 431	523 161	460 941	
72	Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>	773 739	994 220	1 317 000	

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2005	Salder budsjett 2006	Forslag 2007
73	Avskrivingar, <i>overslagsløyving</i>	415 453	311 000	270 780
74	Tap på utlån	389 578	444 000	504 100
75	Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet	5 513	5 753	5 972
90	Lån til Statens lånekasse for utdanning, <i>overslagsløyving</i>	16 767 231	16 910 320	18 280 000
	Sum kap. 2410	25 896 416	26 626 430	28 492 010

### Resultatrapport for undervisningsåret 2005–06

Lånekassen har om lag 770 000 kundar. Av desse er om lag 492 000 tilbakebetalarar. Ein stor del av ungdom og vaksne i Noreg tek utdanning. Støtteordningane gjennom Lånekassen er ein viktig føresetnad for å gjere dette mogleg. I undervisningsåret 2005–06 var det om lag 420 300 elevar og stu-

denter i utdanning med støtterett i Lånekassen. Av desse fekk 276 672 støtte frå Lånekassen. Dette er 2 234 fleire enn i undervisningsåret 2004–05. Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var i undervisningsåret 2005–06 på 16 895 mill. kroner. Av dette vart 3 133 mill. kroner utbetalte som stipend, og 13 762 mill. kroner vart utbetalte som lån.

Tabell 4.23 Hovudtal for støttetildelinga dei fire siste undervisningsåra

	2002–03	2003–04	2004–05	2005–06
Tal på elevar/studentar i utdanning med rett til å søkje støtte	391 000	404 000	413 000	420 300
Tal på støttetakkunarar	242 774	262 885	274 438	276 672
Tal på stipendsøkjurarar	264 370	285 564	298 455	300 726
Tal på stipendmottakkunarar	232 352	254 893	171 089	145 386
Tal på lånesøkjurarar	173 888	180 232	189 324	191 470
Tal på låntakkunarar <sup>1</sup>	188 485	195 248	203 978	201 643
Totalt utbetalte stipend og lån (i mill. kroner)	14 985	16 122	16 798	16 895
Sum stipend (i mill. kroner)	5 662	6 376	3 224	3 133
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	24 369	25 015	18 841	21 549
Sum lån (i mill. kroner)	9 323	9 746	13 574	13 762
Gjennomsnittslån (i kroner)	49 460	49 916	66 547	67 912

<sup>1</sup> Talet på låntakkunarar er høgre enn talet på lånesøkjurarar, hovudsakleg grunna at dei som er omfatta av støtteordninga for høgre utdanning mm. og som berre søker utdanningsstipend, får støtte utbetalte som lån. Desse blir registrert som låntakkunarar, men ikkje som lånesøkjurarar i Lånekassen sine system.

Frå undervisningsåret 2004–05 blir heile basisstøtta for dei som er omfatta av støtteordninga for høgre utdanning m.m. utbetalte som lån. Inntil 40 pst. av støttebeløpet kan bli konvertert til stipend når utdanninga er gjennomført. Dette er ei av årsakene til at talet på stipendmottakkunarar, stipendutbetalinger og gjennomsnittsstipend gjekk ned i 2004–05 og 2005–06, medan låneutbetalingane

gjekk opp i dei same åra. Delar av låna vil bli gjorde om til stipend på eit seinare tidspunkt når utdanninga er gjennomført. I 2005 vart om lag 3,8 mrd. kroner konvertert frå lån til stipend innanfor denne ordninga, sjå kap. 5310 post 93. Avsetning til framtidig konvertering av lån til stipend for utdanning gjennomført i 2007 blir budsjettet på kap. 2410 post 50.

**Tabell 4.24 Hovudtal for tilbakebetaling dei fem siste åra**

	2001	2002	2003	2004	2005
Tal på tilbakebetalande låntakarar	468 968	464 951	466 745	476 130	492 077
Renteberande lån (i mill. kroner)	50 064	51 193	53 400	56 222	60 066
Renter (i mill. kroner)	3 035	3 298	3 200	2 704	2 337
Avdrag (i mill. kroner)	3 559	4 124	4 100	4 125	4 413
Ettergitt/avskrive (i mill. kroner)	434	444	439	455	402
Rentestønad (i mill. kroner)	1 444	1 494	1 589	882	774
Utestående lån (i mill. kroner)	66 060	69 427	73 578	79 579	84 826
Utestående renter (i mill. kroner)	3 009	3 187	3 193	2 699	2 408
Administrasjonsutgifter (i mill. kroner)	243	263	270	271	277

**Tabell 4.25 Fordeling av ulike stipendformer dei to siste undervisningsåra**

	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2004–05	2005–06	2004–05	2005–06
Grunnstipend	57 114	60 842	735	794
Bustipend	33 681	34 859	1 083	1 116
Lærremiddelstipend	59 137	62 702	197	208
Flyktningstipend	1 035	1 209	41	51
Stipend til skolepengestøtte/gebyrstipend	11 030	10 449	370	295
Tilleggsstipend	457	421	16	13
Språkstipend	906	872	14	13
Reisestipend, innland og Norden	66 698	36 491 <sup>1</sup>	139	53
Reisestipend utanfor Norden	18 622	17 878	109	110
Reisestipend i Noreg til utanlandsstudentar	8 965	4 019	9	4
Reisestipend, kvoteordninga	761	769	3	5
Omgjering av lån til stipend ved sjukdom	1 157	938	23	19
Fødselsstipend	3 658	3 681	193	190
Forsørgjarstipend	19 526	17 145	292	262
Totalt	282 747	252 275	3 224	3 133

<sup>1</sup> Frå undervisningsåret 2005–06 vart det innført ein ny modell for utrekning av reisestipend i støtteordninga for høgre utdanning m.m. Dette førte til at færre vart omfatta av reisestipendordninga for reiser innanlands og i Norden.

## Budsjettforslag for 2007

Endringar i støttebudsjettet for Lånekassen har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Støttebudsjettet blir derfor omtalt samla nedanfor. Administrasjonsbudsjettet i Lånekassen er behandla under kap. 2410 post 01, medan moderniseringa av verksamda er behandla under kap. 2410 post 45. Forslag til endringar i forskriftene til utdanningsstøttenes loven som skal gjelde frå 1. januar 2007 (forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter) og frå undervisningsåret 2007–08 (forskrift om tildeling av utdanningsstøtte) blir sende på alminneleg høyring medio oktober 2006.

Departementet viser til omtale av Regjerings satsing på gratis læremiddel for elevar i vidaregåande opplæring under programkategori 07.20. Satsinga inneber at det blir innført eit ikkje-behovsprøvd stipend gjennom Lånekassen som skal vere med å dekkje utgifter elevane har til læremiddel og nødvendig individuelt utstyr. Stipendordninga vil gjelde elevar som er omfatta av støtteordninga for unge elevar som tek vidaregåande opplæring med rett etter opplæringslova § 3-1 og nokre andre grupper. Lærlingar vil ikkje bli omfatta av ordninga. Stipendet vil bli gitt med tre ulike satsar på kr 800, kr 1 800 og kr 2 600 per undervisningsår avhengig av studieprogram. Stipendet vil bli utbetal i byrjinga av undervisningsåret. Ordninga med gratis læremiddel blir innført gradvis, først for elevar i vidaregåande trinn 2 (Vg2) frå undervisningsåret 2007–08, deretter for elevar i vidaregåande trinn 3 (Vg3) frå 2008–09, og til sist for elevar i vidaregåande trinn 1 (Vg1) frå 2009–10. Den gjeldande ordninga med behovsprøvd læremiddelstipend vil bli avvikla suksessivt for det trinnet som blir omfatta av den nye ordninga. Kostnaden ved det nye læremiddelstipendet utgjer 65 mill. kroner i 2007. Samstundes inneber avviklinga av det behovsprøvde læremiddelstipendet for Vg2 ei innsparing på 40 mill. kroner. Løyvinga på kap. 2410 post 70 blir på bakgrunn av dette foreslått auka med 25 mill. kroner.

Regeringa foreslår at alle satsar i utdanningsstøtteordningane blir prisjusterte med 1,75 pst. frå undervisningsåret 2007–08, tilsvarannde den forventa auken i konsumprisindeksen.

Første året av bachelorutdanning i ein del land i Asia, Afrika, Sør-Amerika og i USA kvalifiserer etter dagens regelverk ikkje til støtte frå Lånekassen. Grunnen til dette er at studia ikkje fyller kravet om at utdanninga skal vere på nivå med norsk høgre utdanning. Støtte har likevel i nokre tilfelle tidlegare vorte tildelt. I Budsjett-innst. S. nr. 12

(2005–2006) uttalte kyrke-, utdannings- og forskingskomiteen:

«Komiteen mener at det avgjørende kriterium for støtte både for gradsstudier og delgradsstudier må være at studiene er godkjent av NOKUT, og ber derfor departementet vurdere om ovennevnte endringer i praksis kan reverseres.»

Departementet har vurdert ordninga, men har ikkje funne økonomisk rom for å utvide ho i tråd med merknaden frå komiteen.

Ved behandlinga av Ot.prp. nr. 48 (2004–2005) *Om lov om utdanningsstøtte*, jf. Innst. O. nr. 75 (2004–2005), fatta Stortinget følgjande vedtak 9. mai 2005, jf. oppmodningsvedtak nr. 333 (2004–2005):

«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak vedrørende organisering og finansiering av ulike former for vidaregåande opplæring i utlandet. Det forutsettes at saken også omhandler studietur for 10. trinn i grunnskolen.»

I St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet* melde departementet at ein hadde sett i gang eit arbeid med å sjå på organiseringa og finansieringa av ulike former for vidaregåande opplæring i utlandet, og at departementet ville komme tilbake til saka. Departementet meiner at det er ønskjeleg å gjere støtteordningane gjennom Lånekassen tilgjengelege for fleire unge elevar som tek delar av den vidaregåande opplæringa i utlandet. Mellom anna bør det bli enklare for skolar som etablerer samarbeid med skolar i utlandet, og som får i stand utvekslingsordningar gjennom desse samarbeida, å få støtterett for dei elevane som tek del i ordninga. Departementet har likevel ikkje funne økonomisk rom i dette budsjettforslaget for å utvide støtteordningane for vidaregåande opplæring i utlandet.

Den såkalla kvoteordninga gir studentar frå utviklingsland og land i Sentral- og Aust-Europa og Sentral-Asia høve til å studere i Noreg med støtte frå Lånekassen. Studentane får støtte på om lag same vilkår som norske studentar, men kvotestudentane får lånet ettergitt dersom dei reiser til heimlandet for å busette seg der etter fullført utdanning. Målsetjinga med ordninga er å kunne tilføre studentar relevant kompetanse som kan komme heimlandet til gode når studentane reiser heim etter fullført utdanning. Samtidig medverkar ordninga til å styrke norske lærrestadars deltaking i det globale kunnskapssamarbeidet.

Det er 1 100 kvotepllassar per undervisningsår. Av desse er 800 for studentar frå utviklingsland og 300 for studentar frå Sentral- og Aust-Europa og Sentral-Asia. Dei landa frå Sentral- og Aust-Europa som frå 1. mai 2004 er medlemmar i EU, er ikkje lenger omfatta av kvoteordninga, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004). Departementet foreslår at Bulgaria og Romania blir tekne ut av kvoteordninga med verknad frå haustsemesteret 2007 dersom landa går inn i EU frå våren 2007. Det vil etter departementet sitt syn vere unaturleg å vidareføre ei bistandsordning for statsborgarar frå EU-land. Arbeidstakrarar frå EU som arbeider i Noreg og familiemedlemane deira vil ha rett til støtte frå Lånekassen gjennom EØS-avtalen. Kvotestudentar frå Bulgaria og Romania som allereie er i gong med utdanning i Noreg, skal få høve til å fullføre utdanninga si på same vilkår som ved byrjinga av studiet.

Under behandlinga av St.meld. nr. 40 (2002–2003) *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer*, jf. Innst. S. nr. 162 (2003–2004), vedtok Stortinget oppmodningsvedtak nr. 320, som lyder:

«Stortinget ber Regjeringa fremme forslag som sikrer at studiefinansieringsordningane ikkje

påfører studentar ekstra utgifter som er knytte til nedsett funksjonsevne.»

Departementet har vurdert ulike løysingar, mellom anna om det kunne oppretta ei stipendordning som kunne gjere det mogleg for studentar med nedsett funksjonsevne som blir forseinka ut over eitt år, å ta igjen forseinkinga utan å ta opp lån. Departementet har ikkje funne økonomisk rom for å foresla å opprette ei slik stipendordning i 2007.

Budsjettforslaget for postane 50–90 gjeld for budsjettåret 2007, men Lånekassen må gi tilsegn om utdanningsstøtte for heile undervisningsåret 2007–08. Det er såleis ein føresetnad at Stortinget ved behandlinga av budsjettet for 2007 tek stilling til heile undervisningsåret 2007–08, og at Lånekassen kan gi tilsegn om slik støtte, jf. forslag til vedtak III nr. 2.

#### **Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 45**

Posten omfattar midlar til lønn og godtgjeringar samt til innkjøp av varer og tenester.

Tabell 4.26 Tildeling av lån og stipend

	Resultat 2005	Mål 2006	Prognose 2006	Mål 2007
Kuransgrad/automatiseringsgrad (tal på søknader der avgjerder blir fatta utan manuell behandling)	52 pst.	55–60 pst.	55–58 pst.	55–58 pst.
Sjølvbeteningsgrad (delen av søknadene som er nettsøknader)	47 pst.	60–65 pst.	50–52 pst.	50–52 pst.
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid (tida frå søker er registrerte til avgjerd er fatta)	9 dagar	11–12 dagar	11 dagar	11 dagar

Tabell 4.27 Ordinær tilbakebetaling

	Resultat 2005	Mål 2006	Prognose 2006	Mål 2007
Sjølvbeteningsgrad (tal på søker der avgjerder blir fatta utan manuell behandling)	30 pst.	15–18 pst.	38–40 pst.	42–44 pst.
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid (tida frå søker er registrerte til avgjerd er fatta)	12 dagar	11–12 dagar	11 dagar	11 dagar

#### Resultatrapport for 2005–06

Lånekassen har i all hovudsak oppfylt resultatkrava for 2005 som var stilte i St.prp. nr. 1 (2004–2005) for Utdannings- og forskingsdepartementet og

i tildelingsbrev for 2005. I 2005 var gjennomsnittleg saksbehandlingstid for både tildelings- og tilbakebetalingssaker betydeleg kortare enn i 2004. Gjennomsnittleg behandlingstid for søker om tildeiling av utdanningsstøtte var ni dagar i 2005, mot 14

dagar i 2004. Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader om betalingsutsetjing og rentefritak var tolv dagar i 2005, mot 15 dagar i 2004.

Lånekassen har bygd ut fleire brukarretta tenester dei siste åra. Talet på kundar som bruker desse tenestene har auka. Til dømes har delen som bruker nettsøknad auka frå 39 pst. i 2004 til 47 pst. i 2005. Målet på 60–65 pst. sjølvbeteningsgrad for tildelingssaker, stilt i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet*, var basert på ei forventning om at det frå hausten 2006 ville bli innført nettsøknad for elevar i vidaregåande opplæring. Denne forventninga er endra på bakgrunn av ein nærmare analyse av kostnader, nytteverdi og risiko knytte til tilpassingar i Lånekassens IKT-system. Ein slik nettsøknad er planlagd etablert som ledd i innføring av ny IKT-løy sing. Målet i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet* når det gjeld sjølvbeteningsgrad knytt til tilbakebetalingssaker i 2006, er vesentleg lågare enn både prognose for 2006 og forslag til mål for 2007. Årsaka til dette er at fleire enn forventa har nytt sjølvbeteningstestene, noko som er ei positiv utvikling. Om lag 20 pst. av tilbakebetalalarane bruker e-faktura; dette er nesten dobbelt så mange som i 2004. Lånekassen har i 2005 vurdert utkontraktering av støttefunksjonar, og har sett ut drift og vedlikehald av lønns- og personalsystem til Senter for statleg økonomistyring (SSØ). I tillegg har Statens innkrev jingssentral overteke ansvaret for ein del innkrev jingsrelaterte oppgåver frå Lånekassen.

## Resultatmål for 2007

Eit overordna mål for verksemda er å sørge for påliteleg saksbehandling samtidig som denne er brukarretta og effektiv.

Lånekassen skal prioritere å byggje ut dei mest kostnadseffektive kanalane for kundebehandling. Saksbehandlingstida for tildelings- og tilbakebetalingssaker skal ikkje vere lengre enn det resultatkrava for 2006 legg opp til, jf. oversikta ovanfor.

## Budsjettforslag for 2007

Den nye stipendordninga som blir innført i samband med Regjeringas forslag om gratis læremiddel til elevar i vidaregåande opplæring, gir ein betydeleg auke i talet på kundar i Lånekassen. Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 5,3 mill. kroner for å dekkje dei administrative kostnadane ved den nye stipendordninga.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 16 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga på post 45, sjå omtale under post 45.

EFTA Surveillance Authority (ESA) har godkjent at Noreg kan ta opp att ei ordning med differensiert arbeidsgivaravgift. Avgifta tek utgangspunkt i staden der verksemda ligg, og ikkje i bustadkommunen til arbeidstakaren, slik tilfellet var tidlegare. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 0,4 mill. kroner.

Ein legg som tidlegare opp til at nokre av midlane på posten skal disponerast av departementet, og mellom anna nyttast til arbeid i samband med oppfølging av moderniseringsprosjektet for Lånekassen.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 5310 post 03, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

## Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Ved behandlinga av St.meld. nr. 12 (2003–2004) *Om modernisering av Statens lånekasse for utdanning* slutta Stortinget seg til at nye kvalitetsskrav i tråd med *Høykvalitetsalternativet* skulle leggjast til grunn for forvaltninga av utdanningsstøtta, og at desse skulle realiserast gjennom moderniseringsstrategien *Kjernelånekassen*, jf. Innst. S. nr. 152 (2003–2004). Moderniseringa av Lånekassen omfattar organisasjonsutvikling, prioritering av kjerneoppgåver, utvikling av IKT-systema, tilpassing av arbeidsprosessar og vidareutvikling av regelverket for utdanningsstøtte. Dei største utfordringane i moderniseringsprosjektet er knytte til innføring av ei ny IKT-løysing.

I 2004 og 2005 vart det gjennomført eit forprosjekt for moderniseringa av Lånekassen i tråd med føringane nemde ovanfor. Samla kostnadsramme for moderniseringsprosjektet vart i forprosjektet fastsett til 319 mill. kroner per 1. juli 2006 og med 85 pst. sikkerheit mot overskridinger. Kostnadsramma og dei sentrale styringsdokumenta som vart lagde til grunn, vart kvalitetssikra i tråd med krava og metodane som gjeld ved ekstern kvalitetssikring av store investeringsprosjekt i staten. Konklusjonen frå kvalitetssikringa var mellom anna at kostnadsramma var godt dokumentert. Det vart lagt til grunn at 144 mill. kroner av kostnadsramma skulle finansierast gjennom omdisponeringar på Lånekassens ordinære driftsbudsjett og gjennom uttak av gevinstar som følgje av at meir effektive system blir implementerte. Resterande kostnader på 175 mill. kroner skulle finansierast gjennom tilleggslovingar over statsbudsjettet i 2006 og 2007. I statsbudsjettet for 2006 vart det løyvd 93,5 mill. kroner i startløyving til moderniseringa av Lånekassen.

## Resultatrappport for 2005–06

Det blir vist til omtale av moderniseringsprosjektet i Lånekassen i revidert nasjonalbudsjett for 2006, jf. St.prp. nr. 66 (2005–2006). Etter ein anbodskonkurranse hausten 2005 inngikk Lånekassen avtale med ein leverandør om detaljspesifisering av ei ny IKT-løysing for Lånekassen, i tråd med hovudlinjene i St.meld. nr. 12 (2003–2004). Avtalen gav òg Lånekassen opsjon på levering av ny IKT-løysing. Detaljspesifiseringa vart gjennomført fram til våren 2006. Gjennom detaljspesifiseringa vart det ikkje oppnådd resultat som gjer det mogleg å implementere ei ny IKT-løysing innafor dei tids- og kostnadsrammene som vart lagde til grunn for Stortingets løyvingsvedtak i statsbudsjettet for 2006, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006) og St.prp. nr. 1 (2005–2006) for *Utdannings- og forskingsdepartementet*. På denne bakgrunnen har Lånekassen avslutta avtaleforholdet med leverandøren og vil ikkje nytte opsjonen på levering av ny IKT-løysing. Dette inneber at ein må fravike framdriftsplanen i moderniseringa som tidlegare er lagt til grunn. Lånekassen har byrja å utarbeide eit nytt styringsdokument og ny kostnadsramme for moderniseringsprosjektet, i tråd med målbiletet som vart skissert i St.meld. nr. 12 (2003–2004). Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med saka når ei ny kostnadsramme er utarbeidd og kvalitetssikra.

## Budsjettforslag for 2007

Som følgje av forseinkringa i moderniseringsprosjektet blir det foreslått å redusere løyvinga på posten med 93,5 mill. kroner i høve til 2006. Regjeringa vil komme tilbake til dei løyvingsmessige konsekvensane av forseinkringa for 2006 i samband med ny saldering av statsbudsjettet for 2006.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 16 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på post 01. Midlane skal dekkje utgifter i samband med vidare arbeid med IKT-fornyinga og til vidareføring av utviklingstiltak som er uavhengige av arbeidet med IKT-fornyinga. Dette gjeld mellom anna arbeidet med å sentralisere og digitalisere Lånekassens kundearkiv og arbeidet med ulike kunderetta forbetringar i det eksisterande IKT-systemet.

## Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Heile basisstøtta til elevar og studentar blir utbetalta som lån, og intil 40 pst. av basisstøtta kan bli kon-

vertert frå lån til stipend når utdanninga er gjennomført, jf. forslag til vedtak III nr. 3. Ordninga gjeld ikkje for unge elevar i vanleg vidaregåande opplæring. Løyvinga på post 50 skal dekkje avsetning til framtidige utgifter ved å konvertere lån til stipend ved gjennomført utdanning.

## Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal dekkje utdanningsstipend i støtteordninga for unge elevar som tek vanleg vidaregåande opplæring med rett etter opplæringslova § 3-1, samt forsørgjarstipend, fødselsstipend, sjukestipend og flyktningstipend. Sjå kapittelinnleiring for omtale av gratis lærermiddel til elevar i vidaregåande opplæring.

## Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld tilskott til reiser (reisestipend), skolepengar i land utanfor Norden (skolepengestøtte og tilleggsstipend) og førebuande språkkurs i utlandet. Det blir foreslått å vidareføre ordningane i undervisningsåret 2007–08.

## Post 72 Rentestønad, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer kostnaden av at studielåna er rentefrie i studietida, og av at regelverket gir høve til rentefritak på særskilde vilkår i samband med tilbakebetalinga. Rentestønaden er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med.

Løyvinga på posten blir justert i samband med endringar i rentesatsar.

Det blir foreslått å vidareføre rentemarginen på eitt prosentpoeng.

## Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utgifter i samband med ulike ordningar med avskriving av utdanningslån i Lånekassen, jf. kap. 5310 post 91. Til dømes kan ein få avskrive delar av utdanningslånet etter den såkalla *Finnmarksordninga*. Undervisningsåret 2006–07 er det siste året ein kan få avskriving på grunnlag av langvarig utdanning.

## Post 74 Tap på utlån

Løyvinga blir nytta til avskriving av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån i Lånekassen.

## Post 75 Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet

Løyvinga blir nytta til informasjonstiltak retta mot norske studentar i utlandet, mellom anna tilskott til informasjonsarbeidet til Association of Norwegian Students Abroad (ANSA). Løyvinga skal òg dekkje utgifter knytte til tilrettelegging for studium i utlandet.

## Post 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer det totale behovet som Lånekassen har for innlån frå staten til alle lånende. Det blir foreslått at ordninga med ekstra lån til studentar som tek eit sommarsemester, blir ført vidare i 2007, jf. forslag til vedtak III nr. 4.

## Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

Post	Nemning	Rekneskap 2005	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
03	Diverse inntekter	407	94	98
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	13 000	9 500	18 000
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	7		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	3 110		
18	Refusjon av sjukepengar	4 219		
72	Gebyr	136 473	129 000	124 000
90	Avdrag og renter	7 371 989	8 067 000	8 879 000
91	Tap og avskrivingar	639 353	581 000	567 000
93	Omgjering av studielån til stipend	3 794 094	4 353 000	4 464 000
Sum kap. 5310		11 962 652	13 139 594	14 052 098

Post 03 gjeld i hovudsak refusjon av kostnader som Lånekassen har ved oppdrag for andre verksemder.

Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Post 04 gjeld ettergiving av studielån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig. Det er Utanriksdepartementet som betaler refusjonen til Lånekassen over kap. 167 Flyktingstiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA). Det blir foreslått å auke løyvinga med 8,5 mill. kroner i høve til 2006.

Post 72 gjeld gebyr i Lånekassen. Ein foreslår at alle gebyra blir ført vidare med dei same

satsane i 2007. Kundar som vel e-faktura, blir ikkje belasta gebyret ved førstegongsvarsle. Dei som vel papirfaktura, blir belasta eit førstegongsvarsle på kr 35, andregongsvarsle på kr 280 og tredjegongsvarsle (varsle om oppseiing) på kr 490. Gebyra ved andre- og tredjegongsvarsle vil vere dei same for kundar som bruker e-faktura som for kundar som vel papirfaktura.

Løyvinga på post 90 gjeld innbetalte avdrag og renter frå kundane til Lånekassen.

Løyvinga på post 91 gjeld tap og avskriving i Lånekassen, jf. kap. 2410 post 73 og 74.

Post 93 omfattar innbetaling frå eit fond (Konverteringsfondet) til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend, jf. kap. 2410 post 50.

**Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2005	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
80	Renter	2 977 372	3 146 220	4 243 000
	Sum kap. 5617	2 977 372	3 146 220	4 243 000

Løyvinga på posten gjeld renter frå Lånekassen til staten, jf. kap. 2410 post 72.

*Del III*  
*Forsking og utvikling i statsbudsjettet*



## 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet

Forsking og utvikling (FoU) er ein føresetnad for velferd og verdiskaping i framtida og er derfor viktig for Regjeringa. Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forsking og nyskaping med 10 mrd. kroner til 60 mrd. kroner. Med den renta som er i dag, vil dette gi ei auka avkastning på om lag 440 mill. kroner i 2008. Auka internasjonalisering av norsk forsking, forsking i nordområda, miljørelevant forsking og høg kvalitet i forskinga er sentrale prioriteringar i 2007.

### Hovudsatsinger i forskingspolitikken til Regjeringa

Regjeringa sine hovudmål for politikken på forskingsområdet er i tråd med St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*.

St.meld. nr. 20 (2004–2005) trekkjer fram tre strukturelle område som skal prioritertast i norsk forskingspolitikk. For det første skal internasjonalisering vere eit gjennomgåande perspektiv. For det andre skal grunnforskning vere ei hovudprioritering, med særleg vekt på kvalitet og forsking innanfor matematisk-naturvitenskaplege og teknologiske fag. For det tredje skal det satsast på forskingsbasert innovasjon og nyskaping, medrekna forsking for økt innovasjon i offentleg sektor. Meldinga argumenterer også for ei særskilt styrking av forsking innanfor dei fire tematiske områda energi og miljø, mat, hav og helse, samt dei tre teknologiområda informasjons- og kommunikasjons-teknologi, bioteknologi og material- og nanoteknologi.

Regjeringa har som mål å auke den samla forskingsinnsatsen i Noreg til 3 pst. av bruttonasjonalproduktet (BNP) innan 2010. Dette er eit ambisiøst mål, som legg til grunn ei kraftig offentleg satsing og ein sterk auke i FoU-innsatsen til næringslivet.

### Utvikling i offentleg og privat forskingsinnsats

I Noreg vart det brukt 27,3 mrd. kroner på forsking og utviklingsarbeid i 2003. Dei samla FoU-utgiftene utgjorde da 1,73 pst. av BNP, mot 2,25 pst. av BNP i heile OECD-området. På grunnlag av ei meir avgrensa statistikkinnssamling er det òg utarbeidd tal for FoU-innsatsen i 2004. Denne undersøkinga viser at dei samla FoU-utgiftene hadde auka

til 27,8 mrd. kroner, og at dette utgjorde 1,62 pst. av BNP. Same år var gjennomsnittet for OECD-landa 2,26 pst. av BNP.

Da St.meld. nr. 20 (2004–2005) vart handsama i juni 2005, fatta Stortinget eit oppmodingsvedtak om at «*det må foretas evalueringer i de årlige budsjetter av den samlede forskningsinnsatsen og utviklingen av det offentlige og næringslivets andel*», jf. Innst. S. nr. 232 (2004–2005).

Føreblese tal frå Statistisk sentralbyrå og NIFU STEP tyder på at dei samla FoU-utgiftene i 2005 utgjer 28,8 mrd. kroner. Det er ein nominell auke på 1,5 mrd. kroner frå 2003. Målt i faste priser var dette likevel ein realnedgang på 0,5 pst. Grunna sterk vekst i bruttonasjonalproduktet i åra etter 2003, ser det no ut til at den samla FoU-innsatsen i 2005 utgjorde 1,51 pst. av BNP.


Det finst ikkje offisielle tal for fordelinga mellom offentlege og private midlar til FoU for 2005. Føreblese tal frå SSB tyder på at utgiftene til den forskinga som blir utført i næringslivet har hatt ein realnedgang på 6,4 pst. frå 2003 til 2005. Brorparten av nedgangen kom i 2004. I 2005 har utgiftene til forsking i næringslivet auka igjen, men nivået ser framleis ut til å vere noko lågare enn i 2003.

Berekningar frå NIFU STEP tyder på at dei offentlege FoU-utgiftene har hatt ein realvekst på 3 pst. frå 2003 til 2005. Det inneber at den offentlege finansieringa av FoU utgjer om lag 0,66 pst. av BNP i 2005. Til samanlikning stod offentlege midlar for 0,64 pst. av BNP i 2001. Dei offentlege FoU-utgiftene har såleis auka litt meir enn bruttonasjonalproduktet perioden sett under eitt, medan FoU-utgiftene i næringslivet ikkje har halde tritt med utviklinga i BNP i same periode. Dette tyder på at det vil vere ei hovudutfordring å auke forskingsinnsatsen i næringslivet for å nå målet om å heve samla FoU-innsats til 3 pst. av BNP innan 2010. Regjeringa vil derfor framleis prioritere tiltak som kan utløyse meir privat FoU i åra som kommer.

Medrekna budsjettforslaget for 2007 har denne regjeringa så langt styrkt dei offentlege forskingslovingane med om lag 2,3 mrd. kroner. Dette tilsvarer ein nominell auke på 16 pst. Regjeringa legg òg opp til å styrke den offentlege FoU-innsatsen i åra framover. Fondet for forsking og nyskaping er ei viktig kjelde for offentleg forskingsfinansiering.

For å sikre framtidig vekst i dei offentlege forskingsløyvingane foreslår Regjeringa å auke kapitalen i Fondet for forsking og nyskaping med 10 mrd. kroner til 60 mrd. kroner i 2007. Med den

renta som er i dag, vil dette gi ei auka avkastning på om lag 440 mill. kroner i 2008. Under denne Regjeringa vil fondskapitalen med dette vere auka med totalt 24 mrd. kroner.



Figur 5.1 Kapital i Fondet for forsking og nyskaping

Forsking og utvikling i næringslivet blir også støtta gjennom skattesystemet. Ordninga *Skattefunn* gir næringslivet skattefrådrag for utgifter til FoU. Skattefunn vart oppretta i 2002 og er vorte eit sentralt verkemiddel for å stimulere til auka FoU i næringslivet. For 2005 har Noregs forskingsråd godkjent om lag 5 100 prosjekt som, dersom dei blir gjennomført i samsvar med søknadene, gir rett til skattefrådrag på om lag 1,6 mrd. kroner. Finansdepartementet reknar skatteutgiften (tapte skatteinntekter) av prosjekt som vart gjennomførde i 2005 til om lag 1,3 mrd. kroner. Skattefunn er eit viktig supplement til løyvingane til næringsretta forsking over statsbudsjettet. Senter for statleg økonomistyring har evaluert økonomistyring og administrering av Skattefunn. Statistisk sentralbyrå evaluerar effekten av ordninga for åra 2002–06. Evalueringa vil vere ferdig i 2007. Skattefunn er nærmare omtalt i St.prp. nr. 1 (2006–2007) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak* og St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Nærings- og handelsdepartementet.

### Prioriteringar i 2007-budsjettet

I tråd med St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* foreslår Regjeringa å styrke løyvingane til grunnforskning, internasjonalisering og forskningsbasert nyskaping og innovasjon. I 2007 foreslår Regjeringa i tillegg å styrke dei tematiske satsingane frå St.meld. nr. 20 (2004–2005) gjennom å øyremerkje delar av avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping til desse satsingane.

### Grunnforskning og kvalitet i forsking

Grunnforskning er ei hovudprioritering i forskingspolitikken. Slik forsking gir ny innsikt, utfordrar etablerte oppfatningar og medverkar til kritisk og opplyst samfunnsdebatt. Både direkte og indirekte påverkar grunnforskninga velferda og verdiskapinga i samfunnet. Grunnforskning er til dømes ein føresetnad for å realisere dei tematiske satsingane i forskingspolitikken.

Det er eit sentralt forskingspolitiske mål å få fram tilstrekkeleg mange gode forskarar på alle fagområde. I 2007 foreslår Regjeringa å leggje inn 103,6 mill. kroner som heilårsfinansiering for dei

350 stipendiatstillingane som vart oppretta i statsbudsjettet for 2006. Regjeringa vil gjere opp status for opptrappinga av stipendiatstillingar fram til 2007 og vurdere behova for vidare opptrapping i åra framover. Kunnskapsdepartementet har derfor satt i gang ei utgreiing som skal analysere status og framtidige behov for rekruttering av forskrarar fram til 2020. Utgreiinga skal gjennomførast av NIFU STEP Studier av innovasjon, forsking og utdanning. Den vidare opptrappinga av stipendiatstillingar vil bli sett i lys av denne utgreiinga.

Som ledd i satsinga på kvalitet i forskinga er det forskingsetiske arbeidet prioritert. Dette området blir foreslått styrkt med til saman 9,5 mill. kroner i 2007. Av dette skal 7,1 mill. kroner gå til å styrke dei regionale komiteane for medisinsk forskingsetikk. Midlane skal m.a. nyttast til å opprette ein ny komité i region aust, innføring av ein nasjonal fordelingsfunksjon og frikjøpsordningar for leiarane. Kunnskapsdepartementet vil komme attende til korleis forvaltningsansvaret for dei forskingsetiske komiteane skal organiserast, seinast i St.prp. nr. 1 (2007–2008). Regjeringa foreslår å løyve 2,4 mill. kroner gjennom Forskningsrådet til styrking av etikkarbeidet. Auken gjeld dels koordineringsfunksjonen Nasjonal forskingsetisk komité for medisin (NEM) har for dei regionale komiteane for medisinsk forskingsetikk, dels opprettning av eit nasjonalt utval for granskning av forskingsfusk, jf. Ot. prp. nr. 58 (2005–2006) *Om lov om behandling av etikk og redelighet i forskning*. Sjå nærmare omtale i kategori 07.70.

For å styrke den private finansieringa av forsking, vart det i 2006 innført ei ordning med offentleg gavesterking av gaver frå privatpersonar og verksemder til grunnforskning. Frå 2007 vil ordninga også omfatte gaver frå andre private givarar, mellom anna ideelle organisasjonar. Utvidinga er venta å særleg styrke medisinsk forsking med hovudvekt på kreftforskning. Regjeringa foreslår å auke dei øyremerkte løyvingane til ordninga med 30 mill. kroner frå 2007.

## Internasjonalisering

Internasjonalisering av norsk forsking er viktig for kvaliteten i forskinga og er eit gjennomgåande perspektiv i norsk forskingspolitikk.

Deltakinga i EUs rammeprogram for forsking er det mest omfattande internasjonale samarbeidet norske forskarar, forskingsmiljø og næringsliv deltek i. EU har starta førebuingane til eit sjuande rammeprogram for forsking og teknologisk utvikling (2007–13). Noreg har delteke med fleire innspel til prosessen med utforminga av det nye programmet. Regjeringa ønskjer at Noreg skal ta del i

det nye rammeprogrammet og foreslår å løyve 184 mill. kroner til kontingent til det nye programmet. Løyvinga tek etterhald om vedtak i Stortinget og EØS-komiteen. Sjå nærmare omtale under kap. 288, post 73.

Regjeringa har som mål at Noreg skal vere leiande i utviklinga av kunnskap i og for nordområda. Størsteparten av løyvingane til nordområderelevant forsking går gjennom Forskningsrådet, som har utvikla ein eigen strategi for forsking i og for nordområda. Eit sentralt tiltak innanfor nordområdesatsinga er *Det internasjonale polaråret* (IPY) 2007–08. Regjeringa foreslår å øyremerke 80 mill. kroner av den auka avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping til arbeidet med IPY, jf. kap. 286 post 50. Innsatsen i IPY vil kunne gje resultat som vil få mykje å seie for ressurs-, natur- og kulturminneforvaltning og for teknologi- og næringsutvikling. Regjeringa ventar at denne satsinga vil styrke oppbygginga av grunnleggjande forskingskompetanse ved dei norske miljøa og at norsk polarforskins-infrastruktur blir betre utnytta.

Regjeringa vil vidare styrke forsking og utvikling i nordområda gjennom satsinga *Barents 2020*. Regjeringa foreslår å løyve 20 mill. kroner til dette. Sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Utenriksdepartementet.

Forsking og utvikling innanfor romverksemd er ei av dei større internasjonale satsingane i 2007. Regjeringa foreslår å løyve 469,4 mill. kroner til forsking innanfor romverksemd i 2007. Dette er ein auke frå 310,8 mill. kroner i saldert budsjett 2006. Midlane skal mellom anna nyttast til kontingent til European Space Agency (ESA). 105,4 mill. kroner går til dette. Dei statlege midlane vil utløyse ei rekke kontraktar og oppdrag for norske høgteknologiske verksemder.

## Forskningsbasert innovasjon og nyskaping

Forsking og utvikling speler ei viktig rolle i fornying av næringsliv og offentleg sektor, og er avgjørande for konkurransen i næringslivet. For å legge til rette for auka verdiskaping i framtida, satsar Regjeringa på forsking og innovasjon.

For å styrke langsiktig, grunnleggjande forsking i næringslivet vart det i 2006 etablert ei ny ordning kalla *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI). Etter ein omfattande kvalifiseringsrunde er 14 senter peikte ut innanfor ei rekke ulike fagområde og næringer. Ordninga har som formål å bygge opp eller styrke norske forskingsmiljø som arbeider i tett samspel med innovativt næringsliv, samt å støtte langsiktig forsking som fremmer innovasjon og konkurranseskraft i næringslivet. Sentra

vil få ei årleg gjennomsnittleg løying på 10 mill. kroner i inntil åtte år. Ordninga blir finansiert med midlar frå Fondet for forsking og nyskaping, jf. kap. 286 post 50, og er eit viktig tiltak for auka kvalitet i forskinga. Ordninga vil tre i kraft så snart ho blir godkjend av EFTAs kontrollorgan EFTA Surveillance Authority (ESA).

Løyingane til forskings- og utviklingskontraktar i Innovasjon Noreg blir vidareført med 245 mill. kroner i 2007. Satsinga skal gje fleire FoU-retta samarbeidsprosjekt med høgt teknologiinnhald innanfor prioriterte område i norsk næringsliv og i offentleg sektor. Dette gjeld mellom anna områda maritim næringssutvikling, industriutvikling knytt til innkjøp i forsvaret og næringssutvikling i helsesektoren.

Løyingane til programmet *Brukarstyrt innovasjonsarena* i Noregs forskingsråd aukar i 2007 med 20 mill. kroner gjennom avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping. Programmet er eit viktig verkemiddel for å auke forskingsbasert innovasjon i næringslivet.

Regjeringa ønskjer òg å styrkje forskingsinnsatsen som er særleg retta mot dei regionale FoU-miljøa. Satsinga *Strategiske høgskoleprosjekt* blir styrkt med 10 mill. kroner i 2007. Satsinga skal styrkje kvaliteten på og omfanget av forskingsverksamda ved dei statlege høgskolane. Dette er viktig mellom anna for å styrkje samspelet mellom høgskolane og regionalt næringsliv.

Samferdsledepartementet har bedt Forskningsrådet om å førebu eit fagleg grunnlag for eit nytt forskingsprogram innanfor transportforskning. Forskinga skal særleg vere retta mot intelligente transportsystem (ITS) og behova til næringslivet. Departementet legg opp til å etablere eit forskingsprogram over sju år i regi av Forskningsrådet.

### Temasatsingar

I St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* blir fire tematiske satsingsområde i forskingspolitiken trekte fram: energi og miljø, mat, hav og helse. I 2007 foreslår Regjeringa å styrkje dei tematiske satsingane med midlar frå den auka avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping, jf. kap. 286 post 50.

Konsekvensane av klimaendringar kan bli større for vår region og Arktis enn det globale snittet. Derfor er målretta klimaforskning for å betre kunnskapen om framtidige klimaendringar og deira konsekvensar i vår region særstakt. I tillegg trengs forsking på den klimapolitiske sida av energisektoren som inkluderer forsking på klimapolitiske verkemiddel, internasjonale forhandlinger og utforming av internasjonale klimaavtaler i

framtida. Regjeringa har som mål å auke klimaforskning og etablere ein nasjonal handlingsplan for klimaforskning. To store klimaforskningsprogram i Noregs forskingsråd blir styrkt gjennom den auka avkastninga frå Forskningsfondet i 2007. 15 mill. kroner skal fordela om lag likt mellom programma *Framtida sine reine energisystem* (RENERGI) og *Klimaendringar og konsekvensar for Noreg* (NORKLIMA). NORKLIMA omfattar forsking på klimasystemet og årsakene til klimaendringar. Vidare samlar programmet forsking på konsekvensar av klimaendringar på natur og samfunn, mellom anna i polarområda. RENERGI dekkjer storparten av den energirelaterte forskinga, med unntak av forskinga på miljøvennlig gasskraftteknologi. Det er ei viktig målsetting for RENERGI-programmet å medverke, gjennom forsking og utvikling, til å skape eit effektivt energisystem utan utslipp av klimagassar. Forskningsprosjekt som kan medverke til eit miljøvennleg energisystem inkluderer mellom anna utvikling av nye retningslinjer og tekniske løysingar for å avgrense energibruken og betre energieffektiviteten.

*Gassmaks-programmet* for forsking på industriell bruk av naturgass skal starte opp i 2007. Regjeringa vil leggje til rette for økt verdiskaping i naturgasskjeden ved å satse på kompetansebygging og forsking. Naturgass har eit stort potensial for næringssutvikling og nye arbeidsplassar. Det nye forskingsprogrammet vil dekkje utvikling av nye gassprosessar, -produkt og -system. Regjeringa foreslår å løye totalt 26 mill. kroner til programmet i 2007, jf. kap. 286, post 50, samt kap. 920, post 50 i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for *Nærings- og handelsdepartementet*.

Noreg har føresetnader for å kunne utnytte nokre av dei største og mest produktive kyst- og havområda. Dette inneber at vi har særlege føresetnader for å bli verdsleiande innanfor kunnskapsbasert forvalting og berekraftig utnytting av fornybare marine ressursar. Forskningsprogrammet *Norsk mat fra sjø og land* (Matprogrammet) i Noregs forskingsråd starta opp i 2006. Programmet dekkjer heile verdikjeda frå primærproduksjon til marknad/forbrukar både for landbruksbaseerte og for marine matvarer med unntak av havbruk. Programmet vil få ein auka løying på 10 mill. kroner i 2007 frå den auka avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping.

To andre store forskningsprogram i Noregs forskingsråd ser òg på dei marine ressursane. Regjeringa foreslår å nytte 10 mill. kroner av den auka fondsavkastninga til desse programma i 2007. *HAVBRUK - ein næring i vekst*, har som mål å sikre og vidareutvikle det faglege grunnlaget for ein marknadsretta, miljø- og ressursvennleg produk-

sjon av akvatiske organismar i heile verdikjeda fram til marknaden. Dette inkluderer kunnskap for å vidareutvikle oppdrett av laksefisk, og for å utvikle kommersiell produksjon av andre artar. Programmet *Havet og kysten* (HAVKYST) skal hente inn ny kunnskap om økosystemet i havet, samt utvikle teknologi, metodikk og modellar for økosystembasert forvaltning, også i nordområda. Menneskeleg påverknad mellom anna gjennom utslipp er eit av områda som programmet set søkjelys på.

Det er viktig å få fram teknologi som gjer det mogleg for sjøfarten å sleppe ut mindre NOx. For å styrke utviklinga av NOx-relatert teknologi, foreslår Regjeringa å auke løyinga til forskingsprogrammet MAROFF i Forskingsrådet med 20 mill. kroner, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Nærings- og handelsdepartementet.

Systematisk kartlegging og styrking av kunnskapen om havbotnen blir vidareført gjennom MAREANO-programmet (Marin arealdatabase for norske kyst- og havområde). Programmet er eit samarbeid mellom Havforskningsinstituttet, Noregs geologiske undersøking og Statens kartverk Sjø. Det er sett av til saman 23,6 mill. kroner til programmet, likt fordelt på Fiskeri- og kystdepartementet, Miljøverndepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Forskningsinstitutta innanfor den blå-grønne sektoren skal omorganiserast, jf. St. prp. nr. 66 (2005–2006). Målet er ei betre arbeidsdeling og eit tettare forskingsfagleg samarbeid mellom dei fiskeri-, havbruks- og landbruksvitenskaplege forskingsmiljøa. Det er etablert eit selskap, NOFIMA AS, som arbeider med å etablere grunnlaget for eit nyt holdingselskap, som skal samle dei aktuelle institutta.

Som eit ledd i satsinga på vaksineforskning i 2007, blir det foreslått å løyve 20 mill. kroner over budsjettet til Fiskeri- og kystdepartementet til vaksinerelatert forskning innanfor dyre- og fiskevaksinar.

Helseforskning er også eit viktig satsingsområde for Regjeringa og totalt 20 mill. kroner blir løyvd til dette i 2007 frå den økte avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping, jf. kap. 286, post 50.

Regjeringa vil frå 2007 setje i gang ei ny og samla satsing på forsking om årsakene til sjukefråvær og utstøting frå arbeidslivet. 10 mill. kroner av fondsavkastninga skal øyremerkjast dette. Satsinga blir sett i verk i regi av Noregs forskingsråd og skal stimulere til forskingssamarbeid på tvers av eksisterande faggrenser for å løfte sjukefråværsforskninga eit steg vidare. Eit av dei sentrale måla med satsinga er å sikre forskingsbasert kunnskap om effektive verkemiddel for å førebyggje sjukefrå-

vær og uførleik, og for å nå målet om eit inkluderande arbeidsliv. Den nye forskingssatsinga vil gå over ti år.

Stamcelleforskning har eit stort potensial innan regenerativ medisin, kreftdiagnose/terapi med vidare. Det er viktig å styrke grunnforskning og klinisk forsking med sikte på å kunne behandle alvorleg sjukleid menneske. Regjeringa ønskjer at det skal kunne forskast på stamceller frå overtallige befrukta egg, og eit forslag til endring i bioteknologilova om dette har vore på høyring.

Innanfor tildelinga til helseforskninga frå Fondet for forsking og nyskaping ligg også ei styrking av global helse-delen av forskingsprogrammet *Global helse- og vaksinasjonsforskning* (GLOBVAC) i Noregs forskingsråd. Forskinga på global helse og vaksinasjonar skal medverke til at offentlege og private forskingsinstitusjonar i Noreg gjer meir for å forske på sjukdommar som særleg råker folk i utviklingslanda. Vaksinasjonsforskning er også eit satsingsområde i 2007. Det vil bli løyvd 50 mill. kroner til forsking på humane vaksinar i 2007 over budsjettet til Utanriksdepartementet, kap. 165 post 70. Forskinga vil i hovudsak bli forvalta av Noregs forskingsråd. Forskinga er meint å stimulere forskingssamarbeidet mellom nord og sør, og eit viktig område er kapasitetsutvikling knytt til vaksinasjonsforskning i utviklingsland.

Reforma av arbeids- og velferdsforvaltinga, NAV-reforma, starta opp i 2006. Arbeids- og inkluderingsdepartementet vil i samarbeid med Noregs forskingsråd evaluere reforma parallelt med at ho blir gjennomført. Inntil 7 mill. kroner vil bli nytta til dette årleg frå og med 2007. Sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Som ledd i stortingsmeldinga *Mestring, muligheter og mening. Utfordring for framtidas omsorg*, som blir lagt fram frå Stortinget hausten 2006, vil Regjeringa auke forsking på omsorgstenester og levekåra og helsa til dei eldre, med særleg vekt på demens. Regjeringa foreslår å etablere regionale forskings- og utviklingsentre som blir knytt til høgskolemiljøa som utdanner personell til helse- og sosialtenesta. Sentra skal i samarbeid med kommunar og familjø medverke til forskingsformidling og kompetanseheving i pleie- og omsorgssektoren, og auke fag- og metodeutvikling i utdanninga. *Helse- og omsorgstenesteprogrammet* vil bli styrkt med 5 mill. kroner. Regjeringa foreslår vidare ein auke på 3 mill. kroner til eit rusforskningsprogram i Forskingsrådet, som ein del av *Opptrapningsplanen for rusomsorgen*. Sjå omtale av satsingane i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Helse- og omsorgsdepartementet.

### Overslag over FoU-løyvingar i statsbudsjettet

Offentleg finansiering av norsk forskning byggjer på sektorprinsippet. Det inneber at kvart departement er ansvarleg for forskning på sin sektor. Alle departementa gir løyvingar til forskning. Kvart år utarbeider NIFU STEP ein statsbudsjettanalyse. Analysen viser at om lag 120 kapittel i statsbudsjettet

tet i større eller mindre grad blir nytta til å finansiere forskning. Med utgangspunkt i data frå NIFU STEP, som seier kor stor del av løyvingane som blir nytta til FoU, er det mogleg å gi eit overslag over dei samla FoU-utgiftene på statsbudsjettet.

Eit slikt overslag viser at dei samla FoU-løyvingane i forslaget til statsbudsjettet for 2007 er om lag 16,3 mrd. kroner, jf. tabell 5.1.

Tabell 5.1 Overslag over løyvingane til forsking over statsbudsjettet (i mill. kroner)

Departement	Saldert budsjett 2006 <sup>1</sup>	Forslag 2007	Endring 2006–07 (i pst.)
Utanriksdepartementet	481	547	14
Kunnskapsdepartementet	8 398	8 755	4
Kultur- og kyrkjedepartementet	91	98	8
Justis- og politidepartementet	34	39	15
Kommunal- og regionaldepartementet	145	162	12
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	161	166	3
Helse- og omsorgsdepartementet	1 072	1 120	4
Barne- og likestillingsdepartementet	55	74	35 <sup>2</sup>
Nærings- og handelsdepartementet	1 333	1 499	12
Fiskeri- og kystdepartementet	660	693	5
Landbruks- og matdepartementet	490	518	6
Samferdsledepartementet	222	235	6
Miljøverndepartementet	432	448	4
Fornyings- og administrasjonsdepartementet <sup>3</sup>	68	206	203 <sup>4</sup>
Finansdepartementet	79	83	5
Forsvarsdepartementet	895	885	-1
Olje- og energidepartementet	531	500	-6
Statsbankane	265	261	-2
<b>Totalt</b>	<b>15 412</b>	<b>16 289</b>	<b>6</b>

<sup>1</sup> Kjelde: Statsbudsjettanalyesen, NIFU STEP.

<sup>2</sup> Tala er ikkje heilt samanliknbare. Auken er noko mindre enn det som går fram.

<sup>3</sup> Sentralt innbetalte innskot i Statens pensjonskasse, 24 mill. kroner i 2006, er ikkje medrekna.

<sup>4</sup> Det blir berekna FoU-delar av løyvingar til bygg som blir nytta til forskingsformål. Auken på Fornyings- og administrasjonsdepartementet skriv seg fra auka byggjeløyvingar i universitets- og høgskolesektoren.

Budsjettproposisjonane til dei ulike departementa inneheld meir detaljert omtale av dei forskjellige forskingssatsingane.

#### Noregs forskingsråd

Forskningsrådet er ein viktig reiskap for å gjennomføre forskningspolitikken. I 2007 blir vel 33 pst. av

statlege løyvingar til forskning, eller til saman om lag 5,1 mrd. kroner, kanaliserte gjennom Forskningsrådet. Løyvingane frå departementa til Forskningsrådet omfattar både generelle faglege løyvingar, instituttlovingar og særskilde midlar som er øyremerkte til einskilde program eller prosjekt. I tillegg kjem ein stor del av avkastninga frå Fondet for forsking og nyskaping.

Kunnskapsdepartementet er forvalningsdepartement for Forskningsrådet, men rådet får løyingar frå alle departementa, med unntak av Forsvarsdepartementet. Desse løyingane er øymerkte spesielle forskingsprogram og institutt.

Det er stor skilnad på storleiken på løyingane frå dei ulike departementa. Tabell 5.2 viser ei oversikt over løvingsforslag for dei største bidragsytarane i 2007-budsjettet.

**Tabell 5.2 Løyingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane (i 1 000 kr)**

Kap./post	Departement	Saldert budsjett 2006	Forslag 2007
285/52 og 55	Kunnskapsdepartementet	1 312 000	1 310 534
920/50	Nærings- og handelsdepartementet	1 066 000	1 080 000
1830/50	Olje- og energidepartementet	477 100	438 500
1023/50	Fiskeri- og kystdepartementet	253 000	270 100
1137/50	Landbruks- og matdepartementet	151 266	151 266
1410/51 og 53	Miljøverndepartementet	131 018	130 318
701/50	Helse- og omsorgsdepartementet	153 964	174 215
1301/50 <sup>1</sup>	Samferdsledepartementet <sup>2</sup>	118 700	146 300
286/50	Fondet for forsking og nyskaping	707 760	939 560
<b>Sum</b>		<b>4 370 808</b>	<b>4 640 793</b>

<sup>1</sup> Ein mindre del av løvinga på posten gjeld forsking utanom Norges forskingsråd.

<sup>2</sup> Størstedelen av auken skriv seg frå at nokre midlar er flytte frå kap. 1301 post 70, som ei teknisk endring.

Som tabellen viser aukar løyingane til Forskningsrådet frå dei største bidragsytande departementa i statsbudsjettet for 2007 samanlikna med

2006. Størsteparten av auken gjeld avkastninga frå Forskningsfondet. Sjå også nærmare omtale av Noregs forskingsråd under kategori 07.70.



*Del IV*  
*Ressursar i grunnopplæringa*



## 6 Ressursar i grunnopplæringa

### Innleiing

Dette kapitlet gir oppdatert informasjon om status og utvikling når det gjeld ressursbruken i grunnopplæringa. Talet på elevar, lærlingar og lærarar er objektive faktorar som er avgjeraande for ressursbruken i skolen. Skolestruktur har også stor innverknad på kostnadsnivået, men denne er til dels gjenstand for lokale prioriteringar.

Det er kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskolen og vidaregående opplæring. Grunnskolen og den vidaregående opplæringa blir i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Både i kommunane og i fylkeskommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Den delen av driftsutgiftene i kommunane som går til skolesektoren, har ligge på om lag 31 pst. sidan 2001, medan tilsvarande tal for fylkeskommunane har ligge på om lag 64 pst. dei siste åra. Ressursbruken i grunnopplæringa i Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra, både når det gjelder totale ressursar og ressursar per elev. Departementet har likevel merka seg ein svak nedgang for nokre av ressursindikatorane frå 2004 til 2005. For å medverke til å gi kommunane gode rammevilkår slik at dei kan gi god tilpassa opplæring for alle, er kom-

muneøkonomien styrka i 2006. Regjeringa foreslår også ein vekst i kommuneøkonomien i 2007.

Kapitlet startar med ei orientering om utvikling i talet på elevar og lærlingar i grunnopplæringa, med informasjon om mellom anna fordeling på studieretning. Vidare er det ein omtale av vaksne i grunnopplæringa, skolefritidsordninga og leirskoleordninga. Dei neste tema er lærartettleik og skolestruktur, før det gis ein omtale av kommunale utgifter til grunnopplæring og utgifter per elev. Mot slutten av kapitlet er spesialundervisning, IKT i opplæringa og internasjonale undersøkingar tema.

Talgrunnlaget er i hovudsak henta frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI), Statistisk sentralbyrå, KOSTRA og Utdanningsspeilet 2005 frå Utdanningsdirektoratet.

### Elevar og lærlingar i grunnopplæringa

Etter fleire år med sterke økningar i elevtalet i grunnskolen, har talet på elevar dei siste åra ligge på i underkant av 620 000, medan talet på elevar i vidaregående opplæring framleis aukar. Elevtalet på ungdomstrinnet har auka meir enn på barnetrinnet. Dette er eit resultat av at dei store fødselskulla i byrjinga av nittiåra no er i ungdomsskolealder og i vidaregående opplæring.

Tabell 6.1 Elevar i grunnskolen og vidaregående opplæring. 2001–05

	2001	2002	2003	2004	2005
Grunnskolen	599 468	610 297	617 577	618 250	619 640
Vidaregående opplæring	162 114	168 287	177 774 <sup>1</sup>	173 949	182 926

<sup>1</sup> Tal på elevar i vidaregående opplæring for 2003 kan ikkje direkte samanliknast med tal frå 2002 og 2004. Årsaka er ulik rapportering av vaksne elever. I tillegg er studentar i fagskolar tekne ut per oktober 2004. Talet for 2003 viser eit for høgt tal samanlikna med dei andre åra.

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem og Statistisk sentralbyrå

Tal frå Utdanningsdirektoratet synar at om lag 97 pst. av dei om lag 61 000 elevane som gjekk ut av grunnskolen våren 2005 søkte seg til ein fylkeskommunal vidaregående skole same året. Totalt var det 77 257 personar som søkte om opptak til

grunnkurs hausten 2005. Det var flest søkerar til allmenne, økonomiske og administrative fag, følgt av helse- og sosialfag, mekaniske fag og formgjevingsfag.

Allmenne, økonomiske og administrative fag er den studieretninga som har flest elevar. Heile 44 pst. av dei om lag 180 000 elevane i vidaregåande opplæring gjekk på denne studieretninga skoleåret

2005–06. Dei største yrkesfaglege studieretningane er helse- og sosialfag, formgivingsfag og mekaniske fag.

Tabell 6.2 Elever og lærlingar i vidaregåande opplæring, etter studieretning. Delen jenter (pst.). 2005.

	Elevar		Lærlingar	
	I alt	Del jenter i pst.	I alt	Del jenter i pst.
Allmenne, økonomiske og administrative fag	80 842	54	701	4
Musikk, dans og drama	5 658	71	-	-
Idrettsfag	8 958	42	-	-
Helse- og sosialfag	18 821	89	2 990	88
Naturbruk	4 277	56	699	37
Formgivingsfag	13 035	86	2 617	96
Hotell- og næringsmiddelfag	6 628	55	2 645	54
Byggfag	7 845	2	6 026	1
Tekniske byggfag	2 307	10	1 933	6
Elektrofag	8 848	4	5 355	4
Mekaniske fag	12 387	6	5 830	6
Kjemi- og prosessfag	888	27	244	33
Trearbeidsfag	538	15	402	18
Medier og kommunikasjon	5 457	53	304	48
Sal- og service	5 311	55	1 570	67

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Det er til dels store kjønnsforskjellar mellom studieretningane. Som tabell 6.2 viser, har både byggfag, elektrofag og mekaniske fag mindre enn ti pst. jenter, mens studieretningane for helse- og sosialfag og formgivingsfag har stor overvekt av jenter.

Talet på lærekontraktar har ligge på om lag 30 000 i heile perioden frå 2000 til 2004. Per 1. oktober 2005 var talet på lærlingar auka til 31 316, dette er 2 300 fleire enn i 2004. Det er studieretningane byggfag, mekaniske fag og elektrofag som hadde flest lærlingar hausten 2005. Studieretningane trearbeidsfag og sal- og servicefag hadde den største veksten i talet på lærlingar, begge med ei auke på litt over 19 pst. Av lærlingane i 2005 hadde vel 21 500 ungdomsrett.

For meir informasjon om elevar og lærlingar i grunnopplæringa, sjå Utdanningsspeilet 2005.

#### Vaksne i grunnopplæringa

Hausten 2005 var det i underkant av 11 000 vaksne elevar i grunnskolen. Dette talet har vore relativt stabilt i dei siste tre åra, som er dei åra det finnast gode tal for. Om lag seks av ti vaksne i grunnskolen får undervisning i form av spesialundervisning. Av alle vaksne som får grunnskoleopplæring, har om lag 32 pst. minoritetsspråkleg bakgrunn, men berre 10 pst. av denne gruppa fekk spesialundervisning. Det er om lag like mange vaksne kvinner som menn som får grunnskoleopplæring.

Talet på vaksne elevar i vidaregåande opplæring er i overkant av 20 000. Dei fleste får opplæring gjennom vaksenopplæringstilbod og er ikkje ein del av den generelle søker og elevstatistikken for vidaregåande opplæring. Rundt 76 pst. av dei vaksne i vidaregåande opplæring får opplæring spesielt organisert for vaksne. Statistikkgrunnlaget er førebels for dårleg til at det er mogleg å

gjere greie for omfanget av opplæringa i meir detalj.

### Skolefritidsordninga

Hausten 2005 gjekk i alt 133 357 barn i skolefritidsordning (SFO). Av barna i SFO, går 95,6 pst. i kommunale ordningar, 4 pst. i private ordningar og resten ved statlige skolar og spesialskolar. Delen barn på 1.–4. trinn som går i SFO har stabilisert seg på om lag 55 pst. dei siste fire åra.

Hausten 2005 hadde 68 pst. av barna i SFO opphaldstid lenger enn 15 timer per uke. Prisen foreldra betalte for dette varierte frå gratis tilbod til kr 2 820 per månad. Ifølgje GSI-statistikken var det 164 barn fordelt på 10 SFO som betalte meir enn kr 2 500 per månad for lang opphaldstid. Meir enn 93 pst. av fulltidsplassane kosta mellom kr 1 500 og kr 2 500 per månad, medan fire av fem plassar kosta mindre enn kr 2 000 per månad. I gjennomsnitt kosta ein plass med lang opphaldstid kr 1 827 per månad.

### Leirskoleordninga

Skoleåret 2005–06 planla 62 638 barn å delta på eit leirskoleopphold. Dette utgjer om lag 10 pst. av elevane i grunnskolen, og er i samsvar med målsetjinga om at alle elevar skal få ta del i eit leirskoleopphold minst ein gong i grunnskolen. Delen elevar som har dratt på leirskole har ligge på om lag 10 pst. sidan 2001.

### Lærartettleik

#### *Lærarårsverk og elevar per lærarårsverk*

Årsverk er ein sentral indikator på ressursbruk sidan lærarlønn er den klart største enkeltkomponenten av driftskostnadene. Ifølgje GSI var det i 2005 i overkant av 52 000 lærarårsverk i grunnskolen. Det er nokre færre årsverk enn i fjar. I vidaregåande opplæring har talet på årsverk vore relativt stabilt på i overkant av 22 000 frå 2000 til 2004, for så å gå noko ned i 2005.

Tabell 6.3 Utvikling i lærarårsverk og elevar per lærarårsverk i perioden 2000–05

Skoleår	Lærarårsverk i grunnskolen	Lærarårsverk i vidaregående opplæring	Elevar per lærarårsverk i grunnskolen totalt	Elevar per lærarårsverk på barnetrinna	Elevar per lærarårsverk på ungdomstrinna
2000–01	52 810	22 782	11,4	12,4	9,3
2001–02	53 479	22 673	11,4	12,4	9,4
2002–03	52 766	22 466	11,8	12,8	9,8
2003–04	51 120	22 355	12,3	13,2	10,4
2004–05	52 284	22 332	12,1	13,0	10,3
2005–06	52 192	21 921	12,1	13,0	10,4

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem og Statistisk sentralbyrå

Tabellen over viser at utviklinga i talet på elevar per lærarårsverk har hatt ein svak auke i perioden 2000–03. Frå skoleåret 2003–04 til 2004–05 har talet på elevar per lærarårsverk gått ned for så å halde seg på dette nivået i 2005–06.

### Berekna gjennomsnittleg gruppestorleik

Indikatoren berekna gjennomsnittleg gruppestorleik kjem fram ved å sjå på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein dei totale ordinære timane til undervisning elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timar lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjen-

nomsnitt per undervisningstime. Dette omfattar også timar til spesialundervisning og særskilt norskopplæring for språklege minoritetar. Sidan desse timane blir inkludert kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

I skoleåret 2005–06 var den gjennomsnittlege gruppestorleiken i dei kommunale skolane på 13,9 for heile landet. Dette omfattar alle dei kommunale skolane og inkluderer også dei kommunale spesialskolane. Den berekna gjennomsnittleg gruppestorleiken har gått opp frå 13,1 i 2000 til 13,9 i 2004. Dette kan ha samanheng med at det har vore ein auke i elevtalet kvart år sidan 2000.

Tabell 6.4 Berekna gjennomsnittleg gruppestorleik i perioden 2000–05

År	2000	2002	2003	2004	2005
Berekna gjennomsnittleg gruppestorleik	13,1	13,4	13,6	13,7	13,9

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem

### Elevar per kontaktlærar

I opplæringslova heiter det at kvar elev skal være tilknyta ein lærar (kontaktlærar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjøremåla som gjeld eleven, blant anna kontakten med heimen. Skoleåret 2005–06 var det i gjennomsnitt 15,4 elevar per kontaktlærar i grunnskolen. Dette er ein reduksjon på 0,1 frå skoleåret før. Skoleåret 2005–06 var det i gjennomsnitt under 15 elevar per kontaktlærar i 70 pst. av kommunane, mens det året før gjaldt for 71,7 pst. av kommunane.

### Skolestruktur

I skoleåret 2005–06 var det 3 162 offentlege og frittståande grunnskolar i Noreg. I overkant av 60 pst. av desse var reine barneskolar, 24 pst. var kombinerte skolar og 15 pst. ungdomsskolar. Talet på frittståande grunnskolar var 150 i 2005

Storleiken på grunnskolane varierer frå berre to elevar i nokre få tilfelle til nærmare 800 elevar på dei største skolane. Tabell 6.5 illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skolar. Det har vore ei utvikling i retninga av fleire store skolar og færre små skolar. I dei siste åra har fordelinga vore om lag uendra.

Tabell 6.5 Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar (i pst.)

	1997	2000	2004	2005
Mindre enn 100 elevar	40	37	35	35
100–299 elevar	42	41	39	39
300 elevar eller meir	19	22	26	26

9 pst. av elevane går på skolar med mindre enn 100 elevar, 38 pst. går på skolar som har mellom 100 og 299 elevar, og 53 pst. går på skolar med meir enn 300 elevar. Delen elevar som går på store skolar auka med 10 prosentpoeng i perioden 1997–2005.

Frå skoleåret 2004–05 til 2005–06 vart det lagt ned 55 grunnskolar og 10 spesialskolar. 18 av dei 65 nedlagte skolane hadde samanheng med reine organisatoriske omleggingar, til dømes samanslåing av ein barneskole og ein ungdomsskole til ein 1–10-skole. Dermed var det reelt sett 47 skolar som vart nedlagt. I same periode er det oppretta 15 nye skolar, 11 av desse var friskolar.

Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at det hausten 2005 var registrert 473 vidaregåande skolar. Talet på vidaregåande skolar totalt har ikkje endra seg vesentleg dei siste åra, men delen frittståande skolar auka frå 15 pst. i 2004–05 til 18 pst. i 2005–06. Hausten 2005 gjekk 5 pst. av elevane i vidaregåande opplæring i frittståande skolar.

Det er store kommunale forskjellar i skolestorleik, som i stor grad avgjer gruppestorleiken. Utdanningsdirektoratet har laga ei samanstilling der kommunane er delte inn i grupper etter kommunestorleik og inntektsnivå, jf. tabell 6.6. Tabellen syner at det er store forskjellar mellom kommunegruppene.

Tabell 6.6 Variasjoner i talet på elevar per trinn og gjennomsnittleg gruppestorleik mellom kommunegrupper

	Gjennomsnittleg tal på elever per trinn	Berekna gjennomsnittleg gruppestorleik
Totalt	29,3	14,0
Små kommunar med høge utgifter og inntekter	8,0	9,5
Små kommunar med middels til høge utgifter	11,6	10,7
Små og mellomstore kommunar med middels til høge inntekter	17,4	11,9
Mellomstore kommunar med låge til middels utgiftar	23,6	13,3
Mellomstore kommunar med låge til middels inntekter	33,2	14,4
Store kommunar	42,0	15,0
Dei fire største byane	55,6	15,5

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem og Utdanningsdirektoratet

Berekna gjennomsnittleg gruppestorleik aukar med auka kommune- og skolestorleik. Tilsvarande aukar talet på elevar per trinn med aukande kommunestorleik. Talet på elever per trinn på ein skole påverkar den gjennomsnittlege gruppestorleiken. I dei minste kommunane er gruppestorleiken på elleve–tolv elever, mens den er om lag 15 i dei største kommunane.

#### **Kommunal ressursbruk målt i utgifter til grunnopplæringa**

##### **Del av kommunale/fylkeskommunale utgifter**

Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring i prosent av dei samla netto driftsutgiftene i kommu-

nane har lege stabilt på 31,4 pst. i 2004 og 2005. Vidaregåande opplæring er den klart største utgiftsposten i fylkeskommunane. I 2005 var delen av netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring på 63,7, ned frå 64,6 i 2004.

##### **Utgifter per elev**

Korrigerte brutto driftsutgifter viser kommunane sine driftsutgifter til undervisning, inkludert drift av skolelokale og skyss. Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskolen var kr 65 007 i 2005. Dette er ein auke på 0,1 pst. frå 2004. Prisendringa i kommunalt konsum var i same periode 3,0 pst. Det vil seie at det reelt sett var ein nedgang.

Tabell 6.7 Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, løpende prisar

	2002	2003	2004	2005
<b>Grunnskolen</b>				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev	58 809	63 469	64 949	65 007
- Lønnsutgifter per elev	47 232	49 119	49 901	51 979
- Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	547	588	623	655
- Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 281	1 279	1 158	1 101
<b>Vidaregående opplæring</b>				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i allmennfaglege studieretningar	76 441	86 288	85 808	85 282
- Lønnsutgifter per elev i allmennfaglege studieretningar	45 874	52 941	51 946	52 271
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i yrkesfaglege studieretningar	101 063	106 456	106 334	107 554
- Lønnsutgifter per elev i yrkesfaglege studieretningar	65 659	68 530	68 253	70 364

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå

Utgiftene per elev i allmennfaglege studieretningar har gått svakt ned fra 2003 til 2004. Den svake reduksjonen fortsetter fra 2004 til 2005 for allmennfaglege studieretningar, mens det for dei yrkesfaglige studieretningane var ei svak auke i utgiftene fra 2004 til 2005 på 1,1 pst., med andre ord ein reell nedgang.


Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskolen og i vidaregående opplæring. I grunnskolen var lønnsutgiftene 80 pst. av dei totale driftskostnadene, medan den same delen i vidaregående opplæring var 61 og 65 pst. på høvesvis allmennfaglege og yrkesfaglege studieretningar i 2005. I grunnskolen har driftsutgifter til inventar og utstyr per elev auka med 5 pst. fra 2004 til 2005. Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev er redusert med om lag 5 pst. fra 2004 til 2005 og kan henge saman med Kunnskapsløftet og

behov for utskifting av læremidlar i grunnskolen fra hausten 2006.

#### Kommunale forskjellar i ressursbruk

Senter for økonomisk forsking (SØF) har i rapporten *Ressursbruk i grunnopplæringa* analysert ressurssituasjonen i grunnskolen i perioden 2002–05. Av rapporten går det fram at det er stor variasjon i ressursinnsats per elev kommunane imellom.

Figur 6.1 viser fordelinga av kommunar etter korrigerte bruttutgifter per elev og behovskorrigerte bruttutgifter per elev. Behovskorrigerte bruttutgifter tek hensyn til forhold som kommunane sjølv ikkje kan påverke, til dømes spreidd busetting. Dei fleste kommunane har korrigerte bruttutgifter som ligg nært opp til gjennomsnittet på om lag kr 65 000 per elev. 58 pst. av kommunane ligg mellom kr 55 000 og kr 75 000.



Figur 6.1 Fordelinga av kommunar etter korrigerte bruttoutgifter og behovskorrigerte bruttoutgifter per elev. 2004

Kjelde: Senter for økonomisk forskning

Om behovskorrigerte bruttoutgifter blir lagt til grunn, er det derimot langt fleire kommunar som ligg i intervallet kr 55 000–75 000 per elev. Årsaka til dette er at behovskorrigeringa er med på å «auke» utgiftsnivået i kommunar som har lave faktiske utgifter per elev, og til å «redusere» utgiftsnivået i kommunar som har høge faktiske utgifter per elev. Dette tyder på at det er mindre variasjonar i kommunanes prioriteringar av grunnskolen enn det korrigerte bruttoutgifter tyder på.

For meir omtale av variasjonar i ressursbruken mellom kommunar, sjå *Utdanningsspeilet 2005*.

#### Kommunar med særleg låg ressursinnsats

SØF finner at dei 25 kommunane med lågast ressursinnsats kjenneteiknast ved at det er store kommunar med eit konsentrert busettingsmønster. I tillegg har desse kommunane færre lærartimar per elev enn gjennomsnittskommunane, færre timar til spesialundervisning per elev og ein større del timer til framandspråklege elevar enn gjennomsnittet.

#### Fylkeskommunale forskjellar i ressursbruk

Det er store variasjonar mellom fylkeskommunane i korrigerte brutto driftsutgifter per elev i vidaregåande opplæring. Troms og Finnmark er dei to fylka som har høgast utgifter per elev i allmennfaglege

studierettingar, med over kr 120 000 per elev. Dei to fylka er, saman med Østfold, Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag, dei fylka som også har høgast utgifter per elev i yrkesfaglege studierettingar, med mellom kr 131 000–145 000 per elev.

Variasjonane i utgiftsnivået mellom fylkeskommunane kan skuldast fleire forhold, mellom anna forskjellar i skolestruktur. Fylkeskommunar med store skolar har eit lågare utgiftsnivå enn fylkeskommunar med mindre skolar. Ein annan forklarande faktor er forskjellar i tilbodssstruktur. Elevfordelinga kan forklare om lag 30 pst. av variasjonen i utgift per elev fylkeskommunane imellom. Det er store variasjonar mellom fylkeskommunane.

#### Spesialundervisning

På landsbasis går 13,7 pst. av dei totale lærartimane til spesialundervisning og rundt 7 pst. til særlig tilpassa opplæring for elevar med anna morsmål enn norsk og samisk. Delen elevar som får spesialundervisning, har vore stabil i dei siste åra. Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at delen elevar med få timar til spesialundervisning (100 timar eller færre) har blitt redusert kvart år sidan 1997. Delen elevar med mange timar har vore stabil med ein liten auke mot slutten av perioden.

Det er til dels store variasjonar mellom kommunane i delen elevar som får spesialundervisning.

Noko av variasjonen kan skyldast ulik praksis i kommunane. Nokre kommunar veljer å tilføre ressursar til heile elevgruppa, mens andre kommunar oftare tilfører ressursar til enkeltelevar. Det er likevel ikkje slik at kommunar som har høg lærartettleik til ordinær undervisning, har liten del spesialundervisning, mens kommunar med låg lærartettleik har høg del. Tvert imot ser ein at kommunar som har høg lærartettleik, har også ein høg del med spesialundervisning.

### IKT i grunnopplæringa

Skoleåret 2005–06 var det 6,3 elevar per PC med internett-tilkopling og 5,4 elevar per PC totalt i grunnskolen. Dette er ei vesentleg forbetering frå førre skoleår, da det var 1,8 fleire elevar per PC med internett-tilkopling og 1,1 elevar meir per PC totalt. Det er store fylkesvise forskjellar i PC-dekning. Skolane i Sogn og Fjordane har høgast PC-dekning, medan skolane i Aust-Agder og Vestfold har lågast. Ser ein på grupper av kommunar, er det dei minste kommunane som har den høgste PC-dekninga.

Det blir ikkje innhenta systematiske opplysninigar om situasjonen i dei vidaregåande skolane og

informasjonen byggjer derfor på opplysningar frå skolane og frå fylkeskommunane. Informasjonen er samla inn våren 2005 av Utdanningsdirektoratet i samarbeid med UNINETT ABC. Om lag 80 pst. av skolane svarte på spørjeundersøkinga. Sett under eitt for heile utvalet av skolar er det 2,5 elevar per maskin. For enkelskolar varierer tettleiken av maskiner mellom 0,7 og 8,4 elevar.

### Internasjonale samanlikningar

Noreg brukar mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land. OECD publiserer kvart år tal på ulike indikatorar som gjer det mogleg å samanlikne ressursbruken i medlemslanda. Dei siste tala som er publiserte, er frå 2003 og viser at det bare er to land som bruker ein like stor del av bruttonasjonalproduktet (BNP) på grunnopplæring som Noreg.

Dersom ein ser på dei faktiske utgiftene per elev på kvart nivå, ligg Noreg heilt i toppen for både grunnskolen og for vidaregående opplæring. Noreg sin rangering i forhold til pengebruk er høvesvis tredje plass på barnetrinnet, andre plass på ungdomstrinnet og andre plass på vidaregående opplæring.

Tabell 6.8 Utgifter per elev i OECD-land i 2003 (i US-dollar)

Land	Utgifter per elev på barnestega	Utgifter per elev på ungdomsstega	Utgifter per elev i vidaregående opplæring	Del av BNP til grunnopplæringa (pst.)
Noreg	7 977	9 208	12 380	4,6
Danmark	7 814	7 958	8 401	4,3
Sverige	7 291	7 446	7 848	4,5
Finland	5 321	8 608	6 654	4,0
Tyskland	4 624	5 627	10 232	3,5
Nederland	5 836	7 566	6 271	3,4
Sveits	8 131	9 538	15 014	4,6
Storbritannia	5 851	-	-	4,6
USA	8 305	9 156	10 105	4,2
OECD gjennomsnitt	5 450	6 560	7 582	3,9

Kjelde: Education at a Glance, OECD 2006

Hovudforklaringa på at Noreg har så høg ressursbruk, er at det i Noreg er fleire lærarar per elev enn i dei aller fleste andre land. Gjennomsnittet for OECD-landa på dette området ligg om lag 40 pst. lågare enn for Noreg. Den høge lærartettleiken heng i liten grad saman med at det i Noreg er mange små skolar. Sjølv om ein tok utgangspunkt i dei største skolane, ville Noreg likevel ha ein høgre lærartettleik enn dei andre landa i OECD-området. Av OECD-landa var det i 2003 fem

